



Røter

Kulturhistoriske glimt i
Romsdals Budstikke og
Driva 2011-2014

Bjørn Austigard

Røter

Kulturhistoriske artiklar i
Romsdals Budstikke og Driva 2011-2014

Røter

Kulturhistoriske artiklar i
Romsdals Budstikke og Driva 2011-2014

Bjørn Austigard

*Til barnebarna
Eli Marie, Bjørn Fredrik, Ole Kristian, Kristoffer og Edvard
som er dei nye greinene på treet mitt*

Utgjeve av Romsdal sogelag
Molde 2015

Omslagsbildet er frå olsok på Romsdalsmuseet 1996. Iver Hanseth frå Vistdalen slår med ljå framfor Hammervolløa. Motivet har mykje kulturhistorie i seg, m.a. er både ljåsorvet og hesjestaurne laga av det lette treslaget (grå)ore. (Foto Romsdalsmuseet)

Innfelt sit bokskrivaren på ein stein framfor den same løa. Journalist Svein Bjørnerem i Romsdals Budstikke bad om eit avskilsintervju med meg i samband at eg skulle slutte på Romsdalsmuseet etter 35 år. Intervjuet vart trykt den 12. juni 2010 under tittelen «Ordblind ordkunstnar». (Foto Erik Birkeland 9. juni 2010)

Redaksjon: Dag Skarstein og Rolf Strand

Boka er trykt med støtte frå Margit og Moten Parelius' minnefond
Det meste av bildematerialet er henta frå Romsdalsmuseets fotoarkiv som,
for å spare plass, er forkorta ned til «Foto Romsdalsmuseet».

Layout og produksjon: EKH Grafisk, 2015

1. opplag: 800

2. opplag: 500 - mars 2016

ISBN: 978-82-93345-03-9

Innhald

Festskrift til Bjørn Austigard	7
Forord	8

Folkeminne og tradisjon 9

Ho Deri Dammå og han Gammel-Torbør i Åsa	10
Om å 'sjå sola i trøy-ermen' og ymse anna fortredeleg	12
Vise menn og kongar	14
Han onkel Edvard og nokre til.....	16
Gamle påsketradisjonar.....	18
'Tyvehånd' og 'Ildebrand'	20
Bjønnaskinn	22
Folkeminne i ei førjulstid.....	24
Å binde okse, porte og dra hårlugg	27
Minne frå ufredsåra 1807-1814	28
Jonas Rein, Nicolai Peter Dreyer og åra 1800-1814	30
Vangsgutane og lys-muren	32

Ord og uttrykk 33

Su og elvasu inn i Norsk Ordbok.....	34
Om insekt og biller.....	35
Grind og léd.....	36
Lodd, linjer og stølar	38
Rumpe og hale	40
Øyrstol og andre stolar	42
Feller og fangst	44

Tre og planter..... 45

Kortreist energi	46
Humle – til pryd og nytte.....	48
Svartoren langs strendene våre	50
Ore – betre en sitt rykte?	52
Ospa – brukande til mangt.....	54
Flaggstong og anna av eine	56

Handverk og folkekunst 59

Husflid og seksualmoral.....	60
Ein rosemåla nordmørskopp	62
Smørformene frå Sollia	64
Fleire smørformer – eit framhald	66
Bokbindarsignaturar i Molde	68
Fuglvåg-rokken	70
Rokke-Knut frå Vestnes	72
Damask frå Tingvoll til Eidsbygda	75
Mange slags skrepper	76
Kurumpehår – ein gammal ressurs.....	78

Rosemåling frå Lesja	80
Rosemålarer på Hoem	82
Kornbører og stolpekister	84
Gamle brudekroner	86
Ingeborg Fiksdal og Fiksdalkrona.....	88
Fire skap frå Volla på Øverås.....	90

Mat og matstell 93

«... fullt opp tå kjøt, mest gammalt».....	94
Stabburet og julematen	96
Matvatn og brynnstenger.....	98
Å bake brød til jul.....	101
Egg og høner	104
Bryllaupsfest på Gjøra 1929	106

Reiskapar og arbeidsliv 109

Ho Anna på Hoemseter'n	110
Gris-ski eller purk-ski	112
Ei osketønne på auksjon 1853	114
Laksefiske med sløe.....	117
Børtre og bringetre	120
Bringetre og kas-kjepp	122
Karbid og karbidlykta	125
Steinalderfunn i Eikesdalen.....	128
Stongjarn frå Lesja	129
Svarvebenk – ein bordmodell	132
Om vevstol og torvtak	134
Gamle vadmålsstamper	136
Minne frå sløyden.....	138

Kulturminne og turmål..... 139

Ålvundeid-boka og løa på Flå	140
Med teikneblokk gjennom Sunndalen	142
Ein 'Norsk attraksjon'?	145
Den 'nye' Godtemplarhammaren	147
Gravhaugan' hans Parelius	150
Storfolk i fjell (Eit bidrag i agurktida)	152
Frå Litldalen 1940-41	154
Frå Øksendalsøra	156
Med Parelius til Vangshaugen 1951	158
Rundtur i Halså.....	160
På tur med P. Solemdal	164
Sommartur til Gauprøra 1956	166
Kortreist og Stikk Ut – frå 1936	168
Nakken i Grytten prestegjeld	170
Grotta på Kviltorp	172

Samferdsel.....	175	Foto og fotografar	237
Frå bygginga av Eikesdalsvegen	176	Gamle heliogravyrar (solkopiar) frå	
Om raset ved Eresfjorden	178	Eikesdalen og Sunndalen	238
B/F Eikesdal – nokre minne frå bygginga.....	179	Nesset-glimt frå fotoarkivet i Molde	240
Vegen langs Sunndalsfjorden	182	Fotoglimt frå Surnadal.....	243
Gamle stykkestolpar og ‘ho Dagmar’	184	Fotografi frå gamle atelier	245
Fleire rode- og stykkestolpar	186	Gamle amatørportrett.....	248
Draget på Bolsøya.....	188	Første fotograf i Molde?	250
Tunnelen på Boggestranda.....	190	Ymse	251
Mellom skysstasjonar i 1841	193	Då Nauste fekk ‘bygrenser’	252
Interessant busshistorie.....	195	Songarfesten på Vestnes – eit 150-årsminne	254
B/F Mardøla på hjul	198	Elveforbygging i Øksendalen og Eikesdalen	256
Arkitektur og byggeskikk.....	199	Isen på Eikesdalsvatnet	258
Då eg kjøpte stabbur på Tjelle	200	Husdyr, martna og messe.....	261
Dører i Vistdalen	202	Gotisk skrift med lang-s.....	264
Hov prestegard på flyttefot.....	204	Bumerke.....	266
Steinkvelvingen i Kirkekrøpet	206	Hammervolløa – frå driftsbygning til	
Frå never og torv til skifer.....	208	kulisse og klasserom.....	268
Saga på Hestad	210	Sild-spord eller svølustuv	270
Gamle stabbur	212	Kronologisk bibliografi for	
Kyrkjer og kyrkjekunst.....	215	Bjørn Austigard 1972-2014	271
Kalla-kunst på vandring.....	216	Bøker, artiklar, avisinnlegg.....	272
Inngangskonene i Vistdalen	217	Redigerte bøker m.m.	282
Arkitekt Norum og maskene hans.....	218	Radiokåseri.....	284
Korskyrkja på Grytten	220	Filmar	284
Kyrkjegardar og gravminne.....	222	Register.....	285
Nokre symbol frå kyrkjegarden	224		
Eldgammal teikneserie i Tresfjordkyrkja	226		
Påska og altertavlene våre.....	228		
Kyrkjer i lesekretnen (Driva)	232		

Festskrift til Bjørn Austigard

Bjørn Austigard fyller 70 år i 2015. Styret i Romsdal sogelag ville i det høvet heidre vår energiske leiar gjennom 31 år, og kva er då betre enn at vi gir ut ei bok der han sjølv fører ordet. Sant å seie kom ideen, som dei fleste gode idear i sogelaget, frå han sjølv.

Bjørn Austigard har vore med i styret i Romsdal sogelag kontinuerleg sidan 1976. Først som kasserar og skri-var, men som leiar frå 1984. I Bjørns tid som leiar har medlemstalet vokse til, og stabilisert seg, på rundt 1000 medlemmer. Dette er nok på grunn av Bjørns sans for PR og hans fantastiske formidlingsevner. Ei av hans mange deviser er at ein skal ikkje vere redd for å stikke seg fram. Tallause er dei lokallistoriske kveldane der han har trollbunde publikum med sin særeigne kåseristil, men aldri har han gått på akkord med den faglige kvaliteten.

Alt lenge før han overtok leiarvervet, som den fjerde leiar i sogelagets historie, var han den drivande krafta i redaksjonen for Årsskriftet. Men dette var ikkje nok for Bjørn, og sogelaget starta med nesten årvisst å gi ut tilleggsbøker. Romsdal sogelag er no det forlaget som har gitt ut flest bøker her i fylket. Sogelaget har sidan starten i 1921 utgitt 122 bøker, Årsskrift medrekna, og 81 av desse bøkene har kome etter at Bjørn kom med i arbeidet. I tillegg er det gitt ut 3 CD-ar, ei rad med særtrykk med eigne ISBN-nummer og ei lydbok. Det var han som i 1990 starta opp med årvisse «Spørsmål til medlemmene», og «Parelius-seminaret» frå og med 1996. Båe delar har vore populære tiltak som har ført til auka kontakt med medlemmene. Som styreleiar for Margit og Morten Parelius' minnefond frå 1995 har han, saman med styret, gitt Romsdal sogelag og mange andre lag og organisasjonar økonomisk handlekraft til å gjennomføre stadig nye prosjekt.

Bjørn har ein utruleg god teft for korleis ein trykksak skal sjå ut, og det er kanskje ikkje så rart at han er opptatt av det, så lenge det er han som frontar salet av bøkene våre. Bøkene han har stått bak, viser ei rekke med stadig flottare publikasjonar fordi han følgd med på utviklinga innan boktrykkarfaget. Vi må her òg gi vår honnør til grafikarane hos EKH Grafisk, som er det trykkeriet vi har brukt i alle år, men det er Bjørn si fortjeneste at dei rette illustrasjonane kjem på plass. Å plukke ut bilde er noko han legg mykje arbeid i, og som leiar av Romsdalsmuseets fotoarkiv i meir enn 30 år har han dei beste føresetnadene for å vite kva som finst av illustrasjonar av alle slag. Denne boka er eit godt eksempel det gode samarbeidet Bjørn og sogelaget har med Romsdalsmuseet, og innhaldet avspeglar hans breie interessefelt.

Ingenting vil glede jubilanten meir enn at dette festskriftet blir lese. Vi ønskjer Bjørn Austigard til lykke med dei 70 år, og håper at han i mange år enno vil halde fram med å dele sine store kunnskapar med oss.

Styret i Romsdal sogelag

Dag Skarstein

Mads Langnes

Merete Halstensen

Rolf Strand

Forord

Denne boka inneheld artiklar som eg har skrive for avisene Romsdals Budstikke og Driva i åra 2011 til 2014. I Romsdals Budstikke heitte serien «Røter», og dette vart også hovudtittelen på boka. I Driva skreiv eg under vignetten «Gammalt og nytt». Det dreier seg om rundt 60 bidrag i kvar av avisene. Det kjem litt an på korleis ein reknar. Det hende nemleg at det kom reaksjonar på det eg skreiv, og nokre av desse kommentarane førte til nye artiklar.

Eg «debuterte» som avisskribent alt hausten 1972 – same året som eg hadde den første artikkelen min på trykk i Romsdal sogelags årsskrift. Eg studerte realfag ved Universitetet i Trondheim på den tida, men om kveldane lét eg kjemi vere kjemi, og då sysla eg med slektshistorie og lokalhistorie i staden. Eg hadde Statsarkivet og Gunnerusbiblioteket nærast som grannar, og mykje av det eg fann der, hadde eg interesse av å formidle vidare. På den måten skreiv eg mange småstykke for avisene alt i Trondheims-tida mi, og dette heldt eg fram med dei 35 åra eg arbeidde på Romsdalsmuseet.

I 2007 overleverte Romsdals Budstikke det gamle fotoarkivet sitt til Romsdalsmuseet. Merete Halstensen organiserte og nummererte konvoluttane, og ein gjeng på åtte handplukka pensjonistar hjelpte til med å tekste over 100 000 foto. Budstikka har 10 kommunar som sitt nedslagsfelt, og det vart ei stor utfordring. Informantane mine greidde sjølvsagt ikkje å tekste alle bilda. Som leiar for arbeidet plukka eg ut interessante bilde – helst med folk på – og sende dei til Budstikka for å få hjelp frå publikum. Dette var godt avisstoff, og då eg slutta ved Romsdalsmuseet sommaren 2010, vart eg spurt om eg kunne halde fram som spaltist i Romsdals Budstikke. Slik starta serien «Røter» den 2. desember 2011. Ein sentral person i dette bildearbeidet har vore Johnny Bratseth ved Romsdalsmuseets fotoarkiv. Det er han som har stått for nesten all digitalisering og systematisering av arkivet, og takka vere han er det råd å finne fram i dei store mengdene. Berre i denne boka er det med over 600 bilde.

I 2011 runda avisa Driva på Sunndalsøra 40 år, og som bidragsytar gjennom ein heil mannsalder vart eg spurt om å ha ei spalte også der. Det starta med ein liten artikkel kvar fredag, men seinare vart dette roa ned til siste fredag i månaden. Desse to avisene har ulike nedslagsfelt. Berre Nesset kommune er felles for dei baa. Likevel passa eg vel på at det kom ulike bidrag i dei to avisene, og det var ikkje vanskeleg å finne nye emne. Eg hadde trass alt samla stoff i 40 år.

Lesarar i baa avisene kom tidleg med spørsmål om artikkane mine ville komme i bokform. Dette vart først klarert med reportasjeredaktør Jan Inge Tomren i Romsdals Budstikke og redaktør Sigmund Tjelle i Driva. Etter det vart spørsmålet lagt fram for styret i Romsdal sogelag om laget ville stå som utgjevar. Svara var positive frå alle, og frå Romsdalsmuseet fekk eg klarsignal om å få bruke bilda som var lånte ut frå Romsdalsmuseets fotoarkiv.

Utvalet i denne boka har gjort seg sjølv: Alt som har vore skrive under dei to vignettane er med. Vidare er det tatt med nokre få avisartiklar frå same periode der form og tematikk stort sett er den same. I nokre artiklar er innhaldet litt justert fordi eg har fått supplerande opplysningar. Dessutan er det brukt mange fleire bilde i boka enn i avispresentasjonane.

Takk til medredaktørane Dag Skarstein og Rolf Strand som har komme med konstruktive innspel under arbeidet, og takk til Kåre Magne Holsbøvåg som har vore språkkonsulent og lese korrektur. Til sist takk til den daglege konsulenten min, ho Dagrøn, som gjennom alle desse åra har gjeve gode og velmeinte råd før noko som helst kom på trykk i avisene.

Molde, mai 2015
Bjørn Austigard

FOLKEMINNE OG TRADISJON



Ho Deri Dammå og han Gammel-Torbør i Åsa



Gjestestua på Teiset tenestegjer i dag som stabbur på Søsnes. Huset vart først selt til Åram, men i 1938 kjøpte konsul Jonas Lied stabburet og sette det opp på garden sin. Tømmeret er hogd i 1620. Innvendig er det mange merke i tømmerstokkane etter veggfaste senger. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

I det store folkeminnematerialet etter Ola Hola er det ei forteljing som heiter «Gjestestua på Teiset». Sjølv om dette er ei vandresegn, er det ei forteljing som fascinerer meg fordi det er tale om namngjevne personar som kjempar mot eit troll.

Trollet heitte Dampen, og det budde i ei gammal sengebu (gjestestue) på Teiset på Tiltereidet. I denne sengebua var det mange veggfaste senger både i første og andre høgda, men trass i alle sengeplassane var det ingen som torde ligge der. Som troll flest var nemleg Dampen heller brysam av seg, og dette arta seg på den måten at den som låg der, vart dre-

gen ut av senga, og så dansa Dampen med dei så lenge at dei ikkje greidde å stå på føtene etterpå.

Han Gammel-Torbør og ho Deri legg planar

Han Gammel-Torbør budde oppi Åsagardå i Eidsvågja på 1700-talet. «Han Torbør var 'kje så høg, men søkkjenes rotvaksin og sterk som ein hest,» skriv Ola Hola. Han var på Teiset på arbeid, og så tenkte han som så at i staden for å gå heim, ville han overnatte i sengebua på garden. Han vart sterkt frårådd dette av både mannen og kona, så han valde å gå heim første natta.

På veg til arbeid neste morgon, gjorde han seg ein tur innom ho Deri



Det er merke etter mange veggfaste senger i andre høgda på stabburet. Dette er vel grunnen til at huset vart kalla gjestestue. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

Dammå. «Ho va' makalaus te kjær-ring. Ho kun gjere godatt dei so ha skadd seg, kor det såg ut. Sia kun ho gjere åt noko tå kvart, både trolls-kap, dverglag og tuspebet og mångt anna so folk var plaga med den tida.» Det



Ei staseleg himmelseng står på loftet i dag.
(Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

var sjølvsagt lurt å rådføre seg med ei slik dame, og av henne fekk han Torbør ei neverkrukke (neverkopp) med Sant-Ola-tjøre då han gjekk. «Det finst ikkje anna millå hemmel og jord so kan gjere åt slekt styggels enn Sant-Ola-tjøre. Med henna må du korse både eve dør'n og mett på dør'n og sia ein kors på framsid'n og ein på innsid'n på sengjaromma.»

Basketaket i dørholet

Torbør gløymte all korsinga i og rundt døra, men då han gjekk for å leggje seg, tok han med tjørekoppen i alle tilfelle. Torbør ha sovna før Dampen kom for å kaste han ut, men han bråvakna og tok straks tak i senga, og både mannen og den veggfaste senga vart med bortåt dørholet. Der summa Torbør seg såpass han fekk krafse åt seg neverkrukka med tjøre. «Dermed sauma'n te Dompa mitt i flabben so Sant-Ola-tjørå klistra seg rundt tryne på 'nå.» For å gjere ei lang historie kort: Det enda med at Dampen rømte sin veg, og det vart fred i gjestestua.

Kven var hovudaktørane i denne forteljinga?

Både Torbør i Åsa og ho Deri Dam må har svært uvanlege namn. Var dei oppdikta? Ola Hola fortel at ho Deri kom frå Gunnagarden under matrikkelgarden Eidsvåg, men flytta til plassen Damman under Teiset på sine gamle dagar. Ho var 100 år i 1760-åra. Eg har gått gjennom «Gards- og ættesoge for Nesset» fleire gonger utan å finne korkje Torbør eller Deri nemnt nokon stad. Så kom Ålvundeid-boka (2010) oppi hendene på meg, og der ser eg at kvinne-



Det var i dette dørholet at kampen stod. Dekoren på stokkendane ved døra viser at dette har vore eit stashus. Det er ikkje tjørekorsar å finne korkje inne eller ute. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

namnet *Dordi* vart frå gammalt uttala *Därđi* på Ålvundeidet. Norddelen av Tiltreidet tilhørde Nordmøre på denne tida, og eg trur beint ut at ho Deri (eller kanskje Derri) var innflytta nordmøring. Eg har søkt opp alle skriveformer for kvinnenamnet *Dordi* i folketeljinga for 1801, og då finn ein ingen med det namnet i Romsdal (Nesset, Veøy, Bolsøy), men fleire i Tingvoll, Surnadal og Stangvik. Etter dette fekk eg «blod på tann» og søkte på Torbør i alle tenkelege variantar. Utgangspunktet for namnet er

nok Torberg (med norrønt opphav), og då fann eg at dette namnet vart brukt i 1801 i både Tingvoll, Øre, Kvernes og Rindal, men ikkje i Nesset, Veøy eller Bolsøy.

Min konklusjon etter dette er at hovudpersonane i denne forteljinga er innflytta nordmøringar. Dei hadde truleg ikkje eigen familie eller fast eigedom, og dermed er dei ikkje sporbare for ein bygdebokforfattar.

Om å «sjå sola i trøy-ermen» og somt anna

Har du «sett sola i trøy-ermen»? Det har eg. Eg såg ho som liten gut nedpå ein skotlem i Austigard. Dei som gav meg dette varige minnet, var 5-6 år eldre enn eg. Nesten 60 år seinare demonstrerte eg dette «synet» for eit barnebarn, men eg har bestemt meg for ikkje å gjere det meir. Det enda med gråt!

Dagens ungar finn seg ikkje i det som vi som voks opp på 50-talet, måtte akseptere då. Den tida det var mange ungar på kvar gard, og det var folk i alle hus, då vart store ungar læremeistrar for oss som var yngre. I somme tilfelle kan ein nesten snakke om «overgangsritual». Ingen fortalde ein uinnvigd unge kva «sola i trøy-ermen» gjekk ut på. Det måtte berre opplevast! I mi tid var dette ein del av barnekulturen.

Perfekt observatorium

På hytta mi har eg ei loftstropp som høver perfekt for dette sol-synet. Eg syntest nesten at det var for godt å ha ein slik bygningskonstruksjon ståande ubrukt, så eg spurde eldste barnebarnet om ho kunne tenkje seg å «sjå sola i trøy-ermen». Ho svara ja, og dermed vart alt lagt til rettes for forestillinga. Ein vass-skvett i ein kopp vart «smugla» oppå loftslemmen, og ei trøye-erm vart hengt ned langs troppevingen slik bildet viser. Rett under erma stilte så «offeret» seg og glante opp i ermholet der sola skal vise seg. Etter litt venting kom det så ein overraskande vass-skvett rett i ansiktet på ho som venta på sola! Eg skal som sagt ikkje gjere dette meir, men det høyrer med til denne historia at ho som «har sett sola i trøy-ermen» syntest at også brørne hennar, som er yngre, må få oppleve det same!

Potteringar på rau'n

Det var mangt «dei store» sa til oss små som vi ikkje syntest var særleg ar-



Ole Kristian er spent på om han får sjå «sola i trøy-ermen». Han slapp å få «vass-skvetten» i ansiktet. (Foto Bjørn Austigard 2011)

tig. Når vi ungane spurde «kæffær gjer du slek?» kunne vi få til svar: «Fær at ikkje oksen ska' bælje!» Då vart det gjerne stilt. Dersom vi sprang, datt og skrubba knea, kunne vi godt få spørsmålet «Fann du noko?» Ein meir forargeleg kommentar kunne eg ikkje tenkje meg, men det galdt å reise seg opp, halde kjest og springe vidare! Når dei vaksne heldt på med noko som vi ungane syntest var spennande, og vi av den grunn rett og slett vart «i

vegen», kunne vi få merknaden «det vart so fullt tå meg rundt dåkkå!» Ein obsternasig unge (som prøvde å vere større enn han eigentleg var), kunne også få oppfordring om å «ga heim åt mor dine og få ho te å tørke potterin-gan' tå rau'n dine». Dette siste høyrde eg berre ein gong bli sagt (og det var ikkje til meg!), men det sit som spikra i hovudet mitt. Han som sa det, hadde sikkert fått det «servert» sjølv som unge.



Uttrykket om «å få mor si til å tørke potteringa' tå rau'n» forklarar seg sjølv, og når det vart sagt til store ungar, var det langt frå rosande. Edvard var for liten til å forstå vitsen med foto-graferinga. (Foto Bjørn Austigard)



Når ein vaksen kar brått skreva over ein unge ute på gardsplassen, kunne han seie: «Veks 'kje meir!» Det var forargeleg for mange, men Kristoffer kosa seg over bestefarens påfunn. (Begge foto Sigmund Austigard)



Skrivarhand. Seiemåte: «Få kjenne på skrivehanden di.» Han får låne ei slapp arm, og så ristar han på handa samstundes som han seier «Skrivarhand, skrivehand – flabb, flabb, flabb» og flabbar til han som lånte bort handa, denne gongen Bjørn Fredrik.



«Ska' du bade, små'n?» (Badekar, gjerne med ei spyttklyse) (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet)



«Ska' du klive (klatre), små'n?» (Tre eller fjelltopp) (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet)



«Ska' du seta på potte, små'n?» (Foto Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet)

Skal du bade, små'n?

Etter at eg på det næraste var vaksen, såg eg følgjande serie med «fortredelegheiter» demonstrert i Eresfjorden: «Ska' du bade, små'n? Ska' du klive, små'n? Ska' du seta på potte, små'n?» Samstundes som dette vart sagt til ein innpåsliten unge, vart *badekar*, *tre (fjelltopp?)* og *potte* demonstrert slik bildeserien viser.

Til deg som les dette: Dette er ein del av kulturhistoria vår – om du likar det eller ikkje!

Vise menn eller kongar

«Vise menn fra Østerland...» syng vi i ein kjær julesong. Grundtvig, som skreiv denne songen for meir enn 200 år sidan, visste kva som stod i Bibelen. Likevel blir desse mennene den dag i dag omtala som «Hellige tre konger», og slik trur eg det blir i åra framover også.

For 1500 år sidan oppstod det nemleg ei legende som fortalde at dei var kongar. Dei fekk namna Kaspar, Melkior og Baltasar, og legenda fortalde kva land dei kom frå. «Opphavslanda» var viktig ettersom dei kom med gåver til Jesusbarnet.

Episoden med mennene frå Austerland (Matteus 2,1-12) har gjennom åra vore eit ynda motiv for kunstnarar og eit populært tema for forteljarar. I Romsdalsmuseets kapell heng det eit måleri av «Tilbedelsen» frå den gamle Vestneskyrkja. Bildet ber preg av «hardt bruk» over lang tid, men så mykje er bevart at vi ser at den eine kongen har hermelinskappe. Den svarte rumpepippen på røyskattskinnet er lett synleg på ermane og kanten på kapp. Slike kapper hadde ikkje kongane i Austerland, så kunstnaren har valt klesdrakt frå det han kjente: ein nordisk eller europeisk konge. Fenomenet er velkjent: Jakob Klukstad utstyrte læresveinane på altertavla i Lesja kyrkje med klede frå Lesja då kan skar meisterstykket «Nattverden» i 1749!

Ein merkedag. «Hellig tre kongers dag» var ein viktig heilagdag i kyrkja vår fram til festdagsreduksjonen i 1771. Før dette var det så mange messedagar i året at folk ikkje fekk gjort stort anna enn å gå i kyrkja. Då den gregorianske kalenderen vart teken i bruk hos oss i 1700, fall dagane mellom 19. februar og 1. mars ut. *Den gamle juledagen*, som var den 6. januar, smelta nærast saman med trettandagen, minnedagen for dei heilage kongane. I *Almanakk for*



Olga Øverås støyper hellig-tre-kongers-lys i Erikgården på Romsdalsmuseet på olsokarrangementet i 1981. Ho Olga mintest at dei laga slike talglys i Pestua på Øverås i Eresfjorden i 1920-åra, og der vart lyset tent trettandagen, 6. januar. (Foto Romsdalsmuseet)

Noreg for året etter Kristi fødsel 2012 står framleis «Heilage tre kongar» den 6. januar. Almanakken, årgang 199, har ikkje gløymt det folkelege.

Ein gammal skikk var å støype tre-arma talglys til minne om kongane. Asbjørn Sæbø skriv (1960): «Trettanaftan var høgtidsafta, og då brende dei 'trikongersljos' som dei

sa, men folkeminnet her kjenner ikkje til at trettandagen var høgtidsdag. Somme heldt nok full helg då medan andre arbeidde litt, men tenarane hadde full fridag.» Eg har i nærare 30 år spurt etter folk som har vore med på å støype «hellig-trekongers-lys» av sauetaig på gamlemåten, men til no er har eg funne berre ho Olga Øverås i Eresfjorden som har gjort det.



«Tilbedelsen» slik måleriet har vore utstilt i Romsdalsmuseets kapell dei siste 60 åra. Jesus-barnet og kongen med hermelinskappa (t.h) er best bevart. Dei to andre kongane står med kapper bak den fremste. (Foto Romsdalsmuseet)



Uselde røyskattskinn frå 1970-åra. Før i tida steig prisen på hermelin når det nærma seg ei kongekroning ute i Europa. No er det er lenge sidan den svarte rumpetippen var etterspurd. (Foto Bjørn Austigard)



Hellig-tre-kongers-lys frå Lysfabrikken på Batnfjordsøra, «pakket av Tanja». Museumsstyrar Sverre Berg fortalde at i barndomsheimen hans i Molde kring 1920, brukte dei slike lys i julehelga. «Spenninga var hvordan det gikk med lyset når flammene nærmet seg forgreiningspunktet,» sa han med et lite smil. (Foto Bjørn Austigard)

På **Veøya** støypte dei slike trearma talglys i 1850-åra. Prestedottera Dorothea von der Lippe Frost (gift Christensen) minstest julaftan i prestegarden med lampa midt på

bordet: «Rundt om den (stor moderatørlampe) stod for hvert barn, et helligtrekongerslys med 3 arme, de skulle minde os om den hellige Treenighed, sagde Dadabrit (barne-

jenta). Vi havde selv støpt dem, dypet dem op og ned i talgstampen mange gange for at få dem tykke, og for hver gang tørret dem mellom to stolrygge.» Vi merkar oss at dei sju barna i prestegarden tente lysa sine på julaftan, ikkje på trettanaftan. Kan det tenkjast at dei ikkje greidde å vente så lenge?

Han onkel Edvard og nokre til



Måneskin over Kalvsøyfjorden og Sekken. Denne kvelden var 'n Onkel Edvard klar og fin. (Foto Johnny Bratseth)

Før i tida hadde alle eit forhold til månen. Det var før vi fekk gatelys og utelys rundt alle husnover. Somme brukte skinet frå fullmånen til arbeidslys, andre nytta det til å ferdist i. Sjølv minnest eg med glede haust- og vinterkveldane med stor fullmåne høgt på himmelen.

Som ungar brukte vi måneskinet til å leike i. Å renne på kjelke på skareføre i klart måneskin var fantastisk. Når vi (litt motvillig) vart ropa inn, prata vi om kor fin eller kor stor *han onkel Edvard* var i kveld. Alle visste at det var månen vi tenkte på.

Nord for Romsdalsfjorden

I eit kåseri på ein omsorgsinstitusjon i Molde for nokre år sidan, kom eg til å nemne at i Eikesdalen kalla vi månen for Onkel Edvard. Det kom då for ein dag at dette var eit velkjent namn for somme, medan det var heilt ukjent for andre. Interessert

som eg er i «ordgeografi» og språkgrensar har eg spurd meg rundt, og no veit eg at vaksne (les: eldre) på Kleive, Strande, Molde, Bud, Batnfjorden, Tingvoll og Kristiansund er godt kjent med 'n onkel Edvard. Er du også ein av dei, så ta kontakt. Eg er interessert i utbreiinga.

Kaffekjelen

Kaffe-Lars er eit tilsvarande namn. «Alle» veit at det er eit anna namn på kaffekjelen. Korkje Kaffe-Lars eller Onkel Edvard treng vere så gamle nemningar. Her i Romsdal må vi truleg til 1830-åra før folk hadde fått smaken på kaffe, og før det hadde dei ikkje kaffekjel heller. Månen derimot er eldgammal, men Edvard-namnet er nokså nytt hos oss. I folketeljinga for 1865 var det berre 260 personar i Møre og Romsdal som heitte Edvard/Edward, og dei aller fleste av desse var under 20 år. Dei eldste av desse var så godt som alle innflyttarar.



På tur. Han Kaffe-Lars er på plass. (Foto Romsdalsmuseet)

Gammel-Erik

Han Gammel-Erik derimot er eldgammal og velkjent. Dette er eit såkalla noa-namn for djevelen. Eit noanamn er eit «finare» namn – eit god-nemne – på noko/nokon ein helst ikkje vil omtale med det rette namnet. (Døme: *gråbein* i staden for



Fiskebåtar og fiskarar på Nordre Bjørnsund 1915. Med så mykje folk samla på ein gong var det nok bruk for fleire «Siriå». (Foto Knut Heggheim/Romsdalsmuseet)



«Skipperen og Gamle-Erik» slikt Th. Kittelsen såg dei for seg. (www.digitaltmuseum.no)

ulv). Den opphavlege Erik var helgen og såleis høgt akta, men då den protestantiske læra kom til oss etter reformasjonen, vart St. Erik og fleire med han dytta ned frå trona, og han «vart eit sinnbilete på det motsette av det gode», står det i Jul i Trøndelag 2011.



Mikkel rev er ein luring. (Foto Romsdalsmuseet)

Ho Siri eller Siriå

Det var eit vanleg namn på dobytta om bord på gamle båtar. På det store veteranstemnet for fiskarar på Fiskerimuseet i 1977 vart det litt prat om dette «møblet», og etter litt utspørjing fekk eg greie på at et det var yngstemannen om bord som tømte dobytta. «Han gjekk under namnet Siri-halar», var det ein som sa, og så hauka og lo alle som visste kva dei snakka om. Frakteskipper Hans Sandøy (1909-2008) skriv at ho Siri eller Siriå var «ein mellomting mellom trebøtte og stamp med eit tau i øvre kant til bruk ved tømning og

demling....På jektene var dette 'møblet' plassert framom pumpespelet, slik at det var i livd av fokkbrettet ved bruk.» Tidene har forandra seg til det betre, heldigvis.

Det finst fleire slik namn som dette, men denne gongen har eg ikkje spalteplass til fleire.

Ta kontakt om dei har gode forslag.

Gamle påsketradisjonar

Påkehøgtida har eit svært dramatisk innhald. Kyrkja markerer dette over mange dagar, og dei fleste albertavler i landet vårt har motiv frå hendingane i påska.

I folkeminnesamanheng er det *jula* som har dei sterkaste tradisjonane. Tilsvarande tradisjonar for *påkehøgtida* er mest fråverande så vidt eg kan forstå.

På leiting

Gjennom mange år har eg vore spurd fleire gonger av aviser og radio om eg kjenner lokale påsketradisjonar «frå folkedjupet». Svaret har alltid vore «nei» frå mi side, men etter å ha vore på leiting etter slikt stoff i årevis, er eg ikkje heilt fri lenger. Ettersom denne avisa kjem rett før påske, skal eg lette litt på «sløret» og fortelje kva eg har sett.

Eld på grua første påskedag

I 1946 gav Odd Meringdal ut heftet «*Dei gamle fortel om folket ved Eikesdalsvatnet*». Her blir den eine saga etter den andre fortald, og ei av dei kvinnene vi møter, er ho Guri (Jonsdotter) Vike, som var fødd i 1822. Ho var svært overtruisk, fekk Odd vite, og som eit døme på dette tek vi med følgjande: «Ja, det hendte seg ikkje ein einaste påskemorgon at ho Guri stod opp før dei andre. Nei den dagen låg ho frykteleg lenge, for ho sa at den som gjorde opp eld på grua først den morgonen, for han ville bjørnen ta eit lam om sumaren.»

Dette høyrest heilt utruleg ut i dag, men det var fleire som verna seg mot rovdyr på denne måten i dei tider. Ho Guri Olsdotter (f. 1840) tente som lita taus på Skjørsetra frå 1848-1856. I 1932 fortalde ho følgjande til Ola Hola: «Om påskemorgonen låg me jamt lenger enn me bruka derimyllo. Me såg etter om det rauk nokonstand i bygda – fær me fekk ikkje tende opp ljøs om det leid alder så langt på dag, fær den som gjorde først opp ljøs




Den som først gjorde opp eld på grua første påskedag utsette buskapen sin for fare. (Illustrasjonsfoto frå Bjørbakken i Eresfjorden. Bildet er ikkje frå påsketider etter som det er både røyk, snø og eple på same bildet. (Foto Birkeland/Romdalsmuseet)



Gnagvedlass (av alm) på veg heim til Vike, Eikesdalsvatnet. Kanskje var dette nok til to dagar? (Foto NE/Romdalsmuseet)



Olav og Oddbjørn Finnset laga «brøtbør» av alm 1979. Almegreinene vart brotne i 60-70-cm lengde og surra med ei kjepeband (av vidje). Børene vart så rulla/trilla ned lia til stader der det var framkommande med båt eller hest. (Foto Romdalsmuseet)



Grove greiner av osp, rogn, selje og hegg vart skava, og borken (skavet) nytta til fôr. Stokken brukte dei til ved. (Foto Romdalsmuseet)

påskmorgonen, var det drope krøter tå ukjøa (rovdyra) om sommaren etter. So laut me gjere på Rød au, då eg flytta dit seinare.»

Desse to kvinnene kjende ikkje kvarandre, og oppskrivarane var også uavhengige. Det er derfor all grunn



Finnset 1979. Her har sauene fått almegneg rett inn på tallen. (Foto Romdalsmuseet)

til å tru at tradisjonen omkring første elden på påskedagen var velkjent i Nesset på 1800-talet.

Langfredagsegg

Egg og påske høyrer i hop. For 30-40 år sidan høyrde eg på radio at det var ei utbreidd oppfatning fleire stader i landet vårt at «langfredagsegg» held seg lenger (friske) enn andre egg. Det var André Bjerke som var programleiar, og opplysningane gjorde litt inntrykk på meg. Seinare har eg spurt på aldersheimar og elles i forsamlingar med godt vaksne folk om dei har høyrte om dette, men tradisjonen synest heilt ukjent i Romsdal.

Sprengjelaurdag

Frå gammalt var det eit sterkt skilje mellom kvardag og helg/høgtid. Berre arbeid som var heilt nødvendig måtte gjerast på ein høgtidsdag. Som eit resultat av dette heiter laurdag før påske for «sprengjelaurdagen» i Eikesdalen. Då eg var gutunge i 1950-åra, var namnet høgst levande, og det vart forklart med at folk måtte *arbeide på spreng* denne laurdagen for å få heim nok *gnag, brøt, skav og beit* til buskapen slik at det var mat nok til to påfølgjande helgedagar. Er *sprengjelaurdag* kjent frå andre bygder?

«Tyvehånd» og «Ildebrand»



Kista til «Mildrie Thoresdatter Vike Ao 1816» truleg måla av Aslak J. Hoem. På lokket står «Fra Tyvehaand mig Gud bevar, fra Ildebrand mig naadi(g) spar, saa skal jeg trolig(?) hiemme, den Skat som her er i meg ned er lagt.» (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

«Det kjem fram att, alt som ikkje er stole eller brent», heiter det. Blir ein utsett for tjuveri eller brann, er verdiane tapt og borte. Derfor har folk sikra seg best dei kunne. No er det lett vint: tjuverialarm, brannvarslar og trygghetsalarm kan kjøpast for pengar.

Brannforsikring har eksistert frå 1767, og frå 1840-åra kom det private forsikringsselskap på banen. Kostnadene var då litt mindre, men like fullt måtte ein ut med ein liten premie i form av pengar.


Gratis forsikring

Frå gammalt fanst det fleire gratis tiltak, men då måtte ein ha trua på det. *Seiershua* t.d. hjalp te for mangt og mykje, også mot brann. Det kunne Kåre Magne Holsbø våg slå fast etter at han i åra 1998-2000 samla inn folkeminne om dette

«klesplagget». Når det var fare for at ein brann skulle spreie seg, var det berre å hente ein eller ei som var fødd med seiershue og så *leie* eller *bere* vedkommande rundt elden. Når desse tok seiershua på «og det t.d. var laus eld, gjekk han rundt haugen eller huset som brann, og då kom ikkje brannen vidare.» (Mads Hukkelberg)

Mange eksempel

Det Hukkelberg skriv her, var velkjent. Ei skogbrann vart stoppa av seiershue i Måndalen i 1831, ei anna seiershue gjorde same tenesta på Sotåa i Osen i 1880-åra. Husklynga på Vinjeøra i Sør-Trøndelag vart berga for utsletting i 1874 ved at ei seiershue vart henta. Alle visste kven som hadde seiershue i bygda, og tradisjonar om seiershuer finst over heile landet. (Romsdal sogelag, årsskrift 2000)



Erik Alnæs på troppa på Kal'lykkja, Øverdalen, 1904. Ved pipa er det planta rosenrot – mot brann. (Foto Romsdalsmuseet)



Skilt mot brann. «Denne Bygning var opført i Aaret 1844 af mig Amund Iversen og Ane Niels Datter Grønnæs. Malet i Aaret 1846. Gud bevare dette Huus fra Ildebrand og al anden Ulykke.» (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Skilt frå eit sagbruk på Søsnes. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Mot brann

Det beste er sjølvsagt å sikre seg slik at det ikkje tek til å brenne. Å plante rosenrot på taket var eitt tiltak. Innskrifter på dørlister, dører og skilt var heller ikkje uvanleg. På eit skilt som stod over døra på eine Grønnes-garden, kan ein enkelt og greitt lese: «Gud bevare dette Huus fra Ildebrand og al anden Ulykke.» (1846). På ei dørlist på Løvikremma, Gossa, er mange fleire element tekne med: *Lykke giv i denne stue. Fri O Gud fra Ildens Lue. Pestens Engel borte bliv. Giv Enighed og Fredsom Dage. Det baade Gud og oss behage som boe i dette Ler.* (1861)

På eine enden av ei dørlist frå Øvre Frisvoll, Eidsbygda, står *Gud Bevare Huus og Hiem fra Ildebrand og Andet Ondt, og ...*

Tjuveri

Tjuveri av mat, klede, bøker og verdisaker kunne vere vanskeleg å verje seg mot. Stabburlåsa rundt om på gardane var ofte dei sikraste, men ein korn-tjuv med navar kunne likevel lett bore seg gjennom golvet og opp i kornbøra og forsyne seg. I eit stabbur på Gujorda var det lagt dobbelt golv med steinheller mellom som sikring mot slike kjeltringar.

Rosemålar Aslak Johnsen Hoem (1796-1893) hadde tydeleg tru på



Seiershuer frå 1921 og 1952. Dei er oppbevart i små esker – som kulturminne. (Foto-grafert hos Dagny Hage år 2000/Romsdalsmuseet)

skriftlege åtvaringar, og i eit langt «dikt» inni lokket på kista til kona si, startar han slik:

Forbandet være Tyvehaand som andres Gods berøver, Han fristes af den onde Aand osv. (noko uklart).

Andre hadde meir tru på skremsel. I ein familiebibel stod denne innførselen (etter Alf A. Sæter): «*Den som stjeler denne hellige Bog er en Tyv. Han skal dømmes til fem Dager paa Vand og Brød og den sjette i Galgen død.*»

Eg har notert ein del slike formular gjennom åra, men eg har «bruk for» fleire. Kom an!

Bjønnaskinn

«Du skal ikkje selje skinnen før bjønnen er skoten,» heiter det. Uttrykket er velkjent sjølv om det i dag berre er brukt i overført tyding, men det viser berre at utfallet av ei bjønnajakt aldri har vore sjølvst.

Prisen på eit ekte bjønnaskinn får vi aldri greie på, men dei var heilt sikkert både sjeldne og kostbare.

Skinn og skotpremie

Alt på 1700-talet vart det betalt ut skotpremie på bjønn. For å få utbetalt premien, måtte jegeren ta med seg skinnen på tinget og vise det fram der. I Romsdal sogelags årsskrift 1983 gir Bersvein Leirvoll ei rad eksempel på dette, og det er tydeleg at premien var gode pengar å få med seg. Det vi derimot ikkje får greie på, er kva som vidare skjer med dei framviste skinna. Fekk futen dei? Kva vart dei eigentleg brukt til?

Kyrkjeskinn i Isfjorden


I samband med 175-årsjubileet for Hen kirke gjekk eg gjennom gamle rekneskap og inventarlistar for kyrkja. Der fann eg til mi store overrasking at mellom kalk og disk i sølv, lysestakar i massing, messehaklar, biblar, alter- og salmebøker var det eit gammalt bjønnaskinn som låg framom alteret. Inventarlista er frå 1728-1731, og dette er det einaste eksemplet eg har sett til no av bruk av bjønnaskinn på 1700-talet her i distriktet, men det var ikkje uvanleg i landssamanheng. Jubileumsboka for kyrkja var knapt trykt før eg fekk telefon frå ein bjønna-interessert austlending som kunne fortelje meg at han hadde registret rundt 30 slike kyrkjeskinn. Kvifor slike skinn vart brukt framfor alteret, visste heller ikkje han, men truleg stod presten på skinnen slik at det ikkje skulle vere så kaldt på føtene.

Andre bruksområde

Eg har sett berre to ekte bjønnaskinn i mitt liv, og det er alt. Ein kan derfor




Ivar Tolaas med skinnen av bjønnen som far hans skaut. Dette er eitt av dei få bjønnaskinna som er i privat eige i dag. (Foto Bjørn Austigard)



Då Sverre Berg skreiv boka «Bjørneskytteren Johan Alnæs» (1975), valde han å bruke eit bilde av eit bjønnaskinn som omslagsbilde. Skinnen var ei gåve til Romsdalsmuseet frå Alnæs-søkene. Kva Alnæs gjorde med dei 10 andre bjønnaskinna sine, veit ingen, men dei vart sikkert selde for pengar. (Foto Romsdalsmuseet)



Skrottane av dei tre bjønnane som Johan Alnæs skaut i Fræna 1911. Alnæs hadde utruleg sans for PR, så han sikra seg postkort av bjønnane både med og utan skinn. (Foto Romsdalsmuseet)



Omrisset av eit bjønnaskinn på naustveggen på Hoem. Bjønnen vart skoten på Øver-Vike ved Eikesdalsvatnet, men han vart frakta til Hoem for fotografering og flåing. Skinnnet vart så spikra på veggen til tork. Kjøtet åt dei kanskje? Eit par tiår etter at skinnnet vart tatt ned (og selt), stod enno spikarhola i naustveggen, og etter desse hola vart så storleiken på skinnnet rissa opp. Året var 1915, ikkje 1914 som det står på veggen. (Foto Iver Gjelstenli/RB/2012)

saktens lure på kva desse kostesame skinna vart bruka til. Eg kjenner berre eitt tilfelle. Arve Hammerøy skriv i artikkelen «Alexander L. Kielland og Fræna» (1999) at når Kielland kom til landhandlar Dalseth i Fræna vinters tid, hadde han «bjønneskinnsfell og fotpose» i breisleden. Dette var sikkert eit bruksfelt for bjønnaskinn i gammal tid. Når eg ikkje har sett skinnfell av bjønn, kan det skyldast at dei er utslitne og kassert. Ikkje ein gong musea våre har greidd å sikre seg noko slikt.

Bereidde skinn

Johan Alnæs skaut 11 bjønner i sitt liv, men berre eitt skinn er bevart. Dette er bereidd (konservert) av ein skinnfellmakar(?) og er i Romsdalsmuseets eige. Det er godt og mjukt å ta i, og det er eitt av klenodia etter den legendariske Alnæs.

Eit tilsvarende skinn har Ivar Tolaas etter far sin. Også dette er bereidd og godt bevart og blir teke vare på med stor pietet. Når ein ser



Denne bjønnen vart skoten av Aneus Vike på Øver-Vike, men rodd til Hoem på andre sida av vatnet for å bli flådd. Kristian Vike (bak) hadde eit høveleg naust til slikt bruk. (Foto Otto Jæger/Romsdalsmuseet)

desse skinna, er det ikkje til å undrast på at bjønnaskinna var ettertrakta og godt betalt. Det undrar meg derfor stort at det ikkje finst restar etter fellar og fotposar. Kanskje sit du på eit slikt klenodium?

På naustveggen på Hoem ved Eikesdalsvatnet vart det spikra opp eit

bjønnaskinn til tork i 1915. Korleis det gjekk med skinnnet etter at det var teke ned frå veggen, er det ingen som har sagt noko om. I dette tilfellet kunne det i alle fall seljast, for bjønnen var skoten. Det er sikkert, for det står i RB 6. mai 1915.

Folkeminne i ei førjulstid



Eresfjordsbygda og Goksøyra sett frå Meringdalen. Oppi dette bratte fjellet heldt ein gosse-familie til. Når gossen syntest det hadde vorte for mykje uty slik som tusp og julgeit neri bygda, jaga han heile hurven forbi Siramoen og heilt utom Paulhammaren. Då vart det fred, sa'n Tore Øyahagå. (Foto Birkeland)

«I mørkret er alle kattar grå,» heiter det. I mørkret var alle underjordingar blå. Haubokk, hulder og ymse slags tusp vart gjerne omtala som «dei blåkledde», men så kom elektrisiteten og lyste opp både ute og inne, og borte var dei. No lever dei att (stort sett) berre i folkeminnet.

Observasjonar

Det finst heldigvis nokre observasjonar som er bevart i lokallitteraturen vår. Ivar Brovold (1823-1910) skriv at «de skulle være som en 10-års gutt på størrelse – et slags alver eller dverger – være blåkledde og ha rød toppelue, være heldige fiskere, utmerkede smeder og ypperlige spillemenn». Det er tydeleg at Brovold skreiv dette ut frå det andre



Frå Eidestua på Romsdalsmuseet. Åtte dagar før jul måtte ein rekne med at julgeita var på plass oppå røykornen (t.v.). Etter at folk fekk seg hus med grue, tok julgeita plass i omnskråa bak grua. (Foto Romsdalsmuseet)



Ein ny tjørkors på ei dør var god forsikring for folk, dyr og mat. Frå Holtstua på Romsdalsmuseet. (Foto Romsdalsmuseet)

hadde sett, men det kom på trykk før elektrisiteten forstyrte livet til dei blåkleddede. Han Tore Øyahagå som tente på Torhus i Eresfjorden midt på 1800-talet, jaga ut nokre 'småkallar' frå stallen, og då såg han at dei hadde «urimeleg stort hau i forhold til resten, og føt'n såg mest ut som granne trekjeppar».

I stua


Alt tre veker før jul kunne ein risikere at julgeit og julkvikk kunne slå seg til oppå røykomnen eller baki omnskråa. Observasjonane vart vissare til nærare ein kom jula, og ått-dagar før jul var dei sikre på at julgeita var på plass. Julekvelden såg ungane «rett som det var ti nasetippen på henne, og somtid heile hauet au», skriv han Ola Hola.

I fjøs og på låve

Morgon og kveld trøska dei rundt om på gardane. Dei arbeidde iherdig for å bli ferdig til jul slik at dei slapp å ha utrøska korn på løa i julehelga. I lyset frå ei trankole stod dei på låven med sloge, kornskei, hæråld og kastespjell for å sikre maten – Guds-lånet – for resten av året. Dei som ikkje vart ferdige med trøskinga til jul, måtte verje det utrøska kornet med sigdar, tjørkorsar og tuspekostar (sjå foto). Best var tjøre som var brent ol-sokdagen, 'Sant-Ola-tjøre'. «Når uty, hulder og haubokk med, fer sjå ein Sant-Ola-kors, set dei rompå i veret og spring på livet», fortalte han Ingebrigt åt'nå Ola Hola. Alt slikt 'sikringsarbeid' mot dei blåkleddede måtte vere ferdig seinast sjursmessedagen, 23. desember.



Med sloge, kornskei og kastespjell skilde dei kornet frå halmen. Når kornet var komme på stabburet var det sikra mot svartmakta – i alle fall etter at døra var «korsa». (Foto Romsdalsmuseet)



Tuspekost på ei bjørk. Med ein slik kost kunne ein a) jage ut småkallar frå stall og fjøs, b) sikre utrøska korn på låven, c) få tuspebet til å gro. (Foto Romsdalsmuseet)

I fjøs og stall tok dei også sine forholdsreglar, m.a. fjerna dei alt som var laust, slik som soplingar, møkkjaråker (-reker), trekoppar og liknande, elles fann dei det ikkje att. Julekvelden mjølka dei før det vart mørkt slik at dei slapp konflikt, og når budeia hadde gjeve føret til kyrne og var på veg ut, sa ho gjerne: «Jesu namn.»



Paul P. Venås med ein sekk korn som skal malast. Det er lys dag, men malinga tok ofte tid, så kanskje han, liksom mange andre, måtte ta natta i bruk. Då var det mange farar som trua. (Foto Asbjørn Sæbø)



Kvernsteinane ligg på eit oppheva golv som kallast *kvennaluren*. Oppå dit kom julgeita tre veker før jul, heiter det. Skulle ein få etande mjøl etter den tid, måtte ein passe godt på både dag og natt.

På kverna

Frå gammalt var det kvern på så godt som kvar einaste gard. Så sakte som desse små gardskvernene mol, måtte dei la kverna gå natt og dag når det var vatn i bekken. På ei kvern i Oppigard i Eikesdalen var det grue (peis) inne i kvernhuset. Når det var mørkt ute, brann det

alltid på grua for å halde utysket borte. Utan lys kunne julgeita stoppe kverna eller gjere andre pretter. Sivert Lillebakk i Fræna fortalde meg (i 1979) at på Eidemskverna var dei stadig vekk ute for at haubokken stoppa kverna og bles ut lyset. (Han fann heldigvis utav det, sa han med eit smil.)

Gossen i Goksøyra

Han Tore Øyahagå, som tente på Torhus i Eresfjorden, fortalde at *utyet* ofte røtte (formerte) seg kraftig før jul. Når det hadde vorte for mykje «tå di i bygden» før jul, så jaga gossen oppi Goksøyra heile hurven neri-gjennom bygda og heilt utom Paulhammaren. Då vart dei med haubokkan også, og det var berre så det hyssj når dei fór gjennom Siramoen. Etter dette vart det verande i Eresfjorden sjølve jula det året.

Å binde okse, porte og dra hårlugg

I romjula (2010) var eg pårørende på Nesset Omsorgssenter (NOS) i Eidsvågen. Det var institusjonen som inviterte, og sjølv om vi var mange, var det plass til oss alle, og dei som stod for arrangementet skapte trivsel for både pensjonæra og oss innbedne.



Når ein portar brukar ein små neter. Slik kan ein gøyme mange i ei barnehand. (Foto Bjørn Austigard)


På invitasjonen stod det ei setning om at dersom nokon av oss inviterte hadde lyst til å bidra med eitt eller anna, så var dei takksame for det. No er det somme som seier om meg at når eg har ei forsamling framfor meg, ja, så må eg ta ordet! Av ein eller annan grunn vart det slik denne ettermiddagen også. Dette var 4. juledag, og eg kom til å tenkje på kor streng høgtidsfreden var 1. juledag før i tida. No for tida kan vi sjå både gamle og unge ute i gater og på gangvegar for «å gå av seg jul-feittet» om det så er midt i gudstenestetida 1. juledag!

Inneleikar

Slik var det ikkje før. Då heldt alle seg i ro heime same kor lysten ein var til å gå ut. Dagen var full av høgtid, men kva gjorde vi ungane ein slik dag? I det vesle innlegget mitt tok eg tilhøyrarane med på ein liten gjennomgang av inneleikar som var sømmelege for ein slik dag for 50-60 år sidan. Etter at eg var ferdig med innlegget mitt på sjukeheimsavdelinga, vart eg beden over på aldersheimsavdelinga. Leiinga trudde at også dei ville ha godt av å høyre det same. Dei fleste som var der, var godt vaksne, og somt av det eg fortalde var på full veg inn i gløymsla. Her er ein lite repetisjon av nokre leikar.

Å porte

Vi eikesdalingar som var oppvaksne med net, knekte og åt sjølvsagt net så lenge vi orka. Når vi fann net med filipine, spela vi sjølvsagt filipine til neste dag. Dette kan dei fleste. Så «porta vi» med net. «Port», sa eg og




Det er Ann Kristin Nauste som demonstrerer korleis Per greidde å binde Kari.

retta fram handa mi med nokre neter i. «Nætning,» svara Einar Helde. «Kor sterk?» spurde eg, og han Einar kom med eit tal. Han kunne å *porte*, men det var det langt frå alle som gjorde.

Å dra hårlugg og binde okse

Så var det «hårlugg», å dra hårlugg, sa vi. Eg demonstrerte litt av leiken med å gøyme ein papirlapp i eine handa bak ryggen min, og då var det fleire som drog kjensel på korleis dette vart gjort. Det var to som spela denne leiken, og den som vann, hadde lov å lugge den andre. Så kom eg til leiken «å binde okse». Det var ein klassikar då eg voks opp, somme i forsamlinga såg straks for seg dei ni tala frå 1-9 med strek mellom, men mange hadde ikkje «bunde okse» på aldri så lenge, og dei hadde heller ikkje lært det bort til nokon.

Eg vil avslutte dette vesle innlegget med å oppmode dei vaksne som kan «å porte», «spele filipine», «dra



Arnt Ernes og Bård Øverås spelar hårlugg, og det er Arnt som leier så langt ut i spelet.

(nappe) hårlugg», «binde okse» om at dei lærer dette bort til sine barn og barnebarn. I det knall-gode heftet «Tri ord i ærå» som Eresfjord barne- og ungdomsskule gav ut i 1987, står det meir om korleis alle desse gamle leikane vart leika/spela. For å hjelpe deg på gli, har eg kopiert to teikningar: Binde okse og hårlugg. Lykke til!

Minne frå ufredsåra 1807-1814

Jubileumsåret 2014 er i gang. 200 år er lang tid. Det meste er gløymt, men grunnlova frå 1814 minnest vi heldigvis etter tallause 17. mai-feiringar. Ingen i lesekretsen var på Eidsvoll då det store hende, men utruleg mange soldatar og befal herifrå kjempa ved grensa i åra før.

Minnesteinane

Likesom folk i dag talar om krigen for 70-75 år sidan, levde tradisjonane frå ufredåra 1807-14 hos folk heile 1800-talet. Historiene vart fortalde oppatt og oppatt, og i 1914 vart det reist mange minnesteinar over dei soldatane som var utkommanderte. Kor mange slik steinar som vart avduka her omkring, veit eg ikkje sikkert, men det står i alle fall ein på Myklebostad i Vistdalen, ein ved samfunnshuset Fossheim ved Ålvundfossen, ein ved Ålvundeid kyrkje og ein ved rasoverbygget nedfor Gjøra i Sunndalen.

Soldatbrev

Mange kompani frå vårt område var utkommanderte i 1807-09. Det Eresfjordske kompani, som hadde 102 soldatar frå Eikesdalen, Eresfjorden, Vistdalen, Eidsvågen, utover heile Langfjorden og heilt til utpå Sekken, var med på den legendariske marsjen frå Trondheim til Elverum i dagane 13.-26. mars 1808. Dette gjennomførte dei på 13 dagar etter dårlege vegar og på overfylte overnattingsstader. Dei hadde kviledag på Røros, og då nytta Tølleiv Nauste høvet til å skrive brev heim, men brevet kom ikkje fram. Men han skreiv tre brev seinare, og dei kom fram og er bevarte. For vel 30 år sidan offentleggjorde eg desse breva, og der får vi vite eitt og anna om korleis dei hadde det.

«Ved god helse og helbred»

Frå Eidskogen skriv han m.a. dette (litt normalisert): «Vi må ligge for det




Minnesteinen ved Gjøra. Dette er ein uvanleg høg og flott stein, men med dagens biltrafikk står han farleg til. (Foto Bjørn Austigard)

meste på bar mark, men dog allikevel har vi vært ved god helse og helbred. Vi er uskadde og ikke sårede. Her også meget dyrtid på levnedsmidler. Vi må give for en potte melk (1 liter) både 6 og 8 skilling, og en mark smør 20 skilling.» (Det siste tilsvare eit par ullstrømper, ein tinntallerken, eller ein bandkniv.) Vidare skriv han: «Vi må ligge på vakt, ja ligge borte i skogen på feltvakt hvert annet samdøgn, og enten vi er i lossement eller på vakt så er vår (uniforms-)kjole overdyne og vår ransel er vår hodepute» ... «Angående de sårede som blev blesstert (skadd) den 25. april av vårt kompani, nemlig Didrik Knudsen Nøste, Elling Jonsen Egesdal, Ole Sækkenes av grenaderene og Aslak Tjelle som skarpskytter. Disse er utmeldt av lasarettet eller sykehuset. Unntagen Didrik Nøste, men han

kommer nok til å bli ennå en tid på sykehuset.» I eit brev datert Lier 22. mai 1809 nemner han med namn nokre av dei som var døde – «døde på sin sotte-seng» står det om somme av dei. Forholda var elendige.

Kaptein Dreyer i minnet

I 1914 vart det reist minnestein over kaptein Nikolai Peter Dreyer og dei utkommanderte soldatane frå Sunndalen. Steinen har no stått i 100 år, og vi tek vidare med at i år er det 40 år sidan Kaptein Dreyers minneløp var arrangert første gongen. Dreyer har vore ein helt i over 200 år, men ettertida veit også at han var ein uroleg mann, eit raskinn som var nedsylta i gjeld. Han kom frå Det Størenske kompani til Det Eresfjordske i 1797, så til Det Fannottingske (Bolsøy) i 1799 og vidare til Det



Soldatbrev. To av Tølleiv Nauste sine brev frå 1808-09. Han hadde ei utruleg fin handskrift og god formuleringsevne. Brevna fortel om korleis dei hadde det ved svenskegrensa. Han kom truleg heim att hausten 1809. (Foto Romsdalsmuseet)



Minnesteinen ved Ålvundfossen. Steinen vart reist til «Minne um dei som stridde for fridomen 1807-1814» av folk ved Ålvundfjorden, Stangvik herad. Steinen er i dag godt plassert ved samfunnshuset. (Foto Bjørn Hovde)



Minnestein på steinen ved Gjóra. Her er Kaptein Dreyers namn øvst. Sundalspressten Peder Tønder, som kjente Dreyer godt, spådde at han «kommer til at falde i første træfning». (Foto Bjørn Austigard)



Minnesteinen ved Ålvundeid kyrkje. Ålvundeid var eige herad fram til 1964 og måtte sjølvsgatt ha eigen minnestein. (Foto Bjørn Hovde)

Sundalske kompani i 1801. Same året kjøpte han Flovikgarden på Nesjestranda og budde der med familien når han ikkje ekserserte. Han fekk kapteins grad i 1804, og i 1807 vart han sjef for Det Gagnatske kompani (Tingvoll), og då han stod mot kulerregnet på stubben ved Trangen 25. april 1808, var det hemnværingane som var under hans kommando.

Attmed trestubben ved Trangen vart det reist ein minnestein for ca. 150 år sidan. Der er innhogd

eit hjarte med sju hol. I Flovika på Nesjestranda vart det reist ein minnestein i 1908. For nokre generasjonar sidan hadde minnet om kaptein Dreyer og soldatane som sleit ved grensa, ein stor plass i historiebøkene på folkeskolen. I 2014 kjem truleg ein god del av dette fram att.

Jonas Rein, Nicolai Peter Dreyer og åra 1800-1814


I artikkelen «Minne frå ufredsåra 1807-1814», som stod på trykk den 31. januar, var eg lettsindig nok til å skrive at «Ingen i lesekreten var på Eidsvoll då det store hende». Eg tenkte då på eidsvollsmennene Krohg, Stub, Walbøe, Motzfeldt og Moses, som representerte Romsdals amt (Møre og Romsdal fylke).

Så ringde Berit Simonhjell og gjorde meg merksam på at eg hadde gløymt eidsvollsmannen Jonas Rein, som var fødd i Øksendalen i 1760, men som representerte Bergen i 1814. Då ho sa det, visste eg at dette har eg lese ein gong i tida, men at det var reist ein minnestein over Jonas Rein på Aksla, Sandbrekka (kapellangard på den tida), var heilt ukjent. Steinen er heller ikkje registrert mellom norske minnesmerke/bautaer på Digitalt-museum.no, og det trass i at det finst gode bilde både frå avdukinga i 1914 og markeringa i 1964. No blir dette retta opp.

Kaptein Dreyer

Berit Simonhjell gjorde meg også merksam på at kaptein Dreyer åtte Gjestgjevarplassen på Eidsøra. Han fekk sonen Marcus Meklenborg i 1807 medan han budde der. Då guten vart døypt i Tingvollkyrkja, kom alle fadrane frå Eidsøra, men det seier ikkje alt om livet til denne merkelege offiseren. Med berre 500 ord til disposisjon pr. artikkel, hoppa eg over tida hans på Eidsøra fordi vi eigentleg ikkje veit kor mykje han var der. Eg skreiv derfor at «ertertida veit også at han var ein uroleg mann, eit raskinn som var nedsylta i gjeld».

Med den heltestatusen Dreyer har hatt i generasjonar, har ikkje historieskrivarane fortalt alt dei viste. I artikkelen min peika eg på at han var offiser ved heile seks kompani i det korte livet han fekk.



Rein-steinen på Aksla, Sandbrekka, med Øksendalen og Gaudalen i bakgrunnen. 17. mai kvart år blir det lagt ned krans ved denne steinen. Nils H. Sæther tok dette bildet for meg (og Driva).

Dreyer kjøpte Flovikgarden på Nesjestranda i 1797 – ikkje 1801 som eg kom i skade for å skrive. Ved folketeljinga 1. februar 1801 budde han der som ugift premierløytnant. Den 31. mai 1801 fekk han sonen Lorentz, som blir heimedøypt av «Madam salig Dreyer» (altså farmora) den 5. juni. Barnemora er ikkje nemnt, men den 17. juli gifta Dreyer seg med Henricha Lysholm Willer i Veøykyrkja. Ho var ved folketeljinga i 1801 tenestejente hos



Foto Nils H. Sæther.



Kaptein Dreyer på stubben. A. Bloch si teikning i boka «Svårskrigen». H. Angell gav ut denne boka i 1914 «i dypeste taknemlighet og med største beundring for hvad hine mænd ofret og gav».

kaptein Tønder på grannegarden Flovikhaugen og altså fire månader på veg. Heimedåpen vart stadfesta i Veøykyrkja den 2. august, men då hadde foreldra i mellomtida gifta seg så Lorentz vart karakterisert som «ekte». Det trur eg neppe han hadde vorte om han var barnet til «vanlege» folk. Som fadrar stod slekta og offisersvenner i området.

Ane Cathrine Dreyer vart fødd den 1. desember 1803. Ho vart døypt langfredag 1804 i Veøykyrkja med fadrar frå Sekken. To år etter dette kjøpte Dreyer Gjestgjevarplassen på Eidsøra på auksjon. Han lånte

pengane av sunndalingen Steingrim Hoås. Dreyer var kompanisjef for Det Sundalske kompani på den tida, men det er uvisst kor mykje han budde der. To minne lever att: Ein askeallé (truleg med ask frå Veøy prestegard) på Gjestgjevarplassen, og så sonen Markus Meklenborg som vart døypt i Tingvollkyrkja Kristi Himmelfartsdag 1807 med fadrar frå Eidsøra.

Dreyer var ein omstridd offiser. Den 7. januar 1807 fekk han beskjed frå prins Carl av Hessen at han var misfornøgd «med den av ham utviste skjødesløshet og efterladenhet i alt tje-



Ærverdig gravminne. Jarnkorsen til «Ane Cathrine Dahl, født Dreyer» frå 1826/27 er restaurert av Romsdal sogelag til 200-årsjubileet i 2014. (Foto Romsdalsmuseet)

nesten vedkommende». Dreyer slutta etter dette å kommandere sunndalingane, og frå 17. mars 1807 var han sjef for Det Gagnatske kompani. Der var han eitt år. Han selte Gjestgjevarplassen i 1808 (skjøte tinglese 9. mars), og vart sjef for Det Hevnske kompani frå 28. januar 1808. Dette var ved dei tider han og kompaniet hans vart utkommanderte mot svenskanne, og han enda som helt. Som kjent stod han på ein stubbe ved Trangen (Flisa) og kommanderte sodatane sin, og han gav seg ikkje før han var råka av sju kuler. Fire dagar etter skotdramaet døydde han av skadane.

Flovikgarden vart seld på auksjon, og enka flytta til Molde og gifta seg oppatt der i 1810. Buet, som vart avslutta 20. desember 1808, hadde ein formue på 166 rdlr. og ei gjeld på 786, altså var det fallitt med heile 620 rdlr. Det tilsvarende verdien på ca. 100 kyr den gongen.

Etterord

Ane Cathrine Dreyer, f. 1803, gifta seg med Bastian Friis Dahl i 1820, og etter dei to kom det folk som prega Molde by heile 1800-talet. Ho døydde berre 23 år gammal, men i 2013 restaurerte Romsdal sogelag den 200 kg tunge jarnkorsen som ho fekk på grava si. Dette er truleg det nest eldste gravminnet i sitt slag i Norge.

Vangsgutane og lys-muren

Då eg var liten, las eg Vangsgutane fordi det var spennande. No les eg Vangsgutane fordi det er så mykje kulturhistorie fletta inn i handlingane.

Leif Halse (1896-1984) skriv om ting som var daglegdags då han voks opp, men som ein i dag anten må vere «staur-gammal» for å skjøne, eller så må ein vere museumsmann!


I Vangsgutane som kom i 2003 er Steinar og Kåre på kverna for å male korn. Det blir mørkt, og for å halde uhygge og skrømt borte, tenner Kåre lys på lys-muren. (Sjå stripe). Dette er så gammaldags at teiknaren, Jens R. Nilssen, ikkje visste kva ein lys-mur var. Han har teikna at Kåre held ei brennande spikflis oppå toppen av ein mur inni kvernhuset. Eg trur ikkje Halse meinte det slik.

Gammalkverna i Oppigard

Hans Oppigard (1907-1998) fortalde meg først 1970-åra at i gammalkverna i Oppigard «deraust» i Eikesdalen, var det grue. Han som passa kverna nattes tid, måtte fyre for å halde julgeit og anna utyske borte frå kvennialuren. (Romsdalsmuseets årbok 1975, s. 25) Det er her viktig å presisere at *torrstua*, som dei tørka kornet i, stod ca. 20 m unna.

Eg har i mange år vore på leiting etter slike gamle gruer/peisar som var bygde berre for å skaffe (arbeids-)lys. Leif Halse kalla ei slik innretning for «lys-mur». På indre Nordmøre kalla dei grua som dei koka mat på, for «lysomn». I «Årbok for Nordmøre 1982» er det brei omtale og mange bilde av lysomnar som dei både koka mat på og fekk arbeidslys frå.

For Romsdal sitt vedkommande står det ein liknande artikkel i «Romsdalsmuseets årbok 1999». Sist på 1800-talet var slike gruer nokså vanlege på gardane kringom i bygden, men no er dei fleste kasta ut.



1. Det tek til å mørkne i kvernhuset. I kråa borte ved døra er ein liten lys-mur. Vangsgutane hentar seg feitt spik og tender opp på lys-muren, og det blir straks trivelegare i kvernhuset. Men brått tverrstansar kverna, og det blir blekande stilt.

Det vart trivelegare i kvernhuset etter at dei tende lys.



Lys-muren i eldhuset i Oppigard er ein del av den store grua t.v. i bildet. Røykkanalen frå muren går inn i skorsteinspipa høgt oppe. (Foto Bjørn Austigard)

To lys-murar i Nesset

På Olagarden på Boggestranda står det ein lys-mur intakt, dvs. det er sett ein gammal etasjeomn inntil. (Sjå bilde.) I eit eldhus i Oppigard i Eikesdalen er det også ein. Typisk for slike gruer er at dei har røyk-kanal (skorsteinspipe), men det manglar



Lys-mur i gamlehuset i Olagarden, Boggestranda. Det er grue med bakaromn i etasjen under. Som bildet viser, var lys-muren berre som ei hylle i skorsteinsmuren, men det var røykkanal inn i pipa. Etter at parafinlampa kom, gjekk lys-muren ut av bruk, og det vart sett inn ein stor etasjeomnen framom. For å få røra frå omnen inn i skorsteinspipa, er «kåpa» på lys-muren delvis fjerna. (Foto Bjørn Austigard)

noko til å henge gryta i. Dei var oppsette berre skulle skaffe (arbeids-)lys.

ORD OG UTTRYKK



Su og elvasu inn i Norsk Ordbok

Norsk Ordbok, som skal bli ferdig til jubileumsåret 2014, er eit fantastisk verk. Det 8. bandet kom i 2009 og sluttar på ramnsvert. Det skal bli fire band til, og har du ord og uttrykk etter r som du er redd ikkje blir med, så hastar det med å få det inn. Eg har no sikra ei su for ettertida, og det var i siste liten.

Su og vad

Når vi som ungar skulle vaspe over ei elv, såg vi oss rundt etter ei høveleg su der vi kunne krysse. *Sua* er elvestrekninga mellom to hølær nivåforsksjellen ikkje er så stor. Her renn vatnet fortare, og dermed blir elva grunnare. Vi kunne bestemme oss for om vi ville vaspe over «fremst på su'n» eller «attast på su'n» alt etter korleis straumen var. Dette er *ikkje* det same som eit *vad*. Der er elva gjerne stillare.

Ikkje i ordbøker

Eg har interessert meg for dette ordet heilt frå det eg brukte det i ein norsk stil på Orkdal off. lands-gymnas skoleåret 1963/64. Det vart nærast «oppstandelse» på lærrommet. Norskfilologane slo opp i ordbøker utan å finne ordet, og eg vart beden om å komme med ei nærare forklaring på kva som låg su/elvasu.

Ordet har vore i dagleg bruk i Eikesdalen – til no, men det har visst dauda ut mellom jamaldringane mine i Eresfjorden. Eg har spurt folk både i Isfjorden og på Marstein, men su/elvasu kjenner dei ikkje. Elvaiegaren Torvald Jørstad på Syltebøen i Eresfjorden, sa på telefonen til meg at dei gjerne kallar dette *brøtet* idag. For meg er ikkje *brøt* (brot) og *su* det same. For meg er *brøtet* der hølen sluttar, medan *sua* går heilt ned til neste høl.



Nyhølen ved Siramoen i Eresfjorden 1963. Syltebøen nærast fotografen. Der den stillestående hølen sluttar, tek *sua* over. På slike stader sette dei opp teiner med teinegard, og det var på *sua* dei kunne vaspe over når elva ikkje var for stor. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseet)


Brukt i gamle dokument

Men ordet har vore i bruk i Eresfjorden før i tida. På Statsarkivet i Trondheim finn vi eit dokument i Romsdal Pantebok nr 10 fol. 197 - dok.nr 25 frå 9. april 1840, der det står:

«Overenskomst mellem mig Baard Siira og Besidderne af Schefsgaarden Syltebøen Tøllef Thoresen og Iver Johnsen blev i Dag enige om at udskifte Elven paa de saakaldte Suerne, men den nuværende Teene med Gjerde paa bemeldte Sted skal indtil nestkommende 1st. oktober 1840 være til felleds (felles) Benyttelse, dog saaledes at Baard Siira beholder den halve Deel af Fangsten og Tøllef Thorsen og Iver Johnsen den anden halvdeel til bemeldte ovenvævnte Dag.» I det same dokumentet er det tale om «Suer» ein gong til.

Dersom du som les dette, kjenner ordet *su* frå din heim-plass, så ønskjer eg at du tek kontakt.

Det er nemleg plass til fleire belegg i Norsk Ordbok. (Mitt vesle bi-drag står i Norsk Ordbok bind 11,



Henry Finnset rir over *sua* i Joneshølen, Kjøtoyane, Eikesdalen. I bakgrunnen ser vi Digerura. (Foto Romsdalsmuseet)

spalte 73, og opplysningane utgjør to liner. Dette bindet kom i 2013.)

Om insekt og biller

Det er vår i vente, og med den årstida kjem det fram skapningar som vi stort sett er kvitt om vinteren. Eg tenkjer her på insekt og biller. Dei har alltid vore der og vil nok alltid vere der også, sjølv om somme av dei kan vere plagsame for oss menneske.

Både insekt og biller er forholdsvis nye namn på desse skapningane her hos oss. Eg ser at Hans Peter Schmitler brukar fellesnamnet «Fluer» i 1789, og så ramsar han opp «adskillige slags, sorte fluer, spyfluer, brune møgfluer, grønne glinsende, kveks, humler, kleg, store og små, heste-kleg....» (litt normalisert skrivemåte her), og av biller (og vel så det!) tek han med gullsmed, sneclar, kongle og «kålormer som yngles av marihøner».


Spørsmål til alle

No spør eg deg om du vil vere med på å slå eit slag for desse skapningane? Ja, eg meiner det ikkje bokstaveleg – med flugsmekke eller ei gammal avis, men med å skrive ned namn og nemningar på dei slik det vart sagt i di bygd. Spørsmålet har før gått ut til 1000 medlemmer i Romsdal sogelag, men vi skulle så gjerne hatt fleire svar, gjerne frå Nordmøre.

I over 20 år har eg samarbeidd tett med Kåre Magne Holsbøvåg ved slike innsamlingar. Idéen til ein artikkel om insekt og biller i Romsdal sogelags årsskrift kjem frå han. Skal emnet behandlast skikkeleg, må det ei brei registrering til, og det hastar med å få det gjort. Snart står vi berre att med namn og uttrykk som finst i autoriserte lærebøker. Alt lokalt er borte.

Mygg eller myhank

Eg skal ta eit eksempel på forflatninga i min eigen språkbruk. Vi veit alle kva mygg er for noko. Vi kjøper *myggspray*, *myggolje*, *myggnetting* osv. Eg og mange med meg seier *mygg* om



Det er lokale namn på slik skapningar som dette eg er ute etter denne gongen. Det gjeld både dei som flyg og dei som kryp.

(alle sortar av) dette plagsame insektet, men det gjorde dei ikkje for ein generasjon eller to sidan. Då sa dei temmeleg sikkert *myhank* over store område. Eg kan minnast at somme sa *myhank* i Eikesdalen, og følgjande historie vil eg bruke som «bevis» på at det var *det* som var brukt frå gammalt av. Som gutunge var eg temmeleg tynn og sped, og ein sommardag eg sprang i kortbukse - med to granne lår som stakk ut av bukse - var det ein spøkefugl som sa: «Du Bjørn er so smal over raua som *myhankjin* over kneet!» Han som sa det, kom ikkje på det der og då, men han hadde vel helst sjølv også fått det slengt etter seg av ein som *også* hadde høyrte det om seg sjølv. Ei herme kan nemleg leve lenge. (Eller: Var mygg og myhank to ulike insekt?)

Lokale namn frå di bygd

Det er slike ting vi er ute etter denne gongen. Kva kallar du myggen? Kvar seier dei *småfluge* eller *smekke* om knott? Det er tale om fluge, spyfluge, bremse, klegg og hesteklegg, kveks, kvaks osv. Augstingar (øyrstingar) er det noko som heiter, men det finst mange typar, både store og små. Somme går på vassflata.

Biller

Biller er eit fellesnamn på små skapningar som kryp nedpå marka. Somme flyg til og med, slik som t.d. tordivel og gullsmed. Kallar du billene for *skork* eller *skrokk* eller noko anna? Finst det namn i bygda di som startar på Skork- eller Skrokk-?



Augstingar eller øyrstingar.

Somme nemningar er så lokale at dei overlever ikkje frå ein generasjon til neste. Eg har vore med på å lage eit slikt namn. Det er ei bille(?) som blir kalla *kaffedyr* fordi ho liknar kaffebønner. Ja, du veit sikkert av sorten. Dei lever på ræ/våte plassar og smyg seg inn over låge dørstokkar slik at vi finn dei daude inne i husa våre. Nok om det. Det var berre han Harald av oss ungane som torde å ta desse truskyldige dyra i nevene sine og la dei krype på seg. Derfor heitte – og heiter framleis – kaffedyret for «Harald-ta-i-neva-dyr» i min språkbruk. Eg har sørga for at dette lange og vanskelege namnet har vorte formidla vidare, men det døyr nok ut med neste generasjon. Vi er for få tradisjonsberarar!

Grind og léd



Grind og léd på Hoem ved Eikesdalsvatnet. Utan denne opninga i gjerdet var det nærast uråd komme seg på andre sida av den 1,5 m høge gjerdesgarden. (Foto Birkeland)

Tida mellom våronn og slåttonn vart frå gammalt kalla *håbolle* eller *håvolle*. I desse høgsommarvekene skulle ein gjere arbeid som *måtte gjerast* og som det elles ikkje var tid til.

Å setje gjerdesgardane i stand, reparere grindene og rake bort kvist på slåttemarka var typisk arbeid «i håbollen». Så snart det fanst beite i utmarka, måtte husdyra ut for å finne seg mat sjølve, og skulle dei ikkje gjere skade på åker og eng, måtte utgardane vere i orden. Anna typisk håboll-arbeid var å måle hus, leggje nytt eller reparere torvtak, hogge he-sjestaur, grave grøfter eller tjørebre båten.

Mange slags gjerde

Skiljet mellom innmark og utmark var svært viktig. Her var det (nesten) alltid utgard, men det var også gjer-



Risgard, léd og grind i Strandadalen på Sunnmøre. Ikkje ein gong geitene greidde å komme gjennom her utan at nokon opna grinda. (Foto Ferdinand Dahl 1888/Romsdalsmuseet)

desgard mellom naboeigedommar og rundt reitar, ekrer og hagar. Før nettingen si tid vart gjerdesgardane

laga av det materialet som var tilgjengeleg: *Steingardane* stod helst nær dyrkamark, *risgardane* kravde god



Grinda på vegen mellom Ottestad og Lybergsvika i Rødven stod open då Ottar Ødegård tok dette bildet 1959. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Akselvollstølen, Otrøya, 1954. Det er sommar, og krøtera er på utmarksbeite. Grinda i lédet mellom steingarden og nettinggarden er sett til sides for å lette «trafikken». (Foto Nor Flyselskap/utlånt av Odd Fremstedal)



Stonghafelle på Søre Gravdehaugen. Lédet med grinda er rett bak mannen. Her er fjøs og bustadhus i eitt. (Foto Romsdalsmuseet)

tilgang på einer, greiner, gnagved eller liknande, i *stong-hafellene* vart det nytta lange strengar, og på skogfattige setervollar bygde dei ofte opp *torvegard* – ein høg voll laga av myrortov.

Léd og grind

I alle slike utgardar, mest same kva dei var laga av, måtte det vere eitt eller fleire hol (opningar/klev/kløv) slik at ein kunne komme gjennom

når det var bruk for det. Slike hol vart frå gammalt kalla *eit léd* (uttala lé) alt i norrøn tid (gno. hlid), og det er i desse gjerdesgardsupningane (léda) at *grindene* stod. Ein typisk situasjon under sauesanking er denne: Ein familie tek til å nærme seg heimboen med sauene, men flokken er litt uroleg, så det er spørsmål om kva léd i utgarden dei skal bruke. Så vurderer bonden situasjonen, bestemmer seg og ropar til minstemannen at han skal *setje opp grinda i det nedre lédet*.

I Kåre Magne Holsbøvåg si store bok «Stadnamn i Molde kommune. Namn og kulturhistorie», (2010) er nesten 60 léd-namn registrert i Molde kommune: Bakkelédet, Geillédet, Kvennialédet, Kjerringlédhola, Åslédet og Seterlédet er typiske døme. Grind-namn som Bygdagrinda, Grindholet og Åsagrinda er tre av sju døme frå same boka.

Mange husdyr

Det finst sikre tal for husdyrhaldet i landet vårt. Her tek eg med berre tala for Romsdal frå 1907: 2572 hestar, 18936 storfe, 29710 sauer og 2024 geiter. For å sikre dyrkamarka mot beitedyr, eller for at dei ikkje skulle «rømme» frå innhegningane sine, måtte det til kilometervis med utgardar, og i desse var det hundrevis med léd og grinder. Alt måtte vere i orden til beitesesongen.

18 grinder

På offentlege vegar var det også grinder. Med auka biltrafikk skapte dei stor forarging, og dei vart etter kvart utskifta med «kurist» eller «ferist». På vegen mellom Sundsbøen og Midsundet på utsida av Otrøya var det 18 grinder. Men då ordførar K. K. Sjøvik i eit kommunestyremøte tok opp ønsket frå sjåførar i Otrøy Auto om å få bort desse, fekk han til svar frå ein eldre representant at hadde han ikkje tid til å opne desse grindene, kunne han bruke båt.

Lodd, linjer og stølar

Mål og vekt har til alle tider vore viktig for folk. Alt i 1270-åra vart dette og mykje meir lovfesta av Magnus Lagabøte, men gjennom hundreåra utvikla det seg likevel ulikt frå landsdel til landsdel.

Både Kristian IV og Kristian V kom med nye lover for m.a. mål og vekt, og i 1699 vart justervesenet oppretta. Med utgangspunkt i kroppsdelane våre heldt dei eldgamle måleeinigane famn, alen (underarm), fot og tomme stand til metersystemet vart innført i Norge i 1875.

Seigлива

Det nye systemet med meter og millimeter, kilo og gram, liter og milliliter osv. skulle gjelde frå 1875. Likevel levde (og lever) fleire av dei gamle nemningane vidare. Typiske døme er 2"-spikar, 4 x 4" og 3 x 8" plank. «Tommen» har vist seg seigлива. Trelasthandlarane derimot opererer berre m, cm og mm. Alen, pund, mark og pel og drøssevis av andre einingar har også gått heilt ut av bruk, men heldigvis finst det oppslagsverk som kan hjelpe oss. Av og til får eg spørsmål om *lodd, linjer og støl* (stolpe). Derfor vil eg kommentere desse her.

Lodd og mork


Då eg voks opp, var det aldri spørsmål om kor mange gram ein nyfødd unge vog. Målet var merker. Rundt rekna er det fire merker i ein kilo, og når eg så vog 18 merker betyr det at fødselsvekta mi var 4,5 kg. *Ei mork* var igjen delt opp i 16 *lodd*, og for å vege så smått, brukte dei loddaren – ein liten bismar av tre. Dette er no på det næraste gløymt, men nemninga *lodd* har halde seg lengst i samband med gamle sølvstempel. Fram til ca. 1880 stempla sølvsmiden nemleg 13¼ på det som i dag tilsvargar 830S. Dette med «lodd sølv» er eldgammelt. Utgangspunktet er 1 mork sølv = 12 lodd sølv og 4 lodd koppar. I 1608 vart det bestemt at 1 mark




Inger Kristine Strand med stølmålet til bestefar sin, Ole Hol (1878-1958). Han deltok ofte på krøterutstillingane på Utstillingsplassen på Bekkevoll. Han hadde derfor bruk for eit slikt mål. 1 støl = 1" = 26 mm. Dette stølmålet er 172 cm langt og har 66 stølar. Dette målet har merke for både fot og kvart (1/4 fot) i øvre enden av målet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

skulle stemplast med 12½, men på 1800-talet vart dette endra til 13¼. Dette tilsvargar 828/1000 i desimalsystemet, altså nokså nær 830S. Det siste sølvstemplet vart lovfesta i 1891.

Sukkerskei med sølvstemplet 13¼ på baksida av skaftet. Dette stemplet blir i folkeleg språk kalla «lodd sølv». Det betyr at 16 lodd av denne sølvkvaliteten består av 13¼ reint sølv og 2¾ rein koppar. Dette tilsvargar 830S i dag. Stemplet AH står for Anton Samuel Hagen, og kvalen viser at skeia er laga i Molde. (Foto Romsdalsmuseet)





HH (Hans Henrik Hagen) har stempla denne sølvskeia på baksida med «lodd sølv» og kvalen. Altså er skeia eldre enn 1891. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Typisk 10-linjers paraffinlampe til å henge på veggen. Det er etsa inn 10''' på lampeglasset, og det tilsvarar den innvendige diameteren på glasset like over brennaren på lampen. 10''' er det same som 21,8 mm på tommestokken. Ved å snevre inn lampeglasset rett over brennaren, vart flammen lengre, og dermed fekk ein meir lys. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Linjer

Dette er fininndelinga for ein tomme. Alt ved lov av 1824 vart det bestemt - etter fransk mønster - at 1 tomme = 12 linjer også skulle gjelde i Norge. I dag er dette så å seie gløymt. Det er mest berre når ein omtalar gamle paraffinlampeglass at linje-målet lever att. Ja, og så finst det framleis nokre gamle skredda-



Lampeglass til paraffinlamper. På glasset t.v. står det innetsa 14''' , og på det t.h. står det 10''' . Å måle noko i linjer tok stort sett slutt med meter-konvensjonen i 1875, men på lampeglass og knappar heldt det seg langt utpå 1900-talet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



To stölmål frå Austigard. Det eine er 168 cm = 2,66 pr stöl. Det andre er 164 cm = 2,60 pr stöl. Båe måla har «kvart-merke» for kvar tredje stöl og «fot» for kvar sjette. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

rar som omtalar knappestorleiken i linjer. (*Lines* på engelsk.) I skrift var dette systemet slik: 1 alen = 2' (fot) = 24'' (tommar) = 288''' (linjer). 1 linje = 2,18 mm.

Stölar og stölmål

For eit par mannsaldrar sidan hadde alle som handla med krøter og hestar, eit *stölmål* i lomma. Dette var eit ledda metallmål, til vanleg 3 alner langt. Det var gjerne hekta på

ringar for kvar alen, og så var det i tillegg små merke som viste ¼ alen (kvart). Ein rutinert krøterhandlar kunne fort berekne slaktevekta på eit dyr ved hjelp stölmålet - eller *stolpe-målet*, som er det offisielle namnet. Han målte høgda over framfötene og bringemålet bak fötene, og fekk talet på alner, fot, kvartar og stölar, og dermed hadde han vekta. Den som kan meir om dette, må gjerne ta kontakt!

Rumpe og hale



Gris rumpe – også namn på ei småkake: Grisen har rumpe, og grisungen er ikkje gamle karen før rumpa får krull på seg. I ei oppskriftsbok frå Flemma frå 1700-talet er det ein kakesort som heiter «Gris rumpe». I oppskrifta står det at deigen skal rullast ut og deretter gjevast ein krum «fason» som ei gris rumpe. (Foto Bjørn Austigard)

Dei fleste på min alder har lett for å ergre seg over eitt eller anna. «Det var ikkje slik før,» seier vi, og så gir vi kanskje opp. Temaet denne gongen går attende til ei oppleving eg hadde for meir enn 35 år sidan, og problemstillinga kjem stadig attende.

Det var matpause på lærarrommet på Molde vidaregåande skole. Det var fleire som skulle var gjestelærarar der den dagen, mellom andre ein biolog som eg ikkje hugsar namnet på, og eg. Praten gjekk både friskt og høgt, og eit tema som kom opp, vart lokale nemningar på dyr og fuglar. Som museumsmann forfekta eg det synet at gamle, lokale nedervde nemningar hadde stor kulturhistoriske verdi. For biologen var det den vitskaplege

nemninga som galdt. Slik eg minnest det, meinte han at alt det andre berre verka forstyrrende og villeiande.

Rumpe og hale

Det toppa seg då vi kom til bakparten på dyr, fuglar, fisk m.m. «Alt bak kroppshulens avslutning (anus) heter pr. definisjon *halen* på alle slags dyr,» sa han. For meg, og fleire med meg, var dette tungt å svelge. Fleire av oss som var der, hadde nemleg ein frodig og levande nemningsbruk på dette feltet avhengig av om det var snakk om geit, laks eller linerle.

Ein mannsalder har gått, og i dag er fellesnemninga *rumpe* på veg ut i denne samanheng. Ikkje ein gong kua eller huldra har rumpe. Dei har *hale*. Rumpe er noko en sit på, og

sprettrumpe (dvs. struttande rumpeballar) kan ein oppnå dersom ein er ung og trenar rett. Det får vi vite alt om på internett.

Mange slags rumper

Nemninga hale er på full fart inn i språket vårt, og eg har inga tru på at dette vesle innlegget skal gjere noko til eller frå i så måte. Eg skriv det mest for meg sjølv og for dei leasarane som er interessert i levande dialektar. Ord og uttrykk som er overleverte frå munn til munn i generasjonar har ein eigenverdi, meiner eg. I mi dialekt har kua, hesten, katten, huldra m.fl. *rumpe* (rompe), medan geita, reinen, haren, bjørnen og den gamle norske villsauen hadde *spal* (spælsau/spelsau). Då dalasauen



Spæl er ei kort rumpe. Geita har spæl. Samanlikna med ku og hest er dette korte greier. (Foto Bjørn Austigard)



Spord: Kleppar Konrad Lervold har hengt opp dagens fangst etter sporden. Laksen har alltid hatt spord, men ein dag har vel fisken i Eira i Eresfjorden også hale. TV, internett, SMS og aviser påverkar språkbruken overalt. (Foto Romsdalsmuseet)



Stjert, stuv eller vøle: For meg har alle fuglar stjert (skjert), også hønene. Andre kalla fjørpryden bak for stuv eller vøle. (Her tek eg med litt høne-anatomi: Kroppsdelen under stjerten heiter «verpå» - det er der egget kjem ut. Rett før egglegging blir hønene «side i verpen», sa dei før i tida. Når vi ungane hadde broksig, kunne vi få slengt etter oss: «Du er so si' i verpen!».) (Alle med sæggebrot er side i verpen.) (Foto Romsdalsmuseet)

kom, hadde dette saueslaget lengre rumpe enn spælsauen, og denne sauerasen vart sett på som finare enn den gamle. (I overført tyding har

folk som føler seg «finare» enn andre, gått under nemninga «langrompeslag», men her er ikkje staden for å utdjupe dette.)

Spord og stjert

Alle som har gjort opp ein fisk, veit at innvolane sluttar i eit hol attast på buken. Bak der kjem *sporden*. For dei som er yngre, og som knapt har gjort opp ein fisk, kallast dette halen om det er snakk om kree, laks, makrell eller kval. Men rumpetroll heiter det framleis, men det er ikkje fisk.

Slik er det med fuglane også. Dei har no hale medan dei før hadde *stjert* (skjert), *stuv* eller *vøle*. Det var Odd Sørås som fortalde meg at i Vestnes kommune tala dei om vøle på fuglane. For meg var dette ukjent, men då eg testa ein hverande journalist frå Ona/Husøya på denne nemninga, forstod eg straks at det var eg som var uvitande. Dette kallar eg språkleg mangfald.

Øyrstol og andre stolar



Vevstol i Eidestua, Romsdalsmuseet. Dei to i framgrunnen (Margit Norli og Olga Hunnes) held renninga stram, medan Inga Lill Skomsø (bak vevstolen) sveiper renninga på bommen. Året er 1991. (Foto Aarønes/Romsdalsmuseet)

Alle veit kva ein vanleg stol er for noko. Det er eit møbel til å sitje på, og utformingane – stilen – varierer sterkt frå tidsperiode til tidsperiode.

For 200 år sidan var det ikkje mange stolar rundt om på gardane i Romsdal. Folk sat på benker rundt bordet: Høgsetebenken var ved enden av bordet, og andve(g)benken var som regel festa til veggen bak bordet. Førsetebenken som stod på framsida, var laus, men utan ryggstø. Då stolen kom, var det *eit møbel* fordi det var *mobilt* – dvs. flyttbart – og kunne stå kvar som helst i huset.

Stativ eller understell

Vevstolen og *dreiestolen* (svarvestolen) er gode døme på stolar som ikkje er til å sitje på. Vevstolen har riktignok ei setefjøl eller ein laus knakk, men sjølve vevstolen er eit stativ til å veve tekstilar på. Dreiestolen (dreieben-

ken) er til å dreie på. Tilsvarande er det med *bandstolen* og *stavstolen*. På den første smidde dei tønneband, og på den andre grovarbeidde dei tønnestav. Dei to siste er i dag typiske museumsgjenstandar. I gamle dagar var dei viktige hjelpemiddel for dei som arbeidde tønner. Understellet på ein vanleg høvelbenk heiter også stolen. Her er nemninga brukt om stativet eller understellet som held sjølve høvelbenken oppe. Tilsvarande blir det med *takstolane* som held taket oppe. Dette siste er så ny ein konstruksjon at Løve Stokke ikkje tok det med i boka «Hus og husbygging i Romsdalen». Han talar berre om sperrer, sidåsar, hanabjelkar og alt anna tilhøyrande.

Preikestol og talarstol

Heller ikkje *preikestolen* eller *talarstolen* er til å sitje på. Nei, dette er rett og slett eit «stativ» for den som



Bjønner har øyrstolar - om dei er små. Gunnar-gards-Knut (1812-1904) hadde nok ikkje val då han tok tak i øyrstolane på ein vaksen, skadeskoten bjønn og heldt han fast til ei stor bjørk. Han greidde å halde heilt til det kom hjelp. (Foto Otto Jæger/Romsdalsmuseet, utsnitt)



Biskop Odd Bondevik på preikestolen i Veøykyrkja. Dette er ein svært forseggjort «stol» også for ein preikestol å vere. (RB/Romsdalsmuseet)



Stol i drakestil frå mellomkrigstida. (Foto Johan I. Lillebostad/Romsdalsmuseet)



Bandstolen er konstruert for å «smie» (tønne)band. Med foten på ei trøe var det lett å halde bandet fast. På eit filmopptak i 1979 viste Håkon Vike korleis arbeidet vart gjort. (Foto Romsdalsmuseet)

preikar eller talar – eller båe delar. Ein *lærestol* derimot er frå gammalt eit anna ord for professorat, medan *kirkestol* vart nytta om rekneskap og inventarlistar som kyrkjevevja førde. Sterkt i slekt med dette siste ordet er også *hovudstol*, som rett og slett betyr hovudrekneskap, men no berst det visst på viddene ...

Øyrstol i litteraturen

Øyrstol eller *øyrestol* står ikkje i Ivar Aasen si ordbok, men det burde ha gjort det, for det er velkjent i Eikesdalen, på Istad (Johnny Bratseth) og på Ona (Svein Bjørnerem), og mange fleire stader. Ordet betyr den bruskhaldige delen av det ytre øyret. Forklart på ein annan måte: Likesom tre-stativet på ein høvelbenk held oppe sjølve høvelbenken, så er brusken som eit stativ for det ytre øyret. «Vil du ha deg ein over øyrstolen!» Då veit alle kva det handlar om.

Folkeminnesamlaren Ola Hola brukar ordet øyrstol tre gonger i det han skriv, og i det følgjande går det

fram at også dyra har øyrstolar. Han Gunna'gards-Knut i Vistdalen skamskaut ein gong ein bjønn, og så kom bjønnen etter skyttaren. «Det var ingen stad å flykte, og han Knut sprang attåt ei stor bjørk som stod der. ... Bjørnrenn reis opp på bakføtene og slo labbane omkring bjørka og ville nå han Knut på andre sida. Men då var han Knut eldande snar til å hogge ein neve i kore øyrstolen på bjørnrenn og surka han attåt bjørka-leggen på andre sida og heldt tak. Det var som om bjørnrenn skulle ha vore beka attåt bjørka.» Taket heldt, og det gjekk godt med skyttaren!

Feller og fangst

Det første innlegget mitt i Driva stod på trykk den 7. november 1974. Etter det skreiv eg mange små artiklar med ulike tema: Gran-skogen på Hestad, sal av B/F «Eikesdal» (etter at «Mardøla» var på plass), om Valders-Anders-slekta, årelating, lindyrking, gammalt militærstell osv. Eg fekk svært gode tilbakemeldingar på stykka mine, og det verka inspirerende.

Røyskattfeller

Første gongen eg stilte direkte lokalhistoriske spørsmål til Driva-lesarane var den 11. februar 1975. Dette var berre 4-5 månader før eg skulle ta til som museumslektor på Romsdalsmuseet, og eg var ute etter å lære meg innsamlingsteknikk. Som unge og ungdom hadde eg oppe steinfeller for røyskatten i utmarka kvar einaste vinter, og heime fanga vi mus i kjellaren på same måten. Dette hadde eg lært av dei som var eldre enn meg, og kunnskapen hadde gått i arv i generasjonar. No var eg ute etter nemningsbruken på ei vanleg røyskattfelle.

Svar frå Sunndalen

Den 27. februar kom følgjande svar med teikning frå Lars O. Svisdal:

«Musfri» røyskattfelle

Å sette opp feller for røyskatt har vel vært drevet i mange bygder, og navnet på «felltre» varierer vel fra bygd til bygd på samme måten som dialektene. Her i Sunndalen var i alle fall denne fangstmetoden brukt av mange før siste verdenskrig. Etter denne tiden har nok fangsten dabbet av da skinnprisene ble for dårlig.

Her ble tre nr. 1 kalt «skøru-treet», nr. 2 «støtt-treet» og nr. 3 var «agn-spildra». Betydningen av navnet på tre nr. 2 er litt uklart, om det menes det korteste treet eller om det er et støttetree for «skørutreet».

Aagnet var for det meste rypekjøtt, men det ble også brukt mus og fisk. Det ble ikke bare røyskatt som gikk i fellene, ekorn og snømus ble også hengende




Fig. 1. Skisse av ei oppsett felle. A og B er av stein og 1, 2 og 3 av tre. Når nokon rører agnet (4) fell A ned. (Teikna av Bjørn Dalheim).

Prinsippskisse som viste korleis eg sette opp røyskattfellene.



Musafelle oppsett i gangen på eit stabbur på Romsdalsmuseet. Eg fanga mus i denne fella, og sarte skoleelevar «grøssa» over synet. (Foto Romsdalsmuseet)

og det hendte også at det lå ei nøtteskrike eller en kjøttmeis under.

Mus og vonnskjer var ofte leie til å gnage agnet av spildra uten at fella datt ned. Vi fant da på å mure opp fellene slik at de ble «musfrie», og de måtte settes opp slik at de korte trea ikke «gapte» for mye for da ble fella stående for sterkt.

For lengre tid tilbake var det også satt opp feller for mår og fjellrev, men til disse måtte selvsagt benyttes større «felltre» og større heller.

I Eikesdalen brukte vi nemningane «skårafelltre», «oppistandar» og

«spjølk». Disse nemningane vart også brukt lenger nede i Sunndalen.

Mange svar

Etter at eg var tilsett på Romsdalsmuseet, sende eg ut ei detaljert spørjelige til heimelsmenn i dei fleste bygder i Romsdal og tilgrensande strok. Det kom inn eit omfattande materiale som er arkivert i Romsdalsarkivet (O 1133), og eg skreiv ein artikkel om emnet i Romsdalsmuseets årbok 1977. Det som står her var berre starten på innsamlinga.



TRE OG PLANTER

Kortreist energi



Amtstinget på tur med DS Eikesdal nokre år etter 1900. Ei sirene var kopla til den vedfyrte kjelen, og her blir det truleg «pipa» (som det heitte) til ære for fotografen. (Foto Sponland/Romsdalsmuseet)

«Kortreist» og «energi» er i grunnen to moderne ord, men innhaldet i orda er gamle. Sagt på ein annan måte: Til alle tider har folk prøvd å skaffe seg mat, klede og varme i nærmiljøet. Det er i grunnen det dette handlar om. For med nye tider fekk vi nye vanar, og det vart ikkje så farleg kvar varer og tenester kom frå.

Kjerringa mot straumen


Eikesdals Dampskipsselskap vart stifta i 1885 for å betre kommunikasjonane mellom Eikesdalen og omverda. Same året reiste nokre karar frå bygda til Kristiansund, og der kjøpte dei dampbåten «Mignon». Ulempa var at båten var bygd av tre, og dampmaskina fyra med dyrt kol frå Europa. Etter 10 år med god trafikk bestemte «direksjonen» i selskapet at trebåten



Dampved. Bjørn Oppigard og Ludvik Austigard hogg «dampved» i Oppigardsgarden først på 1950-talet. Lengda på vedskiene viser at dette er lettkløyvd øred. Likevel må det vere godt å vite at kubbehaugen er mindre enn ski-haugen. (NE/Romsdalsmuseet)



Kortreist vedfarm. Føringsbåten som dei kalla Storbåten, er her fullasta med dampved på Øvre Vike. Damskipsselskapet hadde vedlager («Dampnaust») både i Eikesdalen og på Øverås. Det gjekk med rundt 150 famner tørr ved for året, $\frac{3}{4}$ famn pr. tur. I bakgrunnen ser vi Mardalen der oska vart bruka til gjødsel i åra 1924-43. (NE/Romsdalsmuseet)



Dampmaskina var ein del av interiøret i salongen. Her var det godt og varmt. Dette er eitt av to kjente bilde av dampmaskina. Har du eit slikt interiørbilde, så ta kontakt. (Foto Romsdalsmuseet)

skulle skiftast ut med ein ny jarnbåt med isbrytarskrog, og båten skulle ha dampmaskin som kunne fyrast med ved frå skogane kring Eikesdalsvatnet. Vedfyrt dampmaskin vart nok sett på som «kjerringa mot straumen», men Trondhjems Mekaniske Værksted tok på seg oppgåva. Skroget vart klinka saman «atti Osa» på Eikesdalsvatnet, dampmaskina sett inn og fyra opp, og frå vinteren 1896-97 var det heilårs båt rute på Eikesdalsvatnet basert på kortreist energi.

Bjørk eller ore?

Ved kan vere så mangt, det ser ein i annonsesjaltene i Romsdals Budstikke. Der blir det bydd fram både bjørkaved og blandingsved, oreved, furuved, kapp og sjølvhogst for å nemne noko. Prisen er avhengig av kvaliteten på veden, og det visste leiinga i Eikesdals Damskipsselskap også. Alt første året sette dei opp ei liste som slo fast at 30 cm med bjørkaved var verd like mykje som 45 cm med ore. Denne vurderinga bygde

ikkje på vitskaplege fakta, men på sunt folkevet. Med den kunnskapen vi har i dag om brennverdien på ulike treslag, var oreveden betre enn sitt rykte, og som ein gammal gardbrukar sa til meg for snart 60 år sidan: «Eg held på or-veden, for han er så lett å ha til rettes.»

Rett og plikt til å levere

Aksjonærene hadde både rett og plikt til å levere «dampved». Dette var på mange måtar eit genialt *vedtak*. Det viste seg at i dårlege tider var det kamp om å levere ved til «Dampen», medan det i økonomisk gode tider var færre som gjorde det. Då melde plikta seg. Det gode ved denne ordninga var at Eikesdals Damskipsselskap betalte ved med reie pengar i «gode så vel som i onde dager». Leverte du t.d. smør, potet, tønneband eller egg til handelsmannen, måtte du som regel ta andre varer i byte. Ikkje ein gong *gratisreiser* var ei aktuell bytevare mot «dampved».

Gjenbruk

Det heiter at når ein høgg ved til seg sjølv, vermer veden to gonger. Ved som vart brukt i dampmaskina på D/S Eikesdal var ikkje *ferdig utnytta* om dampkjelen var kald. I fyringsrommet under kjelen låg det nemleg att store mengder oske som også hadde sin verdi. Tobias Finnset (1888-1973), som var fyrbøtar på D/S Eikesdal i 20 år, tok vare på all oska og brukte ho til gjødsel på jorda si i Mardalen. Snakk om ressursutnytting! Samanlikna med salpeter frå Chile som vart frakta rundt halve jorda, var det her snakk om *kortreist* gjødsel.

Humle – til pryd og nytte

«Alle» har høyrte om Humlehaven i Molde, men langt frå alle har fått med seg at namnet kjem av at der dyrka dei slyngplanta humle, og ikkje av insektet humle. Det var Peter Fredrik Koren som anla hagen i 1770-åra, og han hausta 30-40 kg humleblomster (-raklar) kvart år.

Frå 1853 vart Humlehaven gjort om til byhage med mange ulike eksotiske tre og blomstrar. Det vart som ein forsøkhage. Humledyrkinga vart tona ned, og prominente gjester kom med høgstemte skildringar av det synet som møtte dei.

Handelsvare

Ho-blomsteren på humla har ei mildt bitter, aromatisk lukt. Raklane vart plukka om hausten, bunta saman i små luftige knippe og hengt opp til tørk. Dette var handelsvare. Humle vart seld både i Molde og på Romsdalsmartnan til dei som ikkje dyrka sjølv, men humle kunne også kjøpast på apotek. I mellomalderen kom det eit påbod om at alle bønder skulle dyrke humle, og dette galdt heilt fram på 1700-talet. Gerhard Schøning, som besøkte Romsdal i 1773, uttrykker ergrelse over at mange alt då kjøpte humle frå Fåberg og Hedmark på Romsdalsmartnan. Han meinte dei heller burde dyrke humle sjølv. Men somme heldt stand. Amtmann Thesen skriv under «Agerbrug» i Romsdal fogderi i 1861 at «Liin og Humle dyrkes lidt, Humle især i Eikesdalen».

Krydderplante

Raklane er som krydder å rekne. Smaken og lukta frå dei vart først og fremst brukt som tilsetning ved ølbrygging, men dei trudde også at humle-raklane hadde konserverande verknad. Dei vart sydd inn i lerretsposar og lagt i kister og skrin saman med ullty for å halde møll og mott borte. I ein periode frå 1620-åra til 1805 var det høve – for den



Humle med mange raklar på ein veranda i Molde. Det er ho-plantene som ber frukt. (Foto Bjørn Austigard)



Humla veks fritt i naturen, og ho likar seg godt ved steinrøyser med mykje sol. Bildet er frå Hoem ved Eikesdalsvatnet 2012. (Foto Bjørn Austigard)

som hadde råd til det – til å bli gravlagt i egne gravkammer under kyrkjegolv. Frå Veøykyrkja veit vi at humle og eine vart nytta som balsamerings-/konserveringsmiddel nede i nokre barnekister, men kor utbreidd dette var her hos oss, skal vere usagt.

Til pryd

Som unge minnest eg at viltveksande humle fanst langs mange gjerdesgardar, i steinurer og delvis høgt oppe i tre. Å ha humle planta ved inngangsdøra var på det næraste slutt på den tida, fordi dei fleste då hadde ordna seg med blomsterbed langs husveg-



Søndag på troppa på Utigardsgjerdet, Eikesdalen kring 1920. Frå venstre sit Håkon, Klara og Gunnar Nerås, og humlene har truleg mor deira, Kristine, planta for å skape trivsel. (Foto Knut Finnset/Romsdalsmuseet)



Kari Meringdal, Oppigard i Eikesdalen, vatnar ei nyplanta humle slik at det skal bli meir symmetri rundt hovudingangen. (Foto Bjørn Austigard)



Frodige humler ved verandaen på Gyldenåsen, Gjerdetbygda 1900-1910. Jæger-familien frå Kristiansund er på besøk. Fotograf John H. Gyldenaas brukte humla som ein del av ute-atelieret sitt. (Foto J.H. Gyldenaas/Romsdalsmuseet)

gene, og der var det meir moderne blomstrar og planteslag som rådde grunnen. Men eg har studert mange gamle fotografi, og eg kan ikkje anna

enn beundre folk som ofte i små kår gjorde det triveleg for seg og sine med å plante humle ved inngangsdøra. Eg har sjølv hatt humle veksande

ved husa i snart 40 år, og eg blir glad kvar gong eg ser andre gjer det same. Berre til pryd!

Svartoren langs strendene våre



Frå Langneset ved Langfjorden. Det står framleis ein gammal svartore (older) ved naustet slik det gjorde for 200 år sidan. (Foto Bjørn Austigard)

Svartore – det høyrest negativt. Når vanleg ore har eit litt dårleg rykte, skulle ein tru at *svartore* er endå simplare, men slik er det berre ikkje. Svartoren har status.

Older eller oldre

Eg har vore interessert i ulike treslag heile livet. Eg kjenner dei fleste romsdalske treslag frå oppveksten, men svartore voks ikkje i Eikesdalen. Det var i grunnen Johan A. Friisvold (1897-1996) i Eidsbygda som gjorde meg merksam på svartoren, og som takk for at eg høyrte på han, skar han eit lite tilhengarlass med plank av nokre store svarorar han hadde i flomålet ved naustet sitt. Han kalla dette treslaget for *oldre*, og seinare har eg lært at i andre bygdelag seier dei *older*. Nok om det; når eg ferdast



Svartoren ved nausta på Gjermundnes sommaren 1917. Fløgrogn som har slege rot oppi svartoren, er ikkje synleg fordi det er lauv på treet. Svartoren med rogn står der framleis. (Foto NGU/Romsdalsmuseet)



Frå Vorpenes-garden i Eidsvågen. Mellom vegen og gangvegen står ein gammal svartore, 70-80 cm i tverrmål. All ære til Vegvesenet som la gangvegen rundt treet. I bakgrunnen Eidsvåg Fjordhotell (tidl. Schnitlertun). (Foto Bjørn Austigard)

langs strendene våre på etterjulsvinteren, ser eg frå bilvinduet dei svarte trekronene som er så karakteristiske og lettkennelege mot ein blank fjord.

Gamle, ærverdige tre


Svartoren står ikkje tett i tett slik som vanleg ore, nei, det er som regel tale om gamle, ærverdige tre som har stått der i generasjonar. Den mest kjende svartoren i Romsdal er nok den som står på Gjermundnes, og som fleire tusen elevlar har «studert» i samband med skogbruksopplæringa dei fekk på Landbruksskolen. Ein geolog som var på reise i området i 1917, fotograferte denne svartoren fordi det alt då voks ei *fløgrogn* oppi oren. Truleg var rognå da fleire ti-år, og då er det kanskje fleire hundre år sidan denne svartoren kom med det første bladet sitt. Eg var der i 1989 og fotograferte.

I ein grensegang mellom gardane Herje og Langneset først på 1800-ta-

let blir det opplyst at bytet gjekk til eit «Olderkjerr ved Langnes Nøst». Tradisjonelt var det berre store furutre, såkalla «byt-toller», som vart bruka i samband med grenser, men ein skikkeleg svartore heldt også mål, tydelegvis.

Triveleg treslag

Svartoren er lett, men seig, og lenger sør i landet dreia dei gjerne bollar av svartore. Eg har ikkje dreia så mykje av plankane mine, men det er «kjeft å ha». Men eg kosar meg kvar gong eg ser desse gamle svartorane langs strendene. Gå deg t.d. ein tur forbi Retirobekken i Molde. Der står ein gammal svartore mellom vegen og gangvegen. Slik er det også på Grønfeta ved hotellet i Eidsvågen. Dei som har bygd gang- sykkelveg her, har vist omsyn. Kjem du på land med ferja på Åfarnes, ser du dei svarte trekronene på svartoren mot fjorden eller himmelen fleire stader. Det



Svartorar på Åfarnes. Dei minner om bildet på «Nitedals Hjelpstikker». (Foto Bjørn Austigard)



«Gammelola» - Gammelora - på Vinjeøra i Sør-Trøndelag er eit landmerke. 1,5 m tverrmål 2 m over jorda. (Foto Bjørn Austigard)

kjem på eitt ut om du om du kjører innover Holmemstranda eller Langfjorden.

Det veks svartore langs Fannestranda frå Nes (i Kleive) til Julsundet. Vil du berre ha ein rusletur, foreslår eg Lillevika denne gongen. Der står ikkje dei største, men dei er mange i talet. God tur!

Ore – betre enn sitt rykte?



Olsok på Romsdalsmuseet 1996. Her er det hesjastaur av ore, og høgst truleg er Ijåsorvet hans Iver Hanseth av same treslaget. Oren er lett i vekt. Det var ei av grunngevingane eg fekk på innsamlinga mi i 1980. (Foto Romsdalsmuseet)

Artikkelen «Svartoren langs stredene våre», vart lagt merke til. Sjølv om emnet var spesielt, fekk eg utruleg mange positive reaksjonar. Berre tema som rosemåling og smørformer kan måle seg på «begeistrings-barometeret».

Motstykket til *svartore* er *gråore*, eller berre *ore* som det helst blir sagt. På Nordmøre seier dei older eller kanskje ølder, men språkgrensene diskuterer vi ikkje nærare her. No skal vi sjå nærare på korleis dette treslaget har vore utnytta.

Dårleg ved?

Or-ved har i grunnen dårleg ord på seg. «Han brinn fort», blir det sagt. Som gutunge stod eg ein gong og såg på at ein gammal granne saga og kløyvde or-kubbar. «Du brukar ikkje bjørkaved?» undrast eg. «I held på



Høyløe av ore, bygd for 120 år sidan i Kjøtøyan, Eikesdalen. Or-skogen står tett inntil slåt-tamarka. (Foto Romsdalsmuseet)

orin», svara 'n. «Han er lett å ha til rettes, og lett å klyve.»

Når «jakta» på bjørkaved har vore som verst, har eg tenkt på dette. Gråoren veks mest som ugras langs bekker, bytreiner og i skråningar – nær sagt overalt. Skikkeleg vedabjork

derimot finn ein helst oppi liene og er derfor mykje meir arbeidsam å få fram. Når ein veit at 1 famn bjørk har same brennverdi som 1,39 famn med ore, kan lønsemda diskuterast. Den tida dei brukte hest, handsag og øks, var ikkje or-ved til å fiere av.



Fram til 1945 vart det bygd mange færingar av ore i Tresfjorden. Båtar av ore var lette og kunne derfor handterast av berre ein person, sa eigaren Gudrun Vestnes til meg i 1980. Legg merke til at banda (spanta) er tettare enn på ein færing av furu. (Foto Romsdalsmuseet)



Tre børtre av ore, Oppigard, Eikesdalen. Oren var lett. (Foto Romsdalsmuseet)



Chevrolet-buss med knott-generator 1943. Sjølv om or-knotten var full av energi, måtte det muskelkraft til når det kneip. Det var eigaren, Torbjørn Frisvoll, som tok dette historiske bildet av T-2935, bygd på Røvik karosserifabrikk 1936-37 og forlenga av Solheimdal under krigen. (Foto Romsdalsmuseet)

Mange bruksområde

I 1980 gjorde eg ei undersøking på kva gråore var nytta til i Romsdal, og då viste det seg at dette treslaget hadde overraskande mange bruksområde. Treslaget er lett, derfor vart ore nytta i tresko, børtre, ljåsorv og ikkje mist hesjestaur. Andre fortalde at tørre orematerialar set ikkje smak, derfor laga dei mjølkeringer, smør-

koppar, åttingar og kvartel både til sild og bær.

Under siste verdskrigen kom oren til «heder og verdighet» i møbelindustrien. I dei åra var det somme fabrikkar som - i mangel på betre materialar - laga heile møblar av ore. Det meste av han gjekk likevel til blindtre i sperreplater, der han erstatta porøse, tropiske treslag som

då ikkje var å få. Til slike lima plater høvde oren godt fordi han «går ikkje» – han er «daud». Eg har sjølv laga panel av rikkaore, og veggene er verkeleg dekorativ. Båtbyggjar Martin Kjøpstad fortalde at han hadde laga mange båtar av ore.

Gode glør – lite tjøre

Oren har ord på seg for å gje «gode glør». Desse glørne var ikkje så varme som t.d. bjørkaglør, og dei vart derfor bruka i strykjarn. Når dei steikte flatbrød eller lefse, ville kjerringane gjerne ha tørr or-ved. Oren ga jamn varme under takka, og det vart lite røyk og sot. Den tida gardsmiene enno var i bruk, brende mange bønder smikolet sitt sjølv. Til vanleg smiing spela det ikkje noka rolle kva trekolet var laga av, men når det skulle sveisast (på gamlemåten), måtte varmen vere mest mogleg tjørefri, og her var det fleire som heldt or-kolet for å vere det beste. Dette siste forklarar også kvifor det vart bruka ore i knott-generatorane under krigen 1940-45.

Gammalt vårteikn

Når or-lauvet er så stort som eit musaøyre, kan du trygt så, heiter det i Fræna.

Ospa – brukande til mangt



Lunnar av osp var vanleg. I dei gamle båtstøene på Boggestranda såg det slik ut på 1980-talet. I støa t.h. er lunnane intakte, og dei fleste av dei er temmeleg sikkert av osp. Slik var det i heile Romsdal for ein generasjon eller to sidan. Mange brunnar vart også opptøymra med osp. (Foto Romsdalsmuseet)

«Kaipålar av grov ausp var nærast immune mot pålemakken». Dette skreiv arkitekt Jon O. Villa (f. 1919) til meg i 2005. Han var oppvaksen på Setre i Tresfjorden, og spørsmålet mitt galdt bruken av osp/ausp/øsp/esp/asp i Romsdal i gamle dagar.

Etter dei mange positive reaksjonane eg har fått på Røter-artiklane mine om *svartoren* og vanleg *ore*, fekk eg lyst til å skrive litt om treslaget *osp* denne gongen. Det veks osp nærast overalt, og om våren kan ein sjå store og små ospalundar oppi i liene fordi fargen på det nyutsprungne lauvet skil seg frå andre treslag. Om hausten står dei same trea lett kjenneleg med skarpt gult eller raudt lauv.



Det er slåttonn med kaffepause i Kjøtøyen, Eikesdalen, 1940. I bakgrunnen står ei fire år gammal høyløe med både reisverk og bordkledning av osp. Løa står like godt i dag fordi taket har vore tett og materialane har vore tørre heile tida. Framfor står hesten med høyvogna. Spildrene i høyrindene er truleg laga av osp. (Foto Romsdalsmuseet)



To små kubbestolar av osp. Den kvite, lette og beinkløyvde ospaveden har vore bruka til fyrstikker, panel, badstueinnreiing, grorkasser for potet, høygrinder, veggspan, diverse kjerald. Stolen t.v. har stått ute i regnet og er litt misfarga nedst. (Foto Romsdalsmuseet)



Ospaborken var både mat og medisin. Her har hjorten gnaga cm-tjukk bork på ei osp som var felt året før. Før i tida mol dei ospabork på vanleg kvern og gav mjølet til hestane som medisin mot tarmmakk. Hestekur? (Foto Romsdalsmuseet)

Materialar av osp

Eg har alt nemnt kaipålar av osp. Endå meir vanleg var det med ospalunnar i båtstøene. «Når far skifta lunnar i båtstøa ved naustet, var han på skogen og fann osp. Eg hugsar han sa at dette treslaget heldt seg lenge,» skriv Randi Ingunn Selnes i svaret sitt. Det same som far til Randi gjorde, gjorde også mange andre, frå Otrøya i vest til Eikesdalen i aust.

Det er slik med ospastokken at han held seg godt når han er anten våt heile tida eller står tørt. Dette forklarar kvifor ytste delen av opptømma kaier gjerne er laga av osp, og at reisverk og kjørebruer på gamle løer rett ofte er av osp. Ei nedfallen osp i skogen rotnar derimot fort.

Tidleg i 1950-åra var far, Torstein Austigard (1908-1990), oppradd for potetkasser (grorakasser), og då hogg

han osp og fekk stokkane skorpe hos ein granne. Kassene vart spikra av råde materialar, og det vart gjort av to grunnar: For det første var fjølene beine slik at kassene fekk den rette forma, og for det andre gjekk det an å slå i spikar utan at borda sprakk. Tørr osp er vanskeleg slik. Ospakassene var lette i vekt, og somme av dei har eksistert til denne dag. Same gongen fekk far også skore ospamaterialar til spiler (spilrer) i høygrindene. Dei var lette og sterke, men eg minnest at fleire av dei krokna bort og såg nærast ut som gyngestolmeiar.

Bork og lauv

Høgg du ned ei osp og lét ho ligge, kjem hjorten og et borken. Liksom bork av alm, selje og rogn er nemleg ospaborken næringsrik, og i gamle dagar skava dei både ospastokken og dei grovaste greinene og gav skavet til husdyra. Gardbrukar og mølnar Ola Kvernberg (1909-2005) fortalde meg kort tid før han døydde at han hadde male mykje ospabork på kverna si. Ospamjølet gav dei til hestane, for det var medisin mot innvolsorm – eller *tarmmakk* som dei sa. Dette er godt kjent over heile Romsdal. Håkon Vike fortalde meg ein gong at folk rundt Eikesdalsvatnet raka saman ospalauv om haustane og brukte det til medisin mot tarmmakk.

At ospaborken smakar beiskt, det veit alle som har laga plysterpiper av osp. Det var litt ekkelt å stikke dei i munnen – men alt dette handlar om korleis det var før. No står ospalauvet berre og skjelv for seg sjølv i skogen.

Etterord

Mads Langnes, Holm, kom med følgjande kommentar etter at artikkelen var trykt: Etter far, Jon Langnes, har eg uttrykket «å slå svingar av auspalinjá». Dette var ei vanleg oppdrag for unggutane etter det hadde vore sterk vind. Telefonlinja gjekk frå «ausp til ausp» nedi fjøregarden, og der ein måtte slå laus strengane etterpå. (I andre bygder blir dette gjerne kalla «sleng på lina».)

Flaggstong og anna av eine

Framfor den gamle hovudinngangen til DKNVS Museet i Trondheim stod det lenge ei merkeleg flaggstong. «Flaggstang av einer fra Sunndal» stod det på eit metallskilt.

Gamle minne

Det er rundt 45 år sidan eg såg denne spesielle flaggstonga første gongen, og ettersom eg har vore fascinert av treslaget eine (einer) heile livet, tenkte eg at dette er eit tema eg kan ta fram i denne serien. Då eg vinteren 2013 skulle fotografere flaggstonga og lese nærare på skiltet, var alt fjerna. Dagen etter fann eg att stonga i ein park på «baksida» av museet, men då stod ikkje skiltet der.

Går ikkje i herbarium

For å vere sikker på at eg hugs rett, måtte eg finne bakgrunnsopplysningar om den flotte søyleeinen, og eg kontakta mange fagfolk på Vitenskapsmuseet. Det skulle vise seg at flaggstonga eigentleg ikkje var nokon museumsgjenstand. For det første var ho ikkje gammal nok til å bli med i dei arkeologiske samlingane, (grensa her er ved reformasjonen), og når det gjeld botanikken, så fekk eg opplyst at Museet konsentrerer seg om det som kan plasserast i eit herbarium. Eg ringde ei handfull framstående sunndalingar og spurde om dei hadde opplysningar, men ingen av dei hadde høyrte om flaggstonga.

Frå Gravem?

På ettersommaren fekk eg ein e-post frå forskar i biologisk mangfald, Egil Aune. Han skriv m.a.: «Eg har i mellomtida bladd igjennom diverse årbøker for DKNVS Museet. Eg, og fleire med meg, meiner å erindre at det har vore publisert eit foto av eineren i ein eller annan DKNVS-publikasjon, men så langt har eg ikkje funne noko trass i iherdig leiting.» Men den gode Egil gav seg ikkje før



Flaggstong av eine på Vitenskapsmuseet. Flaggstonga står på eit meterhøgt feste av furu. Med sine 7+1 m blir den snara einestonga lagt merke til mellom bygningane på Kalvskinnet. Flaggstonga er frå Musgjerd i Sunndalen, sjå «etterord». (Foto Bjørn Austigard)



Flaggstonga frå Musgjerd er snarra oppover heile vegen. (Foto Bjørn Austigard)



Heile stokkar av eine. Artikkelforfattaren med to rotstokkar han har fått av Rune Finnset. Med slike stammer kan ein lage mest kva som helst. (Foto Sigmund Austigard)

han hadde svaret. Han sende meg kopi av to artiklar av professor Olav Gjærevoll. Der stod det at flaggstonga opphavleg kom frå Gravem i Sunndalen, og leitinga kunne dermed avsluttast. (Sjå etterord)

Begeistra for eine

Den tida det var kilometervis med risgardar i Eikesdalen, vart eine brukt til både staur og gjerdesgardsvånd. (Ja, vi sa verkeleg *vånd* om greiner, kratt og småtre som vart lagt på risgarden!) Å gjerde risgard med eine var i grunnen eit keisamt arbeid for ein gutunge, men seinare har bruksområda for dette treslaget fascinert meg. Torvhaldkrokar og trekoppar, fiskeonglar (-krokar) og flaggstenger, kister og skrin, staur og juletre, bar, bast og bær, einebærolje og treak for å nemne noko. I ein bildemontasje finn du nokre døme.



Musgjerd. Søyleeinar på Musgjerd, Sunndalen, fotografert gjennom eit bilvindu. (Foto Bjørn Austigard)

Etterord

Flaggstonga av eine som eg presenterte i Driva den 4. oktober i år, vart hogd på Musgjerd ein gong før krigen. Det var Hans P. Hafsås (f. 1890) som laga seg flaggstong av ein søyleeine. Han var frå Hafsåsen, men gift med ei frå Musgjerd. Saman dreiv dei eit småbruk under Musgjerd, Øyalykkja? Johan Hafsås (f.1933) i Øksendalen, som er brorson til Hans, minnest at det var tale om flaggstonga, og at det kom ønske frå Vitskapsmuseet om å få ho til Trondheim. Dette må ha vore ein gong kring 1950. Takk til Per Marius Hafsås som tipsa oss om dette. Eg skal sørkje for at opplysningane kjem vidare.



Vindu av eine. Her har eg laga glasrammer, glaskarm og omramming innvendig av eine, utan å lime saman delane. (Foto Bjørn Austigard)



Einebast. Frå gammalt vart det laga bastetau av eine. Som unge «røykte» vi slik bast. (Foto Bjørn Austigard)



Eineløg. Denne flaska med eineløg fekk eg som ein del av eit honorar på eit møte i Fræna. (Foto Sigmund Austigard)



Gjerdestolpar av eine. Her har artikkelforfattaren kombinert einestolpar med flettverksgjerde. (Foto Sigmund Austigard)



**HANDVERK OG
FOLKEKUNST**

Husflid og seksualmoral

Det går no fort mot jul, og mange av oss spekulerer på kva vi skal kjøpe i julegåver. Det er i grunnen eit heilt styr. Først skal ein pønske ut noko som mottakaren har bruk for eller blir glad for å få, og etterpå skal gåva betalast.

Tidene har forandra seg. «Ingen kjøpte seg utarm på julegåver før i tida,» skriv Asbjørn Sæbø. «Det einaste dei visste om av det slaget, var dei små tinga som ungdommane laga på oppsetene i tida mellom vinternettene og jul. Gutane laga der utskorne eller utkreta treskeier åt jentene, og jentene laga jultråddokker åt gutane.» Så veit vi det.

Oppsete

Oppsete betyr å sitje oppe utover kvelden eller natta for å gjere noko ferdig. Gutar og jenter heldt gjerne til på kvar sine gardar i grenda, og når fleire var samla til arbeid rundt den same trankola eller parafinlampen, spara dei på ressursane samstundes som dei hadde det triveleg saman. Etter at elektrisiteten gjorde sitt inntog, vart det slutt på oppsetene. No sit folk oppe og ser på fjernsyn, orsak: ser på TV'n.

Det dei laga og gav til kvarandre i julegåver på 1800-talet, er dagens antikvitetar. Musea våre landet rundt er «fulle» av slik gjenstandar fordi mange av dei er så fine og forseggjorde at mottakarane ikkje hadde råd til å bruke dei. «Dei vart gøymde i kisteleddiken eller ein anna høveleg plass, og når t.d. jenta var vorten gamal kone, hende det at ho fann fram skeiene sine og fortalde til born og borneborn kven ho hadde fått kvar einskild av,» skriv Asbjørn Sæbø som held fram: «Det var ei stor ære for jenta å ha mange treskeier, og like eins for guten med jultråddokker.»

Husflid

Husflid og husflidsarbeid heiter dette i dag. Det var Henrik Wergeland



Fine treskeier var populære julegåver på 1800-talet. Dei vart sjeldan tekne i bruk, som regel berre gøymde i kisteleddiken, og når gamle koner tok dei fram, så var det som å bla i ei minnebok. Som slektsgranskar har eg observert at i bygder der husfliden stod sterkt, der er det lenger mellom dei «ekte» ungene i kyrkjeboka. (Foto Johnny Bratseth)

som først tok i bruk ordet *husflid* her til lands. Ordet femner om meir enn det som her er nemnt, m.a. veving, strikking, nålarbeid, smiing, dreining, rosemåling osv. Formålet med husflidsarbeidet var å lage ting som var til nytte i huset/heimen eller at det skulle gje inntekt ved sal. Båe delar var nyttig. Eilert Sundt interesserte seg sterkt for denne aktiviteten, og han meinte å dokumentere at der husflidsarbeidet hadde dårlege kår, der var seksualmoralen låg! Han ivra derfor sterkt for at det offentlege skulle legge forholda til rettes for husflid rundt om i heimane. Det ville styrke moralen i samfunnet.

«Mandkjønnet beskyldes for uordentlig Levemåde.»

I 1861 kom amtmann G. Thesen med boka «Beskrivelse over Romsdals Amt». Han omtalar kvart einaste prestegjeld og beskriv så tilstanden slik han ser det. «Næringsveie» er eit hovudkapittel, og husfliden blir så omtala i underkapitlet «Binæringer». Der står mykje interessant lesing. Kvinnene får stort sett ros i alle prestegjeld, men det er ikkje tilfelle for mennene. For Romsdals fogderis vedkommande stod det truleg dårlegast til i enkelte sokn i Nesset prestegjeld. Husfliden er her «gandske og aldeles i Simpelhed;...og Sædeligheden hos begge Kjøn står på



Jultråddokker frå Bakke (Sogge) i Rauma. «Han far og brørne hans gjekk lenge ugifte, derfor er samlinga så stor,» sa Peder Bakke (1914-1995) til meg då han viste fram ei heil honk. (Foto Toril Bakke)



Bandgrinder vart det laga mange av og gitt bort. (Foto Romsdalsmuseet)

et lavt Trin. Her forefaller de fleste uægte Fødsler i Fogderiet, omtrent ved Siden af Sundal, Thingvold og Stangvig på Nordmøre». Vi veit at sokneprest Peder Bjørnson prøvde å tale sine «sognebørn» til rettes, men dette er ei kraftsalve frå amtmannen. Seksualmoral og binæringar som husflid blir altså kopla direkte opp mot kvarandre i same avsnitt. Men han hadde nok sitt på det tørre: Det er berre å sjå i presten sine bøker frå midt på 1800-talet og så samanlikne kor mange «uekte» barn som vart døypte i forhold til dei «ekte».



Ei bandgrind i bruk. Kanskje guten som laga bandgrinda til jenta si, fekk eit fint, mangefarga band i gåve jula etter? (Foto Romsdalsmuseet)

Betring og framgang

Før 1800-talet var slutt, syntest amtmannen å sjå ei lita lysning i det fjerne. Kanskje ikkje på husflidssida, der folk stort sett dreiv med «forarbeidelse af Klæder og Redskaber til eget Brug samt til Fiskeridistrikterne Garn og Fiskeredskaber», men på det moralske planet var det rørsle. Kvart femte år oppsummerte nemlig amtmannen korleis det stod til rundt i distriktet hans, og i «Beretninga» frå 1896-1900 skriv han: «Amtets moralske Niveau kan neppe karakteriseres som avgjort høiere eller lavere end for Femåret 1891-1895, Ædrueligheden må dog siges at være i Fremgang og støttes både av Afholdsbevægelsen, der inden Amtet er af megen Betydning, og ved Ungdomsforeningernes Arbeide... Sædeligheden har muligens forbedret sig noget og står ialfald ikke lavere end i de fleste andre Amter.»



Beiningskorger laga av Sivert Hågensen Franset, Hjelset. (Foto Bjørn Austigard)

Eit trøstens ord til slutt altså – på den moralske sida!

Ein rosemåla nordmørskopp

Har du drukke kaffe av rosemåla nordmørskopp? Det har eg, men det er ingen vanleg kopp. Det er ein av 12 ulike koppar med rosemåling frå kvar sine område.

Kvar gong dette koppestellet blir sett fram til framandfolk, seier dei gjerne: «Fine koppar, kvar har du kjøpt dei?» Dette stykket høver godt til serietittelen «Gammelt og nytt», for det er det det er.

Det er meir enn 25 år sidan vi kjøpte dette kaffeserviset og det endå til på postordre! Det merkelege er at vi har ikkje sett slike koppar hos andre til denne dag. Det tok oss fleire år å bli kvitt all reklamen i kjølvatnet av handelen, men desse rosemåla koppene er så uvanlege i vår landsdel at det var verd bryet.

Lokale rosemålalar

Det starta i 1980. Rosemålar Nils Ellingsgard frå Hallingdalen hadde teke på seg å skrive ei bok om norsk rosemåling, og ved det høvet besøkte han Romsdalsmuseet 23. august 1980. Eg fekk i oppgåve å vise fram det vi hadde av rosemåling i samlingane våre, og med ein slik fagmann i hælane vart det ein lærerik runde. Han såg på motiv, fargeval, penselstrok osv. på det meste vi hadde av kister og skrin. Då vi så gjorde rundten attende, kunne han seie at den og den og den kista var måla av same mann. Eg kunne berre konstatere at: jau, namna på kistene viste at eigarane var frå same bygda, ja, ved somme høve frå grannegardar.


Hausten 1981 lanserte Det norske samlaget boka *Norsk rosemåling – «Storverket om rosemåling»* som det heitte i reklamen. Eg vart beint fram imponert over kva han hadde grave fram. Sjølv om den gamle rosemålinga i Møre og Romsdal ikkje er så frodig som på dei store og folkerike bygdene i Aust- og Sør-Norge, så er det mang ein rosemålar som har hevda seg både på Sunnmøre, i Romsdal



Koppen med «Nordmøre» på er berre éin i ein serie på 12. Alle koppar, asjettar og fat er ulike. T.h. på bildet står nordmørskoppen oppi oppdalskoppen. Oppdal er det næraste vi kjem vårt fylke i denne serien. (Foto Bjørn Austigard 2012)



Her ser vi blomsterrankane/-greinene som er så typisk for Solemsmålarene. Det er nok av dette motivet Nils Ellingsgard gjengir på den rosemåla nordmørskoppen sin. På kista står «Ildrie Andersdatter Haugen Aar 1831». (Foto Ragnhild Stavne Bolme 2012)



Solemsmålaren har eit litt anna rankemotiv i 1865. (Foto Ragnhild Stavne Bolme 2012)



På denne kista står «Bridt Johnsdatter Mauseth Aar 1831». Her ser vi at målaren brukte sjablong, men rankemotivet er likevel ikkje heilt likt. (Foto Ragnhild Stavne Bolme 2012)

og på Nordmøre. Hadde Ellingsgard hatt meir tid på seg då han fór her, hadde vi fått vite meir.

Frå kiste til bok

«Dette må vi utnytte,» tenkte eit postordrefirma og kontakta Porsgrunn porselensfabrikk. Porselensfabrikken hadde ein klassisk modell som høvde til rosemålingsmotiv, og Nils Ellingsgard fekk i oppdrag å lage 12 karakteristiske motiv. Frå vårt fylke er det berre Nordmøre som er representert, og her har han

valt motiv frå Solemsmålarene i Surnadalen.

Målarene på Solemshaugen

Blomsterrankar med knuper (nyper) var eitt av hovudmotiva til Lars H. og Lars L. Solem, og det er rankane deira som er brukte på denne koppen. Museumsstyrar Olav Bekken på Tingvoll besøkte den gamle husmannsplassen Solemshaugen for ca. 30 år sidan, og han fortalde meg at der var det bevart fargeskrin, målarheller til å «rive målinga» på, og ikkje

minst sjablongane som dei brukte i arbeidet sitt. Dette var i 1983. Eg hadde lenge eit håp om å komme til Solemshaugen for å sjå, men til no har det berre vorte med tanken. Eg har i staden gledd meg over det Hans Hyldbakk skriv om desse to-karane i bygdeboka.

Nordmørskoppen

Når vi har kaffegjester, er det som regel ein nordmøring som får koppen med «Nordmøre» påskrive. Når eg denne gongen serverer *verbal kaffe*, håper eg at det verkar som om det var rett kaffe i koppen: ein oppvikkar.

Smørformene frå Sollia



Smørform laga av Anders Eriksen Sollien (1780-1838). Treskurden er uvanleg djup for å vere på ei smørform, og arbeidet er fint gjort. Stilen er umiskjenneleg rokokko. Bildet viser form «No 36» frå 1817. (Foto Bjørn Austigard)

Vi har i det siste året opplevd smør-mangel med hamstring og fortvil-ing. Eit ti-år eller to før dette var det «smørberget» som skapte bekymring. Så fort kan det skifte i vårt velregulerte overflodssamfunn.

Historisk

På 1700-talet og heile 1800-talet vart smør og anna feit mat sett på som delikataesser. Folk var ikkje redd feitt. Når eit bord skulle pyntast til fest, var det ikkje blomster, serviettar og høge stettglas som skapte stemning og høgtid, men mykje og fin mat. Eit fint bryllaupsbord vart dekt med «kaker, flatbrød, lefser smurt med smør, ost, møss-smør og sirup, store smørkanner og fleskesinker,» skriv Hans Peter Schnitler i 1789. Norske museum er «fulle» av fine smørkanner og utskorne smørformer. For meg ser det ut som at smørformene avløyste smørkannene i første halvdel av 1800-talet, men det er alltid nokon som er tidleg ute medan andre held på det gamle.

Fine smørformer

Å dekorere smør i smørform var vanleg på 1800-talet. Dei mest for-seggjorde formene eg har sett, er knytt til Sollia i Istadbygda på grensa mot Nordmøre. Her ser det ut til at smørformene vart serieproduserte,



Fronten på forma er elegant nummerert, datert og signert. Mellom 3,5 og 4 kg smør gjekk med for å fylle forma. (Foto Bjørn Austigard)

og på den eldste eg har registrert, står det «No 36. Sollien dsto 22 Martius 1817 A E S Sollien». *Dsto* er truleg ei forkorting for «dags dato», og det må då bety at denne inskripsjonen er gjort av A E S Sollien på Solligarden

Smørstett i Eidestua, Romsdalsmuseet. Skulle fint dekorert smør komme til sin rett på eit matbord, måtte det løftast opp slik at det vart synleg. (Foto Bjørn Austigard)





Form nr. 132 frå 1825 er mindre og har ein enklare dekor enn dei eldste smørformene Anders Eriksen Sollien laga. (Foto Bjørn Austigard)

denne datoen. Smørform «No 69» er svært lik nr. 36, og har det same namnet saman med datoen 22. september 1820. Form nr. 43 har anna dekor innvendig, og her står årstalet 1818 saman med initialane I A S S utvendig.

A E S Sollien

Desse initialane står temmeleg sikkert for Anders Erik Sen Sollien. Han var døypt i Kleive kyrkje den 23. februar 1780 og døydde som «legdslem» 14. februar 1838. Eg har gått gjennom Bolsøy-bøkene på leiting etter opplysningar om denne dyktige treskjeraren, men eg har ikkje funne



Smørkanner finst det mange av på Romsdalsmuseet. «Åtte potter rømme» gav «fire merker smør», og det er om lag 1 kg, som var det dei gamle smørkannene romma. (Foto Bjørn Austigard)

noko slag korkje under gardshistoria, husmannsplassane eller i kapitlet «Handverk og husflid i Bolsøy». Arbeidet hans fortel meir enn ord, og eg har registrert følgjande former til no: Nr. 36 frå 1817, 43 frå 1818, 69 frå 1820, 125 og 132 frå 1825 og 152 frå 1828, og alle er relatert til Kleive sokn. I gjennomsnitt blir dette rundt 10 former pr. år, men han kunne sjølv sagt lage andre ting. Dei siste formene er mindre forseggjorde

enn dei eldste. Kanskje dabba etterspørselen av? Mannen vart i alle fall ikkje rik.

Spørmalet til lesarane

Har du ei nummerert smørform eller ein annan antikvitert med bokstavane A E S Sollien, så ta kontakt. Kanskje kan vi saman finne ut meir om husflidsarbeidet i Sollia.

Fleire smørformer – eit framhald



Denne smørforma er laga av Anders Eriksen Sollien i 1817 som form nr. 40. Fabeldyra må han ha funne i bøker eller trykksaker. «Den norske løve» har elles same utforming som på gallerifronten i Tresfjord kyrkje frå 1828. Til no har eg registrert to former med desse uvanlege motiva, ei i bjørk (nr. 208) og ei i furu (nr. 43). Takk til Odd Istad som eig, og dottera Margrethe som fotograferte forma.

Smørkrise eller ikkje, reaksjonane på innlegget mitt om smørformene frå Sollia den 6. mars har vore mange. Fleire fekk ei aha-oppleving då dei såg bilda og sprang av stad etter si nummererte form.

Identiske former

Det var Arnt Ove Kleive som var først på tråden. Han hadde arva smørform nr. 186 frå 1831 etter bestemor si, Synnøve Lovise Kleive f. Ulleland, og han hadde slektslinene klare til først på 1800-talet. Mønstra på hans form og form nr. 36 som det stod bilde av i Budstikka, var så like at han knapt fann forskjell. Han heldt på å komme for seint på arbeid den dagen, så begeistra var han. Forma er elles ikkje «signert».

På Romsdalsmartnan?

Litt seinare på dagen ringer Aslak Nerås frå Eresfjorden. Han sat med form nr. 230 frå 1836 i hendene, og heller ikkje han kunne sjå nemneverdige avvik i mønsteret på si form og den før omtala nr 36. Det interessante her er at smørforma har initialane **IASN** på eine sida. Aslak Nerås har lange slektsband til garden.



Gallerifronten i Tresfjord kyrkje har kongemonogram og to løver: «Som Troskab boer blandt Norges Bjerge, Skal Løven om din Krone Værge.»

Eg trur at dette står for (stamfaren) Jon AslakSen Nerås f. 1802, og at han har kjøpt forma t.d. på Romsdalsmartnan. Rosemålarane frå Lesja selde mykje av varene sine på den måten. Dei hadde med seg mange ferdigmåla kister på martnan, og når handelen var klar, måla dei på namnet til den som skulle ha kista, rett på eit avsett felt på fronten. Slik kan også Anders frå Sollia ha gjort det. Etter å ha laga rundt 10 smørformer kvart år i meir enn 20 år, var kanskje «heimemarknaden» nokså metta, og

då måtte han ut av bygda for å selje. Romsdalsmartnan var på denne tida beste staden for den slags handel. Å setje på nokre kunstferdige bokstavar etter at handelen var gjort, var inga sak for ein øvd treskjerar som Anders Eriksen.

Fabeldyr

I 1981 vart smørform nr. 43 kjøpt på ein auksjon på Meinset (Hansgarden), Osmarka. Forma hadde initialane **IASS** og årstalet 1818 på fronten. Kjøparen, Inger Tomren, ga for-



Smørform nr. 230 har akkurat same motiv som nr. 36 (side 64), men denne er av ask. Eigar Aslak Nerås, Eresfjord. (Foto Bjørn Austigard)



Smørform nr. 208 og 40 har same motiv, men dei er samansett på ulike måtar. Forma er av bjørk. Eigar: Steinar Melkild, Eidsvåg. (Foto Bjørn Austigard)



Vektenden på ein loddar (liten bismar) frå 1814, signert AESSollien. R.310. (Foto Bjørn Austigard)

ma til Romsdalsmuseet i 1994, men ettersom utskjeringane inni forma bestod av «Den norske løve» og andre fabeldyr som aldri hadde sett sin fot i Sollia, våga eg ikkje – slik utan vidare - påstanden at det var Anders Eriksen Sollien som hadde skore dette. Beviset kom då Odd Istad, no busett på Austlandet, sende bilde av si form: No 40 frå 1817. (Sjå foto) Denne forma er nemleg signert, og «smørsidene» på formene nr. 40 og 43 er så godt som identiske. Anders har høgst rimeleg hatt ei bok eller ei anna trykksak med teikningar av fabeldyr til å sjå etter.

Eldste vitnemål frå 1814

Til no har eg registrert 9 nummererte smørformer frå åra 1817 til 1836 etter denne mannen. Eldste signaturen hans har eg funne på ein loddar (liten bismar) på Romsdalsmuseet,



Form nr. 186 er laga av bjørk og har same motiv som 230. Eigar: Arnt Ove Kleive, Eidsvåg. (Foto Bjørn Austigard)

og på denne står det innskore «Ole ASS 1814» og så den umiskjennelege signaturen AESSollien. Ole er truleg bror hans, fødd 1785. Finst det meir «der ute»?

Bokbindarsignaturar i Molde

Bokbindaren er ein fagarbeidar på line med skomakaren og smeden. Frå gammalt måtte han ha både «Svennebrev» og «Borgerskap» for å kunne etablere seg i ein by, men med alle papir i orden hadde han både rettar og plikter.

Dei første

Ungkar og bokbindarsvein Johan G. Bøisen flytta frå Trondheim til Molde ved juletider 1841, men det finst ikkje «spor» etter han. Truleg vart opphaldet kort. Julius Martin Wahl Deinboll er den første vi veit noko om. Han var fødd i Drammen i 1813 og son til den driftige bolsøypresten P. V. Deinboll. Årstalet han kom og slo seg ned, er ikkje heilt klart, men det var ved dei tider at boktrykkar J. C. Lund fekk med seg Molde-borgarane på aksjeteikning slik at byen fekk sitt første trykkeri. Romsdals Budstikke som kom i gang i 1843, er eit direkte resultat av dette.

Å leite etter bøker, trykt av J. C. Lund og innbundne av J.M.W. Deinboll i 1840-åra, er nærast nytte-laust. Bøkene var få og små om det i det heile vart trykt bøker i Molde på denne tida. Nei, det var protokollar for offentlege etatar som amtmann og fut, lensmann og prest, for kjøpmenn og reiarar og etter kvart foreningar av typen «brannkasser» som heldt liv i dei gamle bokbindarane. Mange av dei hadde elles ei attåtning eller eit jordstykke. Kombinasjonen bokhandlar og bokbindar var kanskje den mest vanlege. Deinboll var ein av desse.

Signatur

I store byar med sterk konkurranse mellom bokbindarane, lima mange av dei inn eit *bokbindarmerke* i bøker og protokollar. På fagspråket kallast dette *bokbindarsignatur*. Stod du med ein utskrivne protokoll og ville ha ein ny i same innbinding og kvalitet, var signaturen (merket) i den gamle ein viktig referanse. Som hobbybokbindar



Førstekonsulent Elin Jacobsen ved ein gammal protokollserie etter amtmannen i Romsdals amt. Mange av desse er laga i store protokollbinderi. (Alle foto Bjørn Austigard)

har eg vore på jakt etter slike merke i meir enn 30 år. Eg har gått gjennom biblioteket etter Molde lærde- og realskole frå 1840-åra og utetter og like eins boksamlinga etter Molde Arbeiderforening, men eg har ikkje funne ein einaste bokbindarsignatur frå Molde i desse. Det var vel for sjølv-sagt kven som hadde gjort arbeidet. Signaturar frå Kristiania, Trondhjem og Bergen fanst derimot innimellom.


Besøk i Statsarkivet



Førstekonsulent Elin Jacobsen viste meg mange lange arkivseriar etter fleire arkivskaparar.

Vi fann tre ulike signaturar etter Deinboll både frå 1840-50- og 60-

Tre bøker bundne av kjentfolk: T.v. Nils Parelius: «Romsdaliana» med Gunnar Larsens karakteristiske bølgerline oppe og nede (1977). «Ministerial-Bog for Kirkesangeren i Bolsø» bunde av R.A. Olsen (1870-åra) og Amund Helland: «Romsdals Amt». Nic. Hessen brukte ofte seks doble liner i gull på ryggen. (Ca 1911)

åra. Christian O. Sættem som kom som bokbindarsvein til Deinboll i 1845, og som starta for seg sjølv i 1853(?), sette til vanleg ikkje signaturar i det han batt inn. Severin O. Korsan (1848-1910) som gjekk i





Bibelen som C. O. Sættem batt inn sist i 1860-åra for Romsdal Amts Landhusholdningsselskab. Her er det ikkje spara på noko. Sølvbeslaga er stempla med gullsmed H. Hagens meisterstempel og bymerke (kvalen).



både Osvald Larsen, Math. C. Hall og Erling Tofte i arbeid. Den siste profesjonelle bokbindaren i Molde var Gunnar Larsen, og han slutta i 1990. Er du heldig, finn du stemplet hans på innsida av ein bokperm.



Dei åtte bokbindarsignaturane eg har funne til no frå Molde. Her manglar to blad Korsan, Osvald Larsen og Erling Tofte. Kanskje du har fleire?

lære hos Sættem, gjorde det heller ikkje. Aukraværingen Rasmus Anderas Olsen, fødd på Aukratangen i 1839, men best kjent som R.A. Olsen, var både bokhandlar, boktrykkar, forleggar og bokbindar. Han hadde eigen signatur, men eg har sett merket hans berre to gonger.

Også Nic(olai) Hessen som gjekk i lære hos S. O. Korsan, spanderte på ein signatur i ny og ne i bøkene sine. Han dreiv stort og hadde i periodar

Etterord

I ein antikvariatkatalog i mars 2013 dukka det opp ein bibel med C. Sættem's bokbindarmerke. Bibelen var trykt Kristiania 1868, og innbindinga er omtala slik: «Samtidig sort helskinnebind med rik gulldekor, helt gullsnitt og med korset i gull på forpermen. Sølvspenner. Bindet er etikettsignert 'Indbunden hos C. Sættem', Molde og sølvspennene har bildet av en hval som stempel. Også sølvbeslag i hjørnene. Samtidig tilskrift på friblad: gave fra Romsdal Amts Landhusholdningsselskab.» Dette er eit praktbind frå Sættem's verkstad.

Fuglvåg-rokken

Ein fin rokk er i dag ein etterspurd antikvit. Rokken er for mange eit symbol på tidlegare tiders arbeid og slit, og når ein veit at dette er «rokk hennar bestemor», ja, så er det ekstra gildt. Kven som derimot laga rokken ein gong i tida, er det færre som bryr seg om.

Rokkedreiar eller rokkemakar var eit yrke det, før i tida. Det var ikkje så mange av dei, men dei som dreia rokkar, var som oftast spesialistar i faget sitt. Mange rokkar er då også mest som kunsthandverk å rekne.

Mange modellar

For snart 30 år sidan bestemte eg meg for å sjå om ein og same rokkedreiar laga like eins rokkar kvar gong. Eg undersøkte først og fremst rokkar i dei åtte romsdalskommunane, og eg vart litt overraska over kor lett det som oftast var å kjenne att ein rokk på handverkaren. Men det er kanskje ikkje så rart: dei hadde sine malar og sitt verkty, derfor vart rokkane like. For enkelte «modellar» kan likevel nyansane vere små, og dermed kunne produsenten bli usikker. Fuglvåg-rokken frå Ålvundfjorden og Ytterhaug-rokken frå Kleive er to svært like rokkar.

Fuglvågrokkar i Eikesdalen

Det var ho Olga H. Utigard (f. 1917) i Austigard, som først fortalde meg om rokkane frå Fuglvågen. Mormor hennar, ho Gunni Austigard, var gift til Børset i Øksendalen i 1882. Under innsamlingsarbeidet mitt i 1980-åra, var eg sjølv sagt innom naboane mine frå oppveksten i Eikesdalen, og då kunne Olga fortelje at ho hadde ein rokk som bestemor hennar hadde fått tak i i Ålvundfjorden. Og ho føydde til: «Ho Marit austmed dåkkå, fekk seg au tak i ein slik rokk for han var så god.» Nærare undersøking viste at dei to rokkane er identiske! Det galdt både sjølve rokken og snelltyet.



Fuglvågen 2014. (Foto Nils Bjørsvik)



Dreiebenken og noko av utstyret som vart brukt. (Foto Nils Bjørsvik)

På leiting

Etter ein ringerunde til kjende og for meg meir ukjende eldre personar i området Ålvundfjorden/Ålvundeidet, kom eg til at rokkane må ha vore dreia på husmannsplassen «Lillevåg» under Fuglvåggarden. Eg fekk opplyst at «verkstedet står nærast intakt» (sommaren 1985) og eg «klødde i fingrane» etter å få komme og sjå og fotografere. Men det vart ikkje tid og

høve til å gjere det. Ålvundfjorden ligg langt utanfor det området som Romsdalsmuseet har som virkefelt.

Halstein og Lars Fuglevåg

Som pensjonist har eg plukka opp att tråden eg la frå meg i 1985. No ligg folketeljingar og alskens opplysningar på nettet, og folketeljinga for 1900 og 1910 viser at både Halstein Fuglevåg (f. 1845) og sonen Lars (f.



Fuglvågrokk fotografert saman med ting som har tilhørt familien. (Foto Nils Bjørsvik)



Emne og halvfabrikata ligg framleis att oppunder taket. (Foto Nils Bjørsvik)


Spørsmålet

Spørsmålet mitt til lesarane blir derfor: Kva finst att av hus og inventar etter rokkeproduksjonen i Fuglvågen, og kven har eventuelt ansvar for tilsyn og vedlikehald? Det er her tale om kulturhistorie med høg verneverdi!

Svaret, 27. mai 2011

På spørsmålet mitt om rokkeverkstaden i Fuglvågen framleis eksisterer, fekk eg tre klare svar. Først ute var Knut Ivar Vevang, og så følgde Tora Valset opp. Ho hadde Fuglvåg-rokk etter mor si, og bae kunne fortelje at husa på husmannsplassen Litlvågen framleis stod i vegkanten, men dei visste ikkje akkurat korleis tilstanden var. Tora siterte frå bygdaboka hans Hans Hyldbakk om rokkedreiarane Hallstein og Lars. Etter dette kom Odin Hals med fleire opplysningar, m.a. om korleis ungdomslaget kom inn i bildet. Eg takkar med dette for engasjementet og vonar at nokon tek tak slik at hus og utstyr blir redda for ettertida. Dette er handverkshistorie med høg verneverdi.

Nils Bjørsvik var i Fuglvågen i 2014 og fotograferte for meg. Han har også gjort meg merksam på ein artikkel om fuglvågkarane som står i Leikvin-skriftet for 2013. Eg viser til dette. Takk også til Nils Bjørsvik.



Rokken som Marit T. Østigård (1861-1949) kjøpte i Ålvundfjorden etter anbefalinga frå grannen sin. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

1884) var rokkedreiarar. Eg er derfor ikkje i tvil om kvar dei to rokkane i Eikesdalen kjem frå. Men no undrast eg: kva med dreieverkstedet i dag? Er det framleis bevart slik det vart sagt i 1985? Eg har spurt nokre vaksne (utflytta) personar frå området Ålvundfjorden/Ålvundeidet, og

berre to personar av dei eg har spurt, meiner å ha høyrte om rokkedreiarane i Fuglvågen. «Ungdomslaget tek vare på husmannsplassen,» var det ein av dei som sa. Enkelte ålvundfjordingar på min alder har til og med tvilt på om eg talar sant, så ukjent er Fuglvågdreiarane i dag!

Rokke-Knut frå Vestnes

«Det er rokken som spinner i stuen» song dei i Ønskekonserten før i tida. Mange rokkar står framleis i stua – eller kanskje i kjellarstua – men mest til pynt. Det er ikkje så mange som kan spinnekunsten i dag.

Rokkehistorie

Hjulrokken vart oppfunnen i Tyskland på 1500-talet, og denne geniale oppfinninga kom til Norge hundre år etterpå. Dei eldste rokkane eg har registrert i vårt fylke, er frå siste del av 1600-talet. Før dette spann kvinnene all tråd på handtein, slik ein framleis kan sjå det blir gjort på film frå fjerne land. Skomakarane derimot tvinna skotråd på handtein til etter krigen.

Ein rokk vart ikkje til av seg sjølv. Her er føter, bryst, hjul, trøe og snelty som må formast og setjast saman. Dei som dreia rokkar (eller svarva som dei sa frå gammalt) det første hundreåret, hadde det neppe som hovudyrke.


Rokkemakarane

Eg kjenner ikkje namn på ein einaste rokkemakar før vi kjem til første halvdel av 1800-talet. Då blir det fleire av dei. Eg registrerte romsdalske rokkemakarar for Romsdalsmuseet i 1984-85, og då fekk eg namnet på 45 dreiarar. I åra etterpå har det komme for ein dag eit ti-tals handverkarar til.

Somme av dei eg fekk namnet på, laga berre nokre rokkar til familien og nære venner, medan andre dreia både 1000 og meir. Det er i Vestnes prestegjeld at det har vore laga flest rokkar i Romsdal, og Knut H. Helland produserte og reparerte oppmot 3000 rokkar åleine.

Rokke-Knut


Knut Hansen Helland (Rokke-Knut) var fødd på plassen Einen under Helland i 1847. Han hadde ein eldre bror, Hans, som hadde tittelen «Rokkedreier» alt i folketeljinga i 1865, så Knut fekk nok tidleg lære å dreie.




Staseksemlar: Rokk nr. 2694 dreia av Knut H. Helland («Rokke-Knut») 1915. Denne rokken har alle hans kjennemerke: Nummerert snelty, lause ringar på jomfrufestet (under snella), to reservesneller og dekor mellom kvar eike på hjulet. (Alle foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Han gifta seg med Synnøve Eliasdr. Lindset frå Fræna i 1876, og ekteparet budde både i Fræna og på Vigra og Valderøya før dei kjøpte eit bruk i Leirvika i Vestnes i 1891. Her bygde han opp verkstad og skaffa seg eit godt materiallager. Han serieproduserte rokkar, kjevle, hespetre m.m., og han var vide kjent for svært godt

Produksjonsnummeret 2694 står klart og tydeleg skore inn på vengen på sneltyet.





Nemningar: Snelltyet på ein rokk betår fire hovuddelar: Pipa (der tråden går inn), vengene (med krokane eller «nokkane»), snella der tråden blir samla og rennelen som er skrua fast til teinen. Denne snella har nr. 2673, og på rokken er det skrive med blyant: «Rok med Fragt kr 9,- med Omkostninger. K. Helland»

arbeid. Medan broren Hans svidde inn HH på somme av rokkane sine, nummererte Knut snellene sine. (Sjå foto) Dette er litt spesielt, og det er nok denne nummereringa som gjer at han visste at han laga nesten 3000 rokkar i sitt liv.


Har du rokk med nummer?

Under registreringsarbeidet i 1984-85 kom vi over tre nummererte rokkar. Informantane var heilt sikre på at det var han Rokke-Knut som hadde laga dei. Rokkane var kjøpt 1914-15, og på snelltyet stod desse nummera: 2673, 2674 og 2694. I ein artikkel i ei ålesundsavis frå mai 1912 stod det at han då hadde laga rokk nr. 2517, og det betyr at han på denne tida hadde ein årsproduksjon på rundt 50 rokkar.

Etter den svært positive responsen som eg fekk på dei nummererte smørformene hans Anders Eriksen Sollien (sjå side 64-67), kunne eg tenkje meg å få kontakt med folk som har rokkar med nummer på. Det er stas med ein nummerert rokk etter han Rokke-Knut.

Etterord

Oppslaget om han Rokke-Knut den 4. april 2012 gjorde at mange studerte «utstillings»-rokkane sine. Fleire rokkesneller og rokkar etter Knut H. Helland er no registrert. Arild Bryhn har t.d. rokk nr. 1232 og Oddbjørg Rød nr. 1237. Desse er mellom dei eldste registrerte Helland-rokkane og må vere frå 1880-åra, medan Marte Trondsens eksemplar (No 2705) må vere frå ca. 1916. Dette er berre eitt år eller to før




Eldste registrerte, nummererte rokk frå Knut H. Helland er i Romsdalsmuseets eige. Nr. 752.



Rokk nr 2674. Her ser ein korleis tråden går frå pipa, over nokkane og inn på snella. Tråden blir tvinna og surra innpå snella i ein operasjon: Genialt!

han døydde. Likskapen er svært stor, men ved å samanlikne gamle og nye rokkar ser ein at dei nyare rokkane er litt smekrare og har meir «pynt».



Knut H. Helland. (Foto utlånt av Vestnes kommune)



Ellinor Lybergsvik frå Rødven baka flatbrød med rutakjevle på Romsdalsmuseet i 1991. Knut H. Helland dreia 6000 kjevle i sitt liv.



Hellandrokk nr. 1232 frå 1880-åra. Her er mindre «pynt» enn på seinare rokkar, og det er nok eigaren som har måla rokken blå. (Foto Arild Bryhn)



No1232 er klart og tydeleg skore inn på snelltyet. (Foto Arild Bryhn)



No 2705 står det på dette snelltyet. Legg merke til at «nokkan» (strengkrokane som tråden går over) er på same sida på dei to vengene. Dette er typisk for Knut Helland og bror hans, Hans. Eigar: Marte Trondsen. (Foto Bjørn Austigard)



Rokk nr. 2637 er det Jan K. Svendsen som eig. Her er alle Rokke-Knut sine særtrekk lett å finne. Det tør eg seie etter å ha «studert» følgjande nummer: 732, 1232, 1278, 1345, 2377, 2455, 2636, 2637, 2673, 2674, 2705. Wilhelm Wilkens har ein tilsvarande rokk, men der står det KH på snelltyet. Eg er mottakeleg for fleire opplysningar. (Foto Bjørn Austigard)

Damask frå Tingvoll til Eidsbygda

For dei fleste Driva-lesarane vil nok denne overskrifta verke litt overraskande, men det eg her skal skrive litt om, hende for 150 år sidan. På garden Koksvik var det ein gong ein husmannsplass som heitte Bekken. Plassen låg svært sentralt til i Tingvollvågen, så her vart postvøren på postruta mellom Molde og Trondheim lagt i 1785.

Skysstasjon og gjestgjevar

Her var arrest, offentleg skysstasjon (frå 1821), landhandel osv., og staden var, midt på 1800-talet, som ein navle i bygda. I 1918 kjøpte Tingvoll Sparebank huset, og ettersom banken kom dit *før* folk kan minnst i dag, er Bekkja-namnet nærast gløymt i dag. Det har eg «testa» fleire bygdefolk på. Somme har til og med nekta på at eg talar sant.

Dreiel og damask

I 1848 kom Peder Thoresen og Elisabet Kristine Moe til Bekken som gjestgjevarfolk og landhandlarar. Peder var skipsreiar frå Kristiansund, og Elisabet kom frå eit miljø i Linvågen på Tustna der husflidsarbeid var viktig. Ho var svært driftig og tok mot tenestejenter som ville lære å veve finare tekstilar som dreiel og damask. Amtmann Thesen nemner «landhandlerstedet Bækken i Tingvold» spesielt i beskrivelsen sin frå 1861.

Kari Hatle frå Eidsbygda

På Hatle i Eidsbygda budde ekteparet Ola og Eli Hatle. Dei hadde berre to døtrer, og desse ville dei gjere stas på. Yngstejenta Kari (f. 1833) fekk derfor reise til Elisabet Thoresen for å lære å veve finare tekstilar. Gardjenta Sigrid (f. 1827) skulle så lære av Kari igjen, og slik vart det.

Kari vart gift på Ner-Frisvoll i Eidsbygda i 1860, og attåt gardsarbeidet greidde ho både å veve sjølv og lære bort kunsten til andre. Både på Ner-Frisvoll og hos folk som



Bekken, den store og staselege gjestgivarværet i Koksvika, vart selt til Tingvoll Sparebank i 1918. Her fekk tenestetausene lære å veve finare tekstilar i 1850- og -60-åra mot at dei salta sild på sjøbrygga, tok mot reisande og hjelpte til i landhandelen. (Foto: T. Teigen/Utlånt frå Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal)



Putetrekk i damask vove av Kari Hatle. Längs kanten står innvove: «Tak for Deres omhu(?) Foreldre Kiær: Hatle 1856.» Dei symmetriske motiva er henta frå ei svensk lærebok og ikkje frå Tingvoll eller Eidsbygda. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

stammar frå Sigrid (g. Haukeberg), har eg sett velbrukte damasktekstilar som går attende til 1850-åra. Mønstra fekk Kari Hatle av gjestgjevarfrua som signerte læreboka med følgjande ord: «Karen O. D. Hatle til kjærleg Erindring om hendes moderlige hengivne Elisabeth C. Thoresen.



Putetrekk i damask vove av Sigrid O. Hatle, søster til Kari. «Sigrid O. Hatle» er lett å lese, men resten er uklart. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Bækken den 30de Oktober 1857».

Det vart som ei motesak å veve damask i fleire romsdalskommunar etter dette, noko du kan lese meir om i Romsdalsmuseets årbok 1997. Kari var truleg den første.

Mange slags skrepper

Heime i Austigard heng jaktskreppa hans bestefar på mørkeloftet. Han brukte ho siste gong på reinsjakt i 1949. Han var då 82 år gammal. Truleg hadde han brukt den same skreppa frå ungdommen av. I denne hadde han maten sin og dei ekstra kledda han måtte ha med seg.

Skrepper, ransel og ryggsekk

Det er *skrepper* som er det gamle beutestyret til å ha på ryggen. Då bestefar, Henning (1867-1954), voks opp, fanst det ikkje val. I skreppa hadde han forutan mat og klede, også det kjøtet han ikkje bar på skuldrene. Det kjøtet han ikkje fekk med seg, måtte han «mure ned» og så hente det seinare.

Kameraten hans bestefar, Anton Østigård (1866-1948), var rekrutt på Setnesmoen i 1889. På ein fjelltur frå Isfjorden til Eikesdalen saman med kaptein Wilhelm Morgenstjerne denne sommaren, hadde Anton maten sin i ein *ransel*. Det var nok heilt naturleg, for ranselen var opphavleg ein del av det militære utstyret soldatane hadde. Ordet ransel kjem frå lågtysk, og det var brukt om ein liten ryggsekk. Uttrykket «skul-ransel» er nok velkjent for dei som er godt vaksne også i dag.

Til forskjell frå *skreppa* og *ranselen*, så har (eller i det minste *hadde*) *ryggsekken* ei meis som berestroppene og sjølv sekk var festa til. I dag heiter det visstnok *sekk* alt som ein har på ryggen. *Skrepper* heiter det i alle fall ikkje, for ho vart til den tida folk alltid gjekk til fots når dei skulle ein stad.

Kristian Austigard med den gamle skreppa åt bestefar vår. Ho er berre lita: 40 cm brei, 34 cm høg og berre 13 cm tjukk. Samanlikna med ein ryggsekk frå 1950-60-åra hadde ho ikkje plass til så mykje. Ein 42 cm lang hatleitein gjer at skreppa held fasongen, og til denne er både berereimer og andre reimer festa. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Stasskrepper laga av Hallvard Ottem i 1820-30-åra. (Foto Erling Gjone/Norsk folkemuseum NF21091-251)





Skolebarn med typiske «skul-ranslar» på veg heim etter endt dag. (Foto Asbjørn Sæbø/Romsdalsmuseet)



Søndagstur i motorbåt til Hoem, Eikesdalsvatnet. Framme sit Torstein og Gunnvor Austigard med Tor mellom seg. Bak f.v. Tordis Austigard, Sigrid Austigard og Gunn Anne Utigard. I framgrunnen ligg ryggsekken med mat for turen.



«Jordmorskreppa» i Ålvundeid kyrkje. Dette vesle galleriet vart sett opp etter at kyrkja var ferdig. På den måten fekk jordmora i soknet eigen plass i kyrkja. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Praktskreppa hans Hallvard Ottem Sommaren 1937 var arkitekt Erling Gjone i Sunndalen for å dokumentere byggeskikk og folkekunst i øvre delen av dalføret. Han fotograferte mykje under opphaldet sitt, m.a. tok han to bilde av eit prakteksemplar av ei skreppa som var laga av Hallvard Ottem («Lille-Ottem») i 1820-30. Denne skreppa var neppe laga til jaktbruk, men heller til

stasbruk, t.d. når dei skulle i kyrkja eller kanskje på Fosna-reis (Kristiansund) ein gong for året. Nei, dei fleste skreppene er enkle, og dei som er bevart, ber nok preg av hardt bruk. Det vart fortalt om ei gammal, mager kjerring frå oppi Sunndalen ein stad at ansiktet hennar såg ut som eit utskore «skrepp-lokk» og då var det ikkje ei Ottem-skreppa det var sikta til.

Uttrykket *kuskrepper* om gamle, magre kyr fortel også sitt. Her må vi likevel ta med at det i somme tilfelle kan vere noko godmodig over uttrykket.

Jordmorskreppa

Då kyrkja på Ålvundeidet stod ferdig i 1848 og benkene var fordelt på matrikkelgardane i soknet, oppdaga dei at jordmora ikkje var sikra plass. Dette løyste dei ved å lage eit lite galleri for henne litt framme i kyrkja. Løysinga var litt aparta, men funksjonell. Det tok likevel ikkje lang tida før dette opphengte, særmerkte galleriet på veggene fekk det folkelege namnet *Jordmorskreppa*. Slik er folkefantasia: Eg har ved fleire høve høyrte påbygg på eldre hus omtala som *velstandsskreppa*. Det er ikkje alltid at slike praktiske utvidingar er like godt tilpassa det opphavlege, og då ligg humoren gjerne på lur.

Kurumpehår – ein gammal ressurs

I fleire år har eg hatt hengande nokre buntar med kurumpehår på hytta. Dei heng der i tilfelle det skulle komme nokon som hadde bruk for dei.

Hår frå kurumper, eller kutagl som det eigentleg heiter, var frå gammalt ein ressurs med eit stort «potensiale», men ettersom håra mine heng der framleis, har visst bruken og bruksområda gått i gløymeboka.

Hårsolar

Hårsolar er eit gammalt begrep, men eg visste eigentleg ikkje kva det var før eg såg Aslaug Valved frå Innfjorden lage eit par på olsokarrangementet på Romsdalsmuseet i 1976. Ho hadde med seg eit par som ho hadde laga før ho kom, og dette paret fekk eg av henne. Eg brukte det i støvlane mine vinteren etterpå, og solane var makalaust gode. Og ikkje nok med det: Det fanst ikkje snev av kuskitlukt eller tåfis av korkje solane eller labbane! Dette overraska meg, men seinare fekk eg lære kvifor.

Ane Frostadbakkå

Ho Ane Frostadbakkå frå Tomrefjorden livnærte seg i nesten 50 år med å lage slike hårsolar. Ho var som profesjonell å rekne. Son hennar, Henrik Frostad (1903-1995) fortalte meg at mor hans allierte seg med bygda-slaktaren for å få tak i «råmateriale», og når han Henrik reiste heim til mor si med Legona om laurdagane, hadde han støtt med 2-3 sekker med kurumpehår frå garvar Hoshovde i Molde. Det lukta så ille av sekkene at han måtte ha dei på taket på båten! Men ho Ane visste kva som måtte til: Først vart håra lagt i kaldvatn og så vaska og koka i lut- eller såpevatn. Etterpå tvinna ho håra stramt til eit centimeter tjukt tau (ei «tåte»). Etter at ho hadde laga fleire slik «tåter» på eit par meters lengd, koka ho dei eit par timar i storgryta. Det lukta stramt under kokinga, men etterpå å



Kristine Eidsør (f. 1899) frå Sollia i Istadbygda kardar kurumpehår til hårsolar. Ho kunne kunsten før ho gifta seg til Eidsøra i 1936. (Foto Driva, febr. 1976)

fanst det ikkje att lukt, og viktigast av alt: Ho hadde teke «permanent» på kutaglet - krullen på håra var *permanent (varig)*. Når ho klipte opp tåtene og reiv håra frå kvarandre, var håra mest som stålfjører å rekne!

Silhår

Etter å ha koka kurumpehår i lut, kunne ein bruke det til mange ting. Søkjer du på «silhår» i www.digitaltmuseum.no, får du mange treff i

Ein liten bunt med reinvaska kurumpehår (kutagl) heng på ein spikar på hytta til forfattaren – klart til bruk! (Foto Bjørn Austigard)





Ane Frostadbakkå sin «hårtullar» var mest som stålfjører å rekne. Ane la fleire tullar inntil kvarander og sydde dei saman med ulltråd. Desse tullane er karda i Tomrefjorden i 1946. (Foto Romsdalsmuseet)



Eit par hårsolar som Aslaug Valved laga til Romsdalsmuseet. (Foto Romsdalsmuseet)



Tresil med silhår frå Nauste. Dei sila mjølka rett i mjølkeringa på denne måten heilt til meieria kom i drift kring 1900. (Foto Romsdalsmuseet)



Ein mann frå Gusjåsen fortalde meg korleis 'ein reisande' laga lampekost: Han stramma opp to tjukke strengar, og så «hesja» han kurumpehåra mellom strengane. Etterpå tvinna han strengane saman med ein pinne, klipte håra så slik at kosten vart rund – og vips: ein førsteklasses lampekost! (Foto Bjørn Austigard)

Møre og Romsdal, men også utover landet. I dag har dei fleste bønder mjølkemaskin med røranlegg, men mange minnest nok at mjølka vart sila gjennom silvatt. Først på 1900-talet brukte dei *silklut* av lerret, og når vi går rundt 120 år attende i tida, så brukte dei *silhår* for å fjerne fluger, hår og rusk frå den handmjølka mjølka. Reinsleg? Ja, etter at håra var vaska på den måten som er

nemnt over, trur eg nok det. Første gongen eg såg ekte silhår, sikla eg slik i munnvikene at kona som hadde tre stykke, ga det eine silhåret til Romsdalsmuseet.

Mange bruksområde

Bruksområda er mange fleire enn dette. Eg har sett *lampekostar* og *reip*, *hesteselar* og *golvbørstar* - for ikkje å

gløyme *flugesmekke* medan håra enno sit fast på kua! Med denne gjennomgangen må eg nok berre innrømme at eg er for seint ute med kurumpehåra mine, men no lèt eg dei berre henge ettersom dei alt er reinvaska!

Rosemåling frå Lesja



På denne kista står det Anne Ingebrigts Datter Malo Anno 1821 (Foto Romsdalsmuseet)

Rundt om på bygdene i Romsdal finst det hundrevis med rosemåla kister. Til oss kom rosemålinga frå Lesja sist på 1700-talet, og denne greina av folketeksten hadde si glanstid i første halvdel av 1800-talet. Eg er overbevist om at Romsdalsmarten har spela ei viktig rolle i denne utviklinga.

Motiv

Den typiske Lesja-kista har svart botn og frodige akantusrankar med store, blomstrande tulipanar. For å

Eldrie Aslags Datter Skaargen 1821. (Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv). Under nøkkelten står eit hjarte, og inni der står:

*Tak o Gud som mig har danet
Og som mig til Livet kom
Du o selv har Veien Banet
Mig til Daab og Kristendom
Ieg vil med min(e) svag(e) Kræfter
Ste(d)se følge Veien efter.*





Jørgen Olssen Eide Anno 1821. Ei kiste på Rødven museum. (Foto Romsdalsmuseet)



På denne står **Randi Hans Dotter Randvig Anno 1821.** Leg merke til den felles borden under fronten på lokket. (Foto Inger Helene Hol/Romsdalsmuseet)



Guri Erlans Datter Vig 1838 står det på denne vesle kista. Ho har Lesja-stilen over seg, men er ulik dei andre som her er presentert. (Foto Romsdalsmuseet)

fylle ut alle flatene er det ofte bordar oppunder lokket, og elles andre blomster og roser innimellom ranskane. Lokket og fronten er inndelt i klare felt som følger jarnbeslaga. Store kister har som regel tre felt, medan dei mindre har to. Dette hadde ei praktisk side ved seg: Ei kiste er nokså romstor, og for å få med seg fleire på lasset til martnan, laga dei kistene slik at dei mindre kistene gjekk oppi dei større.

Namn på kistene

Det blir fortalt at målarane gjorde kistene ferdig heime på Lesja, og at det var berre namnet på kjøparen og årstallet som mangla. Det vart måla på etter at kista var seld. Nic. H. Skotte skriv litt om dette i ein artikkel i Åndalsnes Avis 10. april 1958. Skotte nemner fleire lesjingar som praktiserte denne måten å gjere det på, mellom dei Syver Syversen Øverli og Hans Belle.

«Arbeidsinnvandring»

Somme målarar kom til Romsdal for å vere der ei stund. Når marknaden var metta, reiste dei truleg heim att. Vi veit at «Syver målar» var i Innfjorden nokre veker og måla kister og skrin for Knut Knutsen Gjerde i 1836. I Veøy prestegjeld og tilgrensande strok er det ein lesjing som har måla mange kister i 1821. Kistene er ikkje identiske, men dei har så mykje felles at det må vere same karen. Truleg var han attende fleire gonger framover til 1827.

I mai 2002 hadde Romsdalsmuseet ein heil delegasjon frå Lesja på besøk. Saman med Odd Reidar Hole og hans menn «sprang» eg rundt på museet ein heil dag og studerte lesjamåling. Dei konkluderte med at det høgst rimeleg var Hans Syversen Belle (1776-1860) som var hyra inn på gardane rundt strendene ved Langfjorden i 1821, men det kan ha vore fleire.

Har du som les dette, ei slik kiste, så må du ikkje nøle med å ta kontakt. Dette er eit felt det er skrive lite om her hos oss.

Rosemålararen på Hoem



Otto Meringdal viser fram målaraskrinet og det tre steinane som oldefaren brukte når han reiv måling. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Dei tre steinane (lauparane) har svært glatte flater. Aslak hadde også ei glatt steinhelle på ca. 40x40 cm som han reiv målinga på. Steinhella kom bort ved ei ombygging av huset i 1949. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Gammal folkekunst er populære samleobjekt. Får ein vite opphavet til ein ting, stig verdien. Det kom klart fram etter artikkelen «Rosemåling frå Lesja» som stod i RB 26. oktober 2012, side 80. Begeistringa var stor fleire stader.

Aslak Jonsen Hoem

Eg kjenner namnet på fleire gamle rosemålarar, og denne gongen skal eg gjere deg kjent med ein av dei, Aslak



Aslak rosemåla ei kiste til søster si, Eldrid Jonsdotter Meringdal, i 1820. Inni lokket står denne inskripsjonen: «Kistens Eierinde Ildrie JoensDatter Meringdahl Blev føed til Verden den 9de December Anno 1791.» (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Jonsen Hoem (1796-1893). Han var fødd og oppvaksen i Meringdalen, men i 1834 overtok han bygselen på Hoem etter ei farsøster. Her budde han i om lag 40 år, men då sonen Jo(n) flytta til Hoemsetra i 1870-åra,

flytta han med som kårmann. Som rosemålar var han kreativ, og han skapte på mange måtar sin eigen stil. Ein god del av det han måla er frå tida før han kom til Hoem, men etter som han vart «staugammal», er



Fronten på kista til «Søgni Tronds Datter. 1834». Inne i det ovale blomsterfeltet står «S. T. D. fød 19de April 1804». Laupen t.h. har tilhørt lensmann P. P. Sira. På fronten står «P. P. Siira Aar 1827». Det er stor likskap mellom blomstrane på kista og laupen sjølv om botnfargene er heilt ulike. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Den gamle preikestolen frå Vistdal kyrkje har fleire dekorerte felt. Både «Blomster-Krukke»-feltet og hjartet med den lange innskrifta kan vere måla av Aslak Jonsen Hoem. Han likte å eksperimentere, trur eg. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

det under namnet *Aslak Jonsen Hoem* han er kjent.

Målarutstyret

Det var Hans P. Øverås (1906-1996) som tipsa meg om at eg burde ta meg ein tur på Hoemsetra for å sjå på målarutstyret etter han Aslak. Den 3. juli 1981 gjekk eg i land på Hoemsetra og vart møtt av oldebarnet, Otto Meringdal (1913-1987). Han hadde funne fram tre *lauparar* (sjå foto) og eit fargeskrin etter oldefaren, og noko slikt hadde eg ikkje sett før. Den tida Aslak måla, måtte dei nemleg lage målinga sjølv. Dei *reiv målinga* som dei sa, dvs. dei finknuste pigmentet (fargestoffet) på ei glatt steinhelle, og så sette dei til løsemiddel – heim laga terpentin, eggkvite eller kva dei no brukte. Ein laupar (løpar) er ein liten stein som har ei heilt glatt flate. Fleire fargestoff måtte han nok kjøpe, men Otto fortalde at oldefaren også laga måling av nokre brune krystallar som han fann i berget «ut-med Blikskora» ved Eikesdalsvatnet. Denne farga brukte han m.a. når han måla rankar inni kistelokka.

Typiske kjennemerke

Aslak gifta seg med Marit Torsteinsdotter Finnset den 9. juli 1835. Otto hadde kista til oldemor si. På denne står namnet hennar og årstalet 1834 utvendig. Inni (på eit såkalla kistebrev) har han skrive *Marit Thorstens Datter Findsæt Aar 1802. Født den 2. Desember*. Det var typisk for Aslak å skrive fødselsdatoen til eigaren i kister og skrin. Du finn nokre eksemplar her, og dersom du som lesar har noko liknande, vil eg gjerne bli kontakta. Elles var blomster og blomsterkrukker eit ynda motiv for Aslak J. Hoem, men skal eg vere sikker på at to kister er måla av same mann, må dei samanliknast på staden og ikkje berre etter minnet.

Kornbører og stolpekister



Denne kornbøra på Myklebostad i Vistdalen har dekor, runer og bumerke på fronten. Helene Svarva måler og fotografierer. Legg merke til den kraftige hjørnestolpen. Utvendige mål: 186 x 122 x 99 cm (høg). Ho var dermed den største stolpekista som vart analysert denne gongen. Laga kring år 1300. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Frå gammalt var kornet den viktigaste matressursen folk hadde på gardane. Av kornet mol dei mjøl, og av mjølet koka dei graut eller steikte dei flatbrød. Flatbrød var ofte einaste tilbehøret til sild, fisk og kjøt, spesielt før dei fekk potet. Så viktig var korn og mjøl og at dei omtala det som «gudslånet».

Kornbører og såar

Det ein er redd for, oppbevarer ein gjerne på ein god og sikker måte. Slik har det vore med kornet i uminnelege tider. Etter at kornbanda var komne i hus om hausten, tok trøskinga til, og for den som dyrka mykje korn, var dette eit langdrygt arbeid. Ferdigrøska korn vart bore over på stabburet og lagra der. Lagringsstaden måtte vere mørk, kald og luftig, og for å oppnå dette, fylte dei kornet over i kornbører, kister veggfaste kornbingar eller store runde kornsåar som var laga til formålet. Ja, store uthola trestokkar var slettes ikkje uvanlege rundt om på stabbura. Slike gamle «oppbevaringskar»



Helene Svarva frå NTNU i Trondheim tel her årringar på ei kornbøre (stolpekiste) frå Skalle i Kleive. Tverrenden er ferdig registrert, og der var det meir enn 350 vekstår. Etterpå fotograferte ho bordet (planken) med teipen på. Slik gjorde ho på ca. 10 stader. I eit laboratorium blir bildet kraftig forstørra, og slik kan vekstperioden avslørast. Laga kring år 1650. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Endegavl på ei kornbøre frå Brokstad. Både hjørnestolpane og dekoren tyder på høg alder. Denne vart ikkje analysert denne gongen, Det kan gå fleire «dateringstog». (Foto privat)



Fronten på ei gammal kornbøre, gitt til Romsdalsmuseet av Gunder Gujord for to mannsaldrar sidan. Frontstykket var plassert inni ein nyare kornbinge på stabburet. Håpet var nok at denne (middelalder-)fronten skulle velsigne «gudslånet». Laga andre halvdel av 1200-talet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Denne vesle kornbøra vart lånt inn frå Rødven Museum. Målfrid og Sverre Gjerstad møtte opp både ved henting og tilbakelevering. Med sine utvendige mål 98 x 67 x 68 cm (høg) er dette den minste som vart analysert av Helene Svarva i denne omgangen. Laga kring 1690. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



I samband med registrering og datering av gamle kornbørar gav Lars Kristian Kvernberg denne kornbøra til Romsdalsmuseet. Då underskrivne kom til Romsdalsmuseet med ho, stod Lyder Hesthol klar til å få stolpekista i hus. No ventar vi spent på om ho lét seg datere. Laga kring 1550. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

har vore behandla med respekt og varsemnd i generasjonar. (Stadnamna *Børå* i Eikesdalen og Romsdalen, *Mjølborå* ved Gauprøra og *Tomrebørå* og fl. er også eldgamle og har rot i gno. byrda)

Stolpekister

Gamle kornbørar er ofte laga på ein spesiell måte. Dei er ikkje sinka i hop i hjørna slik som vanlege kister og skrin, men dei har ein «stolpe» i kvart hjørne som held langsider og kortsider på plass. Stolpane er som regel litt lengre enn sidene er høge, og på den måten kjem botnen litt over golvet. Endestykka har gjerne møneform som lokket kviler på. Ei lukka stolpekiste har derfor ein slags husfasong. Eg veit av 12-15 slike kister i Romsdal til no, men eg vil gjerne vite om fleire.

Forskningsprosjekt ved NTNU

Alderen på gamle kister har fram til no hovudsakleg vore bestemt ut frå konstruksjon, form, dekor og bruk, men der ligg det inne ein god del synsing. No kan dette bli endra. Den siste mannsalderen har det skjedd ei rivande utvikling når det gjeld dendrokronologi (årringanalyse), og saman med dr. philos Terje Thun har Romsdalsmuseet aldersbestemt meir enn 15 hus og bygningsdelar i Romsdal heilt attende til først på 1500-talet. No er det sett i gang eit forskningsprosjekt ved NTNU der 18 stolpekister nordafjells skal daterast på denne måten, og som pensjonert museumsmann har eg tatt på meg å koordinere arbeidet her i Romsdal.

Først i mars i år hadde eg besøk av Helene Svarva som arbeider på prosjektet, og ho analyserte (tok prøver av) fem slike kister. Håpet er at minst to av dei lét seg aldersbestemme. På den måten blir også Romsdal, ikkje berre Trøndelag, med i prosjektet. Følg med!

Etterord

Det viste seg at dei fem kistene som det det vart tatt prøver av våren 2013, lét seg til ein viss grad datere. Resultatet vil bli publisert av Terje Thun & Co. I bildetekstene har eg fått lov til å lette litt på sløret.

Gamle brudekroner

«No for tida e' det 'kje nåkker brure. Desse sløra e' berre nåkkå styggheit. Nei før i tid'n då var det brure», sa'n gamle Johan Istadli på Kleive.

Molde

Bruken av brudekroner er vel dokumentert på både 17- og 1800-talet, men for 120-30 år sidan vart det færre og færre kronebrurer å sjå. Frå gammalt var det nærast eit status-symbol å ha ei brudekrone i huset, og dei som inga krone hadde, lånte brudeutstyr av grannar eller slektningar. I gamle skifte, der det var slikt utstyr i buet, er brudekrona gjerne rekna opp tidleg i registreringa fordi dette var ein verdigjenstand på line med klokker, sølvskeier, heshtar og kyr.

Motane skiftar

Det innleiande sitatet etter Johan Istadli er henta frå Bolsøyboka bind 1 (s. 584). Der blir det påstått at etter 1900 var det berre Elen Anna Stenløs (gift til Solligjerdet 1903), Karolina Stenløs (gift 1904) og Marit O. Istad (gift 1905) som hadde krone. I åra 1900-1909 var det 75 vigslar i Kleive kyrkje, og når berre tre av brudene hadde krone, seier det seg sjølv at det var *slør* som var på moten. Dei spurde ikkje om han Johan Istadli likte det eller ikkje.

Kvar vart det av brudekronene?

Det er ikkje mange brudekroner i privat eige lenger. Etter kvart som dei gjekk ut av bruk, vart dei nemleg selde. Fleire kom til Nordiska museet i Stockholm, mange hamna hos oppkjøparar som selde dei vidare, atter andre kroner vart auksjonerte bort. Romsdalsmuseet har i dag fire kroner. I ein 30-årsperiode har eg notert meg omtalar av brudekroner i bygdebøker, årboksartiklar, skifte, foto m.m., og det dreier seg om mange tital. Så vidt eg kan forstå, er det berre ein brøkdal av desse som eksisterer



Pauline Marie Pedersdatter Kjøl (f. 1880) frå Eide og Ole Matias Andreassen Øren (f. 1879) frå Øyra i Kleive gifta seg på Eide 23. juni 1908. Etter tradisjonen er det kleivekrone som vart brukt. (Foto utlånt av Odd Istad)

i dag. Vi kan alltid spørje: Korleis kunne folk finne på å kvitte seg med slektsklenodia sine? I dei fleste tilfella ligg nok svaret i det eine ordet *pengar*.

Nye tider

Då sølvkronene med utstyr vart sett på som gammaldags, vart dei of-

tast selde. Ei brudekrone i Nerlia i Vistdalen vart seld for 10 riksdalar i 1880-åra. Dette tilsvarar om lag verdien på ei ku den gongen. Sølvsmiden som kjøpte krone, laga skeier av sølvet, blir det sagt. Då Romsdalsmuseet kjøpte Kleivekrone frå Tamburgarden på auksjon etter Syn-



Dette bildet med Kleivekrona(?) er kjent berre gjennom Bolsøyboka I. Originalbildet manglar. Brurparet er det ingen som dreg kjensel på. Brudeutstyret har mykje felles med Holsbøkrona. Kanskje er det den?



Brudekrona frå Nakken i Fiksdalen. Andrine Nakken og Erik Larssen Ellingsæter gifta seg i 1907. Krona er i dag på Romsdalsmuseet. (Foto Romsdalsmuseet)



John Olaus Botterli og Marit Iversdatter Gussiås som gifta seg i Kleive kirke 14. juli 1906. (Foto Romsdalsmuseet)



Brudeparet Ane Gjertine og Bendik Andreas Misund 1909. Bildet er henta frå bygdeboka, men det står ingen ting om krona. Det har vore mange brudekroner i kystkommunane Midsund, Sandøy, Aukra og Fræna. Veit du noko om krona på bildet?

nøve Olsdtr. Kleive (1857-1915), måtte museet punge ut med 424 kroner. Det var den gongen verdien på mange kyr, men så har då krona vore med i Romsdalsmuseets logo i mange ti-år.

Mykje vi ikkje veit

Det finst ein del gamle bilde der brura har krona. I somme tilfelle veit vi kven brudeparet er, men vi kjenner ikkje til kva brudekrona som er brukt. I andre tilfelle veit vi ikkje anna enn at brura har krona. I håp om at lesarane kan vere til hjelp, skal eg presentere nokre brudekronebilte.

Neste gong skal eg ta for meg ei krona frå Fiksdalen som vart «redda» for 120 år sidan etter at ho vart bytt bort i ein hest. Følg med!

Ingeborg Fiksdal og Fiksdalkrona



Skrin fullt med utstyr. Audbjørg Gjerde Lippert er fjerde eigar av brudeutstyret frå Pegarden. Nede i skrinet er det også søljer, halskjede, stølbelte m.m. (Foto Bjørn Austigard)

«På Fiksdal begyndes fra 7. marts førstk. et væverkurs i gammel norsk atlask og dreielsvæving. Forskjellige mønstre i kjole-, kaa-be- og jakketøier m.m. Nærmere oplysninger faaes hos Ingeborg Fiksdal.»

Denne annonsa stod i Romsdals Budstikke i 1898, og det kom mange lærevillige kvinner til kurset. Godt var det, for Ingeborg Fiksdal frå Pegarden (f. 1864) var uvanleg interessert i veving og gamle tekstilar og bruksting. I folketeljinga for 1900 er ho titulert «Skredder». Barnebarnet hennar, Palma Gjerde i Tomrefjorden, fortalde meg i 1981 at mormora var svært nøye med kva ho gjorde. Ho pynta brurer, og ho lånte ut ei sølvkrona som ho hadde kjøpt attende til slekta.

Brudekrona mot hest

I eit notat frå 1988 skriv Palma til dotter si, Audbjørg Gjerde Lippert: «Denne krone har gått i arv i mors slekt frå Pegarden i Fiksdal. Vi veit ikkje kor langt tilbake det var, men ein gong vart brudesølvet selt i byte for ein hest. Dei hadde stor gard og trengte vel ny hest. Dette syntest mormor Ingeborg Fiksdal ikkje var rett og kjøpte den tilbake.» Vi merkar oss at Palma brukar forma «kruna» (gno. krúna), og dette er nok ein uttale som framleis lever i somme bygder.

Sans for tradisjonar

Ingeborg gjekk til ein gullsmed og fekk sett i stand krona. Samstundes fekk ho gravert inn «Anno 1750» (som nok er litt usikkert) og «Ingeborg J. Fiksdal» på baksida av krona.



1906: Lasine Fiksdal og Peder Elias Rekdal gifta seg i 1906. Brura har forkle. Det tok til å bli gammaldags. (Alle foto utlånt av Audbjørg Lippert/Romsdalsmuseet)



1915: Sigrid Fiksdal og Arne Eidsvik gifta seg i Vatne kyrkje 1915. Legg merke til stølebeltet. Blomsteren som brudgommen ber på jakkeslaget, er ein del av utstyret.



1942: Palma i sunnmørsbunad gifta seg med Leonard Gjerde 1942.



1950: Brudeparet Klara Grasdal og Henrik Nygård, Vestrefjord.



1950: Brudeparet Karen Wik og Peder Eidsvik. Gift i Bø i Vesterålen.



1954: Brudeparet Margot Årnes, Vestrefjord og Arve Sletten, Hamar.



1970: Brudeparet Audbjørg og Arild Lippert, gift 1970 i Vestnes kyrkje. Ho med bolsøybunad og brudebukett, han med frisknellik i knappholet.

Ho stod attmed gullsmiden og fortalde korleis ho ville ha det. Etterpå fekk ho laga eit atttekanta skrin som høvde til krona og alt det andre utstyret. På skrinet står klart og tydeleg: «Ingeborg I D Fiksdal 1892», dermed er det klart når arbeidet vart gjort.

Skreiv liste

«Den tida var brudesølv mykje brukt, men få som eigde. Derfor var det mange som lånte det, men bestemor

var alltid med og pynta bruda. Det var ein fordel med langt hår, då krunga blir sydd fast i det. Svart kjole var mykje brukt, for bunader var det få som hadde då. Bestemor skreiv liste over dei brudene ho hadde pynta. Men den har eg ikkje fått, då dei fann henne ikkje heime,» skriv Palma vidare. Ho har derfor laga ei ny liste som hovudsakleg byggjer på fotografi.

Dotter til Ingeborg, Sigrid f. 1894, gifta seg til Eidsvika i 1915, og etter

kvart flytta Ingeborg etter. Om dette fortel Palma vidare: «I oppveksten var det mange som kom og ville sjå brudesølvet. Då vart eg ofte pynta av bestemor. Vart ofte lei! Ho pynta meg til brud i 1942, midt under krigen.»

Det er få brudekroner som er brukt så mykje på 1900-talet som Fiksdalkrona. Her er ein liten presentasjon. Stor takk til Audbjørg Gjerde Lippert som har lånt ut bilda!

Fire skap frå Volla på Øverås

Øverås-garden ved Eikesdalsvatnet har mange gardsbruk. Nordvollen er bruk nr. 1, og det er der vi ser for oss at «Faderen» regjerte. Bjørnson var diktar, og slik han framstiller det, var Thord Øveraas «den mektigste mann» i prestegjeldet på den tida.

Ola O. Utigard

Korporal Ola O. Utigard (f. 1775) kjøpte denne garden i 1804. Året etter gifta han seg med yngste dottera til den førre eigaren, Marit (f. 1780), og saman fekk dei barna Bård og Gjertrud. Bård døydde berre 6 veker gammal, men Gjertrud voks opp og fekk stor etterslekt i Oppigard i Eikesdalen.

Ola vart utkommandert i krigen mot svenskane i 1808. Han vart sjuk, men kom seg levande heimatt. Han døydde 16. desember 1808, og han var jordfesta 2. juledag. Skiftet etter han viser at det var velstand på garden, og den 1 ½ år gamle dottera Gjertrud arva mangt og mykje, m.a. ein pistol og eit skap med påskrifta «Ole Ols. 1804». Ho gifta seg med Peder Aslaksen Oppigard i 1833, og då dei busette seg der, hadde ho med seg både skapet og mangt anna.

Hans Pedersen Undhjem

Tradisjonen fortel at Hans Pedersen Undhjem var utkommandert samstundes med Ola, og då han kom til Øverås for å sjå om stridskameraten sin, fekk han vite at han var død. For å gjere ei lang historie kort, gifta Hans seg med enka Marit den 23. juli 1811, og dei fekk fire gutar og tre jenter. Tre av gutane døydde små, medan yngstegutten Hans gleid på ein issvull inni Storlia og slo seg i hel berre 14 år gammal.

Dei tre jentene pluss halvsøstera Gjertrud voks opp, og med den velstanden som var «på Volla», var dei alle saman ettertrakta gifte. Marit (f.



Ole Ols. 1804. Dette skapet har årstalet 1804 (svakt synleg), same året som Ola Olsen Utigard kom til Øverås. Etter at det hadde vore ca. 100 år i Oppigard, kjøpte Aslak Nerås skapet for ein 5-kroning på auksjon etter gammel-onkel sin i 1932. Ved skiftet i 1809 var det verdsett til 1/5 ku. (Foto Romsdalsmuseet)



Vollen på Øverås kring 1905. (Foto G. Sverdrup)

1812) og Gjertrud (f. 1807) kom til kvar sin gard i Oppigard, Gunni (f. 1817) gifta seg også med ein oppigarding, og dei tok over Vollen, medan Elen (f. 1819) gifta seg med Erik Jonsen Seter i Eikesdalen og flytta dit.

Rikt dødsbu med fleire skap

Marit Bårdsdotter døydde 1839 og Hans Pedersen i 1869, og i buet etter desse to var det litt av kvart. Når det gjeld skap, har vi før nemnt at Gjertrud fekk med seg eit skap med



Peder Pedersen Oppigard (1840-1932) som kårmann. Han arva skapet etter mor si, Gjertrud O. Øverås. Edvarda Vike t.v. (Foto Romsdalsmuseet)



Hans Pedersen Oppigard med dottera Marit og kona Marit ved dei tider han møtte på auksjonen. (Foto Romsdalsmuseet)

namnet til far sin. No fekk Elen med eit skatoll med overskap med initialane til mor si «MBDA 1827» (A for Aase=Øverås). Foto neste side.

Etter Hans Pedersen var det auksjon 1869/70. På denne auksjonen var også barnebarnet Hans Pedersen Oppigard (1838-1888). Han kjøpte m.a. eit skap med initialane «HPS 1807» og eit skatoll med «Hans Pedersen Øveraas 1819» på fronten. Hans Oppigard (1907-1999) såg på desse tinga som slektsklenodium. Det var trass alt tippoldefar hans som var første eigar.

Fleire slektsklenodium

Hausten 1932 var det auksjon etter kårfolka Marit T. og Peder Pedersen Oppigard i Oppigard. Aslak J. Nerås (f. 1908), som hadde farmor si frå Oppigard, reiste på auksjonen med ein 5-kroning i lomma for å kjøpe skapet etter tippoldefar sin, Ola Olsen. Han fekk tilslaget, og skapet har no vore på Nerås i 80 år.



H.P.S. 1807. HPS står for Hans PederSen, og årstalet viser at skapet er laga før han kom til Øverås. Hans Pedersen Oppigard (1838-1888) kjøpte skapet etter morfar sin på auksjon 1869/70. (Foto Romsdalsmuseet)



M:B:D:A Aar 1827. Elen Hansdotter fekk med seg dette overskapet med skatoll då ho gifta seg med Erik Jonsen Seter. Då Jenny Sæter gifta seg med Asbjørn Olav Øveraas 1945, fekk ho med seg skapet attende «åt Volla» der tippoldemora Marit BårdsDotterAase i si tid levde. (Foto Romsdalsmuseet)



Utan namn og årstal. Dette skapet har mykje til felles med to av dei andre skapa som her er omtala, men dette manglar både namn og årstal. Det har truleg vore på garden heile tida. (Foto Romsdalsmuseet)



Mangletre skore og måla av Torstein Bjørnsen Finnset («Bjøknin») til Eli Johannes Dotter Egesdal fødd 14. september 1838. Det er dette som skjuler seg bak «EJDE Fød 1838 S 14». Johannes, far hennar, kom frå Oppigard i Eikesdalen, men var ved giftarmål gardbrukar på Vollen, Øverås. Der heng mangletreet framleis. (Foto Bjørn Austigard)



Jenny Øveraas er interessert i historie. Her spinn ho på olsok på Romsdalsmuseet 1981. (Foto Romsdalsmuseet)



MAT OG MATSTELL

«... fullt opp tå kjøt, mest gammalt!»


Mat, matspalter og kokebøker er «in» for tida, men eg et det eg får servert og tenkjer mest på matservinga i gamle dagar. Overskrifta denne gongen er henta frå eit intervju med Guri Olsdotter Brubakkå (1840-1938) i Vistdalen i 1932.

Guri fortel frå 1850-åra

Folkeminneramlaren Ola Hola reiste eins ærend frå Eidsvågen til heimen hennar på Lange i Vistdalen for å få ho til å fortelje om ungdomstida si. Ho Guri tente på Rød i 1850-åra, og han Ola var interessert i både arbeidsliv, hus, mat og klede på den tida. Intervjuet er trykt fleire gonger, så eg vil her berre ta med nokre ord om *salta og tørka gammel-kjøt*. Guri uttrykte dette slik: «I stabbura var det fullt opp tå kjøt, mest gammalt, men tå di slagja va' det berre kvar prekensøndag til middags (triakvar søndag) og så kvar høgtidsdag og an'dag til middags. (Likeins var det gamle juldagen og sankthansdagen.» Summerer vi opp dette, blir det altså berre 25 dagar for året at dei unnte seg kjøt til middag for 150 år sidan.

Partering

Korleis dette kjøtet vart servert, sa visst ikkje Guri noko om, men det gjer Hans Peter Schnitler som budde på Vorpeneset. I omtalen sin av eit vanleg bondebryllaup i 1780-åra, kjem han også inn på maten og serveringa. Første dagen, skriv han, vart det servert kjøtsupe som var «kokt på 3-4 år gammelt kjøtt eller flesk, i stykker hugne, med neper på», deretter var det ferskfisk, lutfisk og liknande. Eg vil tru at kjøtet var av same slaget som ho Guri fortel om. Det var ikkje andre konserveringsmåtar den gongen. Største forandringa var nok at nepa (i 1780-åra) var utskifta med potet to generasjonar seinare.



Hammervollstabburet etter at det kom til Romsdalsmuseet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Mykje gammalt saltkjøt er hogd sundt på denne dørstokken i Hammervollstabburet. Merka etter kjøtøksa fortel kulturhistorie. Stabburgolvet innafor er tært av salt og sterk saltlake over lang tid. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Dørstokken som hoggestabbe

Når eit slakt kom på stabburet, vart lemmene salta meir eller mindre heile. Deretter vart dei hengt opp til tørk på krok, nabbar og boltar overalt. Der hang lemmene til kjøtet skulle brukast. Eg har gjennom åra vore

inne på utruleg mange stabbur, og på dei fleste av dei er det heller lite saltkjøt å sjå, men hoggestabben (kjøtstabben) og kjøtøksa står framleis ofte frammi «stabburdøra» der det er arbeidslys på dagtid. Men eg har sett meir: Då Hammervollstabburet



Dørstokken på stabburet frå Sletteitren på Tjelle er halvvegs avhogd med kjøtøks. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Også i Larsgarden på Myklebostad i Vistdalen lemma dei kjøt på dørstokken i stabburet.



Stabburet på Barsteinen. Også her er det hogge kjøt på dørstokken, seier Øyvind og Lilly Solli. (Foto Øystein Solli)

var flytta til Romsdalsmuseet i 1987, la eg merke til ein «kulturhistorisk detalj» som eg nødig vil skal gå i grava med meg: Den solide stokken

under døra inn til sjølv stabburrommet er nesten «uthola» etter at generasjon etter generasjon har hogge gammelkjøt med kjøtøksa. Eg vil tru

at stabburet er frå kring 1700, og då kan dette ha vore praktisert på same måten i meir enn 200 år. Vi må nemleg langt inn på 1900-talet før hermetisering og frysing konkurrerte ut saltinga og dermed gjorde stabbura overflødinge. Stabburet som eg kjøpte på Sletteitren på Tjelle i 1987 (sjå artikkel side 200) har ein tilsvarande, uthogd dørstokk, så du skal radt sjå at dette var vanleg for eit par hundre år sidan. Dersom du har eit slikt interessant stabbur, vil eg gjerne høyre frå deg! Lite hygienisk? Nei det gjorde ingen ting - «det var no berre kjentfolk som gjekk der», og dessutan vart kjøtet koka lenge.

Fleire gamle stabbur (Driva 30.03.2011)

I fredagsavisa den 25. mars 2011 etterlyste eg gamle stabbur der det har vore hogge saltkjøt på dørstokken. Eg nemnte at både Hammervollstabburet og Sletteitrenstabburet på Tjelle hadde djupe spor under døra etter slik hogging. Som svar på spørsmålet mitt, fekk eg telefon frå Lilly og Øyvind Solli på Hjelset. Son deira, Hans Olav, eig Derved-garden på Barsteinen, og der står det eit gammalt stabbur med akkurat ein slik dørstokk som eg etterlyste. På spørsmål om dei hadde eit høveleg bilde av huset, sende dei eitt frå ein gong dei sleppte sauer på beite. Lilly og Øyvind skriv: «Stabburet fekk nytt tak etter orkanen i 1992. Dørstokken (nedste laftestokken i tømmerkassa) har vore brukt som 'hoggestabbe' for kjøt. Dette blir då mellom inngangssvala og sjølv stabburrommet. Som du ser har inngangssvala ståande bordkledning – 'stavlaft' – med tømmerkasse over.»

Så ringde Gustav Haarstad (1919-2014) frå Littdalen om at også der på garden er det djupt spor etter kjøtøksa i dørstokken på stabburet. «Stokken under døra er utruleg kraftig. Det er som om det var planlagt at det skulle lemmast kjøt der,» sa Gustav i telefonen, og eg vart sterkt oppfordra til å komme innom for å sjå.

Stabburet og julematen

Få tradisjonar står så sterkt som maten i julehøgtida. Det gjeld for både julekvelden og sjølve juledagane. Like eins var det med stabburet. Også det stod sterkt i mange hundreår. Dit gjekk dei sjeldan eller aldri anna enn i dagslys. Dei utsette ikkje matvarelageret sitt for brannfare i utrensmål.


Tradisjonar i endring

No er dei fleste stabbura overfylte med all slags reiskapar, husgeråd og utrangerte gjenstandar som folk ikkje har hjarte til å kvitte seg med. Dei tekniske og økonomiske endringane i samfunnet har nemleg gjort stabburet nærast overflødig til det det var bygd for. Berre minna om tradisjonane lever att.

Om mattradisjonane i store trekk er uendra, så går ikkje gardkjerringa på stabburet lenger. Ho kjører til daglegvarebutikken eller supermarkedet når ho skal sikre julematen. Det som før vart henta frå stabburet blir i dag kjøpt for pengar: pinnekjøtt, luftfisken, pølsene – og den noko nyare svineribba.

Ettersyn og sikring

Går vi på museum og leitar etter kva hus som er eldst, ja, så er det som regel stabbura. Dei eldste i vårt område er frå tidleg på 1600-talet. Dette er ofte eit forseggjort hus, stabburdøra har det beste låset, buret har vore ettersett og vølt når det trongst i generasjonar, og det stod som regel litt frå dei andre husa i tilfelle brann. Mus og rotter var ute-stengde, og ved juletider vart det frå gammalt sett inn sikringstiltak også mot dei underjordiske. Haubokk og hulder kunne gjere stor skade på matlageret, og som middel mot «svartmakta» var det berre tjørekorsen eller stålet som dugde. På mang ei stabburdør står korsane framleis. Der kunne dei nemleg ikkje ha eit brennande lys ståande julenatta slik som inne i stua.



Stabburet på Hølvollan, Boggestranda, med lammelår, sider og rygg hengande til tork etter saltinga. Slik vart det laga tradisjonell julemat i generasjonar bakover i tida. (Foto Romsdalsmuseet)



Stabburdøra i Ivagarda på Tjelle er «full» av gamle tjørekors. Ola Tjelle med døra som viser at forfedrane har sikra seg mot «svartmakta». (Foto Bjørn Austigard)

Nye konserveringsmåtar

Hermetisering, kjøling og frysing kom til våre trakter på 1900-talet, og det er desse konserveringsmåtarne som i første omgang har gjort stabbura overflødig. Før lagra dei korn, mjøl og flatbrød på stabburet. Utrøska korn på låven var utsett for fare frå dei blåkledd «småkallane», derfor anstrengte dei seg med å trøske ferdig til jul slik at gudslånet kunne sikrast i kornbørene på stabburet.

Denne kampen er heilt slutt. No lever dei aller fleste av oss på kjøpe-mjøl, kornblandingar og flatbrød som ikkje er halvnaere stabburdøra ein gong.

Gammalt kjøt


«I stabbura var fullt opp tå kjøt, mest gammalt,» sa ho Guri Olsdotter Brubakkå som tente på Rød i 1850-åra. Kjøt var sett på som ei slik herlegheit at det ikkje vart bruka anna



Julekort frå først på 1900-talet med stabbur, kornband, nisse og husbondsfolk. Nissen er ein fredeleg nyskapning samanlikna med haubokken og huldra som forfedrane sleit med.



Pinnekjøtt får du i dag kjøpt på daglegvarebutikken. Sidene er i dag ofte innpakka i plast av hygieniske årsaker.



Gammelt stabbur med drengloft over stabburrommet. Dei tenkte ikkje på hygiene dei som låg på loftet. Gjennom eit stillashol i veggene (sjå pila) «kasta dei vatnet» nattes tid utan å bry seg om at det var både kjøtt, korn, mjøl og flatbrød i rommet under! (Foto Romsdalsmuseet)

enn på preikesøndagar og i høgtidene. Til nonsmat på sjølvaste julkvellden tok dei inn salta og tørka sauer eller geitsider og delte dei opp langs etter sidbeina. Det var to sidbein («to sid-rev») med kjøtt på til kvar. Dette sidkjøtet, som vi no kallar *pinnekjøtt*, sette dei på ein pinne og heldt det framfor varmen i grua slik at det vart grilla («steikt på glo»). Attåt åt dei potet, flatbrød og smør. Om det smaka godt? Ja, nærast himmelsk! Og det er ikkje så rart når ein veit av dei på denne tida åt graut tre gonger om dagen.

Lutfisk til kvelds

Når alt hadde roa seg i uthusa, og folk var innkomne og hadde fått stelt seg, stod kveldsmaten for tur. Frå stabburet hadde dei mange dagar før henta fram tørrfiskene og bløytt, luta og vatna han ut slik at alt var klart. Attåt lutfisken åt dei flatbrød, potet og smør – og så mjølkesupe så mykje dei ville ha.

Saltakjøtet spara dei til første og an'dag jul. Salta lemmer av både naut, sau og geit vart hogde sund - gjerne på dørstokken i stabburet – og deretter vatna ut og koka. Dei brukte det gamlaste kjøtet først. Griseskinke av nyare dato var t.d. brukt til å pynte bordet med. Augo måtte også ha sitt! Dette er før dei pynta bordet med blomster og fine serviettar.

Matvatn og brynnstenger



Brynnstong i bakgården på Høstmarkgården, Molde, kring 1910. Weinholdt og Hanssen dreiv antikvitetforretning her i åra 1902-13, så det kan tenkjast at brynnstonga på bildet faktisk er ein antikvitet. Karl Oscar Hanssen sit bak på sleden og Ulrich Weinholdt i stabburtrappa. Ekteparet Simon og Johanne Høstmark t.h. (Foto Romsdalsmuseet)

Det siste året (2011) har det regna i meste laget, det synest dei fleste av oss. Det er blautt over alt, og vi har rett og slett ikkje bruk for alt dette vatnet, i alle fall ikkje til dagleg. Vatn til mat og vask får vi gjennom rør og kranar. Vi er heldige som slepp å tenkje på det.

Matgjerdsvatn

Slik var det ikkje før. Då måtte folk hente vatn i elver, bekker og brynnar - og så bere det inn. Slik var det også i Molde by det første hundreåret staden hadde bystatus. Å ha godt og reint vatn nær husa vart sett på som eit stort gode. Reinvatnet som dei laga mat av, vart frå gammalt kalla majersvatn, *matgjerdsvatn*, altså vatn som dei gjorde mat av. På garden Stranda mellom Talset og Brokstad er det ein bekk (eller ei lita grov) som heiter Matgjerdsgrova, skriv Kåre Magne Holsbøvåg i boka



«Vandposten» frå 1865 ute ved Boybakken i Molde t.v i bildet. (Foto Romsdalsmuseet)

«Stadnamn i Molde kommune». Her var sikkert godt vatn. Svært mange gamle gardstun vart lagt nær bekker og grøver for at det skulle vere kort veg etter vatn. Alternativet


var brynn (brønn, brunn). På romsdalsk heiter det *eit brynn* somme stader, medan andre seier *ein brynn*. Mange stader seier dei bekk i staden for brynn.



Skyss-stasjonen på Lerem ligg på ei høgd, så her måtte dei sikkert djupt ned etter vatn. (Postkort/Romsdalsmuseet)



Brynnstonga i Mongemyra i Romsdalen med Mongefossen, 1905. (Teikning Nico Jungmann/Repro Romsdalsmuseet)



Brynnstonga ved Fjøsbrynnet ca. 1900, ein av sju brynnar på Vøya. Stonga stod ved det gamle eldhuset. (Foto Romsdalsmuseet)

Springvatn

Å få vatn i rør var noko nytt midt på 1800-talet. Molde fekk «springvand» i 1844, og året etter blir dette tiltaket lovprist på denne måten i Romsdals Budstikke: «Vandet fra disse kilder er ledet gjennom underjordiske trærør i en længde av 94 favne til tvende vandkummer, hvorav den ene er omtrent midt i byen. Fra disse kummer forsyne indvånerne seg nu med herligt kildevand...» 20 år seinare vart det bygd nytt vassverk i Moldeelva

med inntak ca. 60 m over havet. Men bygdene følgde også med på utviklinga, og i åra 1860-62 bygde ein innflytta mann frå Valdres eit lite «vassverk» i Eikesdalen. Han bora hol i 3 m lange tømmerstokkar og fekk på den måten fram vatn til gardane Oppigard og Austigard.

Brynnstengene

Det kunne vere tungt å få vatn opp frå djupe brynnar. Derfor hadde folk ofte *brynnstenger* til hjelp. Slikte

brynnstenger er svært sjeldan å sjå i dag. Med tanke på kommande slekter har eg her samla på bilde/teikningar av dette gamle hjelpemidlet. Vi som lever no har «lideleg» godt av å sjå korleis folk ordna seg. Stengene var fleire meter lange og vart i mange tilfelle som reine landemerke i ei tid då mest ingen hadde flaggstenger. På Vøya var det 7 brynnar frå gammalt, men berre *Fjøsbrynnet* hadde brynnstrong det vi veit.

Har du bilde av ei gammal brynnstong, så la meg få vite det. På Brynnsletta – ein gammal husmannsplass under Grytten (gamle) prestegard – skal det ha vore brynnstong, sa faktor Rolf Larsen til meg for 20 år sidan, men han hadde ikkje sett bilde av henne.

Medan vi gler oss over synet av desse lokale sjiraffane, må vi ikkje gløyme alt slitet som følgde med den daglege vassberinga.

Etterord (18. april 2012)

I denne spalta spør eg nesten alltid om lesarane har opplysningar til temaet eg tek opp. Formålet er to-delt: å engasjere lesarane på den eine sida, og å få fram meir kunnskap *frå folkedjupet* på den andre. Det er der vi har røtene våre. Av og til er det få som reagerer på det eg skriv, medan andre gonger får eg tilbakemeldingar som gjer det naturleg å formidle vidare kva folk veit.

Brynnen på Brynnsletta

Temaet «Matvatn og brynnstenger» var framme den 24. februar 2012. Eg fekk fleire reaksjonar på oppslaget, men ettersom eg etterlyste bilde av brynnstonga på Brynnsletta ved Grytten prestegard, vil eg sitere litt frå eit brev eg fekk frå Erik Sletta på Nora: «Det at det i det hele fantes vann i brønnen er merkelig. Hele Brønnsletta ligger på en sandhaug mellom Rauma elv og Istra, 35-40 m over elvenivå. Etter det jeg husker var det ca. 4 m ned til vannet i brønnen. Brønnen var kledd med planker og var ca. 1 m i firkant. Det var ca. 1 m fra bakken til overkant av brønnen.



Brynnstonga på Brynnsletta teikna etter minnet av Erik Sletta. I ein artikkel i «Årbok for Rauma 2010» kallar Alf Hanekamhaug denne vektarma med vassbøtta i eine enden og steinen i den andre, for «brynnbekkå». Ved å «bikke» stonga ned og opp, får ein tak i vatn. Etter dette er eg temmeleg sikker på at «brynnbekke» er den eldgamle nemninga (i Grytten prestegjeld) for det som i moderne bokspråk heiter brynnstong. Takk til Erik Sletta og Alf Hanekamhaug.



Skysskiftet Ny-Aunet i Oppdal 1826. Sentrum ligg her i dag. Vegen mot Sunndalen går ned mot venstre. Kopi frå M.W. Eckhoff: «Reisebok og skisse fra reiser i 1826...» (1964)

Brynnstong-stativet besto av to stokker som rakk ca. 4 m opp. Vippestanga måtte være ca. 6 m. Den var opplagret mellom de to stokkene, og steinen som var motvekt til vassbøtta var knapt 1 m fra bakken når stanga sto rett opp. I toppen av stanga var det festet et ledd av jern som heisestanga var festet i. Heisestanga var leddet på midten med et ledd av

jern, for å lette nedsenkinga av bøtta. (Se tegning) Når bøtta var full, var den ikke tyngre enn at vi, når vi var unger, lett kunne heise opp vann. Brønnen lå bare 3-4 m fra veien som gikk forbi gamle Grytten prestegård som ligger 150-200 m unna.»

Frå denne brynnen henta prestegardsfolket på Grytten vatnet sitt i uminnelege tider. I ein økonomisk

rapport frå 1802 står det at prestegarden mangla vedaskog og «ligeledes ikke Vand haves på Gården, men må hentes en temmelig lang Vej derfra», og på den tida fødte dei 4 hesttar, 24 kyr og 30 sauer på garden.

Olaus Mjelva fortalde meg ein gong at Borghild Tonberg tok med skoleklassen sin på tur til Brynnsletta slik at dei fekk heise opp vatn frå brynnen og drikke av det. Det var i 1930-åra.

Fleire brynnstenger

Elles er det klart at det var minst to brynnstenger på Gjermundnes, og så det var ei på Torjuul-garden på Nauste. Heile Sunndalen «var full av brynnstenger» sa Jon Ø. Bugge til meg for vel 30 år sidan, og på skissene som Mathias Wilhelm Eckhoff laga på reisene sine gjennom Sør-Norge i 1826 og åra etter, ser vi brynnstenger på mange av skyssstasjonane.

Å bake brød til jul

Julebakst har eldgamle tradisjonar. Somme trur at denne delen av kulturen vår nærast er urokkeleg, men det har skjedd forandringar jamt og trutt både når det gjeld sortiment og tillagingsmåte. Problemet er berre at det er ikkje så lett sjå og innrømme det.

Denne gongen har eg tenkt å skrive litt om brødbaking. For flatbrød (og lefse) har tradisjonane endra seg lite på generasjonar, men når det tale om *heva brød* (kake, stomp) så er endringane på 150 år større enn vi trur.

Havre og bygg

Frå gammalt vart det dyrka mest berre havre og bygg i bygdene våre. Oppgaver frå 1800-talet viser at det i gjennomsnitt vart sådd 10 gonger så mykje havre som bygg. Dette er tilfelle både i 1802, 1850-åra og 1907. Berre i bygder som Sunndalen og Eikesdalen dominerte bygg over havre fordi det der var god sandjord og eit varmt klima. Både havre og bygg eigna seg godt til graut, supe og flatbrød, men ingen av desse to kornsortane kunne brukast til heva brød, altså til brødskive.

I byane og på prestegardane steikte dei rugbrød alt på 1700-talet, men for å få dette til måtte dei ha både rugmjøl, surdeig og ein bakaromn eller ein eigna røykomn. Kring 1860 begynte enkelte bønder å få smaken på rugbrødet, men ettersom rugmjølet måtte kjøpast, var det sett på som litt råflott og kostbart. I ein 2-3 ti-år var det berre til jul ein kunne unne seg noko så luksuriøst. Det blir fortalt om ei kone i Måndalen som bad mannen sin kjøpe ei skjeppe sikta rugmjøl til jul når han likevel var på Veblungsnes, men han måtte endeleg passe seg så ikkje naboane såg det. Slik sneik ein ny tradisjon seg inn på «julebordet» for 150 år sidan. På denne tida, og ein generasjon eller to utover, var *skrivarbrødet* noko av det mest fornemme ein kunne få servert



Tradisjon! Slik har kvinnene baka flatbrød og lefser i mange hundre år. På Olsok 1984 var det Karen Berg f. Gussiås som baka. (Foto Romsdalsmuseet)

til jul. Kort sagt var skrivarbrødet eit flatbrød baka av mjølk og byggmjøl. Det var først halvsteikt ein gong, så påsmurt «åkoste» slik at brødet kunne dekorerast og påførast namn, og så steikt på nytt. Det å få brød med namnet sitt på skapte høgtid.

Rugbrødet

Så kom altså rugmjølet. No vart det «konkurrans» mellom skrivarbrød og rugbrød, men sjølv om det første hadde eldgamle tradisjonar, og rugbrødet var både dyrare og meir arbeidsamt å lage, var det dette siste som «vann». For å få rugbrød måtte dei fleste nemleg *kjøpe* rugmjølet. Vidare måtte ein ha *surdeig* for å få deigen til å heve seg, og så til slutt måtte ein ha *ein stad å steike* brødet. Ein bakaromn vart ikkje laga over natta. I det følgjande skal eg vise korleis steikemetodane endra seg over tid fram til at den elektriske komfyren med termostat og glasdør tok heilt over.

Å steike «myllå hellå»

Ein vanleg måte å steike rugbrød på til jul og bryllaups den første tida, var å bruke to baksteheller. Dei la nedste hella (takka) på ein takkering, plasserte så ein ring av murstein (eller av



Det utbaka brødet er på plass mellom mursteinane på undertakka. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Ved hjelp av to takker og 7-8 mursteinar og litt småkløyvd ved har du ein bakaromn. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

blikk) oppå denne og la så den andre hella oppå der igjen (sjå bilde). Slik fekk dei ein provisorisk bakaromn som kunne varmast opp både over og under. Eg har prøvd denne steikemetoden mange gonger, og med litt er-



Med litt trening er det ikkje så vanskeleg å regulere varmen. Første gongen er det lett for at det luktar svidd. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Grue i eit eldhus på Nauste. Bakaromnen er t.v., og storgryta til t.h. I den innmura gryta tørka dei korn, vaska klede, koka såpe mm. I Romsdal var dette ei svært vanleg løysing. Bakaromnen vart fylt med tørr ved og deretter tent på. Når det meste var brunne ut, kosta dei ut glør, kol og oske. For å kontrollere om varmen var høveleg, kasta dei ein liten neve med mjøl inn i omnen. Vart mjølet jamt brunt på eitt minutt, høvde det å setje inn brøda. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

faring er det utruleg kor greitt det går. Framgangsmåten er nærare omtala i eit par bildetekster. Mellom 1860 og 1880 skjer det ei rivande utvikling på bygdene. Store innmarksutskiftingar i alle bygder gjorde at folk fekk samla jorda si og bygde seg nye, toetasjes hus med skorsteinspipe.

Gryte på kokomnen

På kjøkenet eller ved grua inne i stua plasserte dei gjerne ein kokomn, og av dei mange nyvinningane denne

omnen kunne brukast til, var det å steike brød. Dei la brøddeigen ned i ei gryte, sette på eit godt lokk, og så steikte dei brødet på berre undervarme. Men etter kvart som dei vente seg til rugbrødet, vart det mura bakaromnar på mange gardar.

Bakaromnen

Frå 1870-åra kom bakaromnane på moten hos oss. Dette byggjer eg på ei innsamling eg gjorde i 1999-2000. Det interessante er at medan



Typisk kokomn frå andre halvdel av 1800-talet. Det er to kokehol i topp-plata, og på slike omnar koka og steikte dei mest all slags mat til vedkomfyren tok over. Rugbrød steikte dei på den måten at dei la deigen ned i ei gryte med lokk. Ved forsiktig fyring fekk dei gode brød berre med undervarme. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Håkon Vike ved storgryta på Vikehaugen på Vike. Bakaromnen er inni den store gråsteinsmuren t.h. Med gode røykkanalar lét det seg gjere å varme opp både gryta og bakaromnen. (Foto Brit Vike/Romsdalsmuseet)

dei fleste romsdalingane plasserte bakaromnen i kjellaren eller i eldhuset, valde mange nordmøringar å kombinere bakaromnen med grua inne på stua. Gode døme på bae delar er eksemplifiserte med bilde og kommentert i bildetekstene. «Men ein skigard kan `kje vara evig, veit



Bakaromnen på Rykkjem ved Stangvikfjorden. Våren 1858 flytta landbruksskolen til Rykkjem, og omnen som står i «Skul-bygninga» på garden, vart truleg mura opp i samband med dette. Bakaromnen og grua i framgrunnen er svært godt bevart. (Foto Bjørn Austigard /Romsdalsmuseet)



Grue med bakaromn på Sesbøen i Ålvundfjorden. Her har det vore fyra opp etter at grua sist vart kalka. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Molde 1944. Den elektriske komfyren med termometer i steikomnsdøra har overteke for malmkomfyren t.h. I dag er det termostat som gjeld. Brødet smakar neppe betre enn det gjorde for 150 år sidan, då det vart vanleg med rugbrød til jul. (Foto Halvor Gjenstad/Romsdalsmuseet)

du,» heiter det i songen. Slikt vart det også med bakaromnane.

Vedkomfyren

Etter 30-40 år med bakaromnar kom vedkomfyren for fullt. Branntakstar viser at somme hadde «Komfyr med Stegovn» alt i 1870-åra, men han vart ikkje allemannseige før på 1900-talet. Nassetgjeidingen Ingvald Aasen (1891-1968) mintest denne omlegginga slik i 1960-åra: «Det var ikkje før århundreskiftet at malmkomfyrane kom i bruk her, og før den tid var det ikkje so lettvindt med brødbakinga. Oppmura bakaromnar fanst ikkje på alle gardar, og dei som

Surdeig er det eldste hevingsmidlet for brød. Det høver svært godt til deigar av rugmjøl. Når ein har gjort ferdig ein brøddeig, tek ein vare på litt av deigen til neste gongen. Denne surdeigen, tildekt med litt tørt mjøl, må oppbevarast kaldt i ein kopp eller liten kumme. Når ein så skal bruke surdeigen, set ein til litt vatn (og sukker) rører litt og set koppen på ein litt oppvarma plass. Surna mjølk eller saup i deigen gjer godt for hevingprosessen. Surdeigen fekk ein rennesanse under krigen 1940-45.

Gjær til brødbaking kom i handelen kring 1860, men ettersom gjæra måtte kjøpast for pengar, var det mange som brukte surdeig til langt utpå 1900-talet. Gjær blir framstilt industrielt i gjærfabrikkar.

Rugmjøl og kveitemjøl

Det har til alle tider vore dyrka svært lite rug og kveite i fylket vårt i høve til havre og bygg. For 150 år sidan var det importert mest berre rug til brødbaking, men 50 år etter var kveitemjølet i ferd med å ta over. Under krigen 1940-45 vart det dyrka litt kveite.

ikkje hadde slik omn fekk då gjerne låne av andre. Men det vart mykje bruka potetkake, som vart steikt på kokeomn eller på bakstehelle (takke). ... Malmkomfyrane rådde grunnen i om lag 50 år, men i dei siste 20-30 åra er det vorte elektriske komfyrar så å segje i kvart einaste kjøken.»

Slik er det mest med alt: Det gamle blir avløyst av noko nytt. Berre jula er den same, men eg er ikkje sikker på at eit rugbrød frå 1860 ville skape like stor høgtid i dag som det gjorde den gongen. Derimot kunne eg tenkje meg å få smake eit skrivarbrød med namnet mitt på. Det hadde vore stas det.

Egg og høner

Kva kom først av høna og egget? Det veit eg ikkje, men det var i India at dei først gjorde høner til husdyr, og det var i vikingtida at hønene kom til Norge.

Riksmøtet i Bud

Første gongen eg veit om at egg og høner er omtala i fylket vårt, er i eit diplom frå riksmøtet i Bud i 1533. Til denne storkar-samlinga vart det levert store mengder ferske matvarer, og dokumentet gjev oss også eit lite gløtt inn i den lokale fjørfeavl. Utanom kjøt, smør, humleøl, myse m.m. kom dei lokale prestane med desse delikatessene: Hr. Gudmund til Stangvik hadde med seg 11 høns og 3 gjess, Hr. Peder av Tingvoll 12 høns, 3 gjess og 100 egg, og Hr. Nils til Veøy kom med 11 høner. Dette var sikkert mykje den gongen, og slik var nok situasjonen i fleire hundre år framover. På auksjonen etter sokneprest Peder Bjørnson i Nesset i 1853 var det berre fire høner som vart bydd fram. Norsk Fjørfeavlslag vart stifta først i 1884.

Sunndalen på 1800-talet

Lady Arbuthnott var den første i Sunndalen som hadde meir enn dei «obligatoriske» 4-6 hønene. Det får eg vite av Anne Melkild i hønseriet Tuppen og Lillemor, men kor mange ho hadde på Leikvin i 1870-80-åra, veit vi ikkje sikkert. I landbruksteljinga i 1890 var det 381 registrerte høner i Sunndal, 787 i Stangvik, 723 i Surnadal og 351 i Rindal herad. Dei andre kommunane i lesekretsen var alle på dette nivået, men i dei bynære kommunane var talet større, for der var egg handels-/bytevare. Det er vanskeleg å garantere at opplysningane frå 1890 er riktige, men eg kan ikkje sjå at «ladyen» hadde nokon langvarig effekt på hønsehaldet i Sunndalen.

Problemet

I gamle dagar, før elektrisiteten var teken i bruk rundt om i fjøsane,



Å mate frittgåande høner var eit arbeid for kvinner og barn, her frå Reitan i Eikesdalen kring 1920. Legg merke til nedbørsmålaren t.h. i bildet. (Foto Magnus Schevik/Romsdalsmuseet)



Sofie Hånde i Eresfjorden lét både litl-grisen og hønene gå fritt. Her er «fargerikt fellesskap». (Foto Romsdalsmuseet)

var det nokså mørkt og trist å vere verpehøne. Etter kvart som dagane vart kortare, vart det lenger og lenger mellom kvart egg som vart lagt. Seinhaustes var det slutt. Hønene fekk «stølkesott», som dei sa. Dvs. dei skifta fjør, og då la dei heller ikkje egg. Å ha store flokkar med høner gåande og vaglande over kyr, kalvar, sauer i bekmørke fjøsar, vin-


teren gjennom, utan å få eit einaste egg, det var ikkje ettertrakta. Dette var nok grunnen til at talet på høner på gardane var nokså begrensa.

Egg til julebaksten

Borghild Knivskenes (f. 1914) frå Meisalstranda fortalde meg at mor hennar, Beret Knutsdotter f. 1880 i Varvika, la til sides dei siste eggane som



I denne sauefjøs har Fredrik K. Røsberg sett inn fire verpekasser og eit vagl for dei 7-8 hønene sine. Sauene og lamma er no på beite, og hønene er i kategorien «frittgående høns» ettersom dei kan gå inn og ut gjennom ei opa glastrute. (Foto RB/Romsdalsmuseet)



Reidar Skare med «haugewis» av kjuklingar, klekte i ei rugemaskin på Gjermundnes landbruksskule kring 1980. Det var då gått vel 80 år sidan amtsskolestyrar Ole K. Skuggevik på Gyl i Tingvoll fekk offentleg tilskot til å starte avlstasjon for høner på Nordmøre. Han var den andre av sitt slag i fylket, og året var 1898. (Foto Romsdalsmuseet)



Neset prestegard med Prestholmen sette frå Kvernberget. På denne holmen plukka prestefamilien måseegg i mai månad. Egga vart konserverte i kalkvatn, eller i seinare tid i «vann-glass», og så plukka dei egga fram att når julebaksten stod for tur. Slik hadde prestefamilien praktisert det i uminnelege tider. Familien Åkesson brukte måseegg i bakverk til først på 1960-talet. (Foto Romsdalsmuseet)

hønene varp om hausten, for å kunne bake av dei til jul. I ei skoeste med kald oske grov ho ned egga og sette skoesta frå seg på ein kald og tørr plass. Andre har fortalt at dei oppbevarte egga i kornbingen fram til julebaksten starta. Til baking gjorde det

ingen ting om det lukta litt ufriskt når ein slo hol på eggeskalet. Etter steikinga var all lukt borte.

Måseegg

Til alle tider har det vore plukka måseegg for å bruke i kosthaldet. På



Paula Utigard i Mardalen matar hønene sine framfor kjøkenglaset medan Torleif ser på. (Foto Romsdalsmuseet)

Prestholmen i Neset hadde presten einerett til å plukke egg, og så verdfull var denne retten at presten måtte skatte av han. Der det var felleseige, delte folk måseegga mellom seg.

Bryllaupsfest på Gjøra 1929



Store beiningar. Frå bryllaupsfeiringa til Petter Vik og Anna Austlid på Gjøra i Sunndalen 1929. Dei vart gift borgarleg i Trondheim (Nidaros) 4. juli 1929. Denne festen på Gjøra må vere eit tid etterpå. Frå venstre: Marit Gravem f. Nisja, Drivøya; Eli Nisja f. Hagen; Marit Vollan f. Gravem, Larsstu; Kristine Gravem, bortstu Gravem; Guro Forset (g.m. Gunnar Forset), f. Bruset, Øksendalen; Olina Jenstad f. Forset, Svisdal; Emilie Vik, f. Skolemo, Støren, g.m. Erling Vik; Josefine Bruset frå Storlandet, Gjennes, g. m. Steingrim; Julie Solem f. Musgierd, g.m. P. A. Solem; Kari Gravem f. Vik, søster til Petter, Sigurd og Erling. I glaset t.h.: Brit Vik g.m. Sigurd Vik med barna Åsmund f. 1928 og Peder f. 1926. T.v. med kvit hue kan vere Margrete Røyemo Gravem. Legg merke til at toppen på alle smørformene er tatt av. Det betyr at smøret er «spretta». Etter gammal skikk kunne ikkje folk forsyne seg før smøret var spretta. Er det nokon som har bevart smørforma som her er bruka? (Foto Anna Austlid Vik/Romsdalsmuseet)

Frå gammalt var det ingen ting som kunne pynte eit festbord meir enn fin og god mat. Toppen av det ein gard kunne bere fram, var smør. Derfor hadde smøret ein framskotten plass på bordet.

I samband med ein artikkel eg skreiv om smørformer i Romsdalsmuseets årbok 2012, var eg på leiting etter historiske bilde som viste smør frå store smørformer. Mange fortel om det, men dei færreste har noko å vise fram. Etter at årboka var trykt, kom det for dagen eit makelaust bilde frå eit bryllaup på Gjøra i 1929. Ni godt vaksne koner er oppstilte med beiningane sine: Smør frå store former,

kvar på 4-5 kg. Til saman viser dei fram minst 40 kg delikatesse!

Bryllaupsfest på Gjøra

Anna Austlid og Petter Vik gifta seg borgarleg i Trondheim (Nidaros) 4. juli 1929. Etter at dei var komne heim til Gjøra, heldt dei fest for grannar og slektningar, og det er frå denne festen vi har «smørbildet». Brura, Anna Austlid (f. 1889), var «Håndgjerningslærerinne, Folkehøgsk., Voss», står det i kyrkjeboka. Ho hadde fotografiapparat og ho fotograferte. Petter (f. 1883) hadde agronomutdanning og overtok skyss-stasjonsgarden Ne'stua på Gjøra i 1929. Etter klokkeboka for

Romfo hadde han vore gift to gonger før.

Historiske bilde

Dei to historiske bilde som her blir vist, er tekne med brura sitt kamera. Ekteskapet var barnlaust, og slik var det Gunnhild Austlid Oppigard som rydda opp etter faster si etter at ho var død, 100 år og 3 og ein halv månad gammal. Det var ei heil samling glasplater, m.a. fleire frå bryllaupsfeiringa i 1929. Romsdalsmuseet har digitalisert dei, og Gunnhild i Eikesdalen og Jorunn Røe på Sunndalsøra har teksta dei. Stor takk til dei båe! Skulle du kjenne nokon av dei «ukjente», er det berre å ta kontakt.



Gjestene frå 1929 samla på troppa på hovudbygningen i nestu Gjøre.

1: ukjent, 2: ukjent; 3: dotter til 39 og 40; 4: ukjent, 5: ukjent; 6: dotter til 49 og 40; 7 og 8: søner til 22 og 24; 9: Margrete Røymo, pleiedotter til 10 og 11; 10: Steingrim Bruset; 11: Josefine Bruset; 12 og 13: Brit Vik med Åsmund på armen; 14: Emilie Vik; 15: ukjent; 16: Anna Austlid (brur); 17: Petter Vik (brudgom); 18: Anna Jenstad g. Gravem; 19: Maria Nisja g. Bekken, 20: ukjent, 21: ukjent; 22: Peder Gravem; 23: ukjent; 24: Kari Gravem f. Vik; 25: Ragna Nisja; 26: Kristine Gravem (bortstu) med 27: Anne Gravem; 28: Gunnar E. Nisja; 29: son til 22 og 24; 30: Erik Klingøy; 31: Forset ?; 32: Peder Vik; 33: Sigurd Vik; 34: Marit (Malla) Vik; 35: Erling Vik (g.m.14); 36: ukjent, 37: ukjent; 38: Marit Gravem; 39: Julie Solem; 40: P.A. Solem; 41: ukjent, 42: Guro Forset, 43: ukjent, 44: ukjent; 45: Eli Nisja; 46: ukjent, 47: Olga Nisja g. Gjøre, 48: Lina Nisja g. Gravem, 49: ukjent; 50: Marit Volla; 51: ukjent; 52: ukjent; 53: Jon Volla; 54: Olav Jenstad (kjellermann); 55: ukjent; 56: også kjellermann med ølbolle. (Foto Anna Austlid Vik/Romsdalsmuseet)



Petter og Anna Austlid Vik fotografert mellom husa på GjØra etter at livet har falle meir til ro. (Foto Vik/Romsdalsmuseet)



I Sundalen var det store smØrformer p  mest alle gardar. Dette bildet er fr  eit bryllaup p  Flatvad. Dei som kjem med beiningane sine er fr  venstre: Anna SnØva Jenstad, Kristine BjØrnhjell, Hanna Hoven, Brit Leitet, Magnhild TØfte, Gudrun Holm Opdøl, Johanna Wennevold. (Foto utl nt av Lars Opdøl Flatvad)

A black and white photograph of an elderly man standing in a field. He is wearing a dark, long-sleeved jacket and dark trousers. On his back, he carries a large, round, woven basket made of reeds or similar material. A long wooden staff or pole is balanced across his shoulders, with one end resting on the basket and the other end held in his right hand. The man is looking towards the right side of the frame. The background consists of a field with tall grass and some ferns. The overall tone is somber and evocative.

**REISKAPAR OG
ARBEIDSLIV**

Ho Anna på Hoemseter'n



Hoemsetra sett frå sør med Hoemgarden i bakgrunnen. Bestefar til Anna slo seg ned her i 1870-åra. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

På vestsida av Eikesdalsvatnet ligg garden Hoem. Garden er nemnt første gong på 1400-talet, men heim-namnet fortel at det har budd folk der før dette. Sjølv om jordvegen er liten, fann to familiar levebrødet sitt der alt på 1600-talet.

Dei hadde jorda, skogen, fjellet, elva og vatnet til rådvelde frå Rangåna i sør til grensa mot Meringdalen i nord. Dei plukka net, hogg bandstakar, smia tønneband, løypte never, brente pottaske osb. og selde dette til Molde eller Kristiansund. For å halde liv i buskapen gjennom vinteren, pila dei almane og skava borken av rogn, selje, osp og hegg, og dei tok hundrevis av lauvkjerv kvar sommar.

Dei første bufaste på Hoemsetra

Hoemsetra var, som namnet fortel, frå først av seter for Hoem, og her hadde dei også slåttamark. Den før-



Anna saman med barnabarna Ingunn t.v. og Aina Karijord innpå Reiten. Den store almen i bakgrunnen har gjeve mat til buskapen mange gonger opp gjennom hundreåra. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

ste familien som busette seg der, var Knut og Kari Hoem, som flytta dit i 1870-åra. Dei valde å selje rettane

sine på Hoem for så å starte på nytt på Hoemsetra. Før det hadde dei berre overnatta der i eit skjyle i/ved



Ein måned før ferjetrafikken på Eikesdalsvatnet skulle leggjast ned i 1990, gjekk fotograf Harald Sæterøy på land på Hoemsetra. Ho Anna var eit sjølvsgatt motiv. Ho som har raka i både store og dårlege fôrår, kan no kvile hendene på staven. (Foto Harald Sæterøy/RB/Romsdalsmuseet)



Anna som tenestetaus framfor Osthuset på Hoem 1914. Karl og Edvarda Vike voks opp her saman med geitene. (Foto Otto Jæger/Romsdalsmuseet)

sommarfjøsen i samband med mjølkinga. Dei rodde frå Hoem om kvelden, mjølka og la seg. Neste morgon tøydde dei ku- og geitespenane på nytt og rodde heim att.

Ho Anna og eg

Vinterdagen 1981 besøkte eg Anna Karijord (f. 1899) på Hoemsetra. Ho hadde då budd der i 80 år, og eg ville få ho til å fortelje om gamle dagar. I ungdommen hadde ho nemleg tent hos besteforeldra mine på Hoem, Sigrid og Kristian Vike. Dei hadde rundt 100 mjølkegeiter, og for å greie alt arbeidet var det både karar og kvinner i teneste der heile året. Bestefar bygde eige ysteri, Osthuset, og i 1981 var ho Anna den einaste gjenlevande tenestetausa som hadde vore med på ystinga. For å få litt greie på livet på Hoem og Hoemsetra reiste eg altså med fotoapparat og lydbandopptakar for å treffe ho Anna på heimebane for 30 år sidan.

Store fôrår

Som gutunge var eg med far fleire gonger på Hoemsetra. Vi dreiv slått-onn, og enkelte kveldar rodde far frå Hoem til Hoemsetra for å høyre vermeldinga. Der var det som ei anna verd. Ein gong gjorde Arild Karijord ei tenste for far, og som gjenyting skulle eg hjelpe Arild med å hesje ein dag. Det leid litt på sommaren, graset var langt og enkelte brennhetter var meir enn 1,5 m høge. Medan Arild slo med tohjulstraktoren – og song attåt – sette Anna og eg opp hesja. Då hesja var nærast full, spurde eg etter ei rive. «Nei» sa'n Arild «me brukar ikkje rake når det er store fôrår!» Då eg formidla dette til Anna, sa ho berre: «Klart me må rake!» Og raka vart det. Ho Anna var vant til å ta vare på ressursane.

Gris-ski eller purk-ski

Dei fleste Driva-lesarane som voks opp i 40-, 50- og kanskje 1960-åra, hadde *Vangsgutane* som julelektyre kvart år. «Han Larris» som vi gjerne sa, vart mobba og latterleggjort i kvart nummer, og *Vangsgutane* hennar Sigrid var alltid prektige, men den sosiale skilnaden opptok oss i grunnen ikkje så sterkt den gongen.

Hendingane var oppdikta, men forteljingane saman med teikningane gjorde ofte sterkt inntrykk på barnesinnet. Eg kan enno ikkje høyre ordet «posttjuv» utan å sjå for meg nokre ruter der han Sterk-Ola vart knebla og bunden bak ei låvedør. Forferdeleg!


Rotekte miljø

Leif Halse voks opp nær 50 år før meg, og forteljingane ber preg av det. Ingen kjørte vel med okse etter krigen. Eg prata ein gong med min gode venn Kolbjørn Aune i Hemne om då *Vangsgutane* bora hol i tømmerstokkar for å leggje inn springvatn til mor si. Då kommenterte Kolbjørn dette med orda «rotekte miljø». Og det er nettopp ei sak frå det rotekte miljøet eg er ute etter denne gongen.

Gris-ski

Eg veit eg har lese ein stad at *Vangsgutane* hadde vanskar med å gjerde ute (eller gjerde inn?) grisen eller grisungen dei hadde. Han pressa seg gjennom både risgard og netting, og då kom han Steinar på at han skulle lage *gris-ski* og setje på grisen sin. Som tenkt – så gjort. Dette var første gongen at eg hørte tale om, eller såg noko slikt, trass i at grisene gjekk lause i Eikesdalen heilt fram til 1869. Seinare har eg kjøpt og samla på gamle *Vangsgut*-nummer, og no har eg nesten alle, men denne episoden finn eg ikkje att.

Leif Halse må ha sett – eller hørt om – gris-ski i barndommen/ungdommen, for det er ikkje opp-



Robert Taylor Pritchetts teikning frå Syltebøen 1875. Den villsvinliknande grisen med stor hjørnetann (hoggtann) har ei trekanta gris-ski. I framgrunnen ligg ei i reserve. I mellomalderen var det lovfesta kor lange sidene i desse gris-skiene («sulene») skulle vere for at grisen ikkje trengje gjennom gjerdet. (Sjå Romsdal sogelags årsskrift 2009, s.107)



Pork-skiene i Rindalen var (kanskje) firkanta. Kanskje likna dei på ei gammeldags (line)sule som vist på bildet? Ragnhild Stavne Bolme har fått opplyst at dei endane som stakk opp over nakken var litt lenger enn dei andre. På «Galtmættet» ved Åsen i Surnadalen brukte dei kanskje galt-ski? (Illustrasjonsfoto Bjørn Austigard)

dikta. Engelskmannen Robert Taylor Pritchett var på Syltebøen i Eresfjorden i 1875, og i boka «Gamle Norge» (trykt 1879) er det med ein ungggris med påmontert gris-ski. Ut over dette er det nærast uråd å finne spor etter dette praktiske hjelpemidlet. Grunnen er nok den at det


er for lenge sidan grisene gjekk fritt omkring i gardstuna.

På leiting

Når eg er på leiting etter gammalt utstyr, kontaktar eg ofte Ragnhild Stavne Bolme. Ho er ein rotekte rindaling som eg har hatt glede av å



Pork-ski/gris-ski på Meldal Bygdemuseum. (Foto Ragnhild Stavne Bolme/Romsdalsmuseet)



På Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum er det tre gris-skier utlagt på digitaltmuseum.no. (2015)

samarbeide med i mange, mange år. Ho har meldt attende at der i bygda kalla dei dette utstyret for *pork-ski*, men at ikkje ein gong «på de stæsst gardå» har dei grisene gåande lause ute lenger. Hennar informantar fortel at pork-skia i Rindala var firkan- ta, men ho har ikkje greidd å finne eit eksemplar. Eg har derfor to utfordringar til lesarane denne gongen: Er det nokon som har Leif Halse sin omtale av gris-ski, enten i Vangsgu- tane eller ein annan stad, og er det nokon som har ei original gris-ski/ pork-ski? Har du slike opplysningar, så ikkje nøl ikkje med å ta kontakt! Det handlar om lesekreitsens ære!

Etterord 27. mai 2011

Eg fekk to interessante telefonar etter spørsmålet mitt til lesarane om nokon kjente til bruken av pork-ski/gris-ski. Avisa var knapt levert på Åfarnes før Kjartan Strand (f. 1939) ringde og fortalde at han for ein del år sidan sette pork-ski på geitene sine. Det var utruleg effektivt, la han til: «Geitene prøvde seg ikkje eingong på gjerdesgardane». Med tre skruar og tre hatleteinar var trekan- ten ferdig til å tre innpå geithalsen.

Så ringde Ola E. Løfald (f. 1923) frå Trønsdalen i Rindalen og for- talde at der på garden låg det lenge att pork-ski for gris, men dei kom bort under utskiftinga. Det var on- kelen til kona, Ola Trønsdal som i si tid hadde brukt dei. Det var som ei reim rundt halsen på grisen og framfor føtene hang det ei 60-70-80 cm lang ski (ei fjøl) festa til denne reima. Somme pork-skier hadde to jarnklavar som var festa saman med kjetting/tjor i staden for reima. Ola hadde ikkje sett dei i bruk, men han visste kva det var.

Endeleg eit bilde

Men Ragnhild Stavne Bolme gav ikkje opp denne gongen heller. På mu- seet i Meldalen fann ho ei purk-ski hengande på ein vegg, og etter det har eg funne tre «gris-skier» frå Trøn- delag på digitaltmuseum.no. Takk til alle som har brydd seg.

Ei osketønne på auksjon 1853



Samling gamle tønner fotografert på Romsdalsmuseet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Før Bjørnsonfamilien forlét Nesset i 1853, vart det halde ein «dun-drande» auksjon på prestegarden. Dei heldt på i tre dagar til ende. Det var mykje folk og fullt av liv alle dagar, heiter det på folkemunne.

Auksjonsprotokollen

Ein detaljert auksjonsprotokoll viser kva som vart bydd fram, *kven* som fekk tilslaget, og *kor høgt* folk bydde før lensmann John Elgenes slo. Slik sett er dette eit interessant kulturhistorisk dokument, ettersom vi her har med vår tids «museumsgjenstander» å gjere. Her er stolar og skap, vevstolar og rokkar, mjølkeringer og smør-

kinner, møkkjasledar og høysledar, tverrvedsager og smitenger, ridesal og båtar, skinnfellar og senger, for å nemne noko. Det som likevel ga dei største inntektene, var alle husdyra. To hestar, mange kyr og ein temmeleg stor flokk sauer, både med og utan lam. I Bjørnsonåret 2010 fekk Romsdal sogelag trykt heile auksjonen i heftet «Bjørnson og Nesset».

«1 Tønne full av Aske»

Det vart bydd fram mykje rart, og av dei auksjonsobjekta som ein kan undrast over, er «1 Tønne full av Aske». Ole Borgersen Hatlen fekk tilslaget for 19 skilling, og så kan ein lure på kva han skulle med oska. Ei saman-

likning med andre bod på tønner, viser at Jon Slenes betalte 12 skilling for 3 tomtønner, Iver Solbjør betalte 7 skilling for ei furutønne. Eg trur helst at osketønna var ei gammal tønne av ore (som var vanleg på 1800-talet) verd 3-4 skilling, og at verdien på oska var rundt 15 skilling. Det tilsvara verdien på 1½ levande høne på denne auksjonen (22 skilling for 2 høner.)

Kva skulle han Ole Hatlen bruke oska til? Eg er nokså sikker på at eg har svaret, men eg skal ramse opp ein del bruksfelt for oske på denne tida – og seinare for den del, men dette er eitt felt til som eg ønskjer å få innspel på.



Det er fyr under ostegryta i Spelan i Kanndalen. På liknande måte brente dei pottaske for 160 år sidan. Dette bildet er «arrangert» av Bersvein Leirvoll. Det er han som sagar ved saman med kona Tea. Helge Øverås rører i gryta. (Foto NE/Romsdalsmuseet, utsnitt)

Oskelut

Det mest vanlege var å lage lut av oska. Det vart gjort på den måten at dei hadde oska i ei bytte, ein stamp eller ei tønne og slo så varmvatn over. Det var vanleg å røre med ei speie, ei sleiv eller ein stav og så vente til alt var kaldt. Oska sokk då ned på botnen, og ein fekk ei klar, litt farga lut over oska. Ei gammal dame eg kjende fortalde at ho hadde ansvar for golvvasken på ein folkehøgskole i 1920-åra, og der vart det ikkje brukt anna vaskemiddel. Skulle ein lute fisk eller koke såpe, måtte ein ha kraftigare lut. Då vart vatnet og oska koka opp i eit høveleg kar/gryte, og med oska frå rein bjørkaved vart luta nærast fargelaus. Den tida dei laga knusk til fyrtyet sitt (flint, stål og knusk), var det slik lut dei brukte.

Kva anna?

Oske som gjødsel er gammalt og velkjent. Den tida Tobias Finnset var maskinist/fyrbøtar på D/S Eikesdal, tok han vare på all oske frå dampmaskina og brukte ho som gjødsel på marka si i Mardalen. Det var elles vanleg å mylde snøen med oske om våren, men ettersom auksjonen var i

juni, var snøen reist for lenge sidan, og tønna stod altså urörd. Somme oppbevarte egg til julebaksten i kald oske, men dei trong ikkje ha ståande ei heil tønne til det.

Eg har her ramsa opp fleire velkjende bruksområde for oske, men eg trur ikkje Bjørnsonfamilien hadde samla ei heil tønne til noko av desse formåla. Eg utfordrar med dette lesarane: Korleis kunne Ole Hatlen nyttiggjere seg ei tønne med oske (i 1853)?

Etterord, 10. juni 2011

Tidene har forandra seg. Midt på 1800-talet var det svært vanleg å brenne pottaske for å tene seg nokre ekstra skilling, og det gjorde dei «i håbållen» – tida mellom våronn og slåttonn. Her trur eg nok svaret ligg.

Kva er pottaske?

Pottaske er eit daglegdags namn på det som i kjemispråket heiter kaliumkarbonat (K_2CO_3) og kaliumhydrogenkarbonat ($KHCO_3$). Mange av lesarane mine har nok høyrte ordet pottaske, men berre eit fåtal veit korleis pottaske vart laga og kva dette kjemiske produktet vart nytta til.

Det er dette eg vil skrive om litt meir om her.

Framstilling

Først laga dei vanleg lut av oska. For å få med all luta, vart oska hatt i ei storgryte/koparkjel med vatn og koka opp. Det var vanleg å røre med ei speie, ei sleiv eller ein stav og så vente til alt var kaldt. Oska sokk då ned på botnen, og ein fekk ei klar, kanskje litt farga lut over eit grått botnfall. Etter dette vart luta og botnfallet skild frå kvarandre slik at berre lut vart att i gryta. Denne væska vart så koka inn om lag på same måte som dei koka myse til brunost rundt om på setrane før i tida. Når vatnet fordampa, vart luta meir konsentrert, men ordet *damp* har vi fått frå Tyskland i meir moderne tid, derfor heiter det å *brenne pottaske* pga. fyringa (brenninga) under gryta. Det heiter også å *brenne heimbrent* og å *brenne salt sjølv* om også dette har med fordampinga å gjere.

Etter kvart som vatnet dampar bort, vart luta sterkare og sterkare, og på eit visst tidspunkt vart det slutta å fyre. Når så den sterkt konsentrerte luta vart kald, felte væska ut pottaske



Gamle, ujamne, grønne glastruter i Veøy gamle kyrkje. (Foto Romsdalsmuseet)



Arvid Vølen bind inn glaskule på Romsdalsmuseet. Desse glaskulene kan godt ha vore laga i Midt-Norge med pottaske frå Romsdal. (Foto Romsdalsmuseet)



Dette kan også vere norskproduserte flasker med pottaske frå Romsdal.

i form av krystallar på botnen. (Ved rekrystallisering vart krystallane kvite.) Namnet *pottaske* kjem av at dette vart gjort i store jarnpotter/-gryter.

Bruksområde

Pottaske kan brukast til mange ting: i glasindustrien, til såpekoking, som bakepulver eller farge m.m., men på denne tida trur eg at det meste som vart laga lokalt, vart kjøpt opp av grossistar og selt vidare til glasverka.


Her var det nemleg pengar å hente for vanlege folk. Hans P. Øverås skriv i boka si «Folkeminne frå Indre Romsdal» (1989) om då bestefar hans gjorde si første «fosnareis» (til Kristiansund) like etter 1850. Då hadde han med seg fire vareslag for sal: «tynneband, pottaske, never og næt.» Den tida var det vanleg med bytehandel, og vi kan merke oss at det var berre pottaska han fekk kontant oppgjør for. Dette var eit vare som industrien i Norge – og kanskje utlandet – hadde bruk for, og som derfor vart betalt med reie pengar. Ola Hatla visste nok kva han gjorde då han kjøpte osketønna på prestegarden for 19 skilling.

Pottaskebrenning i Sunndalen

Frå 1829 hadde amtmennene i landet vårt plikt til å lage 5-årsrapportar over den økonomiske tilstanden i amtet sitt. Her står det om landbruk, skogbruk, fiskeri, handel, industri, handverk mm., og under binæringer finn ein også om pottaskebrenning i nokre av rapportane. (For interesserte kan eg fortelje at dei fleste av desse 5-årsoversiktene ligg på www.romsdal-sogelag.no/kjelde-skrift, og eg har personleg sørga for at dei ligg der!) I 1840-åra vart det i fylket vårt selt mange tusen kg pottaske til Trondheim, Kristiansund, Molde og Ålesund, og i perioden 1846-50 vart det selt 30-40 tønner pottaske berre frå Sunndalen. Utover 1850-åra dabba det av, og sist i 1850-åra var sunndalingane framleis av dei ivrigaste. Forklaringane på nedgangen er nok fleire, men eitt er i alle fall sikkert: Det gjekk med uhorvelege mengder ved til denne brenninga, og styresmaktene kritiserte bøndene for dette. M.a. fekk ein gardbrukar (leigending) på Hoem ved Eikesdalsvatnet kritikk for at han «brændte for meget potaske».

No er alt dette historie, men vi tek likevel med eit «funn» frå 2014. På eit gammalt utedo på Holsbøen vart det funne to tønner fulle med oske. Stod dei att etter postoskebrenninga, eller var oska tenkt til gjødsel av åker og eng?

Laksefiske med sløe



Hans Peter Schnitlers skisse av ei sløe i Eira frå 1768. Sløa er sett frå sida. Det er artikkelforfattaren som har teikna inn korleis vatnet renn gjennom sløa (i blått), og det er også han som har plassert ein fanga laks oppå spilene (rista) nedst i sløa. Schnitler skriv at dei horisontale stolpane (d på skissa) er gjort godt fast i grunnen. Veggene er av tømmer, medan «taket» A og botnen b er av fjøler (bord). Laksen vart tatt opp med lyster gjennom luka F.

Om ein månads tid er laksefisket i gang att i elvane våre. Mange ser fram til første natta ved elva. Det er snakk om rekreasjon, spenning, nattevakt, relasjonsbygging – og pengar. Store pengar. Matauk er det derimot lite prat om.

Før var det *maten* som var det viktigaste. Gardar som hadde høveleg lakseelv, hadde fastståande reiskapar i form av *teiner* og *sløer*. I teinene fanga dei laksen på veg *oppover* elva, medan dei i sløene tok han på veg nedatt. Kvaliteten på den fisken som hadde gytt, var mindre god, men kva gjorde vel det så lenge det var mat.

Eira 1768

Eira i Eresfjorden har frå gammalt vore ei svært god lakseelv. Her var fleire teiner og sløer oppetter elva, og i 1768 teikna og forklarte holzførster Hans Peter Schnitler korleis dei var bygd og verka. I boka hans finn vi den eldste kjente skissa av ei lakse-sløe, og då er heile landet medrekna. Gerhard Schøning skriv også, på reisa si i 1773, om all laksen som vart fanga i Eira, men han omtalar ikkje kva fangstreiskap som vart bruka. Den gongen var det nærast sjølvsgatt. I dag er sløa på full fart inn i gløymsla.




Hundreårgammal teine i Driva. Her vart laksen fanga på veg oppover i elva. Teinene var kraftig bygde slik at dei skulle tole ein vårflaum. (Etter Schmidt-Nielsen: «Gamle Fangstmaater for laks». 1920)

Prinsipp

Når laks og sjøaure har gytt, er «jobben gjort», fisken søkjer etter ei tid instinktivt attende til havet. Då må han ned att den same elva som han kom opp. Ved å plassere ei rist – eller skal vi kalle det ein slags sil – ved ein høveleg foss eller eit eigna stryk, vart fisken «sila frå» medan vatnet rann vidare. Sløene hadde mange utformingar, og her var det erfaring og dei naturjevne forholda i elva som avgjorde.

Utbreiging


Frå både skriftlege og munnlege kjelder veit vi at det har vore sløer i Eira, Aura, Driva, Orkla, Gaula og Namsen, men denne fangstmetoden snerest ukjent i Visa, Isa, Rauma, Måna og Tressåna. Eg har som snarast gått gjennom Fiskeridirektørens mange «Indberetninger» frå 1870-åra til etter hundreårsskiftet, og dei viser at på grunn av det auka sportsfisket i siste del av 1800-talet, kom det mange restriksjonar på fastståande



Frå Syltebøen i Eresfjorden 1984. Nedunder brua over Eira er det synlege restar etter ein sløe-liknande konstruksjon oppsett av Torvald Jørstad først på 1900-talet. Formålet var då å få til ein «kunstig» fiskehøl i elva. Slik stokkane er oppsett her, minner dei om sløene i Orkla. Der var også stokkane ganske tjukke, og når laksen glei nedover elva – med sporden først – kom sporden mellom stokkane, og på den måten fekk ikkje laksen kraft til å komme seg laus att. Laksen vart så tatt med lyster, står det i bygdeboka for Meldal. Ein eldre eresfjording fortalde meg ein gong at i slike sløer raka dei laksen med rive inn på den tørre delen av sløa. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Sløe i Driva. I denne fossen kjem laksen til ei ruse-liknande tro der vatnet forsvinn gjennom spilene medan laksen endar i ei kasse. (Etter Schmidt-Nielsen: «Gamle Fangstmaater for laks», 1920)



Prinsippskisse for ei sløe i Oppland fylke. Der var denne fangstmåten i bruk for ein mannsalder eller to sidan. (Etter Trygve Hesthagen: «Sløefiske i Oppland», 2011)



Ned for Flatvad-gardane i Sunndalen renn Driva temmeleg stridt. Her har det stått teiner i uminnelege tider. (Foto Birkeland 1618_b)

reiskap. Det har derfor neppe vore fanga laks i sløer – på lovleg måte – i dei nemnde elvene etter 1900, men i Trygve Hesthagens bok: «Sløefiske i Oppland. Ein vanleg fiskemåte i gammal tid», Trondheim 2011, går det fram at i Oppland fylke og elles i innlandet, var sløa i bruk til etter krigen.

Kjenner du namn på Slø-?

I Eikesdalen har vi stadnamnet Sløholmin (Sløholmen) som eit minne frå den tida dei fiska laks med sløe i Aura. Ingen veit korleis sløa ved Sløholmen var utforma eller kven som åtte ho, men namnet er eit viktig kulturminne. Kjenner du slik slø- eller kanskje slo-namn frå di elv eller di bygd?



Eikesdalen med Oppigard midt i bildet og Austigard og Utigard t.h. sett frå Katthammaren. I framgrunnen renn delar av Aura, og namnet Sløholmen fortel at her har det stått ei sløe i gammal tid, men no er det berre namnet som lever att. (Foto Bjørn Austigard 2006)

Børtre og bringetre

Det er haust. Det var vanleg å avslutte setersesongen ved desse tider. For mange var det vemodig, for seterlivet har alltid hatt ei sterk dragning på folk sjølv om arbeidsdaga vart lange. Om våren såg unge jenter og vaksne kvinner fram til eit fritt liv på ein seterstøl. Dei som arbeidde heime på garden, gledde seg til helgabetesøk på setra.

Mykje bering

Seterbruket i Norge er kanskje 1000 år gammalt, og formålet var alt frå starten at buskapan skulle utnytte utmarks- og fjellbeitet. Mykje av avdråtten på setra brukte dei sjølv i løpet av året, men smør og ulike typar ost var også viktige handels- eller bytevarer. Same kva varene skulle brukast til, måtte dei først berast eller kløvjast ned til bygda. Å bere smør, ost, mjølk eller rømme til gards, var kvinnfolkarbeid. Dei fleste bar spanner og trekoppar på børtre over skuldrane. Det var eit slit, men når dei var fleire saman på vegen til eller frå setra, gjekk det lettare.

Bringetreet

I mange år hadde eg den gleda å ha besøk av tresfjordingen Martin Kjøpstad på Romsdalsmuseet. Han kom til det årlege olsokarrangementet for å oppleve gammalt arbeidsliv, og han kom for å prate med folk. Ein gong viste eg fram eit underleg børtre for han, og til det kunne han svare at «dette er det dei helst kalla eit bringetre. På Synnmør var bringetrea meir vanlege enn hos oss». Etter dette var eg på jakt etter bilde av setertausar med bringetre, og det var som Martin sa: På Sunnmøre var det mest berre brukt bringetre – eller hisse som somme seier – medan på romsdalssida av fogderigrensa er dei meir sporadisk å sjå.

Kulturhistorisk grense

Ei rundspørjing viser at dei «vanlege» børtrea har vore brukt i alle



Frå Daugstadsetra 1947. Den eine setertausa har bringetre (hisse) med ei brei reim over skuldra, dei andre har vanlege børtre. Jentene er f.v.: Elen Daugstad, Ingrid Daugstad (med bringetre), Ragny Daugstad, Kjellaug Daugstad (g. Sagmoen), Johanne Daugstad, Elfrida Daugstad og Kristine Daugstad. (Foto utlånt av Tora Daugstad/Romsdalsmuseet)



Setertausar på Boggestranda med vanlege (romsdalske) børtre med to mjølkespanner kvar. Framme i båten sit Beret Brevik, så står Borghild J. Bugge, Mildrid Reitli (g. Bugge) og Sigrid O. Bugge (g. Holseter). Bildet er frå august 1934 etter at ein ofseleg flaum den 13. august tok båe bruene over Boggeelva. Etter dette måtte dei bruke båt når dei skulle på setra for å mjølke. (Foto Eldrid Bechler/Romsdalsmuseet)



Detalj av bringetreet eg viste Martin Kjøpstad. (R.395) Det er truleg laga av alm, og på den eine arma er det innskore «BTDS 1784». Dette bringetreet ber preg av lang tids bruk. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Svemarka, Strandadalen, Stranda 1888. Folk er på veg ut på slåtteteigen om morgonen. Den eldste av jentene har maten i spanner hengande i bringetreet. Det er eit svært forseggjort bringetre, kanskje ei kjærestegåve. Dei to andre jentene går og strikkar. (Foto F. Dahl/Romsdalsmuseet)

romsdalskomunane, medan bringetrea er kjent (mest) berre i Vestnes, og det interessante er at i Vestnes har dei vore meir brukt i Tomrefjorden og Fiksdalen enn i Tresfjorden. Dette har nok med giftarmål og anna samkvem å gjere. Eg har sjølv sett eit gammalt bringetre på Klungnes (utan at eigaren visste kvifor det var der), og eg veit at sunnmørskvinner som gifta seg til gardar i Midsund kommune, tok med seg bringetreet sitt dit.

Gamle bilde fortel

Her som elles er gamle bilde ei fantastisk kjelde til kulturhistorisk kunnskap. Skulle bilda vise heile sanninga om børtreet og bringetreet, måtte vi ha med eit bilde av han som bar kalvedrikk til sommarfjosen, eller fjøstausa som bar vatn frå bekken til buskapen innfor fjøsdøra. Bilda eg kan presentere, er av sommarkledde setertausar (med litt romantikk i blikket?) på veg til eller frå setra med mat og avdrått i koppene sine.

Bringetre og kas-kjepp



Kvinner og unge jenter oppstilte med flotte bringetre, det eine er faktisk rosemåla. Bildet skal vere frå Sykkylven, kanskje utanfor meieriet? Ei kone frå Tafjorden ringde meg og fortalde at der kalla dei bringetreet for «skjiretre». Jau, dette er sunnmørsk! (Foto utlånt av Sunnmøre museum)

Artikkelen om «Børtre og bringetre» (RB den 29. august), vart tydeleg lagt merke til. Aldri før har eg fått så mange positive tilbakemeldingar på eit bidrag i serien «Røter».

Slikt gler ein museumsmann. Men eg fekk også merknader. Ein lesar først i 60-åra frå Sykkylven stiller seg litt undrande til opplysningane om at bringetre var eit sunnmørsk fenomen, så lenge han sjølv aldri hadde sett eller hørt om noko slikt før. Det var børtre eller beretre folk brukte der i bygda, og han leitte også i lokallitteraturen utan å finne svar. «Eg dreg derfor den kulturhistoriske grensa (mellom Sunnmøre og Romsdal) sterkt i tvil, eller kan bringetre vere utstyr som gjekk ut av bruk før beretreet?»

Bringetreet var sunnmørsk

Båtbyggjar Martin Kjøpstad (1901-1988) som eg siterte i første artikkelen, var lommekjent på bygdene, og han kjende skikk og bruk på bae sider av fogderigrensa. Når han blir sitert på at «det var mest berre brukt bringetre» på Sunnmøre, så var nok det litt kategorisk sagt, men konservator Per Sæther ved Sunnmøre Museum fortel at då han valde emne til artikkelen «På jakt etter noko ekte sunnmørsk» i Gavlen nr. 2-3, 1996, tok han nettopp bringetre eller hirse som døme, så ein kan ikkje seie at heidersmannen Kjøpstad fór med tomt prat.

Kvardagsdrakt med bringetre

Først på 1900-talet reiste Hulda Garborg rundt i landet og gav råd om bunader og folkedrakter. På

Søre Sunnmøre fann ho ei drakt som ho meinte var høveleg som kvardagsdrakt for området. I årbok for Sunnmøre 2009 finn vi eit bilde av denne drakta (foto Wilse?), og det interessante for oss er at «modellen» er utstyrt med eit bringetre. Meir sunnmørsk kunne det vel ikkje bli?

Tidene skiftar

Det ser ut for meg som at bringetreet stort sett var skifta ut med det tradisjonelle børtreet alt før krigen, og då skal ein ikkje vente at ein mann som berre så vidt har fylt 60, skal ha sett bringetreet i bruk. Det er heller ikkje så mange bilde som vart tekne av vanlege folk ein kvardag for meir enn 70 år sidan. Å bere vatn, mjølk eller kalvedrikk er nemleg nokså kvardagsleg.



Ole Sæbø (f. 1908) viser korleis Anders Bø (1851-1919) bar fisken i kas (kase) dei 3 km oppover til Pålgården i Måndalen. (Foto Romsdalsmuseet)

Kas-kjeppen (kase-kjeppen)

Eg har sjølv stått undrande og sett på gamle bruksting som var «gått ut på dato». For vel 30 år sidan var eg på Ola Bø-museet i Måndalen og studerte utstillinga der. «Kaskjepp» (eller var det kasekjepp) stod det på eit 60 cm langt, forseggjort trestykke. Til då hadde seg ikkje sett noko likande, og namnet sa meg ingen ting. Heldigvis stod gardbrukar Ole Sæbø – Ole Nere - (f. 1908) attmed meg, og han hadde sett reiskapen i bruk. «Eg ser for meg han Pålgårds-Anders (1851-1919) på veg heim frå sjynå

med kas-kjeppa på skulder'n og fisken oppi kasen.» Etterpå bad eg Ole om å «demonstrere» bruken av fiskekas og kas-kjepp slik at kommande slekter skulle sleppe å spekulere på kva dette var for noko.

Seinare har eg sett 8-10 slike kas-kjeppar rundt om i Romsdal. Fleire av dei har vore vist fram på lokale husflids- eller brukstingsutstillingar(?), og det har nesten alltid vore spørsmål om kva dette har vore bruka til. Det har altså gått slik med kas-kjeppen som med bringetreet, bruken er på veg inn i gløymsla.



Laura Hustad ber tare i kase i samband med eit filmopptak i 1996. (Foto Romsdalsmuseet)




Kvardagsdrakt frå Søre Sunnmøre. Ekstra kvardagsleg og sunnmørsk blir det når jenta har bringetret. Den gongen, for snart 100 år sidan, var det truleg naturleg å gjere det slik. (Årbok for Sunnmøre 2009)



Kvinner på veg til eller frå Eikesetra i Vestrefjorden. Setra grensar til Rekdal. Alle har bringetre på sunnmørsk vis. I bakgrunnen ser du Miøya med den karakteristiske Bløkallen. Nærast bak til høgre for seterjentene ser du «raua på Rekdalshesten» som lærar P. Gjelsten-Rekdal kalla det når han skulle erte vestrefjordingane. Bildet er frå før 1923. (Foto utlånt av Per Bjørn Ellingseter)




Bringetre fotografert hos Einar Klungnes, Torvika. Einar hadde ei bestemor frå Tafjorden, og det er nok ho som har fått det med seg til Romsdal. Eg har sett eksempel på slik «innførsel» også i Vestnes, Midsund og Fræna. I Tafjorden kalla dei bringetreet for «skjiretre» kva no det kjem av. (Foto Bjørn Austigard)



Somme på Sunnmøre kalla bringetreet for «hisse», og i Norsk Ordbok, bind 5, står denne forklaringa: «beretre som ligg over magen, er haldi oppe av ein reim rundt nakken, og med med krok i kvar ende til å hengja (mjølke)spann i.» Denne teikninga er som laga til ordboka. (Kjelde: Sunnmøre museum)

Karbid og karbidlykta



Tunneldriving i Litldalen 10. juni 1914. Som arbeidslys har dei to karbidlykter. (Foto Romsdalsmuseet)

«Alt har si tid, det er tid for alt som hender under himmelen,» heiter det i Preikaren 3,1. Det eg vil skrive om no, viser at han hadde rett.

Lys og lyskjelder

Denne gongen handlar det om lys og lyskjelder. I Bibelen er det tale om oljelamper, og her hos oss veit vi at folk i gamle dagar brukte trankoler og talglys. Slik var det i mange hundre år. Dei greidde seg fordi dei ikkje visste om noko betre. Då parafinlampen kom for 150 år sidan, slutta folk nokså fort med dette transølet. Den nye lampa gav nemleg eit mykje betre lys. Så kom elektrisiteten, og etter kvart som kraftstasjonane og linenetet vart utbygd, var tida stort sett ute for parafinlampene også. Glødelampen tok over fordi skilnaden var som dag og natt.

Elektrisiteten

Elektrisitet er «ferskvare», dvs. at når turbinane i kraftstasjonen går, må energien brukast med ein gong. Dessverre er det slik at vårflaumen er på den lysaste årstida, og då har ein ikkje bruk for så mange glødelamper. «Kunne ein ikkje då bruke straumen til å lade opp ein haug med batteri?» var det ein som sa til meg. Eg burde då ha svara: «Alt har si tid,» men så klok var eg ikkje. Det kom nemleg andre løysingar for energioverskotet.

Karbidfabrikkane

Alt i 1890-åra hadde forskarane funne ut at dersom ein smelta kol (C) og brent kalk (CaO) i ein elektrisk omn, fekk ein stoffet kalsiumkarbid (CaC₂) – gjerne kalla berre *karbid*. Dette er ein klumpete, grå-svart masse som er full av energi. Stoffet er stabilt, men så snart ein set

til vatn, blir det danna acetylgass med ein gong. Karbid vart fort eit viktig industriprodukt, og det vart derfor bygd fleire store fabrikkar nær kraftstasjonane. Karbidproduksjon var eitt av alternativa for Aura- og Mardalsfossutbyggingane først på 1900-talet. Med tanke på utskipingshamn fekk Nauste vedteke bygrenser ved kongeleg res. 3. april 1914.

Karbidlykta

Acetylgass brenn med ei klar, sterkt lysande flamme, og det er karbidlykta eg vil skrive litt om her. I gruver og der det føregjekk tunnelarbeid, var denne lyskjelda mest einerådande frå midt i 1890-åra, og i gruvene på Raudsand og på Røros brukte dei karbidlykter til først på 1950-talet. Il Tempo Gigante hadde - etter det Aukrust opplyser - karbidlykter, og eg har ved sjølvsyn sett (på film) at



Tre gruvarbeidarar på Raudsand med kvar si karbidlykt. Bilde er frå ca. 1950. (Utlånt av Solveig Hindhammer)



Gruvelykt frå Raudsand. Lykta har to behaldarar: Karbiden vart plassert i den nedste behaldaren og vatnet i den øvste. Når vatnet draup ned på karbiden, vart det laga gass. Drypinga kunne regulerast med skruen oppe t.v. Acetylenflammen stod ut frå brennaren midt på lykta t.h.



Karbidlykt brukt på sykkel, men det kan tenkjast at lykta også var tenkt for maritime forhold ettersom det er eit raudt og eit grønt prisme på kvar si side av flamma. (Foto Romsdalsmuseet)

trehjulamopeden til Solan hadde karbidlykt av den typen som var konstruert for trøsykkel.

Alt har si tid

Under krigen 1940-45 var det karbid i handelen, og det var mange som brukte karbidlykt både på norsk og tysk side. Fleire har fortalt meg om korleis dei som ungar leika seg med karbid og vatn fredssommaren og dei næraste åra etterpå. Lengst brukte dei kanskje karbidlykter på fiskebåtane i Nordishavet. Ein fiskar frå Mid-sund fortalde at dei kjøpte karbiden i 20-kg-dunkar heilt til 1960-åra, og ved hjelp av slange og ein brennar hadde dei svært godt arbeidslys på dekk. Dette var rimelegare enn å la motoren dra store aggregat. Kva med tomme karbiddunkar? «Dei lét vi stå att på dekk. Vi la på ein do-ring og brukte dei slik. Alt fraus etter kvart!» Karbidlyktene er no sløkt, og siste dunken er forlengst kasta på sjøen. Igjen er det slik at «alt har si tid».

Etterord

Etter dette stod på trykk, kom det brev frå Knut Romestrand 6391 Tresfjord. Han skriv m.a.:

«Då eg byrja på sjøen i slutten av femtiåra, brukte vi karbidlykter i notbåtane. Vi fylte karbid og sjø i lykta og tende på, då brann det godt, og det vart godt lys om bord i notbåtane sjølv om det var kolmørke natta. Lykteglaset hindra at flammen bles ut. Det var min jobb å tende karbidlykta på babordsbåten til ishavsskuta «Furenak», det var det første eg måtte gjere når vi hoppa ned på notdungen etter at notbåtane var låra.

Framgjennom sekstiåra, ja også først i syttiåra vart karbid brukt til å «skimle» det vil seie å skreme sild eller lodde eller makrell frå å gå ut holet før nota var oppsnurpa.

Skimla var eit grovt rør, om lag ein halv meter langt. Nedi der la vi karbid og eit fargestoff. Så batt vi eit tog i skimla og hiva ho over bord og hala skimla opp og ned i holet heilt til vi hadde fått opp ringane, slik at nota vart stengd. Om dette var noko



Karbidlykta heng til venstre. Fra Litdalen 10. juni 1914. (Foto Romsdalsmuseet)



Karbid kunne brukast til så mangt. Her viser Sverre og Målfrid Gjerstad fram ei rugemaskin for hønseegg på Rødven Museum. Jørgen Frisvold brukte maskina. (Foto Bjørn Austigard)

hjelp i, er eg usikker på. Men det bo-bla fole av karbiden. Karbiddunken stod under bakken framme. Og når vi gjekk med last, var det nok ikkje trygt for at det kunne kome inn sjø inn under bakken.

I februar 1973 forliste loddesnurparen «Håkon Hatløy» i Magerøysundet. Årsaka var at det var kome sjø i karbiddunken under bakken. Båten var på veg sørover med full

loddelast og gjekk med full fart. Heile baugen vart sprengd vekk og båten gjekk rett ned. 6 mann omkom, 4 vart berga. Eg hugsar at båten eg var om bord i kom gjennom sundet dagen etter. Då såg vi i nota som låg og flaut.

Om bord hjå oss gjekk karbiddunken over bord momentant. Men vi visste nok for lite om kor fårleg karbiden var.»

Steinalderfunn i Eikesdalen

Tirsdag denne veka gjorde Rune Finnset eit overraskande funn i tunet sitt. Ei fint slipa steinøks kom fram i dagen. Etter forma å dømme stammar øksa frå yngre steinalder, seier fylkesarkeolog Kristoffer Dahle. Dette er truleg det eldste arkeologiske funnet som er gjort i Eikesdalen til no.

Eikesdalen: «Det var i samband med graving ved huset mitt i Utigard at steinøksa kom opp i dagen. For ei tid sidan grov eg ned rør for fiberkabel, og då la eg noko overflødig jord i ein haug,» seier Rune Finnset. Tysdag brukte han jord frå denne haugen til å planere med, og det var då øksa kom til syne. «Det er litt av eit tids-spenn frå då steinaldermannen slipa på øksa si til den fiberkabelen eg no har bestilt,» humrar Rune Finnset, som er stolt og glad over funnet.

Typisk yngre steinalder

Øksa har skeiv-slipa egg, og ho er laga av eit steinslag som ikkje er vanleg i Eikesdalen. Fylkesarkeolog Kristoffer Dahle, som berre har sett bilde av øksa, seier at denne øksetypen er typisk for yngre steinalder. Det er derfor grunn til å tru at øksa er minst 3000 år. «Funnet høver godt i tid med datering av dei kokegropene som vart avdekte i Utigard i samband med Sandgrov-undersøkinga for eit par år sidan,» kommenterer Dahle.

Gamle gravhaugar

Gjennom åra er det gjort fleire arkeologiske funn av reiskapar i Eikesdalen. Dei fleste stammar frå gamle gravhaugar. Det spesielle med dette reiskapsfunnet er at det er meir enn 1000 år eldre enn det som før er funne. I høg fjellet derimot, er det gjort fleire eldgamle flintfunn, m.a. har Rune hengande eit diplom som far hans, Henry Finnset, fekk i 1967 for eit sensasjonelt flintfunn i Sandgrovbotnen. «Det er viktig at funna kjem dit dei skal,» seier Rune Finnset.



Slipa steinøks. Steinøksa som vart funnen i Utigard i Eikesdalen, er 10,5 cm lang, 5 cm brei ved egga, og 2 cm tjukk på det tjukkaste. Øksa er slipa ulikt på dei to sidene, og dette er typisk for yngre steinalder, seier fylkesarkeolog Kristoffer Dahle i ein kommentar. (Foto Bjørn Austigard)



Frå Utigard i Eikesdalen. Rune Finnset ved huset i Utigard. Jorda der øksa vart funnen, vart graven opp ved tilbygget t.h. Det har vore busetnad i Utigard i uminnelege tider. Dagens våningshus er bygd etter ein brann i 1884, då husa på tre gardsbruk gjekk tapt. (Foto Bjørn Austigard)

Stongjarn frå Lesja



Synleg stongjarn. Oppunder loftet i vestenden på Veøykyrkja er det lagt inn fleire muranker av stongjarn frå Lesja. Desse ankerer er innvendig festa med både bolt og «lås» på undersida i tømmerstokken. Det finst vel knapt ein stad der så mykje synleg stongjarn er å finne som her, kjøpt 1701. (Foto Romsdalsmuseet)

Det var jarnverksdrift på Lesja i ca. 140 år. Stongjarn frå Lesjaverk hadde svært godt ord på seg fordi det var så godt eit smijarn. Kva finst att i dag?

Det spesielle med jarnet frå Lesja var at alt var kortreist: Malmen kom frå Lesjaskogområdet, dei brente kol frå skogen omkring verket, og frå det oppdemte Lesjaskogvatnet fekk dei vasskraft til belgane. Det heile stoppa opp på grunn av mangel på malm. I 1812 vart verket offisielt lagt ned, men kjeldene seier at det neppe hadde vore fyr i masommen etter 1800. Det er såleis meir enn 200 år sidan det siste jarnlasset vart frakta ned til Veblungnes for utskiping og sal.

Stongjarn

Stongjarn var ei viktig handelsvare på 16-, 17- og første del av 1800-talet. Dette var som eit halvfabrikat å rekne. Når jarnet kom ut av masommen, måtte det bearbeidast m.a. for å få ut slaggestar. Råjarnet vart først oppvarma i ein stor smiavl for så å bli hamra ut og forma til stongjarn under ein stor hammar. Slike hamrar vart dregne med vasskraft. Alle jarnverk hadde stongjarnhammar, men ingen nolevande har sett eit ekte, heilt stongjarn frå Lesja. Eg har lese ein stad at eit stongjarn var kring ein famn langt, kring 3 tommar breitt og knapt ½ tomme tjukt.

Kvalitet og omsetting

Jarn frå Lesjaverk var ubrukeleg til støypegods, men lesjajarnet uvanleg populært for den som smidde. Krominnhaldet i dette jarnet gjorde det seigt og godt å smi. Det var spesielt mykje nytta til skipsspikar, men sjølvsagt også til alle andre aktuelle formål. Dei viktigaste omsetnings- og utskipingsstadene for verket var Romsdalsmartnan og Veblungnes.

Infrastrukturen

Jarnverket på Lesja hadde mykje å seie for infrastrukturen i Romsdalen fordi det meste av produksjonen vart sendt den vegen. Jarnet vart frakta på vinterføret nedover dalen, men vega-



Bolt og lås. Murankeret er festa med bolt og «lås» på undersida av ein tømmerstokk som held kyrkjemurane saman. Smiarbeidet kosta meir enn 405 kg jarn kosta i innkjøp. (Foto Romsdalsmuseet)



Muranker 1703. Vestveggen i Veøykyrkja. Smeden har forma fire anker til årstalet 1703 – det året arbeidet vart avslutta. (Foto Romsdalsmuseet)

ne var dårlege, så mangt eit lass gjekk etter elvaisen. Ei planlagt bru ved marknadsplassen vart realisert først etter at verket var lagt ned.

Det var også problematisk å krysse Istra, så her bygde jarnverket bru på eiga rekning i 1753-54. På Veblungsnes hadde verket ei stor bryg-


ge der stongjarn og andre halvfabrikata vart oppbevart i påvente av sal. Her vart også varer som skulle andre vegen, lagra i påvente av frakt. Det var Verket som fekk oppretta gjestgiveri på Veblungsnes. Dette skjedde kring 1722, og det fekk mykje å seie for utviklinga på staden.

Veøykyrkja – ein fasit?

I åra 1701-03 var det stor-reparasjon av vestveggen på Veøykyrkja. Ved dette høvet vart det kjøpt 405 kg jarn «fra Grytten» til vegganker, boltar, band og stor og små spikar. Smeden smidde i vekesvis, og sjølv om det er gått meir enn 300 år sidan arbeidet vart gjort, er metervis med stongjarn synleg inne i kyrkja. Den som vil analysere innhaldet i det «berømte» kromjarnet frå Lesjaverk, kan reise til Veøya for å finne standarden. Sikrare kjelde skal ein leite lenge etter.



Veblungsnes. Veblungsnes først på 1800-talet. I 140 år var dette ein viktig stad for Lesja verk. Den store brygga t.h. (sjå pila) vart bygd og brukt av Verket. Kring 1722 kom det gjestgiveri på staden. (Foto Romsdalsmuseet)



Kart over nedre del av Romsdalen 1805. Gjestgiveriet på Veblungsnes er her markert med eit stort hus. Brua over Istra vart kosta av Verket i 1753-54, men enno så seint som 1805 var det «Ferjested» mellom Halså og Nora. (Kjelde Riksarkivet)



Dørhengslene («gongejarna») på storstabburet på Ner-Monsås er høgst rimeleg smidd av stongjarn frå Lesja. (Sjå side 212) (Foto Bjørn Austigard)

Svarvebenk – ein bordmodell

I Driva har lesarane ofte stilt spørsmålet: Kva er dette? og så er det vist fram eit bilde av noko «rart». Dette innlegget er svar på eit spørsmål som vart stilt i 1985. Det kjem noko seint, men eg trur det kan vere interessant likevel.


Søndag 24. mars 1985 bad Øksendal Bygdekvinnelag inn til stort selskap, og «dei kom kvinnesterke frå Gjøra, Romfo, Fale, Hov og Ålvundeid», skreiv Einar Sæter i Driva. I torsdagsavisa 28. mars 1985 skreiv han vidare: «Gamle ting er det mykje av i Øksendal. Det fekk vi sjå på den store utstillinga som var sist haust. No hadde komiteen henta fram 6 ting som festlyden skulle finne ut kva var. Det var faktisk dei som greidde alle. Ein 7-ande ting var det ingen som visste med sikkerhet kva var, men forslag som reiskap til å bøte eller binde fiskegarn var vel ikkje så vekk.»

Foto Einar Sæter 1985


Som ivrig lesar av Driva vart eg nysgjerrig på korleis denne ukjente tingen såg ut, så eg bad sjølvaste redaktør Einar Sæter ta nokre bilde for meg. Det gjorde han, men ikkje med ein gong. Svarkonvolutten er stempla 19.06.85, og då var hovudet mitt fylt med andre ting, men eg såg straks kva det var. Eg hadde nemleg sett tilsvarende reiskap på ei utstilling i Fræna i 1979. To bilde av Fræna-reiskapen stod på trykk i Driva 28. februar 1980. Eg fekk ikkje svar der og då, men eit år eller to etterpå vart eg sikker på at det var ein liten *dreiebenk* – ein bordmodell om du vil.

Alder og visdom

Det har no gått rundt 30 år sidan desse spørsmåla sist var oppe i Driva. Eg har støytt på denne reiskapen 8-10 gonger sidan oppslaget i Driva. I ei handverksutstilling på Romsdalsmuseet sørga eg for at bruken av reiskapen vart forklart.




Svarvebenken i bruk. Reima på bogen går rundt emnet, og når ein dreg bogen att og fram, roterer emnet. Frå ei handverksutstilling på Romsdalsmuseet. (Foto Bjørn Austigard)




Dreiebenken som var utstilt i Øksendalen i 1985, men som publikum ikkje visste kva var. (Foto Einar Sæter/Romsdalsmuseet)

Eg er no pensjonist på fjerde året, og mellom dei mange ting eg har tenkt å skrive om, er denne spesielle dreiebenk-typen. I Johan Meyers «Fortidskunst i Norges bygder. Sunndalen på

Møre» er det til og med ei teikning av reiskapen, og der står det «Svarvebenk – stedlig konstruksjon – drevet med hånd: Nu på Vestre Grødal i Sunndalen.» Å svarve er eit eldre ord for å *dreie*.



Pik og handtak. Litt defekt benk. Dei fleste eksemplara eg har sett, har ein jarnpik i eine enden og eit handtak i andre. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Svarvebenken som Meyer teikna på Vestre Grødal 1937, er liten og svært forseggjort. Johan Meyer skriv «stedlig konstruksjon» - kanskje hadde han ikkje sett noko liknande før? For metalldreing? Har det vore klokke­makar på garden?

Brukt mange stader

Steina-Jakob i Vikebukta var ein av dei som brukte ein slik benk. Ivar Brovold (1823-1910) skriv følgjande om denne mannen i boka si «Smaa­fortællinger og Sagn» (1904): «Han var vanfør og ungar­kar all sin dag. Han bodde på plassen 'Steinan' på Vikebukta og ernærte seg som dreier, men han hadde ikkje dreie­benk som

dreierne nåtildags, kun en simpel håndstol. Han holdt buen i venstre hånd og på denne var festet en skinnrem, som han la i kryss over emnet, han dreidde, og holdt jernet med høyre hånd, anlagt mot håndstolen. For Vestnes gamle kirke dreidde han en lysekroner av tre og forærte den dit, og den hang i kirken og bruktes til nykirken ble bygget.» (1872).

Det tok tid før oppklaringa kom, men etter å ha skrivt dette kjenner eg meg letta: eg har ikkje oppbevart bilde, utklipp, konvolutt og notat til fånyttas i alle desse åra.

Om vevstol og torvtak

I Driva den 15. november hadde eg eit bilde av to runde trehjul med ein stor tre-skrue i kvar. Då eg fekk svaret, vart eg inspirert til å skrive om noko anna også.

Eg hadde ikkje sett liknande «hjul» før, men ut frå forma og det faktum at «hjula» berre hadde vore brukt innadørs, tenkte eg meg at kanskje hadde dei noko med ein vevstol å gjere. Kva funksjon dei eventuelt skulle ha hatt, det visste eg ikkje.

Så ringte han Ola L. Løfaldli frå Rindala og lurte på om nokon hadde ringt før han, og det var det ikkje. For mange er det for langt borti telefonen til det. Han Ola og eg vart kjent med kvarandre i 1993 då han og han Jon Møkkelgård var på Romsdalsmuseet og la torvtak på ei høyløe. Etter det har vi møttest og prata nokre gonger, og tonen har allveg vore god. Han innleia telefonsamtalen med å seie at dette nok ikkje var hans fag, men så mykje visste han om desse «trehjula» at dei har tilhørt kontramarsjen på ein vevstol.

Så kom det fram at kona, ho Gunvor, gjekk på eit vevkurs med Bodil Korshamn for mange år sidan – 25 år kanskje. Dei forskjellige kursdeltakarane lånte med seg egne vevstolar, og ho Gunvor brukte vevstolen frå Trø'n, den som ho Marit, mor hans Ola, hadde med seg frå Romundstadbygda då ho gifta seg dit. På kurset vart vevstolen sett opp med kontramarsj, og det var slik at Gunvor og Ola kjente att hjula som det var bilde av i avisa.

Marit og Sigrid Romundstad

For å få meir sakkunnskap om vevinga og vevstolen, ringte eg Gunvor, og ho kunne fortelje at Marit Romundstad og søstera Sigrid var svært flinke med alt slags husflidsarbeid, og dei vov mykje saman. Sjølv vov ho Gunvor m.a. eit vestestoff, eit pledd og ein løpar på dette kurset, og dette er ting ho har glede av den dag i dag.



Eitt av «hjula» på vevstolen som Marit Romundstad tok med seg då ho gifta seg åt Trø'n. Dette utstyret vart sist bruk for ca. 25 år sidan. (Etter at dette stod på trykk, har fleire vevkyndige ringt meg om at dei har tilsvarende på vevstolane sine.) (Foto Marit Løfaldli)



Når det var torvtekkjardugnad rådde det streng ordning. Neverkaren som la nevra, stod høgst, medan dei på «stabben» - torvhaugen nede på jorda – var helst unggutar som ikkje hadde vore med før. På stillaset står Jon Møkkelgård t.v. og Ola Løfaldli. Vi som var der for å lære, var overalt. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Vevstolen er i dag i Trø'n, der ho Marit, dotter deira, har ansvaret for han.

Torvtak med never

Gammaldags torvtak er derimot Ola sitt «fag». Ein gong eg var på Rindal bygdemuseum, spurde eg Ola om han kunne tenkje seg å komme på Romsdalsmuseet og leggje torvtak på ei lita høyløe. Han sa «ja» med ein gong, og ikkje så lenge etterpå kom

Ola og Jon Møkkelgård saman med konene sine til Molde. Det var ein strålende solskinsdag, og det heile var lærerike timar og ei storarta oppleving. Ola viste korleis nevra skulle leggjast på rafta, ved torvhaldekrokane og oppover vindskiene for at vatnet ikkje skulle trenge inn. Han lærte oss nemningar og arbeidsmåtar eg seinare har hatt stor glede og nytte av.



Det er viktig at torva blir lagt rett. God torv må til. Det er den som held nevra på plass. På taket: Jon Møkkelgård, Lyder Hesthol og Ola L. Løfaldli. På stillaset: Håkon Tofte. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Læremeisterane Ola L. Løfaldli og Jon Møkkelgård i ein pause i finvêret. Dei hadde lagt gammaldags torvtak før. Det var deira «fag». (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Gamle vadmålsstamper



Frå Litl-Fale i 1950-åra. Kverna (nærast), stampa (stamphuset) med vasshjulet og tørstua/badstua i bakgrunnen er som ein lite industrianlegg. Sunndal museumslag eig stampa medan Driva kraftverk eig dei andre husa. Bildet er teke av kontorsjef Jon Bjordal, Molde, ein gong han stoppa i staden for å kjøre forbi. (Foto Romsdalsmuseet)

På Litl-Fale i Sunndalen står det ei gammal vadmålsstampe. For 120 år sidan var mange slike stamper enno i bruk, men sist på 1800-talet kom ullvarefabrikkane og tok over både spinning, veving, farging og stamping. Etter kvart minka det av med folk som gjekk i heimlaga vadmålsklede, og stampene forfall.

Kor lenge stampa på Litl-Fale var i bruk, veit eg ikkje, men Sunndal museumslag sikra seg stampehuset med inventar etter krigen. I 1977-78 hadde eg ei registrering av gamle vadmålsstamper i Romsdal, og etter

at gammalt folk hadde fått tenkt seg om, kom talet på slike stamper opp i over 30. I tillegg til dei tradisjonelle klesstampene, fanst det *beinstamper* som knuste bein, og *fellbereiarstamper* som fellbereiarar og skinnfellmakarar brukte i sitt arbeid.


3 km med vadmål

Stamparane førte protokoll over arbeidet dei gjorde. Vevane vart oppmålte i alner, og vanleg pris for stampinga i 1880-åra var 3 eller 3 1/3 øre pr. alen. I ein bevart stampeprotokoll frå Vågstranda for åra 1882-1904 går det fram at i 1882 vart det stampa

5046 alner, altså over 3 km. Stampinga vart gjort frå ca. 17. mai til ca. 20. juni kvart år. Dette var gunstig tidspunkt av to grunnar: Det var vårflaum i elver og bekker, og i håbol-la hadde dei tid til slikt arbeid. For den som orka å halde på med dette kjedelege arbeidet, var det ei god attinntekt: 5046 alner x 3,33 øre pr. alen = kr 168,-. Vanleg arbeidsløn på den tida var 80 øre til 1,- krone pr. dag. Det vil sei at stamparen i Våge hadde ei godtgjersle som tilsvara 5 månadsverk dei 4-5 vekene arbeidet stod på. Men det må då seiast at stampinga pågjekk både natt og dag.



Bård Bergseth (1895-1980) såg at det vart stampa på Sletta, Nerland i Vistdalen i 1902. (Foto Romsdalsmuseet)



Interiør frå ei stampe. Vadmålet vart lagt i «bryer» i den uthola stokken nede til venstre. Litt heitt vatn måtte til. For kvar brye var det to «kolvar» som skiftevis vart løfta opp og datt ned på vadmålsveven i brya. Bak t.h. ligg hjulåsen som løftar kolvane. Eit vasshjul driv hjulåsen rundt. (Illustrasjon: Jasvoll-stampa frå Stordal)



Gammel Pe og Gammel Jo Meringdal.

Solide vadmålsklede. Peder Pedersen Meringdal (1834-1917) «Gammel-Pe» og John Pedersen Meringdal «Gammel-Jo» (1831-1921) i solide vadmålsklede fotografert av Otto Jæger kring 1915. (Foto Romsdalsmuseet)

Ni stamper i Nesset

Eg har fått greie på ni stamper i Nesset, men ikkje alle var i bruk samstundes. Det var berre sjeldan at stampinga gjekk i arv frå far til son. Arbeidet var ei tolmodsprøve, jamfør uttrykket at «noko står i stampe», og eg trur at yngre generasjonar vegra seg for å ta over. Elles var ikkje alle



Stampelåven på Horne (Hände) i Eresfjorden 1957. Her vart det både kvern og stampe i same huset, men dei slutta å ta mot vadmålsvevar i 1890-åra. (Meir om stamper og stamping i Romsdal står i Romsdal sogelag, årsskrift 1978). (Foto Ola H. Øverås/Romsdalsmuseet)

stamper like gode, og ikkje alle stamparar like tolmodige.

I Nesset har eg registrert 2 stamper i Vistdalen, 2 i Eresfjorden, 1 på Boggestranda, 3 i Eidsvågen og 1 på Tjelle. Jakob Bekken på Vorpeneset og Knut Lindhjem kalla seg fargarar, men det er utenkjeleg at dei ikkje også hadde stampe.

«... mange vever på Tørkevollen»

På Nerland i Vistdalen var det to stamper. Bård Bergseth (1895-1980) minstest stampa på Sletta i 1902. I eit brev til meg i 1977 skriv Bård m.a.: «Kan huske at jeg var til Sletta og hentet en liten vev for min bestemor.

Det var en solvarm forsommerdag. Og da var det utrullet mange vever på Tørkevollen, og utenfor stampa var det en jerngryte med varmt vann til bruk under stampingen. Det var en opplevelse for meg 'guttepeiken' å se disse stakkene som hoppet opp og ned og stampet tøyet. Det var et minne for livet. ... Men den var ikke i bruk lenge etterpå, da vasshjulet ramlet sammen og det andre var vel også slitt.»

Meir enn hundre år er gått. Stampa på Litl-Fale er kanskje den einaste bevarte vadmålsstampa i fylket vår. Dei siste åra er det laga nokre rekonstruksjonar, men det er liksom ikkje det same.

Minne frå sløyden

Den tida det var sløyd på skulen, då var det liv. Skul-stua var rein-ska for pultar og inn kom høvelbenker og kasser med verkty. Det var kamp om å få tak i dei nyaste benkene og dei minst brukte høvelane. Det var også viktig å få seg ein plass attmed ein vegg. Der stod høvelbenken stødigare enn midt på golvet.

Når eg meir enn 50 år etterpå tenkjer på desse «oppstartingscenene», kan eg ikkje la vere å samanlikne dei med naturscener på fjernsynet der store flokkar med sjøfuglar skal sikre seg reirplass på eit avgrensa område. Dei slæst om plassen og «stel» byggjematerialar frå kvarandre.

Lærerikt og artig

Sløyd var artig og sløyd var viktig. Eg er nokså sikker på at eg deltok på fire sløydkurs på folkeskulen, to på Eikesdal skule og to i ungdomshuskjellaren «uti Fjorda». Og la det vere sagt med ein gong: eg lærte noko på alle kursa! Det gjeld både på handsverksmessige og mellommenneskeleg plan. På alle kursa laga eg noko som framleis er i bruk (i alle fall ser eg på det av og til), men det viktigaste var at vi i ung alder fekk øving i å sage slik at «halve streket stod att», høvle ned til eit ripmotstrek, merke, tappe, sinke, grade osv. under kyndig rettleiing. Alt første året laga eg meg erterpistol – liksom (nesten) alle andre. Vi hadde ikkje lov, men vi gjorde det i friminutta når han Helde ikkje såg det. Å lage pistol var lærerikt det, det skal eg fortelje deg! Å bore eit 12-15 cm langt pistolløp med sentrumsbor og borvinde – utan å bore inni høvelbenken - det er ikkje for amatørar. Her skaffa vi oss erfaring som vi har hatt nytte av resten av livet. Eg vil likevel ikkje gå nærare inn på korleis pistolane elles såg ut, ettersom «svake sjeler» kan studere framgangsmåten vår og dermed ta skade av det.



Sløydtid på Myklebostad skule i 1962-63. Det var ingen som kom for å fotografere oss når vi hadde sløyd. Ved glasrekka står f.v.: Arvid Nerland, Ole Sandnes, lærar Kristian Myklebostad og Malvin Bugge. På rekke 2 ser vi: Olav Hanset, Per Hanset, Gunnar Bugge og Kjell Nerland. På rekke nærast fotografen: Audun H. Nerland, Oddbjørn Hagen og Inge Nerland. For å få med ansikta på gutane, står alle oppstilte på feil side av høvelbenken, men dei har nok halde på ei stund, for det er mykje fløy på golvet. Takk til Einar Nerland som har lånt ut bildet.

Sverre Nesset og Helge Bugge

På det andre sløydkurset eg var på (1957), kom han Sverre Nesset og han Helge Bugge og deltok. Dei budde i Austigard hos oss, og dei tre vekene vi var saman på sløyden og i fritida, gav oss vennskap for livet. Ein eldre mann «rista på hauge» og sa at det var no vel mykje betre at «bauggingan gjekk nedpå verkste'e hass Ingvald og lerte seg snekking» i staden for å «ga på sløyd» oppi Eikesdalen.

Forstyrrende motordur

Dei to neste åra var vi så få gutar att i Eikesdalen at vi måtte uti Eresfjorden for å ha sløyd der. Vi budde hos andre for første gong i vårt liv, men vi hadde det bra og likte oss godt. Sterkaste minna knyter seg til smia til Rød-karane som var næraste granar til Ungdomshuset. Svake, motorinteresserte sjeler hadde lett for å misse «fokus» på sløydarbeidet når dei høyrde motordur! Eitt år hadde vi læraren vår, John Helde, som

sløydlærer også i Eresfjorden. Sportsinteressert som han var, arrangerte han stille lengde i eit friminutt. Han ville vel sjå kven som var best «tå fjordingå og dalingå». Dei fleste av oss gjorde sitt beste med unnatak av ein. Då fall følgjande kommentar: «Dette var altfor dårleg av ein frisvolling!»

Rutebåten på Nauste

Eit minne for livet frå desse sløydopphalda i Eresfjorden var då vi i 7-tida sykla ned til Nauste for å sjå at rutebåten frå Molde kom med folk, varer og post. Det var livfullt. Mange møtte opp, og ein del vaksne gjorde seg så god tid at postopnar Einar Strand fekk sortert ferdig posten og dei på den måten fekk med seg noko heim.

KULTURMINNE OG TURMÅL



Ålvundeid-boka og lòa på Flå



Lòa på Flå slik ho stod før rivinga i 1952. Den 72 alner lange bygningen vart bygd av Peder Andersen Hjelden (byggmeister), Erik Mosbønes, Sivert Larsen Engen (seinare Åfarplads), Ola Matissen Rabben (seinare Hjelltrøa under Flå), Lars Eriksen Husbyløggen, Paul Joramo og Lars O. Gravanæs med fleire våren og sommaren 1850. Romsdalsmuseet kjøpte 19 av 44 m av den delen som er lengst borte frå fotografen. Litt ekstra tømmer vart også med. (Foto Romsdalsmuseet)

Eg har nettopp fått ei ny bygdebok i handa. «Ålvundeid. Folk og heimar frå Almskår til Innerdal 1900-2010» heiter boka, og det er Asbjørn Bakken som har formidla boka til meg. Ivar Seljedal si bygdebok (bind 5) har berre med første delen av 1900-talet, og dette er ei vidareføring fram til 2010.

Generelt sett er eg litt for dårleg kjent på Ålvundeidet til å melde boka, men så mykje ser eg, at redaksjonen har gått systematisk fram. Først står ein omtale av kvart gards- eller bruksnamn med ulike gamle skriveformer og lokale uttalar. Etter eit oversyn over eigarane og folket på garden/bruket i året 1900, kjem den slektshistoriske delen av boka. Til slutt står gardssoga med opplysningar om husdyr, avlingar, hus og mangt anna. Odin Hals, som har vore redaktør for boka, har gjort eit solid arbeid. Hans mange referansar til Seljedal og andre bøker, er eksemplarisk, og hans opplysningar om



Tunet på Flå sett mot sør. I venstre bildekant ser vi innover Sunndalsfjorden. Det er den bortaste enden av lòa som utgjer Gildehallen på Romsdalsmuseet. (Foto Romsdalsmuseet)



Sperra som Ola Rabben tok borken av til borkabrød, er glatt i veden. Alle dei andre ber merke etter øks. (Foto Bjørn Austigard)

kven som er kjelde for kvar gard/bruk, viser kor grundig han har vore. Det same kan også seiast om bilda og bildetekstene.

Munnleg tradisjon

Mykje av det som står i Ålvundeid-boka er munnleg tradisjon som er samla av bokstyret. Det er prisverdige. Ei folketteljing kan hentast fram når ein vil, men det som har vore fortalt, kan ikkje takast fram 10 eller 50 år etter at det var sagt, utan at det har vorte skrive ned. Eg vil no gje eit døme på dette.

Løa på Flå

Flå er den første garden som er omtala i boka. Der står det m.a. at «1/3 av gammelfjøset er ein del av Gildehallen på Romsdalsmuseet». At ein nordmørsfjøs hamna på museum i Molde er kanskje litt overraskande, men forklaringa er grei nok. I styret for Romsdalsmuseet sat fylkesagronom O.G.J. Rangnes, og heile styret hadde i oppdrag å sjå etter ein høvelleg «festsal». Våren 1947 var Rangnes på Flå for å planlegge ny driftsbyg-

ning, og då han stod i trøskarlåven og såg mot kornløa skal han ha sagt: «Her er festsalen vi leitar etter.» Arkitekt Jon O. Villa som også sat i styret, laga den første skissa alt den 20.6.1947.

For å gjere ei lang historie kort, flytting og gjenreising vart gjort i 1952-53. Den 5. mai starta rivinga. Ein kranbåt plukka opp tømmerstokkane etter kvart som dei kom på sjøen. Her var ikkje veg må vite. To turar med tømmer over Hustadvika måtte til.

Gildehallen på Romsdalsmuseet

Gjenreisinga var eit omfattande arbeid, og hallen/festsalen med kjøkken var ikkje ferdig før i 1954. Einar O. Flå fortalde meg at han såg inn i Gildehallen første gongen under det store landsmøtet i Norges Bondelag i Molde 19.-20. juni 1954, og det skulle gå 31 år før han kom attende neste gongen. Det var sommaren 1985, og då hadde han med seg Marit Skulbru, dotter si, for å sjå og oppleve. På veg inn gjennom dørene sa han: «Eg er spent på om eg finn att



Bumerke frå Flå? Denne stokkenden vart med på flyttelasset, men Einar O. Flå hadde ikkje registrert dette merket andre stader på garden. MNSF står det. (Foto Romsdalsmuseet)

den sperra som husmann Ola Matisen Rabba på Grytnesa bad om å ta tå borken slik at han kunne å få lage borkabrød til seg (i 1850).»

Einar O. Flå hugsar kvar sperra var, frå den gongen løa stod på garden hans. Sperra er på same plass i dag, og ho er eit vitnemål frå ei anna tid. Hadde ikkje den aldrande mannen eg hadde med meg den gongen fortalt meg dette, hadde vi vore eit kulturminne fattigare. Takk til Marit og Einar O. Flå som kom på besøk!

Med teikneblokk gjennom Sunndalen



Nils Sletbak, Oslo:

Vi ser mot dampskipsbrygga og ekspedisjonen. Frå brygga går det veg opp mellom forretningslokalet til Sivert Husby (t.v.) og skyss-stasjonen (t.h.). – Ved «Donderhoppen» samlast folk når dampen kom, mest kvinner. Og folk ovafrå bygden kunne få det til at «ne-på Ørn dreiv døm bære å skora veigjin.» Så lite skulle det til for å skapa «underholdning» i eit einsleg miljø.

Serien «Gammalt og nytt» har no gått kvar fredag i eit halvt år, og det kan høve med litt agurk-stoff på tampen (av juni 2011). No er det høgsommar, og eg takkar for meg – i alle fall i denne omgang. Innhaldet i «sommaravisene» er gjerne litt annleis enn resten av året.

Utlendingar på tur

Utalandske turistar kom i hopetal til dette eksotiske fylket vårt alt på

Bjarne Sundstrøm og Leif Bjørbekk:

På gamle Øra, til venstre dampskips ekspedisjonen med kai, i forgrunnen til venstre en båt liggende ved Storvoren, vidare to hus, åpningen der det står en kvinne, går gjennom Olaus Vennevolds forretningsgård, andre etasje kaltes Dunderhoppen. Helt til høgre i bildet har vi et snitt av Bjørbæks hus med det karakteristiske utbygget for opphiving og inntaking av varer.

1800-talet, og takka vere dei har vi reiseskildringar, fotografi og teikningar frå mange av bygdene våre. Ekteparet Beatrix og Nico Jungman kom via Trondheim, Rennebu og Oppdal til Sunndalen like etter år 1900. Beatrix skreiv ned opplevingane sine frå turen, medan Nico teikna noko av det han såg. I 1905 vart det bok av det, «Norway», trykt april 1905. Teikningane gjorde inntrykk på meg alt første gongen eg bladde i boka,

Erling Innvik:

Skissa er fra den såkalte Strandgata på gamle Sunndalsøra og viser pakkhuset og dampskips ekspedisjonen, «Donderhoppen» med porten som tilhørte Wennevold og hjørnet av Bjørbæks brygge.

og eg tenkte at dette vil også sunndalingane like å sjå. Kanskje var det nokon som visste noko om det Jungman hadde teikna?

Kjentmannskonkurranse i Driva


Den 22. desember 1979 sette gammelredaktøren, Einar Sæter, ein heil serie med Jungman-teikningar frå Sunndalen inn i Driva. Sæter laga ein konkurranse av det heile, og «debatten» varde heilt til 22. januar



året etter. Det som vart skrivi den gongen er no gløymt av dei aller fleste, dessutan var bilda trykte berre i svart/kvitt i 1979. Noko av varmen i originalteikningane kom bort, men dette skal vi bøte på no. Eg lét kommentarane frå den gongen stå som bildetekst under kvart av bilda.

Bjarne Sundstrøm og Leif Bjørbekk:

Bolighuset som tilhørte i den tid Anders Stenersen, var senere, bolighus for Jon Erstad mens han forpaktet Aurajordene i mellomkrigsåra. I forgrunnen garnstenger til tork og er par «kraker» (anker av tre med stein inni) – og helt til høgre garn-iler.»




Erling Innvik:

Dette bildet er klart fra gamle Sunndalsøra med Kaldfonna ruvende mellom Kaldkjinn og Hovsnebb. Tegneren har sin «stand» på den gamle dampskipskaia. Huset nærmest fjellet (Hesthammeren) Erik «Berja» Ingebrigtsen og naustene vidare fra venstre: Anders Aaker, C. Toresen, E. Bjørbæk, Peder Einen og Lars Husby (senere Sivert Husby). Bak Bjørbæks naust er huset til min bestefar Anders Stenersen og forlengelsen er huset til Ane Botna.»



Ei kvinne sat og spann då ekteparet Jungman var på Sunndalsøra. Er det ein Fuglvågrock?



Erling Nisja, Jon Nisja og Øyvind Liahjell:

Etter fleire forslag slår desse karane fast den 22. januar 1980: «Dette er uthuset på garden hans Peder Vik på Gjøra med Gravemslia i bakgrunnen.»




Løa på Gjøra fotografert over hundre år etterpå. No er hestevandringa borte. (Foto Bjørn Austigard 2011)



Nils Sletbak meinte dette var ein ferjestad ved Gjøra. Eikje ligg på elvabradden. Erling og Jon Nisja kom han til hjelp, og Einar Sæter oppsummerte det slik den 22.01.1980: «Det er husmannsplassen Saghaugen under bruket Gjøra. Ein måtte ro over elva for å koma til Saghaugen og elles til Grytlykkja der Erling Nisja bur i dag.»

Ein «Norsk attraksjon»?



Den innhogde minneplata på Godtemplarhammaren slik ho stod der frå 1959 til januar 2012. Bersvein Leirvoll sitt barnebarn, Torunn, poserer 1981. (Foto Bjørn Magne Øverås)

Når Linda Eide på NRK 1 får tak i ei sak, kan det meste bli interessant. Lite påakta minnesmerke blir med hennar framstilling fort omgjort til reine attraksjonar.

I den saga vi her skal fortelje, var det ikkje den grilldress-kledde dama frå Voss som fekk attraksjonen fram i lyset, men derimot orkandama «Dagmar».

Bakgrunn

I 1900 vart det bygd veg langs stranda frå Eresfjorden til Hagbøen på Boggestranda. Dette var ei storhending, og bygdefolket i båe endar av vegen ville feire at dei kunne møtast utan å bruke båt. Foreningslivet stod sterkt på bygdene den gongen, og Det norske Totalavholdsselskap (DNT) på Boggestranda og Godtemplarane (IOGT) i Eresfjorden be-

stemte seg for å gå kvarandre i møte på nyvegen. Dei valde avholdsfolkets demonstrasjonsdag, 3. søndag i juni, som møtedag. Søndag 17. juni 1900 var ein strålende sommardag, og folk møtte mannjamt opp. Dei møttest på Rotneset mellom Breivikhjellen og Godvika, og der heldt dei eit minneverdig stemne på ein stad ingen hadde samlast før.

Minnesmerke frå 1900

Iver S. Bugge (1838-1902) – snekkar og kyrkjebyggar frå Trøa på Ut-Bogge – var så opprømt over det han hadde vore med på, at han gjekk attende til stemnestaden og hogg inn ei minneplata i eit glatt svaberg. Tanken var vel at merket skulle stå til evig tid, men etter to generasjonar med ferdslar etter vegen, måtte det ei utviding til. Den 10. februar 1959 vart svaberget med minneplata


sprengt i filler av 400 kg med dynamitt. Før det small, teikna vegarbeidar Ragnvald Hagbø (1902-1975) av minnesmerket og hogg ein litt fri kopi inn på eit anna svaberg.

«Godtemplarhammaren»

Til saman har dei to minnesmerka stått der i snart 112 år, men det har vore ei godt bevart hemmelegheit for folk flest. Hammaren har likevel gått under namnet «Godtemplarhammaren», sjølv om dei færraste har visst kvifor. Den som fekk merket og bakgrunnen for innhoggingane fram i lyset, var godtemplaren Bersvein Leirvoll (1905-1983). I Romsdal sogelags årsskrift 1981 skreiv han ein liten artikkel om stemnet, og etter den tid har underteikna stoppa mang ein busslast med turistar og vist fram attraksjonen til stor forundring.



Godtemplarhammaren 1959. Her har Wesley Stokkeland, Steinar Ansnes og ein ukjent (bak stoppa for å studere merket. Vegen forbi denne hammaren var uoversiktleg, og med auka trafikk vart det risikabelt å stoppe her. (Foto utlånt av Olav Anders Aasen/Romsdalsmuseet)



Det opphavlege merket frå 1900. Der var det to DNT-skjold og berre eitt IOGT-merke. Etter at flyttinga var gjort og artikkelen var trykt, kom det for ein dag at det var DNT-lag både på Boggestranda og i Eresfjorden, men IOGT hadde lag berre i Eresfjorden.



Skadane etter uvêret «Dagmar»

Så kom ho «Dagmar» i jula 2011, og «ho» gjorde stor skade på den 112 år gamle vegen langs etter stranda. Grov fyllmasse måtte til i utbetningsarbeidet, og uvitande om Godtemplarhammaren si godt bevarte hemelegheit, starta Vegvesenet sprengingsarbeidet nettopp der. På den måten slo dei to fluger i ein smekk: Eit trongt parti av vegen vart utvida, og samtidig fekk ein svært kortreist fyllmasse av god kvalitet. Men då Per Brandli og hans stab i Vegvesenet fekk greie på kulturminnet, skaut dei hammaren med merket pietetsfullt og forsiktig ut i eitt stykke og kjørte det til rasteplassen ved Godvika. Honnør til Vegvesenet!



To norske attraksjonar?

Søndag 17. juni 2012 – på 112-årsdagen for stemnet – skal merket stå opp att som Fugl Fønix, og er vi heldige, kjem kanskje ho Linda Eide også, slik at det blir to attraksjonar på rasteplassen ved Godvika den dagen. Følg med! som Linda seier. (– Men ho Linda kom ikkje!)

Svensli & Sønner tok ingen sjansar då steinblokka med minneplata skulle skytast laus. (Foto Søren Høj)

Den «nye» godtemplarhammaren



Sentrale aktørar i prosjektet: f.v. Sverre Nettet og Rune Nettet frå Nettet Bygg som har sett opp minnesteinen, Turid Øverås frå Nettet kommune, Per Brandli, prosjektleiar for både vegen og minnesmerket, ordførar Rolf Jonas Hurlen, pådrivar Bjørn Austigard frå IOGT, Eivind Hasle som tala om tida kring 1900, og Jostein Ukkelberg, leiar i DNT – Molde og omegn avholdslag. (Foto Bjørn Magne Øverås)

Søndag den 17. juni 2012 vart den «nye» Godtemplarhammaren høgtideleg avduka på rasteplassen i Godvika på fylkesvegen mellom Boggestranda og Eresfjorden. Dermed er eit litt uvanleg kulturminne lett tilgjengeleg for publikum. Seremonien starta med trompetfanfare, og sjølv avdukinga vart gjort av ordførar Rolf Jonas Hurlen med meir enn 100 personar til stades.

Gammalt og nytt

Denne serien har tittelen «Gammalt og nytt», og sjeldan høver overskrifta betre enn ved dette tilfellet. Det heile starta søndag den 17. juni 1900 med at IOGT-losjen i Eresfjorden og DNT-laget på Bogge gjekk kvarandre i møte på *den nyopna vegen langs fjorden*. Der dei møttest, heldt dei eit stemne. Dette var så stor ei hending den gongen at det etterpå vart hogge inn ei minneplate i ein berghammar der dei to organisasjonsmerka og



Minnesteinen var innhylla med IOGT sitt flagg. Bjørn Austigard hjelpte ordførar Hurlen med avdukinga. Bak t.h.: Fanfare-blåsarane Kristin Hurlen og Jenny Meringdal. (Foto Jostein Ukkelberg)

datoen for stemnet, var med. Denne staden har i ettertida vore omtala som *Godtemplarhammaren*.

I 1959 gjekk heile hammaren tapt under ei vegutviding, men på

ein annan bergvegg like ved hogg vegarbeidar Ragnvald Hagbø inn ein tilnærma kopi av den første minneplata. Slik «levde» Godtemplarhammaren vidare, heilt til nyåret i



DNT stilte med to gamle faner, her vist fram av Jostein Solbakken, Knut Hovland og Jostein Ukkelberg. (Foto Anne Marie Ukkelberg)



Publikum kosa seg under det humørfylte arrangementet på parkeringsplassen i Godvika. (Foto Jostein Ukkelberg)

år. Da vart det brått aktuelt å skyte ut meir fjell for å utbetre skadane på fylkesveg 660 innover stranda mot Eresfjorden. «Juleorkanen» Dagmar hadde nemleg sett sine spor i vegkanten mot sjøen. Ved å ta stein frå Godtemplarhammaren ville det bli kortkjørt masse til vegen, pluss at det ville bli ein uoversiktleg sving mindre på vegen.

Samarbeid

Så snart prosjekleiar Per Brandli og hans folk vart gjort merksame på at dei var i ferd med øydelegge eit kulturminne, tende dei på ideen om ein redningsaksjon. IOGT ved Bjørn Austigard var kanskje den sterkaste pådrivaren. Dei lykkast med å sprengje ut hammaren i eitt stykke, og denne steinblokka, med innhoggen

informasjonstekst på baksida, står no på ein fint mura sokkel på den store rasteplassen like ved.

Avduking på 112-årsdagen

Nøyaktig på dagen 112 år etter det første stemnet vart minnesteinen avduka i nærvær av over 100 fram-møtte. Heile «redningsaksjonen» og avdukinga var eit samarbeidsprosjekt for dei lokale avdelingane av IOGT og DNT, Vegvesenet og Nesset kommune, og resultatet vart faktisk betre enn ein i utgangspunktet kunne sjå for seg. Det var talar av Eivind Hasle, Bjørn Austigard, Per Brandli og Jostein Ukkelberg, og mange godord vart sagt. IOGT stilte med Godtemplarflagget, DNT hadde med seg gamle, flotte faner, og Ola Sigmund Kvernberg kom med veteranbuss. Per Brandli rosa det gode samarbeidet som hadde vore mellom foreningane, kommunen, grunneigarane og entreprenørane. Eit vinn-vinn-prosjekt kalla han det.



Prosjektleiar i Statens Vegvesen, Per Brandli, heldt tale etter avdukinga. Utan hans og Vegvesenets interesse for saka, ville prosjektet knapt ha vore gjennomførbart. (Foto Jostein Ukkelberg)



På baksida av minnesteinen står kortversjonen av historia om Godtemplarhammaren. (Foto Bjørn Austigard)

Gravhaugan' hans Parelius



Nils Parelius noterer fakta om ei 35 m lang røys ved Jendemssjøen 18. august 1968. (Foto Ludvig Parelius/Romsdalsmuseet)

Dette uttrykket har eg høyrst sagt mange gonger. Dei som har sagt det, har nok ikkje meint det bokstaveleg, men det er ein måte å fortelje at dei omtala gravhaugane er registrerte av Nils Parelius.

Den 24. mai 2012 er det 100 år sidan Nils Parelius vart fødd, og det er all grunn til å minnst denne heidersmannen for alt det ueigennyttige arbeidet han gjorde for kulturen vår.

«Kjent mann i lokalsamfunnet»

Nils Parelius var fødd i Molde i 1912 og budde her til 1923. Etter skolegang i Ålesund og jus-studium i Oslo, arbeidde han fleire stader i landet. Frå november 1943 sat han som fange på Grini på grunn av illegalt arbeid. Erfaringane frå krigen og rettsoppgjeret gjorde sitt til at han interesserte seg for stafferett, og i 1949 vart han utnemnd til statsad-



På Langneset på Jendem vart det registrert fem røysar. Røys 4 og 5 var bae 9-10 m i tverrmål. (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)

vokat i Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane. Han kom til Molde for å bli verande, for som han sa ein gong:

«Det er bedre å være en kjent mann i lokalsamfunnet enn å være bort-gjemt i en storby.»



Dei restaurerte gravrøysene på Male er godt synlege frå vegen.
(Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)



Nils Parelius og byingeniør Arild Waagbø på befarung på Indre Årø. Då denne store gravhaugen stod i fare for å bli fjerna under flyplassbygginga, brukte Parelius all si kløkt for å redde dette kulturminnet, og han lykkast. No kan flyplassen feire 40 år, og gravhaugen ligg der som før. (Foto Romsdal Folkeblad 1970/Romsdalsmuseet)

Kulturvernaren

Historie og kulturvern opptok Parelius livet ut. Han var såleis formann i Romsdal sogelag frå 1958 til 1984 og redaktør/medredaktør for Årsskriftet frå 1953 til 1994. Talet på foreningar og lag der han var medlem, - og gjerne styremedlem -, var nærast endelaust. Han var ein ivrig speidar og kulturmann, og kombinasjonen reise og kulturminne var som hand i hanske for han. Han var då også æresmedlem i «Kjenn ditt land». Han døydde 3. april 1995, og det tok då mange månader før alle medlemskap var avvikla.

Registratoren

Romsdal kulturvern vart stifta i 1959 med Nils Parelius som formann og Per Amdam som sekretær. Med dette organet i ryggen gjekk Nils Parelius i gang med å registrere oldtidsminne i Fræna kommune i 1963, og han gav seg ikkje med det. Han heldt fram med registreringar i kommunane Aukra, Midsund og Sandøy i åra etterpå, og til saman utgjer dei trykte rapportane hans meir enn 500 sider. Seinare kom delar av dei andre romsdalskommunane også med. Han hadde ei eiga evne til å få med seg ungdom i dette registrerings-



Sigurd Heiervang ved ein nedfallen bautastein ved Bud 20. september 1964. Parelius hadde stor sans for å involvere barn og ungdom i registreringsarbeidet sitt. (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)

arbeidet, og «speidarguten» i han var levande til det siste. Alt det ikkje-trykte innsamlingsarbeidet hans i form av notat, oppmålingar, skisser, kart, foto (og filmar) m.m. er bevart i Romsdalsarkivet. Det var naturleg å plassere det der, ettersom det var han sjølv som var initiativtakar til dette arkivet i 1968.

Fredsæl kjempar

Nils Parelius var ein fredsæl mann, men då han oppdaga at gravrøysene på Male (Hustad) var fjerna, sørga han for at dei vart restaurert, og då den store gravhaugen på Indre Årø var i ferd med å gå tapt under flyplassbygginga i 1970, «lyktes (det) Molde kommunale kulturvern å få beslutningen omgjort, slik at haugen kan bli liggende. Den hører til de mest ruvende oldtidsminner i Romsdal og er blant de ytterst få bevarte gravminner på Fannestranda», skriv han i 1971. Molde kommunale kulturvern og Nils Parelius var ei og same sak den gongen.

Kor mange oldtidsminne han registrerte, veit vel ingen, men «gravhaugan' hans Parelius» blir det tatt omsyn til på mangt eit planleggingskontor rundt om i kommunane.

Storfolk i fjell (Eit bidrag i agurktida)



Postkort frå ca. 1914. Bildet viser Utigard i Eikesdalen med Bjørnsonalmen. Oppe i fjellsida er eit typisk portrett lagt inn, og dette kan ha gjort sitt til at profilen i Hoemtinden vart «oppdaga». (Postkortet er spegelvendt) (Foto Romsdalsmuseet)

Når kongelege fer på tur, set dei ofte merke etter seg. Ein signatur, eit årstal eller ei minneplate er vanlege spor eller merke etter storfolk som har vore på staden og fare forbi.

Kongelege

I Eikesdalen har det visst vore kongelege personar berre éin gong. Det var i 1924 då den nederlandske dronninga Wilhelmina og dottera Juliana var der med eit stort følgje. Alle eikesdalingar som hadde tid til det, møtte opp på kaia, og det var salutt då dei kongelege steig i land. Konkrete minnesmerke finst visst ikkje etter besøket, men ho Kari Kvernberg (f. Utigard 1915), har i begeistra ordelag skrive om hendinga og dermed sikra eit immaterielt kulturminne.


Kong Oscar II kom med båt til Nauste i juli 1896. Han fekk heste-



Slik såg DS Eikesdal, Eikesdalsvatnet og Hoemtinden (oppe t.v.) ut i 1940-åra. Litt fantasi må til for å sjå den liggande diktarprofilen. (Foto Romsdalsmuseet)

skysst til Øverås, og då han kom dit, salutterte Jo Meringdal med tre skot i Storhammaren. Etterpå snudde

kongen i regnvêret, og dei beste «kulturspora» etter turen er nokre fotografi og ein signatur i skyspboka på Nauste.



Bjørnson-likskapet er i grunnen stor når ein berre veit kva ein skal sjå etter. (Foto Romsdalsmuseet)



«Dronningportrettet» oppi Seteraksla t.h. for fotografiet. Den unge Victoria er lett synleg i bergveggen frå Litlvatnet. Kanskje var det ein engelsk sportsfiskar som oppdaga dronninga først? (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

Bjørnsonprofilen

Ei veke etter at kong Oscar II besøkte Eresfjorden, kom sjølvaste Bjørnson med følgje til Eikesdalen. Det var sonen Einar og kona Elsbeth som var på bryllaupsreise, men dei hadde eit ønske om at dikteren og ho Karoline også skulle vere med, og slik vart det. Skyssboka viser at dei kom til Nausteden 30. juli 1896, og turen vidare



Nissen i Sjøvdøla er lett kjenneleg med topphua si. Han ber på noko framfor seg heile våren og forsommaren. (Foto Henning Austigard 2014)

er lett å følge på fotografi som Einar Bjørnson tok etter kvart som dei fór fram. I Utigard i Eikesdalen stilte han opp foreldra ved Bjørnsonalmen «under hvis Grene ...han skrev Arne» og tok eit (uklart) bilde av dei. Knappt 20 år seinare vart det laga eit postkort av Bjørnsonalmen med eit (godt) portrett av dikteren innfelt. Etter at dette kortet (spegelvendt riktig nok) kom på marknaden, tok det ikkje lang tid før dei fann bjørnsonprofilen i Hoemtinden. Samanlikninga er etter mitt syn slående.

Den første som skriv om dikterprofilen i tinderekka, er den svenske biskopen John Cullberg i 1947. Han var på bispevisitas saman med Arne Fjellbu, og han fortel at bygdefolket viste stor iver etter å vise han profilen. Eg har sjølv forklart dette til folk mange gonger. Somme ser likskapet straks, medan andre stiller seg tvilande. For å hjelpe dei vantru har eg fått Johnny Bratseth til å plassere profilen på bildet og i fjellet ved sida av kvarandre, slik at folk skal sjå at her er det ikkje berre laust prat.

Dronning Victoria

Kven som oppdaga portrettet av dronning Victoria oppunder Seteraksla, veit eg ikkje, men eitt er sikkert: ho besøkte aldri Eikesdalen. Ingen eikesdaling besøkte Victoria heller. Ho var dronning i det britiske imperiet frå 1837 til 1901, men i andre halvdel av denne perioden var det mange engelskmenn som besøkte Eikesdalen. Fleire av dei jakta og fiska med liv og lyst saman med bygdefolket, og kanskje var det ein av desse som oppdaga at dronning Victoria heng på fjellveggen oppunder Seteraksla? Ho er verdt eit besøk!

Frå Litldalen 1940-41



Frå Dalaråa. Nærast bildekanten ser vi kraftstasjonen (1). Vidare bakover ligg Smia (2) og Bakeriet (3). Det store huset på tvers er ukjent (4). Så kjem tre funksjonærbustader: Nærmest maskinmeisteren. Han var ein sjef av den gamle skole og tilla seg sjølv stor verdigheit. Dei to andre husa var to-mannsbustader. Vidare nedover er det anleggsbrakker. Jernbanen som var ferdig i 1915, gjer ein sving her. Det var det tyske firmaet Nordag som kjøpte Aura-anlegget av Bergen Privatbank. Dei tyske planane vart skrinlagde i 1943.

I september-utgåva av «Gammalt og nytt» viste eg tre glimt frå Romsdalsmuseets fotoarkiv. Motiva var henta frå Nesset, og bilda var tekne av to amatørteknografar og ei avis.

I arkivet på Romsdalsmuseet er mange slike amatørteknografar representerte, og det er viktig å ta vare på desse slik at bygdakulturen er godt representert i arkivet. Amatørteknografia har ofte meir av *bygda* og *folkelivet* i seg enn det miljøet etablerte teknografar spanderte film på.

Siste tilvekst – Jon Lothe

Siste tilvekst til Romsdalsmuseets fotoarkiv er ei samling filmar etter Jon Lothe (1905-1980) i Eikesdalen.



Frå Litldalen ein søndag i 1940-41. Frå venstre Jon Lothe, elles ukjente anleggsarbeidarar. Mann nr. 3 har ein ringastav (randastav) i hendene.



Frå toppheis. Det ser ut som ein søndagstur ettersom dei ikkje har arbeidsklede på seg. (Alle foto Jon Lothe/Romsdalsmuseet)



Brakka på Hesjahjellen vart bygd i 1941 for å huse folk frå firmaet F. Selmer som bygde vegen til Sandvassøya. Det var det tyske firmaet Nordag som kjøpte Aura-anlegget av Bergen Privatbank.

Han var fødd i Åmdalen i Ørsta, men då foreldra flytta til Sylteosen i Fræna, vart han med dit. Han arbeidde fleire stader i ungdommen,

men lengste tida var han gardbrukar i Eikesdalen. Jon kjøpte seg fotografiapparat rett før krigen, og i ein 25-årsperiode tok han mange bilde

frå stader han arbeidde og budde. Fleire av dei beste bilde hans er godt kjent i lokalmiljøet, men no er altså alle originalfilmene skanna og innlemma i Romsdalsmuseets fotoarkiv. Bilde som knapt nokon har sett før, er på den måten tilgjengelege.

På anlegg i Litldalen

I 1940-41 var Jon Lothe på anleggsarbeid i Sunndalen. Det er han sjølv som har gjeve opp årstala. Han fortalte m.a. at han var med på tunneldrivinga ved Hammarkaia, men dette har han ikkje bilde frå. Derimot har han fleire bilde frå Dalaråa i Litldalen og frå anleggsarbeidet oppover Litldalen mot Holbua. For den som ikkje er lokalkjent i området, er det ikkje så lett å tekste desse bilde. Mange av motiva hans finn ein att i boka «Aura og Bustida» av Kåre Flaa (1990), men bilde hans Jon er ikkje tekne frå same stad og til same tid, derfor har hans bilde stor kulturhistorisk og anleggshistoriske verdi.

Frå Øksendalsøra



Kommunehuset (t.v. i bildet) var lenge hovudnerven i samfunnet på Øksendalsøra. Det vart bygd som bustadhus i 1865, men etter at kommunen kjøpte huset i 1916, var det mange «etatar» som heldt til her opp gjennom åra. I kommunesalen var det bibliotek, og her var husrom for menighetssøster og jordmor. Øksendal Handelslag opna butikk her i 1916, og Øksendal Sparebank – Norges minste bank – starta her i 1920. Huset er framleis i bruk m.a. av Øksendal Vevstue. (Foto Fylket/Romsdalsmuseet)

Øksendalen og Øksendalsøra har vore «i skuddet» i det siste. Flyttinga av Flåstuo har vore framme fleire gonger, og spørsmålet om å bevare bygningsmiljøet på Øksendalsøra er ei aktuell politisk sak i Sunndal kommune.

Elvedelta

Sjølv om riksveg 62 går gjennom bygda, er det snart gjort å kjøre forbi Øksendalsøra. Eg har gjort det mange, mange gonger, men eg har ikkje unngått å leggje merke til den tette husklynga nede ved sjøen. Ein gong sist på 1980-talet fekk Romsdalsmuseet spørsmål frå sentrale myndigheter om det i regionen vår fanst godt bevarte bygningsmiljø på gamle elvedelta. Vi tenkte gjennom saka og konkluderte med at det var ikkje no-



Frå kommunestyresalen. Alf Sæther (f. 1929) sit ved bordet i den tidlegare kommunestyresalen. Han har vore gardbrukar på Børset. På veggjen over vindaugjet heng ein del bilde av tidlegare ordførarar i kommunen, og i skapet t.h. ser vi ein del av den såkalla «folkeboksamlinga». Kommunestyresalen var eit fleirbruksrom, og biblioteket var opne på faste vekedagar. I etasjen under hadde Øksendal Sparebank tilhald i lange tider. Journalist Egil H. Torvik voks opp vegg i vegg med kommunestyresalen, og han seier at Øksendalsøra var ein god plass for ungar. (Foto Fylket/Romsdalsmuseet)



Husa ligg tett på Øksendalsøra. Litt t.v. for midta ser vi det tidlegare kommunehuset med det halvrunde vindaugget på mørkloftet. (Foto Fylket/Romsdalsmuseet)

kon stad i Romsdal som kunne hamle opp med Øksendalsøra. Eg hadde nemleg vore på Øksendal Samvirke- lag nokre år før for å kjøpe gammaldags solelér til olsokarrangementet vårt, og då merka eg meg alle husa nedanfor butikklokalet. Solelér kunne nemleg ikkje oppdrivast i Molde eller Eidsvågen. Då var det ein som sa: «Prøv på Øksendal Samvirke- lag. Der har dei liketil hov-rasper neri kjellara sine!» (Solelêret eg kjøpte vog 7 kg, og det kosta berre kr 14,- pr. kg – gammalpris frå 1950-åra!)

På bevaringslista

Det viste seg at eg hadde rett: Det var mange som foreslo bygningsmiljøet på Øksendalsøra ved dette høvet, og resultatet av undersøkinga vart at av 60 opphavlege, godt utvikla elvedelta i Møre og Romsdal, var Øksendalsøra eitt av dei beste. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe i Øksendal bygdeutvalg som skulle komme med rapportar og notat om kvifor husklynga på denne øra var så verneverdig. I dette utvalet var min nære slektning, Nils H. Sæther, ein



Frå Skahammartunnelen mot Øksendalsøra. (Foto Birkeland)

sentral mann. Materialet vart seinare presentert i boka «Vakrest i landet. Tyve godt bevarte steder i Norge», Oslo 1991.

Bilde frå 1980-åra

Eg tenkte at det kunne vere aktuelt å vise bilde frå dette området på 80-tallet. Det var då naturleg først å sjå i

fotoarkivet etter avisa Fylket, som eg – saman med journalist Arild Erlie – fekk overført til Romsdalsmuseet i år 2000. Dette var rett stad å undersøke: Der låg ein konvolutt merka «Øksendalsøra», og tre av desse bilde blir her presenterte for eit nytt publikum. Takk til Nils som har hjulpet meg med tekstinga!

Med Parelius til Vangshaugen 1951



Nils Parelius på brua over Grødøla. Vangshaugen i bakgrunnen. Dei gjekk på tur i nærområdet medan kleda hang til tork inne. (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)

Denne gongen skal eg ta deg med på ein tur til Vangshaugen i Sunndal kommune for vel 60 år sidan. Det er Nils Parelius som gjer turen muleg, derfor må eg seie nokre ord om han først.

I 1969 tok statsadvokat Nils Parelius (1912-1995) initiativ til å opprette eit lokalthistorisk arkiv for Romsdal. Romsdalsarkivet vart lagt til Romsdalsmuseet, og i om lag 30 av dei 35 åra eg arbeidde på museet, hadde eg ansvar for å ta imot og arkivere det som kom inn.

«Pareliusarkivet»

Nils Parelius var fødd i Molde. Barnoms- og ungdomstida si hadde han i Molde og Ålesund, men då han studerte juss, var far hans distriktslege i Surnadal, og han hadde mange minne frå besøka sine der. I 1949 vart han utnemnd til statsadvokat i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Han flytta då til Molde og budde



Fire færingar låg klar til bruk for gjestene på Vangshaugen i 1951, og dette nytta dei seg av. Tre av båtane har svært spesielle stamnar. Det er noko nordlandsk over båttypen. (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)

der til han døydde i 1995. Han var statsadvokat i meir enn 30 år, og som turglad ungar var han lommekjent i fylket. Eg hadde den ærefulle (og litt byrdefulle) oppgåva å vere testa-

mentfullbyrdar for han, og då huset vart tømmt, kom heile arkivet hans til Romsdalsarkivet - akkurat slik som han ønska. Han etterlét seg m.a. 47 album frå åra 1940-1981, og etter



Truls ved Vangshaugen. Hytta hadde torvtak på den tida. (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)



«Det gjøres klar til starten fra Gruvedalshytta» er Nils Parelius sin kommentar til dette bildet. Han skriv vidare: «Hytta betjenes av folk på setra, og man får alle måltid i seterbu. Det viste seg at vi var de eneste gjester, så vi fikk hele hytta for oss selv.» (Foto Nils Parelius/Romsdalsmuseet)

det la han bilda i konvoluttar, men så godt som alt var skikkeleg teksta.

Turen til Vangshaugen

Når Parelius var på tur, fotograferte han sjølv, og han kopierte og lima inn bilda straks etterpå. I tillegg laga han eit resymé for kvar tur, og når året var slutt, skreiv han eit resymé over det han hadde opplevd. Den 17.- 21. juli 1951 var han på fottur med vennen Truls på følgjande rute: Sunndalen – Vangshaugen – Gruvedalshytta (Grøvudalshytta) – Skams-

dalshytta – Lesja- Vågåmo. Han tok 15 bilde og skreiv ein «rapport» på tre maskinskrivne sider. Vi blir med berre til Grøvudalshytta denne gongen. Resten er å finne i Romsdalsarkivet O 2952, både i tekst og bilde.

Start frå Stor-Fale

Turen starta med buss frå Molde til Stor-Fale. «Vi ble satt av bussen ved Stor-Fale og gikk så et stykke tilbake langs landeveien for å komme over elven. Vi hadde med oss ruteboka 'Til fots' hvor turen er beskrevet i mot-

satt retning, som rute 927. Der heter det bl.a. om den delen som foresto: Bratt ned på en gammel setersti til Råen gård.» Dei starta på Fale kl. 17, og turen til Vangshaugen var berekna til 5-6 timar. Det var bratt oppover, spesielt der bjørkekrattet slutta, «og for oss var det ubegripelig at man noensinne hadde fått kreaturer opp her». Etter to timar nådde dei toppen på dalsida, og dei anslo høgda til å vere ca. 1000 moh. Dei heldt fram forbi 'skytterbuene' som var nemnt i turboka. Det var litt skodde, og då dei kom til toppen, omkring 1200 m.o.h, var sikta dårleg «og vi hadde ikke annet å gjøre enn tro blindt på bokas ord 'enestående utsikt over fjellene mellem Sunndalen og Ner-dal-Innerdalen'. Noen mulighet for kontroll var det ikke».

På Vangshaugen

Dei kom fram til Vangshaugen kl 22.30 «nærmest som to druknede katter», men vertinna var oppe, og dei fekk servert kaffe og smørbrød. Det var 5-6 andre gjester på hytta, medan Alfheim var heilt stengt. Neste dag var det lettare vêr med litt sol på Vangshaugen, og her blir fire av Parelius sine bilde vist for første gong.

Rundtur i Halsa



Halsa kyrkje år 2000, innvigd 1732. I andre halvdel av 1800-talet vart dei fleste korskyrkjene på Nordmøre og i Romsdal rivne fordi dei var for små. Eg har gått rundt Halsakyrkja mange gonger, men berre ein gong har eg hatt høve til å sjå inn. (Foto Bjørn Austigard)

Som spaltist i Driva har eg hatt som mål å vere litt «vidsynt» både tematisk og geografisk. Denne gongen går turen til Halsa kommune, der skal vi ta fram litt av kvart. Eg vil m.a. gjere meg bruk av nokre bilde frå fotoarkivet etter avisa Fylket, slik eg har gjort det fleire gonger før.

Kulturlandskapet

Dei siste 10 åra har eg reist mange gonger gjennom Halsa kommune til og frå Trondheim, og mest kvar gong eg kjem på land på Halsa, slemper eg andre bilar forbi meg slik at eg kan kjøre sakte oppover bakken frå ferjekaia. På den måten kan eg sjå opp-

over mot den gamle korskyrkja og dei staselege gardane oppunder skogkanten. Her har det stått kyrkje frå mellomalderen, og det var tingstad her alt på 1500-talet. Kulturlandskapet ber preg av lange og sterke jordbrukstradisjonar. Det same inntrykket møter oss når vi følgjer E39 forbi Liabøen og innover Arasvikfjorden og Vinjefjorden.

Korskyrkja

For ein romsdaling er korskyrkja spesielt interessant m.a. fordi det var fræningen Peder Knutsen Kjorsvik som laga altertavla i 1732. I Romsdal var det ikkje mindre enn 16 kors-

kyrkjer, og no er det att berre to. Kor mange korsforma kyrkjer det var på Nordmøre, veit eg ikkje sikkert, men også her er det att berre to av dei opphavlege, nemleg Halsa og Bremsnes.

Glimt frå Halsagardan

Eg vil også ta lesarane med på ein liten tur oppi Halsagardan der husa ligg oppunder skogkanten vest for kyrkja. Det gamle tunet har store dyrkamarkar under seg. Og det er eit makalaust utsyn over fjord og fjell. Avisas «Fylket» var der på besøk hos Ingrid Lervik i Utistu gong kring 1990, og vi blir med henne inn.



Utistu 2013. (Foto Bjørn Austigard)



Halsagardan sett frå E39 like etter ferjeleiet. (Foto Bjørn Austigard 2013)




Inne i Utistu. Eg har valt dette bildet frå ei av stuene fordi her er spikhylla (den traktforma skjermen t.h.) med på bildet. Spikhylla var ei «lampe» som skaffa arbeidslys i rommet ved at dei brente spikfliser under denne røykhatten. Dette er noko av det mest nordmørske eg veit av. (Foto Romsdalsmuseet)



Inne på stua står grua med skjeringar og blankpussa koparkjelar av mange slag. Bak blikkdøra i bakveggen er det bakaromn. (Foto Romsdalsmuseet)



Hos Ingrid Lervik i Utistu Halså fekk journalisten i avisa Fylket seg ei stor overrasking. Både stabburet og låna på garden var fulle av reiskapar og husgeråd av alle slag. Norsk Folkemuseum har vore der minst to gonger og fotografert etter krigen. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Halsa Edelfisk AS kring 1990. (Foto Romsdalsmuseet)



Utsikten Hyttesenter i Valsøyfjorden. (Foto Romsdalsmuseet)

På tur med P. Solemdal

Romsdalsmuseet feira 100 år i 2012, og i 49 av dei første åra sat Peter Solemdal i styret. Han var formann frå 1918 til 1961, og det var i desse åra han skapte Romsdalsmuseet. I samband med dette pionerarbeidet reiste han rundt i heile distriktet for å samle seg god lokalkunnskap.

I 1920-åra sikra han eit større område bak Rekneshaugen til museumsformål, og det var først då han tok til med samlararbeidet sitt. Det dreidde seg om både hus og gjenstandar, og med svært små midlar var det nærast uråd å vite kva slags bygningar ein kunne få kjøpt/overta i åra framover, og kva slags gjenstandar som kunne stillast ut.

«Anlegge ei grend»

Solemdal søkte råd hos andre museumsfolk om korleis museumsområdet skulle utnyttast, men han beit ikkje på kva som helst. «Slik skal det i hvertfall ikke bli,» sa han om eitt forslag. Ved eit besøk i Molde sa riksantikvar Harry Fett dei forløysande orda: «Jeg skal si Dem De skal anlegge ei grend som ikke er utskiftet, for da kan De rote det så sammen.» Solemdal følgde riksantikvarens råd, og då Gisle Midttun fleire år seinare spurte han kven som hadde planlagt museet, svara Solemdal: «Det er det ingen som har gjort undtagen at jeg har rådspurt bøndene når det kom til stykket.»

På tur

Sjølv om Solemdal var disponent for P. Solemdal Møbelfabrikk AS og hadde nok å gjere der, reiste han omkring i heile Romsdal for å bli kjent med kulturen og for å sikre hus og gjenstandar. I hans tid var det nok ingen som hadde slikt oversyn over kulturhistoria som han. «Min utvikling har vært den at jeg spør aldri når jeg kommer inn i et hjem i Romsdal om jeg kan få kjøpe noe. Det er



Frå Øverås ved Eikesdalsvatnet i 1950-åra. Framfor hytta til maskinist Tobias Finnset har familien Solemdal funne seg ein plass medan dei venta på rutebåten D/S Eikesdal. F.v.: Astrid Johnson, Nathalie og Peter Solemdal, Inger Helene Johnson med hunden Prikk. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Austigard i Eikesdalen i 1940-åra. F.v. sit P. Solemdal, Inger Helene Johnson, Oddmund Austigard (litt skjult), Olga og Håkon Finnset og ei ukjent på troppa til Paula og Tobias Finnset, som står bak med barnebarnet Tea Austigard. Det var kanskje på denne turen at Solemdal såg seg ut tomt til sagbruk nedved Eikesdalsvatnet. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå Ona, med P. Solemdal i fullt driv mellom husa. Han hadde sans for kystkulturen vår. Tranbrenneriet Kaka flytta han frå Husøya til Hjertøya alt i 1948. Påskhella på Sandøya såg han første gong i 1949 eller -50, og omtala huset deretter som «kystens aristokrat». (Foto Romsdalsmuseet)

mange, mange år siden jeg sluttet med å spørre om å få kjøpe noe. De hører på hva jeg sier og skjønner da at det har jeg lyst å ha. ... Det går ikke an sånn som masse byfolk kommer stupende inn i en stue og breie seg på alle måter».

Reisefølgje

I eit stort intervju med Per Amdam og Nils Parelius hausten 1958, fortel P. Solemdal om sitt liv og sitt store samlar- og skapararbeid. Det han ikkje nemner med ord, er den støtta han på sine eldre dagar fekk av dottera Inger Helene, gift Johnson, og hennar familie. Mest kvar sommar var dei nærast på oppdagingsturar frå Ona i vest til Eikesdalen i aust. Det spesielle med desse turane var at familien Johnson hadde fotografiapparat, og etter at Inger Helene Johnson var død (2006), fekk eg høve til å gå gjennom arkivet hennar i Trondheim. Der var det litt av kvart å finne, og no skal du som lesar få bli med museumsmannen P. Solemdal på tur – fotografert med familien Johnsons kamera.

Styret i Romsdalsmuseet på befarig på 1950-talet, men vi veit ikkje kvar. Frå venstre: O. G. J. Rangnes, Nils B. Elvsås, P. Solemdal og Per Mordal. (Foto Romsdalsmuseet)



Daugstad i Tresfjorden. Solemdal og Astrid Bugge frå Norsk Folkemuseum på eit av lofta i Eriksgarden midt på 1950-talet. Ca. 15 år seinare vart huset flytta til Romsdalsmuseet. (Foto Romsdalsmuseet)



Sommartur til Gauprøra 1956



Utsyn frå seterstien opp til Gauprørsetra. Nede ved fjorden ligg dei to brukane Hammaren (t.v.) og Gauprøra. Som vi ser, er det store hus på gardane, og spesielt på innte garden var det folksamt. I 1930- 40- og 50-åra tok dei imot mange besøkande der for kortare og lengre opphald. Ved sjøen ligg to store naust. Gauprøra fekk hard medfart då Tjellafonna gjekk i 1756. (Foto Romsdalsmuseet)

Gauprørgardane ligg på neset mellom Langfjorden og Eresfjorden. Her er vidt utsyn i mange retningar, likevel er staden utafor allfarveg. Det er bilveg til Gauprøra frå Vistdalen, men i uminnelege tider var det sjøvegen folk fór.

Museumsinteressert familie

I 1956 gjorde Inger Helene Johnson strandhogg på Gauprøra, og familien hennar fotograferte frå turen mellom Nauste til Gauprørsetra. Inger Helene Johnson (f. 1913) var dotter til museumsmannen Peter Solemdal, og alt i 1930-åra reiste ho og mannen, professor Dag Johnson, rundt i distriktet. Dei var i Nesset fleire gonger for å sjå og oppleve natur og kultur. I 1940- og -50-åra var foreldra hennar ofte med, og då var det byggeskikk og folkekunst på

bygdene som interesserte. Det var P. Solemdal som grunnla Romsdalsmuseet. Han redigerte Romsdalsmuseets årbok i meir enn 20 år, og i desse årbøkene skreiv både han og dottera mange artiklar.

Familiealbum

I mi museumtid hadde eg ein god del kontakt med Inger Helene Johnson i Trondheim. Ho døydde i Trondheim i 2006, og «i sømeleg tid» etterpå tok eg kontakt med sonen, Hein Johnson, og bad om å få sjå i «museumsdelen» av familiearkivet. Det fekk eg lov til, og mellom dei mange familiebildene var det ein god del bilde som har stor kulturhistorisk interesse. Hein Johnson minstest godt båtturen frå Nauste til Gauprøra og fotturen opp til Gauprørsetra der den gjestfrie Anne Bugge tok imot dei.



Kart som viser korleis Gauprøra ligg i høve til Vistdalen, Tjelle og Rød.



Naustrekka på Nauste i andre halvdel av 1950-åra. Som namnet fortel, har det stått naust her i uminnelege tider. Frå venstre ser vi Torhusnaustet, rive sist i 1970-åra, Tolleflemmen bygd av Tollef Nauste i 1890-åra, Sirareitnaustet der det var posthus i generasjonar, og lengst til høgre Stavnaustet som tilhørte Stavgården på Nauste. Søskena Astrid og Hein Johnson er klare for avreise til Gauprøra. (Foto Romsdalsmuseet)



På Gauprørsetra. Hit var det mange som fann vegen midt på 1900-talet. Frå venstre Hein Johnson, Anne Bugge, som tok mot gjestene, Inger Helene Johnson og Astrid Johnson samla framfor Gauprørbyua. (Foto Romsdalsmuseet)



I open motorbåt på Eresfjorden. Astrid og Inger Helene Johnson bak i båten. (Foto Romsdalsmuseet)

Kortreist og Stikk UT – frå 1936

Både Kortreist-serien i Budstikka og friluftsrådets Stikk UT!-opplegg har som mål å få folk ut på tur. Både tiltaka er svært prisverdige. Her kan folk få både trim og nye opplevingar på ein gong.

Mange har undra seg over korleis Iver Gjelstenli stadig kan komme med nye, overraskande kortreist-mål. Tilsvarende er det med Stikk UT!-opplegget. Talet på trimkasser har no komme opp i 150 fordelt på 13 kommunar. Korleis skal dette ende? Finst det turmål nok?

Nye turmål


Eg skal vere forsiktig med å foreslå turmål, men somrane 1936 og 1937 vart det bygd 110 vardar i høgfjellet rundt oss, og då desse er kartfesta – nær sagt i dobbelt forstand – går det an å finne fram til dei for den som er god til beins og har lyst på frisk luft.

Bakgrunnen

Bakgrunnen for denne storstilte vardebygginga for snart 80 år sidan, var rettsvedtaket i Høgsterett av 1. juli 1927 der grensene for statsallmenningen i «5te grenseoppgangsfelt» vart endeleg fastsette. Kommunane som grensa til denne statsallmenningen i 1927, var Lesja, Grytten, Hen, Eresfjord og Vistdal, Øksendal, Sundal og Oppdal. 110 vardar måtte til for å tydeleggjere grensene. Vardane vart bygde etter høgfjellslovas § 10, dvs. dei skulle vere 1 x 1 m i firkant og 1 m høge. Ved sida av kvar varde står det ein kopparbolt «med splint» for å markere at dette var eit offisielt grensepunkt. På bolten står HK (HøgfjellsKommissjonen).

Varde 32 på Bjønnabothøgda vart oppsett av tre mann pluss Qvale den 12. august 1936. «Bolt i en sten 1,90 m syd for varden».

Varde nr 31 står ein annan stad på Bjønnabothøgda. Denne vart sett opp av Karl J. Dahle (delvis skjult), Hermann H. Dahle og ein ukjent (t.h.) ein månad seinare fordi det var uklart kvar varden skulle stå. (Foto Riksarkivet/Katalog 1252.4/10)



Kartutsnitt over delar av området frå 1924. I rein Gjelstenli-stil har eg merka av tre toppar i fjellområdet mellom Isfjorden og Eikesdalen. Det er også bilede av desse vardane. (Grafikk: Johnny Bratseth. Kjelde: Kart over trakten om Aursjøen – Eikesdalen – Litledalen etter Høgfjellskommissjonens målingar 1919) (Foto Riksarkivet/Katalog 1252.4/10)





Varde 35. Utsyn frå Storbrefjellet – over Mardalsbotnen – til «baksida» på fjella ved Eikesdalsvatnet. Her står HK-bolten 2,13 m nordvest for varden. Eit jarnspett ligg i framgrunnen.



Varde 39. Fjellet mellom Ytste Mardøla og Mardalsfossen heiter Litlfjellet. Der står vardane 39 og 40, og bildet viser varde 39. I bakgrunnen ser vi delar av Sandgrovsnyta og Sandgroveggen. HK-bolten står 1,43 m sørvest for varden. Erik Steen t.h. dei andre er ukjent.



Varde 20. «Den 8/8 blev varde bygget på høieste punkt av høiden øst for utløpsosen av det vesle vatn nord for Mongevatn. (Dette fjell blev av Ole Monge kaldt 'Middagsfjellet').» Bolten står 0,70 m nordaust for varden. Dette er kanskje den dagen det var opphaldsvêr.



Varde 27 står ved osen på Saufonnvatnet i Isfjorden. Det er tydeleg gråvêr, og det er heller ikkje mykje utsyn frå varden. Bolten står 0,95 m søraust for varden. Karane er f.v. ukjent, Karl J. Dahle og Hermann H. Dahle.

Vardebygginga sommaren 1936

Det var major Finn Qvale som tok på seg oppdraget med å mure vardane. Han hadde somme gonger to, andre gonger tre mann med seg. Enkelte dagar hadde dei med seg kløvhest for å frakte høveleg stein til fjelltoppar der slikt mangla.

Arbeidet starta på Seterfjellet ved Lesjaverk den 9. juli 1936. Dei følgde grensene for statsallmenningen nordvestover – mot Lesja/Grytten på den eine sida og Eresfjord og Vistdal på

den andre. Major Qvale skreiv rapport og fotograferte vardane etter kvart som arbeidet gjekk framover. Dei passerte Skiriaksla og Mongevatnet i Grytten og kom over til grensefjella kring Kvanndalsbotnen og Saufonnvatnet i Isfjorden. Varde nr. 32 på Bjønnabott-høgda (sjå kartet) var mura den 12. august. Varde nr. 35 står på Storbrefjellet på Eikesdalsida. I alt 46 vardar vart ferdige sommaren 1936, resten tok dei sommaren etter. Offisielt vart arbeidet avslutta 16. august, men i

eit par tilfelle hadde dei truleg problem med vêret, slik at isfjordingane Hermann H. Dahle og Karl J. Dahle mura desse vardane i september, utan at desse er dokumenterte med foto. 1936 var ein regnsommar. Berre ein einaste gong var det opphaldsvêr heile dagen, sukkar Qvale.

Rapporten

Qvale sin rapport er i Riksarkivet, og bilda til denne artikkelen er henta frå denne.

Nakken i Grytten prestegjeld

Rett over fjorden for Åndalsnes ligg fjellgarden Nakken. Det har ikkje budd folk her på nærare 150 år, så det er mest berre dei næraste granane som veit om plassen.

To strender, to kyrkjesokn

Stranda på nordsida av Romsdalsfjorden/Isfjorden har i 400 år tilhørt to ulike kyrkjesokn. Frå Markaneselva og innover heiter det Breivikstranda, og folket der sokna til Henskykja. (Sjå kartet.) Dei som budde på stranda vest for Markanaset, tilhørte «Stranden krets», som det heitte frå gammalt, og folket her sokna til kyrkja på Grytten. Fjellgarden Nakken og dei andre gardane på Stranda vart busette tidleg på 1600-talet.

Det var trelasthandelen med Holland og Skottland som gjorde denne smale strandstripa attraktiv, men liksom mange andre gardar i området, kom Nakken innunder Grytten prestegards jordgods. Brukarane var derfor leiglendingar. Eg skal ikkje her gå i detalj, men eg vil berre nemne at kårmann Søren Olsen Stranden var den første som fekk skjøte på Nakken i 1853. Av folketeljinga for 1865 går det fram at han og kona Brit Pedersdtr. budde på Nakken, og at han i tillegg hadde kår på heimgarden Stranda. Ein skulle kanskje tru at Søren representere «urbefolkninga», men då han døydde i 1870, 77 år gammal, skreiv klokkaren at far hans var innflyttar frå Land ved Randsfjorden.

Små forhold

Alle gardane på nordsida av Isfjorden, mellom Hegerholmen og Breivika, er både brattlendte og relativt små. I matrikkelforarbeidet frå 1723 står det om Nakken at garden hadde godt beite, men det var «ringe jordart, uviss til korn i frostår, ringe eng, tungvunden, (og) ingen leilighet til rødning...Har ei været sået i nogle år».



Utsikta frå Nakken. Amund Lorange (f.1909) fotografert av mor si fremst på Nakkahammen kring 1916. Som bildet viser, er her eit strålende utsyn mot fjorden, Åndalsnes, Setnesmoen, Romsdalen, Isterdalen og fjella. Ute i det breie elvedeltaet ser vi ei krumma fylling for den framtidige jarnbanelina. (Foto utlånt av Inge Lorange Backer/Romsdalsmuseet)

Etter Søren Olsen var garden stadig på handel, men det var ingen som budde der. Garden vart brukt som tilleggsjord for eigarane nede ved fjorden. Ein gong heitte gardbrukaren Ole Olsen Fonden og ein annan gong Ole Olsen Stranden. Mykje tyder på at dette helst er same mannen.

Distriktslege Lorange kjøper

I 1911 kjøpte distriktslege Olai Lorange på Åndalsnes Nakken av Ole Olsen Fonden for kr 375,-. Seljaren tok då unna bruksrett for seg og sonen Olaf «for livstid til et jordstykke, mot årlig avgift kr 2,-». Båe partar synest fornøgd, i alle fall vart det ro i eigarskapen på Nakken.



Slåttonn på Nakken rundt 1916. Frå venstre: Hjalmar Markanes, Jonas Markanes, (hadde slåtten på Nakken enkelte gonger) og Sina Einang. Dei to neste er ukjente. Dei bar tørrhøyet på ryggen inn i høyløa. Etterpå vart det drege ned til fjorden på vinterføret. Tidsspennet mellom desse høybørene og dagens fórbollar er berre 100 år. (Foto utlånt av Inge Lorange Backer/Romsdalsmuseet)



Kartutsnitt som viser korleis Nakken – merka med dobbel ring – ligg i høve til Åndalsnes og Markaneset.



Strandasetra før 1920. Frå venstre: Anders Einang (far til Arthur, informanten min), Jonas Markanes (morbror til Arthur), Emma Markanes (tante til Arthur), Sina Einang (tante til Arthur, gift med Jonas Markanes), Jenny Markanes i bunad (seinare Einang og mor til Arthur). Opplysningar ved Arthur Einang f. 1920. (Foto utlånt av Inge Lorange Backer/Romsdalsmuseet)

Feriestad

Distiktlege Lorange kjøpte Nakken for å bruke denne fredelege utsiktsplassen som feriestad. Bilda som her blir publiserte for første gong, viser at familien brukte staden så lenge Lorange var lege i Grytten. In-

gegerd Lorange, som dotter til oberst August Spørck på Setnesmoen, hadde fotografiapparat, og takka vere henne kan vi i dag få interessante glimt attende i fortida. I dag er det barnebarnet til kjøparen og fotografen, professor dr. juris, Inge Lorange

Backer, som eig og ferierer på Nakken. For ein liten mannsalder sidan inviterte han meg med for å sjå på den solrike staden og dei primitive husa som enno stod der. Turen gav meg eit varig minne.

Grotta på Kviltorp

Urnegrotta til familien Astrup på Kviltorp blir kanskje opna att. Det er store utvidingsplanar for Kviltorp Camping, og i samband med denne utvidinga kan grotta utnytast. Dette står å lese i Romsdals Budstikke 21. januar 2013.


Astrup og Fannestranda

Det var i 1882 at Hans Rasmus Astrup fekk kjøpe rundt 50 mål frå Ler-grovikgarden, og den nye parsellen kalla han Kviltorp. Han var søkkrik, og som 50-åring ville han attende til Fannestranda for å nyte somrane der. Barneåra på Eikrem hadde nemleg vore så fantastiske. På ei reise i Frankrike stadfestar han dette i eit brev til dottera Ebba: «Efter Fannestranden elsker jeg ingen plett som Nice...»

I åra 1883-85 vart draumen realisert, og mange av oss minnest Villa Kviltorp (frå bilde), det som vart til Kviltorp skole i 1950, men riven 1978.

Bakgrunnen for grotta

Kviltorp var knapt ferdigbygd då Astrup vart utnemnd til statsråd 3. august 1885. Frå då av til han døyde 19. februar 1898, var det mest berre politikk som opptok han. Døden kom brått, men som «Bestyrelsesmedlem» av Norsk Ligbrændingsforening hadde han nok tenkt grundig gjennom kva som skulle skje med dei jordiske leivningane. Han vart kremert, og kona Augusta Elisabeth sende nokså kort tid etterpå ein søknad til Kirkedepartementet om å få opprette ein privat gravstad. Reinhold Ziegler teikna kart over Kviltorp, og enkefru Augusta grunn-gav søknaden med «at hennes avdøde mand med særlig kjærlighed omfattede Kviltorp og den omliggende egn hvor hans far i sin tid eiede en i Kviltorps umiddelbare nærhed liggende gård, og hvor han levde sine barneår». Søknaden gjekk gjennom i statsråd den 8. september 1899, og dette (trur



Kviltorgrotta med minnesteinen oppå hammaren 1951. På steinen står: «H.R. ASTRUP 1831-1898» og «KJÆRLIGHED ER LIVETS FYLDE». Urnene er tekne ut og kista framfor inngangen er flytta til Røbekk. Døra inn i grotta er open. (Foto Romsdalsmuseet)

eg) var den første private gravstaden i Romsdal. (Det kom to seinare.)

Urnegrotta 1900-1950

Murmeister Lars Mortensen laga gravkammeret, og ein junidag i 1900 vart den meter-høge svarte urna sett inn. Familie, forretningsmenn, kunstnarar og politikarar deltok ved seremonien. Det vart framført ein nyskriven song, «Urne-Grotten på Kviltorp», med eigen tone, og stats-

råd Arctander heldt minnetale over kollegaen, og om sjøen som no slo innover hans barndoms strand.

På hundreårsdagen hans 17. august 1931 var familien samla framfor grotta, og 100 år etter at Astrup sjølv døyde kom etterslekta på nytt på besøk. Eg vart beden om å fortelje om Astrup-familien i Romsdal. Det skulle vere usminka og romsdalsk, og i talen var eg innom Grytten, Eikrem og ikkje minst Kviltorp med den då gjenmura grotta.



Frå Kviltorp sommaren 1947. Ivar Hallsteinsen sykla då rundt og fotograferte restar etter tyske anlegg. I brakka var det stall for ca. 100 hestar. Det var på denne staden Kviltorp Vel starta opp med campingplass i 1955. I juni året før vart området «prøvekjørt» i samband med årsmøtet til Norges Bondelag. (Foto Romsdalsmuseet)



Medlemmer av Astrup-familien samla framfor grotta i 1931. Frå venstre: Elisabeth Jakhelln f. Astrup, Alf Jakhelln, Ragnhild Astrup f. Reimers, ukjent (bak), Anna Elisabeth Bergmann f. Astrup, Ebbe Astrup (bak), Torkel Hulten-Cavalius, Nils Astrup, Hedda Astrup f. Stang, Hans Ebbe Astrup (som overtok Kviltorp i 1909), kona Elisabeth f. Haslund og dottera Lillebeth. (Foto Romsdalsmuseet)



Inngangspartiet til nygrotta på Røbekk. Det var Magnar Ellingsgård som sprengte ut og mura opp denne i 1948-49. Porten, steinane og den doble kjettingen rundt grotta vart flytta med frå Kviltorp. Framfor grotta er det mange kistegraver. (Foto Romsdalsmuseet)



Smijernsdøra frå Kviltorp vart flytta med. Gjennom denne er urnene godt synlege. (Foto Romsdalsmuseet)

Krig og etterkrigstid

Den tyske okkupasjonsmakta såg tidleg Kviltorp som ein høveleg base for einmannstorpedanlegg. Brakker, sjukestue, tannlegekontor, vakthus, stallar, lager og høgt plankegerde kom opp, og familien måtte forlate Kviltorp. Etterpå såg det ikkje ut korkje inne eller ute, og då eigaren Hans Ebbe Astrup døydde 8. august 1945, vart Kviltorp selt til ingeniør Godager med den klausulen at «Det på eiendommen værende gravsted innenfor jernkjettingene må betraktes som et rent gravsted og må æres og aktes som sådant.» Då Bolsøy kommune året etter tok over Kviltorpområdet, vart urnene flytta til ei tilsvarende grotte på Røbekk kyrkjegard, og vigslinga vart heva 7. februar 1949. Sigurd Lie fortalde meg 3 veker før han døydde at det var han som flytta urnene og tok opp sinkkista til Ragnhild Reimers f. Astrup, som var nedsett framfor grotteinngangen i 1919. Alt vart flytta i 1949, og ein epoke var over. Kanskje ein ny no er på veg inn?

Minnesteinen som stod på berget over grotta, står i dag mellom skolebygningane på Kviltorp skole. Rundt minnesteinen er det dagleg eit yrande liv. (Foto Bjørn Austigard)



Urnene slik dei stod der i 1982. Statsråden si urne bak t.h. (Foto Romsdalsmuseet)



A grainy, black and white photograph of a building's exterior. The image is dominated by a strong horizontal architectural line, possibly a ledge or a window frame, which runs across the middle of the frame. Below this line, there are several rectangular panels or windows, some of which appear to have horizontal slats or blinds. The overall texture is very coarse and noisy, characteristic of a low-resolution scan or a halftone print. The lighting is somewhat uneven, with the top of the image being darker than the bottom.

SAMFERDSEL

Frå bygginga av Eikesdalsvegen



Eikesdalsvatnet med Eikesdalen i bakgrunnen, 1955. Ein skal ikkje undrast på at det tok tid før det kom veg langs strendene her. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseet)

Den 2. april 1986 skreiv eg følgjande i «feltboka» mi: «I dag starta arbeidet med å bygge veg langs Eikesdalsvatnet. Det siste året har dette (prosjektet) vore mykje diskutert i aviser, radio m.v.» Seinare har eg føydd til: «Opna 16. nov. 1990».

Feltboka

Eg vart tilsett på Romsdalsmuseet 1. juli 1975, og eg hadde ikkje vore lenge i arbeid før eg forstod at det nytta ikkje å vere *omtrentleg* når det galdt opplysningar knytt til spesielle hendingar. Dei første åra skreiv eg på små kartotekkort, men den 1. januar 1980 stilte eg med ein liten protokoll som eg kalla «Feltboka». Feltbøkene har eg sidan hatt i veska, og der har eg skrive ned ting som folk har fortalt meg, og elles opplysningar som kanskje publikum – eller eg sjølv – ein gong i framtida kunne ha bruk for. Denne apriildagen i 1986 hadde

eg tre innførslar: Oppstart av Eikesdalsvegen, opplysningar om kunstmålarane Even Ulving, Anna Ibsen og Rando Wolff, og kven som har bilde som dei har laga.

Opplysningane om kunstmålarane har eg alt gjort meg bruk av fleire gonger, medan anleggsstart på Eikesdalsvegen har ingen spurt etter. Opningsdatoen for vegen derimot, det har eg fått spørsmål om.

Asbjørn Øverås for 75 år sidan

Å bygge veg langs Eikesdalsvatnet var lenge sett på som urealiserbart, for ikkje å seie umuleg. Det verste var/er alle fonnene og den rasfaren desse representerer. Dette vart sjølv sagt grundig diskutert i 80-åra av både ekspertar og lokalkjente, men det vil eg late ligge her. Eg vil heller sitere frå det scenariet som rektor Asbjørn Øverås såg for seg i Eikesdalen og Eresfjorden etter Loen-ulykka i

1936. Stykket stod i trondheimsavisa Nidaros den 22. september 1936, og det var knapt nokon nessesgjelding som las det.

Rasfare

Det var Tjellafonna i 1756 som er bakgrunnen for artikkelen til Øverås, men som ivrig lakse- og aurefiskar, hadde han nok filosofert over farlege fjell lenger inne i fjordane også, der han sat attast i båten med eit snøre i kvar hand. Her må det handlast, er budskapet hans: «Eg vil og vere med å pressa fram dei etterrøkjingane som snarast bør koma alle stader der slike naturkatastrofer kan vera ventande eller tenkjande..... Eit av dei prestegjelda som lett kan koma ut for eit slikt uhende (som Loen-ulykka) nårsomhelst, er Nettet. Det er ikkje berre *ein* stad, men fleire stader der såvore kan hende der. Ein kan tenkje på fjellet på austsida av Litl-vatnet i



Frå arbeidet med Viketunnelen. Sjøvdøla i bakgrunnen. (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)

Eikesdal. Kva fare ligge ikkje her for dei vakre Sæter-gardane ved nordenden av vatnet? Eller kva kan ikkje henda rundt Eikesdalsvatnet om t.d. Katthammaren eller Vikehammaren eller andre frå dei halvanna tusund m. høge fjella hadde rasa ut. Få stader i landet er det vel fårlegare enn her – og meir likt Loen. Berre kanskje villare og uhyggelegare, då både fjell og vatn er større her. Eller kva vil henda i den vakre Eresfjordsbygda om Håhammaren sig ut i fjorden ein dag. Det kan kosta 100, ja, 200 menneske oppetter den tettfolka Naustegrenda rett i mot, flat og låg, berre ein meter eller tvo høgre enn fjorden.

Då eg var gutunge, hadde vi det første førespelet. Ein veldig svær hammar seig ut frå den nedre del, braut vegen eit par hundre meter og laga eit nes der det før var vik. Det var berre så vidt at dampbåten, som då låg på Nauste, ikkje fann seg sjølv att på land.» (Kva ras Øverås siktar til her, veit eg ikkje. Kan lesarane hjelpe? Sjå neste artikkel.)



Skjeler i vegskråninga

Vi studerte vegarbeidet frå Eikesdalsvatnet og gledde oss over framgangen for kvar gong vi fór. Det kunne vere trøngt om plassen på ferja, så vi såg fram til at vegen skulle bli opna. Ein ettermiddag i 1989 vart spesielt minnerik. Då vi kom til Øverås, var ferja full med bilar, men vi vart lova ekstratur om knappe tre timar. Vi var fleire i same situasjon, så vi takka ja til det. Då nytta vi ventetida til å gå

oss ein tur langs nyvegen, og denne turen gav oss ei oppleving for livet. I ei vegskjering 8-10 m over vassnivået, låg det fullt av skjeler frå den tida sjøen gjekk hit inn! Seinare har eg stoppa på denne staden mange gonger når eg har vore reiseleiar på buss. Etter 1-2 minutt ute kan eg vise fram desse gamle «skapningane» for bussgjestene mine. Slikt gjer inntrykk.

Om raset ved Eresfjorden

I Driva den 1. april i år hadde eg ein artikkel om byggestart av vegen langs Eikesdalsvatnet i 1986. Eg skreiv då litt om ras og rasfare i området, og eg siterte noko som Asbjørn Øverås skreiv om gamle skred i Nesset. Her er fleire uklare ting.


Lite kjent

Asbjørn Øverås, som var fødd i 1896, peika på fleire rasfarlege fjell, og han frykta fonn-su («tsunami») på Nauste fordi Naustegrenda er «berre ein meter eller tvo høgre enn fjorden.» Han skriv så vidare: «Då eg var gutunge, hadde vi det første førespellet. Ein veldig svær hammar seig ut frå den nedre delen, braut vegen eit par hundre meter og laga eit nes der det før var vik. Det var berre så vidt at dampbåten, som då låg på Nauste, ikkje fann seg sjølv att på land.»


Dette skredet har eg ikkje høyr om før, korkje munnleg eller skriftleg. Ettersom vegen vart øydelagt «eit par hundre meter», og det var berre så vidt dampbåten på Nauste ikkje hamna på tørt land, må hammaren ha rasa ut ein stad på Boggestrand-sida av Eresfjorden, truleg mellom Håhammaren og Strandelva. Vegen langs denne stranda vart opna i 1900, og ettersom Asbjørn var «gutunge» då dette hende, må raset ha gått før 1910.

Hundre år og gløymt?

Eg spurde om nokon av lesarane kunne hjelpe med opplysningar, og til no er det berre Terje Karijord som har reagert på spørsmålet mitt. Han har vakse opp mellom Bufonna og Seterfonna på Hoemsetra og veit kva ras er. Han studerte ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule først på 1990-talet, der eitt av emna var fonner og ulike typar ras. Ut frå landskapet slik det er i dag, er det mest sannsynleg at berghammaren som Asbjørn Øverås siktar til, seig ned i fjorden like nord for Håham-



Strandområdet ved Eresfjorden frå Håhammaren og nordover («utover») sett frå Nauste. Rasområdet som Terje Karijord siktar til, er merkt med piler. Det er på denne staden ein finn den meste markerte raskjegla i dette strandområdet, men spørsmålet er om ikkje skredet i dette tilfellet er meir enn 100 år? (Foto Bjørn Austigard 10.04.2011)



Håhammaren med Skjermen fotografert ca. 1924. Dette er om lag 20 år etter at det omtala raset øydela vegen i eit par hundre meters lengde. Kan skogen t.v. i bildet ha vakse så mykje på desse åra? (Foto Wilse)

maren, meiner Terje Karijord. Etter dette innspelet tok eg meg ein tur til Nauste for å fotografere på tvers over fjorden. Konklusjon: Eg stør Terje i hans synspunkt på dette, men eg er

framleis open for fleire opplysningar. Det er merkeleg om ikkje nokon har høyr fortalt noko om dette som hende for berre vel 100 år sidan.

B/F Eikesdal

– nokre minne frå bygginga



Alt klart for sjøsetting og dåp den 23. januar 1960. Folk har samla seg, og arbeidarane står med ei «tropp» som gudmora skal bruke for å komme seg opp på podiet.(?) (Foto utlånt av Lars Svein Brastad/Romsdalsmuseet)

Sommaren 1960 kom B/F Eikesdal i rute på Eikesdalsvatnet. Det vart som ei ny tidsrekning for bygdafolket. Ferja tok berre 4 personbilar eller ei godsruete for turen, men du verda for ei nyvinning.

Eikesdalingane var stolte og glade, men for somme vart det i meste laget med trafikk. Ein eldre eresfjording sa rett ut: «'na skjetvektigheita me' 'sa bilå lika i ikkje!»

Starten i 1885

Det var i 1885 Eikesdals Dampskips-selskap vart stifta. Selskapet kjøpte straks D/S Mignon og sette båten i rute alt same året. Ønsket om ein jarnbåt med isbrytarskrog vart tidleg drøfta, og i 1896 kom den «per-

fekte» båten på vatnet. Trondhjems mekaniske Verksted leverte ein stål-båt med dampmaskin spesiallaga for vedfyring. Dermed fekk selskapet ein båt etter sitt hjarte: Isbrytar berekna på heilårsdrift og med «kortreist» energi der aksjonærane hadde første-retten til å levere ved. Seinare vart det sett inn ein Finnøy-motor. Men også dette framsteget gjekk ut på dato. Ei bilferje var det neste ønsket.

Bilferje

B/F Eikesdal var bygg nr. 305 frå Brastad Sag og Mek. Verkstad, men dette var den første stål båten frå dette verftet. Baugen og akterenden vart gjort ferdig på Brastad i Vestnes, men resten vart sett saman på Øverås ved Eikesdalsvatnet. Materialar og utstyr

vart kjørt hit med lastebil, og det var lastebileigar Georg Solhjell frå Eresfjorden som fekk oppdraget. Arbeidet starta opp i juni – ved sankt-hansleitet – 1959, og sjøsetting og dåp var den 23. januar 1960. Sjefane under bygginga var naturleg nok Leif Brastad og Kåre Johansen.

Sjøsettinga

Eit verft som ligg ved sjøen, gjer seg bruk av flod og fjøre. Noko slikt finst sjølvsagt ikkje på Eikesdalsvatnet. Der er det stor skilnad på vasstanden under vårflaumen og midtvinters tid når tilsiget er på det minste. Dette systemet er for «tregt» til at eit verft kan gjere seg bruk av det. For dei som bygde B/F Eikesdal, spela nok den låge vasstanden i januar båtbyggjara-



Ved sjøsettinga vart ferja ståande fast i leira. Først etter ein del mudring greidde gamle DS Eikesdal å få arvtakaren på fløt. (Foto utlånt Lars Svein Brastad/Romsdalsmuseet)

ne eit puss. Då dei bygde slippen og strekte kjølen, stod vatnet høgt. Under sjøsettinga var vatnet fleire meter lågare slik at slippen måtte forlengast utover leira.

Gunnvor Austigard (1913-2011) hadde fått det ærefulle vervet å døype ferja. Ho tok plass på eit slags podium framme på babord side, men medan klargjeringsarbeidet pågjekk, begynte skuta å gli nedover utan at ho hadde fått flaska i handa. Kåre Johansen såg kva som skjedde. Han nådde flaska i siste liten og slengte ho etter båten i det han sa: «Må hell og lykke følge deg!» Plutseleg stod ferja bom fast i leira. Her nytta det ikkje å vente på flod sjø! Ein kompressor vart løysinga.



Hanna Nerås sørge for mat og losji til båtbyggjarane. Her flammar ho band på Romsdalsmuseet, olsok 1981. (Foto Romsdalsmuseet)

Minne frå bygginga


Eg «gjekk for presten» sommaren 1959 og vart konfirmert den hausten. Vi var tre-saman frå Eikesdalen det året - ei jente og to gutar. Når vi kom til Øverås med Dampen om morgonen, tok vi buss nedover til

Sira kyrkje og gjekk og slong der til presten kom og undervisninga kunne starte i 10-tida. Vi var ferdig i 2-tida, då var det om å gjere for oss gutane å komme seg oppover til Øverås for å sjå på at båtbyggjarane arbeidde. Vi hadde ikkje sett at det vart bygd båtar

før, korkje store eller små. Det var ei oppleving. Her var sveiseapparat og slipemaskinar, skjerebrennarar, boremaskinar og gassflasker, alt saman utstyr vi knapt hadde sett før. I dag ville ein slik arbeidsplass ha vore inngjerdar og avstengt, men vi gjekk fritt



Båtbyggjarar på besøk om bord i B/F Eikesdal 10. juli 2002: Frå venstre eigar av ferja Tore Karijord, Leif Brastad, Inge Kjellbotn og Birger Ødegård. (Foto Ingunn Kjellbotn)



Torstein Austigard (1908-1990) var styreformann i Eikesdals Dampskipsselskap i 15 år. Bygginga av B/F Eikesdal var nok den mest krevjande oppgåva, og lettelsen var stor då MRF tok over drifta i 1970. (Foto Ivar Hallsteinsen/Romsdalsmuseet)



I 1974 vart B/F Eikesdal «detronisert» av B/F Mardøla. Bildet er frå ferjekaia på Øverås, og det er teke i samband med ombygginga av ferjелеmnen. (Foto Nordmøre Museum)

og følte ikkje at vi var i vegen. Tvert imot, vi fekk prøve å sveise, og eg har ved eit par høve vore nede i lasterommet og sett på «sveisen min».

Mannskap i tre år

Tre somrar seinare (1961-63) var eg ekstramannskap på ferja, og det hende at eg fekk spørsmål frå reisande om båten. Takka vere dei mange timane eg hadde stått og sett på byggjearbeidet, kunne eg med stor overbevisning slå fast at ferja var bygd ved Eikesdalsvatnet, og ikkje frakta heil oppover frå Nauste slik som mange trudde.

Lossementet på Nerås

Å finne hus til 8-10 mann for seks-sju månader i nærleiken av byggjeplassen,

var nok ei utfordring for Eikesdals Dampskipsselskap, dvs. for far min, som var formann i selskapet. Eitt var sengeplass, men dessutan måtte ein ha tre-fire måltid mat for mange svoltne karar kvar dag. Far spurde hos Hanna og Aslak Nerås og fekk ja. I ettertid har det vore sagt mangt eit lovord om lossementet frå arbeidarane si side, og Anne Nerås Nerland fortalde meg (2011) at «det var no så triveleg folk å ha i hus og kost». På Nerås står ein stor pokal med «TAKK FRA BRASTAD SAG OG MEK. VERKSTAD 1960» inngravert på foten.

Den vidare lagnaden

I 1974 vart bilferja «Volda» frakta landevegen frå Nauste til Eikesdals-



Pokalen som Hanna og Aslak Nerås fekk frå Verftet. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)

vatnet, og med det fekk B/F Eikesdal avløyning etter nesten 15 års drift. «Volda» skifta namn til «Mardøla» og gjekk i rute på Eikesdalsvatnet til 16. november 1990. Den dagen vart vegen langs vatnet opna, men det er ei anna historie. B/F Eikesdal vart seld til private i 1971, og det er i dag Tore Karijord som eig ferja. Den 10. juli 2002 tok Tore tre av dei som bygde B/F Eikesdal med på ein liten tur på vatnet. Bilda fortel meir enn ord: Suksess!

Vegen langs Sunndalsfjorden



Merraberget sett frå Meisalstranda ein vårdag i 2011. (Foto Bjørn Austigard)

Gjennom åra har eg kjørt streknin-
ga frå Eidsvågen og Eidsøra langs
Sunndalsfjorden til Sunndalsøra
temmeleg mange gonger dei siste
40 åra. Dette er liksom vegen for
familien vår til og frå Trøndelag,
og vi har opplevd store utbetringar
desse åra. Først kom Øksendalstun-
nelen slik at vi slapp Svinberget, og
seinare vart det nye forkortingar
med Skrøtunnelen.

Redaktør Sigmund Tjelle som køyrer
mellom Eidsvågen og Sunndalsøra så
godt som dagleg, fortalde meg ein
gong at han brukar 29 minutt til og
frå arbeid. Eg har «testa» kjøretida
hans to gonger og brukte bae gonge-
ne 29,5 minutt. Sjølv om Sigmund
brukte 30 sekund mindre enn meg,
er han ingen råkjørar. Det skulle ber-
re mangle om ikkje ein redaktør som
heile tida er på jakt etter nyheiter, og
som kjenner kvar einaste sving, ik-
kje greidde å spare eit halvt minutt
i høve til meg som køyrer berre «no
og då».



Frå Meisalstranda ca. 1970. Husmannsplassen Fressvikbakken (nærast) med Lia og Kvennset
i bakgrunnen. Før vegen kom i 1940-åra, var det lite framkommeleg i det bratte landskapet.
(Foto G.M. Angvik/Romsdalsmuseet)

Holet i Merraberget

Kvar gong når eg fer innover Mei-
salstranda og ser det bratte Merr-
aberget som avsluttar Fressvikbukta,
fell tankane mine på tidlegare tiders

ferdsel i området. Merraberget var
lenge det største hinderet for saman-
hengande veg langs stranda. Når
gamlelæraren på Eidsøra, Jørgen Pe-
tersen (1855-1932), kom opp i dis-



Frå Grytnesstranda med Sunndalsfjorden inn til venstre og Øksendalen til høgre. Vegen over «Svinberget» er godt synleg ved foten av Blånebba. (Foto Birkeland)



Vegen opp mot «Svinberget» sett frå Sunndalsida før 1953. Hammaren, Hammartunnelen og Hammarkaia i framgrunnen. (Foto Jon Bjordal/Romsdalsmuseet).

kusjonar med nokon der han meinte at motstandaren sa noko urimeleg, brukte han å seie: «Nei, det (du no hevdar) er like umuleg som å slå hol gjennom Merraberget.» Dette siste har eg henta frå ein interessant artikkel om lærar Jørgen Peterson som Oddny Bugge skreiv for Romsdal sogelags årsskrift 2005. No er det ikkje berre eitt hol i Merraberget, men to, - alt etter korleis ein ser det.

139 år gammal reiseskildring

Så lettvent som det er å komme seg frå Sunndalsøra til Eidsøra og Eidsvågen med bil i dag, kan eg ikkje la vere å tenkje på lærar Endre Sande

frå Sunndalen som var «skoleholder» i Vistdalen i 1871-72. Først i juni 1872 var han heimom Sunndalen ein snartur, og den strabasøse returen kan vi lese om i dagboka hans. Han grudde seg på å forlate slekt og venner, men «satte av sted i gærmorges (den 5te) og tok bådskysse frå Sunndalsøren til Eidsøren. Men mine rorskarle var svage, og da vi fik modvind, måtte jeg gå i land indenfor Melkild og spaserede til Jordalsgrænden. Der traf jeg skolelærer Eidsvåg med hvem jeg pratete en stund, og fik så en mand til at skydse mig til Eidsøren. Men da vi fremdeles havde modvind, og man-

den – eftersom jeg mærkede – havde liden lyst til at ro, så begyndte han at fortælle mig at der langs Mesalstranden til Eidsøren var en god fodsti, og da jeg også var temmelig sårhendt af roning, så troede jeg på hans ord og foretrak at bruge apostlernes heste. Jeg lod mig sætte i land og tog benene på nakken. Men enten kom den gode mand den gang i skade for en løgn, eller også gikk jeg i blinde, nok er det; jeg fandt ingen vei men forvildede mig i et morads af lyng, ener og fureskog, så jeg tenkte jeg aldrig havde kommet mig ud igjen. Af og til måtte jeg hovedkulds ud over en hammer, og så bar det igjen afsted op og nedad bakke, indtil jeg endelig, dødstræt og badet i svæd, nåede Eidsøren kl 6.»

Skinnbrokstranda

Kommunikasjonsmessig var nok Meisalstranda meir som ein utkant heilt til det kom køyreveg gjennom bygda. Vegen vart opna rett etter krigen, og då vart ferja mellom Eidsøra og Fjøseid lagt ned. Det folkelege namnet *Skinnbrokstranda* peikar kanskje på at meisalstrandingane vart sett på som litt gammaldags i klesvegen og at dei kanskje levde litt umoderne. Første gongen eg har sett namnet Skinnbrokstranda på trykk, er i Amund Hellands «Norges Land og folk. Romsdals Amt» som kom ut for nøyaktig 100 år sidan i år. Professor A. Helland legg rett nok til at namnet truleg er *spøkefuldt*. Namnet lever nok også i dag hos den eldre garde (i grannebygdene), men med Meisal Bruk, Meisal Kraftstasjon og god kommunikasjon gjennom bygda har nok kulturen endra seg. Sjølv hadde eg den gleden for 26 år sidan å samarbeide med tre trauste meisalstrandingar, som sette opp murene på Hammervolløa i 1984. (Sjå side 268) Til så lenge vil eg berre sitere kva bygdabokforfattar Ottar Roaldset seier om Bjørn Bårdsen som budde like utafør Merraberget for 330 år sidan: «Det går tydeleg fram (av skiftet etter han) at det var ikkje småsildfiskarar som sat i Fredsvika på den tida.»

Gamle stykkestolpar og «ho Dagmar»

«Ho Dagmar» var ikkje til å spøke med. Orkanen sette merke etter seg på både land og sjø. Heldigvis har vi fagfolk, maskinar og naturskafond til å hjelpe oss med å komme vidare.

Ein stykkestolpe

Rett før jul besøkte eg Brit Karin og Odd Wagbø på Ytste Hagbøgarden på Boggestranda. Med det same vi skulle til å gå, seier Brit Karin: «Nei, no Bjørn skal du få sjå noko rart som vi ikkje veit kva er!» Så kom ho inn i stua berande på ein 2,3 m lang stokk (påle) som var spiss i båe endane. Storparten av stokken var måla raudbrun (blymønje?) medan toppen var kvitt. I eit hakk på stokken, rett under toppen, stod det svart på kvitt: «Brevig Løb No 107 b». Etter mange år saman med veghistorikar Bjarne Rekdal (1900-1990) såg eg straks at dette måtte vere ein såkalla «stykkestolpe», men eg hadde ikkje tidlegare sett eit slikt vegmerke i praksis.

Pliktarbeid

Den gamle veglova frå 1824 sa at bygdevegar skal byggjast ved pliktarbeid. Når ein veg var ferdig, skulle heile veglengda delast opp i roder, og kvar rode igjen delast opp i fleire stykke. Det var veginspektøren og lensmannen med sine lagrettesmenn som stod for oppdelinga, og lengda på t.d. eit «stykke» var avhenging av matrikelskylda på garden/bruket. For å vite kvar eit gardsbruk hadde vedlikehaldsplikta si vart det (mange stader i alle fall) sett ned både rodestolpar (-steinar) og stykkestolpar (-steinar). Dei som ikkje hadde veg forbi husa sine, slapp så visst ikkje unna. Eg har dokument som viser at eikesdalingane hadde pliktarbeid på Tiltteridet mellom Eidsvågen og Eidsøra, men at dei heller ville bruke tid og krefter på å bygge veg gjennom Eikesdalen.



Artikkelforfattaren på 188 cm blir berre småguten saman med stykkestolpen. (Foto privat)

Eldre enn 1886

Breivikgarden ligg på strekinga mellom Bogge og Eresfjorden, og dei som budde her, fekk ikkje veg før år 1900. Stolpen derimot er eldre enn 1886, det ser vi på påskrifta «Løb No 107 b». I 1886 gjekk nemleg heile landet over frå «Matrikelnummer» og

«Løpnummer» til «Gards- og bruksnummer» - slik vi har det i dag. Den gamle matrikkelen frå 1886 (trykt 1891) viser at denne stolpen opphavleg har tilhørt bruket Breivikhjellen, gnr. 64/2 i dag. Kvar mannen som åtte Breivikhjellen den gongen hadde arbeidsplikta si, veit vi ikkje noko



Fannestrandsalleen ved Fuglset 1885. I vegkanten står ein liknande stykkestolpe med kvitt topp og «hakk» for inskripsjonen. (Foto Lindahl/Romsdalsmuseet)

om, kanskje var det på Nauste, Sandnes i Vistdalen eller på Rød. Eitt er i alle fall sikkert: Stykkestolpen vart ein gong fjerna frå sin opphavlege plass og teken godt vare på.

Kva med ho «Gammel-Dagmar»?

Vegen frå Breivika til Syltebøen fekk hard medfart av orkanen «Dagmar», men no har Vegvesenet sett inn store ressursar for å rette på dette. Kva om ein liknande orkan – vi kallar han her for «Gammel-Dagmar» - hadde gjort like store skadar på vegen den tida kvar gard hadde arbeidsplikt på sitt stykke, måtte då den enkelte brukar ta alt arbeidet? Svaret er heldigvis NEI, og vi må vere sjeleglade som det heiter, for at vi i dag ikkje har arbeidsplikt på vegane våre, men at vi betaler andre for å gjere arbeidet over den såkalla skattesetelen! Ta vare på stolpen, Brit Karin og Odd! Det er langt mellom desse i dag.

Inskripsjonen er plassert inni eit hakk ved toppen av stolpen. «Brevig Løb No 107 b» er derfor godt bevart. Kjenner du slike stykkestolpar i tre eller stein? (Foto privat)



To stykkestolpar av stein, støypt saman til éin av Hans P. Øverås. Ut frå arkivet til Vegvesenet, fann Bjarne Rekdal ut at på øvste steinen har stått: «No 9, 2den Rode, Viike, 217 Alen». Vegen gjennom Eresfjordsbygda vart rodedelt i 1835, og Paul Larsen Vike hadde stykke 9 i rode 2. (Foto Bjørn Magne Øverås 1985)

Fleire rode- og stykkestolpar

Eg vil innleie med å takke for dei mange reaksjonane eg fekk på bi-draget mitt om «Gamle stykkestolpar» i Driva 27. januar. Veghistoria vår er ikkje heilt daud sjølv om det ikkje lenger blir skilt mellom stykkestolpar og rodestolpar. I vår travle tid blir alt kalla rodestolpar.

Frå Rindalen

Av dei første som ringde meg var Ragnhild Stavne Bolme i Rindalen. Ho har alltid «begeistringens ånd» over seg, og ho gjer gjerne ein innsats for den «rindalske kulturhistorie» - mine ord! Stolpen på Hagbøen, som eg viste bilde av, er ikkje eineståande. Rindal Bygdemuseum har også ein. Ragnhild skriv: «Eg var i dag borte på museet og fotograferte den rodestolpen eg nemnde for deg. Stolpen stod opprinneleg i merket mellom Brønstad og Bjørnås ved det som kallast Mjohølkryset. Eg hugsar han stod der først på 1950-talet. Det var gammeldokteren, Gløer Halvorsen, som såg den kulturhistoriske verdien i stolpen, det vil seia restane av han. Da var det sikkert mykje råteskade på han. Halvorsen tok vare på det som var att av stolpen og fekk han restaurert. Rindal Bygdemuseum fekk seinare stolpen i gave av Ida og Gløer Halvorsen. På den eine sida av rodestolpen står det Gaards no 61 Brugs no 1 og 2 Brønstad T. O. 709 meter. På den andre sida står det Gaards no 63 Brugs no 2 Bjørnaas O. J. 870 meter. Eg tek med opplysningane om gardeigarane, da det kan vera til hjelp for å tidfeste når stolpen (stolpane) vart oppsett. Det må iallefall vera før 1906.»

Matrikkelen frå 1886

Eg kan då her leggje til at ettersom det står *Gards- og bruksnummer* på stolpen, er han laga etter at matrikkelen frå 1886 vart gjeldande, men altså før 1906.



Rindal Bygdemuseum har i dag denne rodestolpen med gardsnamna **Brønstad** og **Bjørnaas** i samlinga si. Gardeigaren var Tore O. Brønstad, f. 1848. Dei to bruka på Brønstad, Austistua og Utistua vart slegne saman til eitt bruk i 1903. Garden vart skjøta bort til sonen Ola i 1906.

Frå Svinvikleivan og Ålvundfjorden

Men også i Svinvikleivan i gamlevegen til Todalen stod det lenge slike rodestolpar, kunne Oddvar Mikkelsen i Gamlestua Nordvik fortelje. Narve Talgø sørga for å få opp kopiar av dei to som var der. «Du får sikkert han Sven Olav Svinvik til å ta bilde av dei,» sa Oddvar. Som sagt så gjort. I telefonen møtte eg den blide Gunn Tove Svinvik som lova å bere ønsket mitt om fotografering vidare til mannen sin, og slik vart det.

Det kom fleire bilde på e-post, og Sven Olav skriv: «Sender deg bilder av rodepålene som står på den gamle veggen inn til Todalen som var bygd sist på 1800-tallet. Navnene som står på rodepålene er Åsprong og Sesbø.»

Han opplyser vidare at desse to gardane på andre sida av Ålvundfjorden hadde vegplikt på Todalsvegen, men at dei leigde folket i Svinvika til å gjere arbeidet mot betaling. Den eine originale rodepålen stod til ca. 1980-talet. Rodepålen til Åsprong står på rett plass, men Sesbø-pålen, som stod lenger inn mot Todalen, vart berre sett opp på ein tilfeldig plass.



Dette er Utigard **Bjørnås**. Gardeigaren var Ola J. Bjørnaas, f. 1861. Rodestolpane er måla av Nils I. Skjølsvoll, Nedre Nygarden, f. 1861. (Foto Ragnhild Stavne Bolme, 2012)



Denne rodestolpen er frå Yttgarden Romundstad. Bokstavar og tal står for følgjande: Tore Jonson Romundstad, f. 1879, han er frå Austistua, og Fredrik Olson Romundstad, f. 1890, frå Midtstua. (Foto Tove Romundstad)

Etterord

I vinter hadde eg to oppslag der temaet var *rodestolpar*. I månadene etterpå hadde eg kontakt med mange som har ein rodestein heime på



Frå Svinvikleivan. To kopiar av gamle rodestolpar er oppsette her. Dei opphavlege stolpane hadde nok spiss topp – ikkje «mønetak». (Foto Sven Olav Svinvik, 2012)



Rodestolpe på Nerøra, Øksendalen. Gard nr 1 og bruk nr. 1 i gamle Øksendal herad. (Foto Gunnar Erstad)



Rodestein frå Galtmettet på Eidet i Surnadal kommune. Her hadde Utigard Honnstad vegplikta si. Det var Sverre Vullum som tok steinen heim til Honnstad. (Foto Konrad Våbenø)



Innskrifta på steinen under stabburet i Knutgarden i Vistdalen betyr: Stykke Nummer 6, på 1. Rode, 271 alner lang. (Foto Bjørn Austigard)

garden sin, og fleire av dei som tok kontakt, hadde ønske om at eg skulle komme for å sjå og tolke teksta. At folk har slike steinar ståande heime, er ikkje så rart. Når vegbygging og vedlikehald vart «ført over på skatte-setelen», fall rodeordninga bort, og då var det fleire som tok heim «steinane» sine og sette dei opp som eit minnesmerke.

Rodestein i Vistdalen

På Sekkjepåsedagen i Vistdalen i år inviterte Anton Myklebostad meg til

å bli med borti Knutgarden (bnr. 1) for å sjå på ein merkeleg stein han hadde ståande under stabburet. Ettersom det var berre «eit par steinkast» til garden, vart eg med, og eg innrømmer at inskripsjonen på den smale steinen var forma slik at eg ikkje kunne svare med ein gong. (Sjå foto).

Då eg kom heim, slo eg opp i veghistorikar Bjarne Rekdals mange artiklar, og etter det kan eg seie temmeleg sikkert at inskripsjonen lyder slik: (Stykke) N°(mmer) **6**, **1. R**(ode) **271** (Alner)

Forklaringa på dette er kort sagt denne: Når ein veg var ferdig, vart vegen rodelagt, dvs. delt opp i *roder*, gjerne på fleire km kvar. Desse rodene vart så igjen delt opp i *stykke*, og det er eigentleg ein slik *stykkestein* vi har med å gjere her. Det var då 271 alner (ca. 170 m) til neste stein, stykke 7. Kvar steinen har stått, får vi ikkje vite før vi ser i rodeprotokollen til lensmannen eller i amtets arkiv ein gong før 1876.

Draget på Bolsøya



Dragvågen (nærast) med Drageidet t.v. og garden Draget på bakken oppe t.h. På andre sida ligg den lunefunne Kalvsøyfjorden med Sekken bak. (Foto Johan Lillebostad/Romsdalsmuseet)


På Bolsøya ligg ein gard som heiter *Draget*. Namnet forklarar seg sjølv: Her drog dei båtane sine over land i staden for å ro rundt heile Bolsøya. Dei tenkte praktisk før i tida.

Gammal busetting

Etter kvart som landet heva seg etter istida, har det synlege landskapet endra seg gjennom tusenåra. Her ved Draget er det gjort interessante flintfunn heilt attende til steinalderen, men landskapet har endra seg, og enno så seint som ved Kristi fødsel var heile Drageidet overflødd. Den første busettinga i nyare tid går attende til 1600-talet, og det vart betalt skatt på garden Draget frå 1661.

Ferdselsvegen

Landtunga er berre 62 m over det smalaste. Bolsøya er 8,5 km lang, så det seier seg sjølv at det var mykje tid å spare ved å dra båten over land mot å ro rundt. I uminnelege tider har det derfor vore lagt ned tømmerlunnar for å lette draginga. I kvar ende på draget var det ein steinvør



Kartutsnitt som viser Bolsøya med Draget. (Kartgrunnlag: Bolsøyboka, bind 2, 1948)

for å lette iland- og ombordstiging. Gardbrukaren på Draget (og kanskje nokre fleire bønder) hadde vedlikehaldsplikt på Drageidet mot at han/dei slapp anna pliktarbeid.

Vedlikehaldet i 1851

I 1824 kom det ei ny veglov. Det vart då slutt på vedlikehaldet av vørrar og lunnar på Drageidet. Folk fór der li-

kevel som før, men manglande vedlikehald gjorde det vanskeleg å bruke denne snarvegen for dei som kom roande frå Nesjestranda og frå inne i fjordane. I fleire år vart det bore fram klager til veginspektøren, og i 1851 sendte han frustrasjonen over til amtmann Thesen. Han tok affære, og same året vart det lagt ned nye lunnar med 2 ½ alners mellomrom,




Nils Parelius (t.v.) og Inge Bryhni på veg over Drageidet med ein liten robåt sommaren 1953. Lunnane er nok av nyare dato, ettersom alt var borte då Aslak Stranden fór der vel 60 år før. Dragvågen i bakgrunnen. (Foto Romsdalsmuseet)

og endane på desse var festa i steinvørane som gjekk frå nedste fjøre til høgste flodmål. Heile istandsetjinga kom seg på 6 speciedalar, dvs. om lag verdien på ei ku den gongen.

Ein som brukte Draget

Det er ikkje lett å finne nokon som skildrar ein tur over Draget. Den første eg veit namnet på, er Aslak Endresen Stranden (1873-1964) frå Skorgestranda i Langfjorden. Kring 1890 kom han på at han ville fotografere seg i Molde, og når han først tok turen, ville han ha med seg ein smørkopp for sal.

Ein finvørsdag starta roturen. Han rodde fort: Dei to mila til Sølvestangen greidde han på to timar, skriv han, men frå der vart det litt motvind. «Så rundet jeg Karlsøya, og derfra tok jeg peiling på Bolsøya. Det er et kjent båtdrag over et eide midt på Bolsøya. Da jeg kom dit hadde jeg ikke tid til å ta (smør)koppen som jeg hadde med, ut av båten Jeg tok tak i forstubandet fremst i båten og dro den over et sandeide som en gang var



Inge Bryhni ved årane i Dragvågen 1953. (Foto Romsdalsmuseet)

belagt med lunner til å dra på, men nå var lunnene borte. Det var bare fjæra og ikke så lite motbakke, og jeg dro båten over og ned igjen på den andre sida....Så satte jeg meg i båten igjen og rodde til jeg la i land på Molde. Da hadde jeg brukt 5 timer.» Etter å ha vaska seg, gjekk han til fotografen, men han venta til dagen etter med å ro same vegen heim att.

Gyda Nesje (1918-2001) fortalde til Gjertrud Kanestrøm at ho som to-åring sat i båten over Draghalsen. Far hennar, Ole O. Nesje (1864-1945) hadde truleg gjort det mange gonger før, men korkje han eller Aslak Stranden tok bilde frå turane sin. Det gjorde derimot Nils Parelius då han var på lysttur i Dragvågen med venner sommaren 1953.

Tunnelen på Boggestranda



På røysa den 9. mars 1979. Frå venstre: Gunnar Klokset, Ingar Hoem, Karstein Steinsvoll, Leif Brandal og Gunnar Nerås. (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)

Måndag 10. desember 2012 var det gjennomslag for den nye tunnelen på Oppdølsstranda. Tove-Lise Torve fekk æra av å fyre av den siste salva. Opplevinga var så sterk for henne at ho faktisk fekk «litt gåsehud», står det i avisreferatet. Alle forstår at holet er epokegjerrande. Etter nesten 15 månader med mi-nering såg dei «lys i tunnelen».

Boggetunnelen

Tunnelane blir berre fleire og fleire og lengre og lengre, og i spalta «Gammalt og nytt» kan det vere artig å leite fram andre gjennomslag - for samanlikninga sin del. Då synest eg det er naturleg at «bauggingane», som eg seier, skal få litt spalteplass denne gongen. Det spesielle med Boggetunnelen er nemleg at arbeidet starta opp torsdag 28. desember 1978, i romjula altså! Det er Kari



Vegen forbi Kleivahammaren var smal og uoversiktleg. Auka biltrafikk hadde tvinga fram støypt kant med rekkverk i staden for stabbesteinar. På andre sida av Eresfjorden ligg Erneset som vart fråflytta i 1969. (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)



Frå arbeidet med «innslaget» til tunnelen. Tre mann borar for hand ute i friluft. Borehola står tett. Skinnhua var både varm og støydempane. (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)



Boggetunnelen representerte det tredje veg-alternativet på denne staden: Den gamle vegen i Boggekleiva gjekk over hammaren, så kom vegen rundt Kleivahammaren, og til slutt skaut dei hol gjennom hammaren. (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)



Boggetunnelen i 2012. Ingen tenkjer i dag på at det har gått veg både over og rundt denne hammaren. (Foto Bjørn Austigard)

Bugge som har notert seg datoen, og då trur eg på at det er rett, sjølv om datoen er litt merkeleg. Då eg fortalde dette til tidlegare vegmeister Kolbjørn Engen, stilte han seg undrande til at Vegvesenet kunne starte på eit slikt arbeid så tett etter julehelga. Ja, han tok så sterkt i at det var «mestå det verste han hadde haurt»!

Prøveskyting?

Eg har ikkje noko forklaring på starttidspunktet, men godt er det i alle fall at arbeidet ikkje starta på ein *fredag*, for etter gammal tru måtte ein aldri begynne på noko storarbeid den vekedagen. No heiter det i eit gammalt ordtak at «vel begynt er halvt fullendt». Det kan sjølvsagt tenkjast at det var denne leveregelen dei hadde i tankane. Med utstyret vel på plass i romjula var det berre å starte for fullt på nyåret. For så å vere sikker på at alt verka, kan det tenkjast at dei skaut ei salve denne torsdagen, og at det så var denne «prøveskytinga» Kari har notert seg?

Eit stort framsteg

Det var vel ikkje så stor rasfare som tvinga fram tunnel i Boggekleiva på Ut-Bogge. Den nærare 80 år gam-



le vegen forbi Kleivahammaren var trong og uoversiktleg, og det oppstod oftare og oftare trafikkork her. Med enkle hjelpemiddel, samanlikna med dagens boreriggjar, kom dei seg gjennom Kleivahammaren på vel tre månader. Romsdals Budstikke var på plass fleire gonger for å dokumentere arbeidet og anleggsplassen. Då smellen frå den siste salva hadde stilna og røyken lagt seg den 9. mars 1979, steig dei fem arbeidarane opp på røysa, blide og glade: tre med ver-

nehjelm og to med skinnhuer! Det er til å få «litt gåsehud» av. Det er mangt som har forandra seg på desse 33 åra.

Mellom skysstasjonar i 1841



Skysstasjonen på Eide – mellom Skjevika og Kleive – var svært sentral fram til 1890-åra. Bastian Dahl skreiv i reisehandboka si i 1892: «God station. Have med frugttrær i espalier. Herfra udgår landeveien til Kristiansund over Batnfjordsøren.» Første postkontoret i Bolsøy prestegjeld kom hit i 1856. (Foto Romsdalsmuseet)

Den 2. januar 1841 starta Alexander Brinchmann og kjøpmann Tonning på ein tur med offentlege kommunikasjonsmiddel frå Molde til Trondheim. Det var strabasiøst, men dei kom fram. Vi skal berre følgje dei over Osmarka til Tingvoll for slik å få eit lite inntrykk av fasilitetane.

Det gamle skyssvesenet

I 1816 fekk vi ei eiga lov om skyssvesenet i Norge. I 1820 var det 97 skysstasjonar i fylket vårt, og behovet førte til at det kom fleire til utover på 1800-talet. Herrane Brinchmann og Tonning brukte det offentlege systemet, og alt ved starten kom dei skeivt ut.

Næraste skysstasjon for den tids moldensarar var på Berg (Bergsgjer-

det?), 2-3 km aust for sentrum. Skys-sen var tilsagt kl. 5, men han stilte ikkje opp før kl. 8. «Han skulle efter avtale skyssse oss til Eide (mellom Skjevika og Kleive), men da veien var nedsnedd og ikke pløyet, gikk hesten tidlig trett.» På Mjelve ga skysskaren opp. Då var klokka 11. Heldigvis fekk dei Nils Mjelve til å skyssse seg til Eide.

Middag på Eide

Dei kom til Eide kom kl. 1, og der tok dei fram middagsmaten sin. «Den bestod av medbragt reisemat samt kokte poteter som vi fikk der. ... Under måltidet hadde vi stor fornøyelse av en liten gutt som ikke ville hete Store-Pe men Lille-Pe, og han syntes ordentlig godt om vår nis-

temat.» Neste skysstasjon var Midt-Istad, men der kjørte dei tydelegvis forbi.

Kveld på Heggem

Kl. 5 kom dei til Heggem. Dei ville straks reise vidare, men «Gamle-Peder (1787-1868) rådet oss til å overnatte under påskudd av at veien til Angviken var ufremkommelig av snemengder. Vi bestemte oss for å overnatte, men tiden blev oss uendelig lang. Da vi fikk høre at posten var kommet og at poståpneriet var like ved, besluttet jeg mig til å skrive til Molde og fortelle om vårt uhell og at vi ikke var kommet lengere enn 3 ¾ mil denne dagen. Da det kom til stykket, fantes det ikke papir på gården. Tonning rev derfor et stykke



Heggem 1902. Her i Oppistua på Heggem var det skystasjon frå ca. 1820 til om lag 1915, og då Brinchmann og Tonning overnatta her i 1841, var det Anne og Erik P. Heggem som hadde garden og skystasjonen. Posten og postskyssen var på grannegarden, Nistua. (Foto utlånt av Asbjørn Dahlen)



Sletta, Angvika ca. 1890. I dette huset var det både skystasjon og postopneri. Postskiltet står t.h. på bygningen. Stasjonsfolket her hadde plikt til å skyss folk med hest til Heggem og med båt til Kvalvåg, Treeikrem, Bekken (Tingvoll) og Eidsøra. Den store oxen er truleg ein køyreokse brukt i gardsarbeidet. (Foto utlånt av Ketil Angvik)



Alexander Brinchmann, f. 13. mars 1826, kom tilbake til Molde som adjunkt og seinare rektor ved den høgre skolen. (Foto Romsdalsmuseet)

av brever han hadde i lommen som jeg skrev på. Da det heller ikke fantes (brev)lakk måtte vi forsegle det med tygget kringledeig.»

Vind over Tingvollfjorden

Det var kaldt på Heggem. Tonning kjøpte seg vindvottar for ½ Spd, og det skulle komme godt med, for oppover Surnadalen var det kaldt. Dei fraus heile tida.

Dei starta på Heggem kl. 6 ½ og kom til Angvika kl. 8 og «forlot ste-

det henimot kl. 9. Det var sterk motvind over fjorden, og med en 8-året båt med tre mann kom vi til Bækken (Tingvoll) kl. 11, men vi reiste ikke vidare før kl. 12, og kom til Bølset kl. 1. Her holdt vi middagsmåltid og fortsatte reisen kl. 2.»


Turen vidare

Her forlét vi skyssen for denne gong. Turen gjekk vidare med båt til Kvenna, og så hesteskyss frå stasjon til stasjon: Først Åsen, så Honnstad, Seter,

Aune, Holte, Garberg osv. Den 5. januar på kvelden kom dei fram til Trondheim temmeleg slitne.

Den som vil vite meir om turen, kan lese Sverre Berg: *Rektor Alexander Brinchmann* (1982). Det er hans litt normaliserte avskrift som er brukt her.

Interessant busshistorie



Angvik Auto – Mørelinjen. (Foto Oddbjørn Skjørsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)

I Driva den 24. oktober vart det invitert til viktig transporttreff på Vårsøg hotell, og i avisa 2. november las vi at treffet vart vellykka. Det var mange interessante bidrag under møtet, og *Interesseforeningen for transporthistorien i Surnadalsregionen* var godt fornøgd med responsen. Det skulle berre mangle. Det dreier seg om 100 år med busshistorie for området.

I boka «Over til rutebil. Avdeling Møre og Romsdal 1930-1965» er pionertida på Nordmøre omtala i eit eige kapittel. Nordmøre Automobilselskap gjekk konkurs etter to års drift, og det var då at I. A. Grimsmo kasta seg rundt og kjøpte to av bilane. Slik beskrev han sjølv starten i si handskrivne historiebok: «I mars 1912 fikk jeg dannet Surenalds Automobilselskab ved at jeg tok 1/3 av aktiene selv...» Hundre år er no gått sidan den gongen.



International C-35B frå Bjarne Berg karosserifabrikk. 20 sitteplassar, 1935 modell. Omregistrert til T-6007 i 1948, avreg. 1954. (Foto Oddbjørn Skjørsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)

Bilde av bussar

Det er mange som har interessert seg for busshistorie, men det er vel ingen her i fylket som har samla så breitt på dette temaet som Oddbjørn Skjørsæter (1944-1999) i Eidsvå-

gen. Han samla opplysningar om busselskap, bussar, vognlister, karosseriverkstader, motorar, bussruter m.m. for heile fylket. Året etter at han døde, gav kona Jorunn heile den rutebilhistoriske samlinga hans til

Romsdalsarkivet. Alt er der registrert i www.romsdalsmuseet.no. Under *Samlingene våre/Romsdalsarkivet* ligg det eir oversyn over samlinga. For nokre år sidan hadde eg besøk på Romsdalsmuseet av hovudstyret i Rutebilhistorisk forening. Då presenterte eg delar av samlinga, og det var ikkje fritt for anna enn at dei vart imponert då eg la fram 31 album med gamle og nye bussbilde.

I samband med det før omtala transporttreffet på Vårsøg hotell fekk eg skanna eit lite utval bussbilde frå Skjørsæters album. Eg lever nemleg i den trua at desse bilda kan skape gode minne også for dei som ikkje skal skrive samferdselshistorie.

Biltur gjennom Surnadalen 1909

Saman med bilda vil eg avslutte denne vesle presentasjonen med ei lita bilhistorie etter Anders Sæterøy, f. 1901. Han mintest nemleg ingeniør Guldahls biltur gjennom dalføret i 1909, og han leverte inn følgjande til *Minneoppgåve for eldre, 1980*:

«Det var ein fin sommardag i 1909. Mor og eg kom ned Husatrøa med ei ku vi skulle leie heim. Då vi kom ned til vegen, kom ho gamle Maret Huså viftande og ropande: 'Det har kome telefon om at det kjem ein bil nedover dalen. Han er her snart no. Ta og lei kua eit stykke opp i trøa att og vent der.' Ja, vi vart ståande der ei stund. Vi såg folk som sprang og flytta hestar og heimekyr lenger frå vegen. Og hest og vogn som hadde vore på vegen då varslet kom, dei køyrde av til stikkveggar eller gardstun og stod og blåheldt hestane der. Snart køyrde bilen framom Husan på ferda til 'Surendalsøren'. Alle sikringstiltak hadde truleg vore gode. Vi merka i alle fall ikkje nokor trafikkulukke og kunne roleg leie kua heim til Sæterøya.»

100 år etterpå

Vel hundre år har gått etter dette, og det har skjedd mykje både på bil- og husdyrfronten på den tida. Bilda viser at dei største forandringane finn vi likevel i bilparken.



Diamond frå Røvik karosserifabrikk 1938, T-2114. Eigar: Ole Stubø, Eidsvåg. (Foto Oddbjørn Skjørsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Studebaker, T-3834. Tysk karosseri, truleg førkrigsmodell, kjøpt 1946 av Nordmøre og Romsdal Billag A/S. (Foto Oddbjørn Skjørsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Bedford OB frå Brd. Solheimdals karosseriverksted, 26 sitteplassar, levert 31.5 – 1951. T-6726. Eigar: Straumsnes Billag. (Foto Oddbjørn Skjørsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Scania Vabis B7563, 38 sitteplassar, 1961 modell. T-6024 eller T-6028, seinare UX 26768. Seld som campingbuss. (Foto Oddbjørn Skjøsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Scania Vabis-bussar til Gjøra og Grøa på haldeplassen på Sunndalsøra. T-6008 og UX 21229. KOA – Kristiansund - Oppdal Auto. (Foto Oddbjørn Skjøsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Kombirute frå Mørelinjen A/S fotografert i Eidsvågen. UX 28521. (Foto Oddbjørn Skjøsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)



Volvo UX 19398 frå Mørelinjen A/S på haldeplassen på Sunndalsøra. (Foto Oddbjørn Skjøsæters samlingar/Romsdalsarkivet/Romsdalsmuseet)

B/F Mardøla på hjul



På Nauste, klar for avgang. Ranvikhuset i bakgrunnen t.h. (Foto Romsdal Folkeblad/Romsdalsmuseet)

Gjennom åra har eg fått utruleg mange spørsmål om kva dag B/F Mardøla vart frakta frå Nauste til Osen ved Eikesdalsvatnet. No veit eg svaret.

Året var 1974, og det veit dei fleste som har interessert seg for rutetrafikken på vatnet, men *datoen* er ikkje ein gong med i MRF sine historiebøker. I fotoarkivet etter Romsdal Folkeblad er det ein lang serie frå transporten, og ved å gå gjennom avisene er det no klart at ferda vart gjort torsdag 13. juni 1974. «Turen» tok 16 timar, og bygdefolket følgde spent med heile tida. «Selveste 17. mai er bare småtteri mot denne folkefesten,» står det i laurdagsavisa to dagar etterpå. «Minko og Magne» tok minst 16 bilde frå hendinga, og av desse presenterer eg to av dei som ikkje er vist før. På det eine har skuta komme på tørt land på Nauste, og på det andre har transporten nettopp passert Vassbrubakken, og den flate vegen oppover Siragarden står for tur. På båe bilda er det store skarar med skuelysne.



Ferdig med Vassbrubakken og Vassbrua. Det er folk framom, bak og på sidevegane. Mardøla er stor, men Goksøyra er større.

Minko og Magne

Minko er pseudonym for journalist Per Kåre Tveiekrem, no i Romsdals Budstikke. Magne står for Magne Oterhals som også var journalist den gongen. Kven som har fotografert kva, veit eg ikkje, derfor står det berre Romsdal Folkeblad som fotograf, og alle bilda er innlemma i Romsdalsmuseets fotoarkiv.



Klar for sjøsetting i Osen med Osbrua i framgrunnen.

ARKITEKTUR OG BYGGESKIKK



Då eg kjøpte stabbur på Tjelle




Slettereiten på Tjelle kring 1970. Det gamle stabburet stod mellom stua og løa. (Foto Romsdalsmuseet)

I 1983 vart Hammervolløa riven og tømmeret kjørt frå Eidsvågen til Romsdalsmuseet. Det var ei interessant løe, godt bevart som ho var. Dei siste åra hadde kommunen rett nok sett inn nokre fleire dører enn det som opphavleg var, men desse lét seg «tettast att» utan større vanskar. Tilbakeføring er ikkje uvanleg i museumsverda, og med tanke på brukt tømmer til plomberinga, spurde eg meg rundt i Eidsvågen.

Etter råd frå Ole Aarstad tok eg meg ein tur til Slettereiten på Tjelle. Der stod det ei taklaus, gammal driftsbygning, men forfallet var nok komme for langt til at stukkane kunne brukast til museumformål.

Bilde frå rivinga. Dei runde stukkane i veggjen ber bod om høg alder. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)





Tverrnett av ein stokk i eine ytterveggen. Stokken vart øksa flat på yttersida lenge etter at huset var sett opp. Etter bordkledinga å dømme, vart dette gjort ein gong på 1800-talet. På bildet av stokken er det merka av år 1515 (margen), reformasjonen 1536, 1600 og 1650. Ettersom denne stokken ikkje er ein rotstokk, er det meir enn 500 år sidan dette furufrøet tok til å spire. (Foto Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet)



Det gamle stabburet har ny, tjørebredd bordkledning utvendig, men innvendig er dei gamle tømmerveggene synlege overallt. (Foto Bjørn Austigard, 29. mai 2011)

Interessant stabbur

Dette var i 1983. Eg hadde augo med meg, og eg la merke til at stabburet på garden var svært gammalt. Eg fekk litt «vondt i meg» for det

stod på bikk og vèrveggen hadde sett betre dagar. Tanken på at eit så gammalt hus skulle gå til grunne, sleppte meg aldri, men på Romsdalsmuseet var alt *då* fleire romsdalske

stabbur-typar godt representerte. I 1987 vart eg merksam på at Ola Tjelle hadde fått hand om Slettreiten, og ettersom han hadde eit velhalde stabbur i Ivagarden, spurde eg om å få kjøpe Slettreit-stabburet. Både fylkeskonservatoren og leiinga på Romsdalsmuseet var glade for at eg ville redde huset og sette det opp att ved hytta mi i Eikesdalen.

Flytta for andre gong

Fram til utskiftinga i 1860-åra utgjorde Tjellagarden eitt stort tun med fem bruk. Etter jordskiftet fekk bruk nr. 1 samla jorda si nedpå Slettreiten, og her vart både gamle og nye hus oppsett. Stabburet vart bygd på med ½ etasje, og det var ikkje vanskeleg å sjå kva som var gammalt og nytt. Med hjelp av ungdommar frå Operasjon dagsverk i Molde, målte eg opp huset, merka og fotograferte tømmeret og «plukka det ned» på musealt vis. Tømmeret i halvetasjen oppå fekk Romsdalsmuseet, resten kjørte Ivar Gamsgrø opp Eikesdalen.

Høg alder

Frå 1997 har Romsdalsmuseet fått aldersbestemt mange hus ved ein analysemetode som heiter dendrokronologi eller årringdatering. Metoden baserer seg på at når det er gode vekstvilkår eit år, blir årringane breie medan dei blir tilsvarande smale i dårlege år. Ved å ta nøyaktig mål på kvar årring, får ein ei kurve for heile stokken. Denne kurva blir så samanlikna med ei kjent referansekurve, og har ein så bork på stokken/stokkane, kan hogståret bestemast heilt nøyaktig. Det er dr. philos. Terje Thun ved NTNU som er største fagmannen på metoden her til lands, og han bestemte hogståret på stabburet mitt til vinteren 1650/51. For ein pensjonert museumsmann er dette ein «eignating» å ha. Etter det ein veit, er det berre Teisetstabburet, som no står på Sølsnes, og det nedste stabburet på Nesset prestegard som er eldre i heile kommunen. Desse er frå 1620 og 1630.

Dører i Vistdalen



Rosemåla fyllingsdør frå Sandnes i Vistdalen. Øvst på døra står «18 Ole:Ols:Søn:Sannes 01» (Foto Romsdalsmuseet)



Inngangspartiet i Lensmannsgarden, Austigarden, Øvre Myklebostad. Huset vart bygd ein gong mellom 1837-43. Dørkrona over døra og dei flate søylene på kvar side, er sterkt inspirert av stilarten empire. (Frå «Arkitektonisk kartlegging av den eldre bebyggelse i Møre og Romsdal, 1975».)



Frå stabburgangen på stabburet i Larsgarden, Nedre Myklebostad. Dørholet måler berre 74 x 140 cm. Døra er ei typisk stabburdør med fiskebeinsmønstra kledning på utsida, men ho er svært smal i høve til standarden på 16- og 1700-talet. (Foto Bjørn Austigard)

I mange år hadde eg ei rosemåla dør like ved kontoret mitt på Romsdalsmuseet. Døra kom frå Sandnes i Vistdalen, og øvst oppe stod det med snirklete bokstavar: Ole Olsen Sannes 1801.

Det er langt mellom kvar gong ein ser så gamle rosemåla dører. Ola O. Sandnes som eig garden i dag, minnest at døra var bruka som loftsdør før ho kom til Romsdalsmuseet. Det var altså snakk om gjenbruk.

Mange slags dører

Tittelen på dette stykket kan kanskje tyde på at det er fleire og andre slags dører i Vistdalen enn i andre bygder, men slik trur eg ikkje at det er. Tilfeldigvis, vil eg nesten seie, så har eg gjennom åra fotografert og notert ein del om vistdalsdører, og plutselig ser eg at dette kan eg skrive om. Kanskje vil det interessere andre også.

Dørøpningar på 1600- og 1700-talet var breie og låge, og for oss i dag er dei upraktiske. Dei som



Tre-felts fyllingsdører i kårhuset i Her ut, Nerland. Over dørene står: «Dette Huus er opbygget og bekostet af Didrik Augustenus Sen og Anne Pedersdatter Nerland i Aaret 1838 og Mallet 1848». (Foto Bjørn Austigard, Romsdalsmuseet)

bygde den gongen tenkte nok annleis. Låge dører gav ein sterk konstruksjon, og varmetapet var mindre når døra var låg. Gamle stabburdører var alltid låge og breie. Slik måtte det vere skulle dei få inn store kornsåar og

kornkister slik at dei fekk oppbevart «Gudslånet» på ein trygg måte. I Larsgarden på Myklebostad står det eit stabbur frå 1600-talet. I inste rommet er det ei kornkiste («stolpekiste») som er eldre enn stabburet, og kista er så



Lofstdør på kårhuset Her ut, Nerland. På låset står «DAN 23/2 43». Det må bety at Didrik Augustinusen Nerland smidde nytt lås til ei gammel dør i 1843. (Foto Linda Larssen)



Nøkkel og låsbeslag på døra til venstre. (Foto Linda Larssen)



Gammal fyllingsdør med breitt listverk. Døra kjem frå Sjarmyra, Sandnes, men er no brukt oppatt i staburet mitt i Eikesdalen. Døra har berre eitt felt, men to høvla spor midt på døra «illuderer» tre felt. (Foto Bjørn Austigard)



Typisk fyllingsdør frå siste halvdel av 1800-talet eller første halvdel av 1900-talet. Denne døra er ådra av den kjende målareren Matheus Hovedal. (Foto Inger Angvik Moen, 2012)

brei og høg at ho kjem korkje ut eller inn gjennom dørholet i dag. Her må dei ha sett kista på plass før staburet var ferdig. Akkurat slik gjorde dei det på Sletteitren på Tjelle også etter utskiftinga kring 1880.

Fyllingsdører

På 1700-talet kom det fyllingsdører med *ein* spegel, slik som døra frå Sandnes. Slike dører var vanlege i barokken, og dei var då omramma med eit kraftig og rikt profilert listverk. Frå Sjarmyra på Sandnes er det bevart to slike dører, men det kan tenkjast at desse er laga så seint at empirodører med to og tre speglar var komne på moten. Det er i alle fall høvla to djupe profilar på spegelen slik at det kan minne om tre felt. Eg trur at gamlehuset på Sjarmyra var bygd kring 1830-1840. Det er om lag samstundes med kårhuset Her ut på Nerland. Det var bygd i 1838 og har tre speglar (felt) i dørene i første etasje. På loftet i kårhuset derimot har døra berre ein spegel, altså en eldre type, så her er det snakk om gjenbruk av døra.

Ei ytterdør med empire-preg

Ein gong mellom 1837 og 1843 vart det bygd eit nytt to-etasjes våningshus i Austigarden, Øvre Myklebostad. Her vart det sett inn ei høg ytterdør med to smale dørblad, og kvart blad har tre felt. På sidene vart det plassert to smale vindauger slik at det kom dagslys inn i gangen. Dette var noko heilt nytt i Vistdalen. Empiren var kommen til bygda – truleg



Opphavleg dørhengse og lås på døra frå Sjarmyra. (Foto Bjørn Austigard)

for første gong. Eit par generasjonar seinare budde dei fleste vistdalingar i to-etasjes hus. Ytterdørene var som regel to-delt med tre felt i kvart dørblad, men innvendig hadde dei fleste dørene fire felt – to liggande og to ståande. No var det sveitserstilen som galdt. Dei fleste som les dette, har vakse opp med slik dører, men seinare har dørene fått eit meir moderne preg der variasjonane er større.

Hov prestegard på flyttefot



Frå Hov prestegard før huset vart flytta. Bildet viser at vegen gjekk heilt inn til troppa ved hovudinngangen. Sokneprest Sigurd Opdahl (t.h) har hatt besøk av foreldre og bestemor, og han står her klar til å kjøre dei besøkande til Oppdal stasjon. Dei budde i Skogn, men var alle frå Vistdalen. Frå venstre: Lærar Sæmund Opdahl, Kristin Opdahl (med katt), forpaktar Even Hagen, Ingrid Ødegård (mormor), Eldri Opdahl og hushjelpa Ingebjørg Osen. (Foto utlånt av Kristin Øien f. Opdahl/Romsdalsmuseet)


«Jeg anser prestegårdstunet i Sunndal for å være ett av de farligste punkter for trafikken på riksveiene i fylket». Dette skreiv overingeniør Elias Grønningsæter til sokneprest Anders Skrondal kring 1930. Alt då hadde biltrafikken auka så sterkt kring husnovene på prestegarden at soknepresten fann det uforsvarleg å bu slik.

Kort historikk


Prestebustaden på Hov vart bygd i 1860, og med litt kjennskap til byggeskikk på landsbygda, ser ein straks at dette ikkje er ein vanleg bondegard. Huset er både langt og breitt, og med sin 1 ½ etasje liknar det på prestegardane på Røbekk (Bolsøy), Myrbostad (Fræna) og i Bud. Alle desse vart bygde i denne perioden, og det var viktig at dei låg sentralt og synleg til.



Frå flyttinga. Her har soknepresten samla dei seks arbeidarane på baksida av huset, og han har teksta bildet slik: Dragseth, Albert Myren, (ukjent murar), Toralf Fahleløkk, Marius Nisja, Johan Skjølsvik. Tre arbeidde med sjølve flyttinga og tre med å grave ut kjellaren og setje opp nye murar. (Foto utlånt av Kristin Øien f. Opdahl/Romsdalsmuseet)



Prestefamilien ved hovudinngangen etter at huset var flytta. (Foto utlånt av Kristin Øien f. Opdahl/Romsdalsmuseet)



Denne skissa frå kallsboka viser korleis vegen krøkte seg rundt huset. (Foto utlånt av Kristin Øien f. Opdahl/Romsdalsmuseet)

Anders Skrondal var den første som var plaga av biltrafikken i Sunndalen. Han skreiv til departementet om problema, men han fekk avslag fordi forslaget hans til utbetringar var altfor omfattande og kostbart. Saka vart stilt «i bero» som det heiter, og i 1933 flytta han til Orkdalen.

Prestegarden blir flytta

Då etterfølgjaren hans, Sigurd Opdahl, kom til Sunndalen våren 1934, arva han trafikkproblema. Han tok straks kontakt med departementet, men saka måtte «utstå av budgjetmessige grunner». Men så kom ekspedisjonssjef Oftenes på besøk i ei

anna sak, og han kunne ikkje unngå å sjå dei trafikale problema på Hov. Dersom Opdahl greidde å flytte og modernisere prestebustaden for kr 5000,-, kunne arbeidet gjerast ved hjelp av fondsmidlar, sa Oftenes, og slik vart det fart i saka.

I januar 1936 reiste Opdahl til Oslo med sjølvlagde teikningar og kostnadsoverslag frå ein byggmeister i Orkdalen. Han trekte seg kort tid etterpå, og etter ein del om og men enda det opp med at Toralf Fahlølkk og Albert Myren «ville prøve» å flytte huset 30 m frå vegen. Med seks skinnegangar, 18 steintraller og diverse donkrafte lykkast dei å flytte huset

og sette det ned på nye murar utan at ein einaste takstein datt av.

Skryt frå departementet

Sokneprest Sigurd Opdahl har fortalt detaljert i kallsboka om denne flyttinga, og sokneprest Helge Storset har gjeve meg innsyn i saka. Heile flyttinga kom seg til slutt på kr 9192,-, og då var nytt bad med vassklosett medrekna. Sokneprest Opdahl er både stolt og glad over resultatet: «Byråsjef Bretteville uttalte da også på sine to inspeksjonsturer sin anerkjennelse, og sa at det var overordentlig billig. Han var også meget tilfreds med den håndverksmessige utførelse.»

Kjentfolk?

Som pensjonert museumsmann er eg framleis interessert i slik flytting av hus. Kristin Øien f. Opdahl har lånt meg fleire bilde frå barndoms- og ungdomstida si i Sunndalen, mellom desse bilde frå flyttinga. Det er nokre handverkarar vi ikkje kjenner namna på.

Steinkvelvingen i Kirkekrøpet



Steinkvelvingen i Kirkekrøpet var godt synleg mellom Storgata 57 og Romsdalsgata 1 våren 2013. Sørenden av den gamle rådstua/Solemdalhuset kvilte på denne kvelvingen i nesten 80 år. Berre grunnmuren av den gamle bakeribyginga frå 1917 står no att. (Foto Bjørn Austigard februar 2013)

«Det er myttjy som kjem fram når snøen forsvinn» heiter det i songen. Det er også somt som kjem fram når gamle hus forsvinn. Her er eit eksempel frå Molde sentrum.

Den gamle rådstua

Moldes første rådstue vart bygd i 1748-50. Dette var ei kombinert rådstue- og arrestbygning som stod der den noverande rådstua står, på nordsida av Øvre veg. Det finst berre teikningar av rådstua frå den tida. I 1857 kom «Lov om Fængselsvæsenet». Etter den var det heilt klart at den første rådstua med arrest og det heile var gått ut på dato, og det var berre eitt å gjere: Få bort den gamle, og bygge ei ny med tidsmessige lokale. Som bestemt, så gjort. Planar og prosessar frå den tid har Knut Even Isaksen gått grundig gjennom i den store «Fængselsboka» som kom

i 1998. Solemdalfamilien kjøpte den gamle rådstua i 1866 og budde der til ho brann i 1940.

Kvelvingen frå 1861

Den gamle rådstuebygninga frå midt på 1700-talet var i god stand etter 110 års bruk, og i mai 1861 starta rivinga med tanke på gjenreising på ei ny tomt 60-70 m aust for kyrkja. Det nye var at huset skulle stå sør-nord, ikkje aust-vest slik det opphavleg stod. Det viste seg då at avstanden frå Øvre veg og ned på hammaren («på Berget») var i kortaste laget, men dei visste råd: For å få grunnmur under heile huset, vart det *mura opp ein fin kvelving* som den dag i dag eksisterer. I samband med realiseringa av *Outzen strøket*, vart fleire bygningar mot Kirkekrøpet rivne no på nyåret 2013, og dermed vart steinkvelvingen synleg frå Storgata. Før



Kyrkja og den gamle rådstuebygninga før flyttinga. Teikning frå 1830-åra. (Utsnitt, repro Romsdalsmuseet)

var det slik at berre dei som ferdast i Kirkekrøpet, såg (og hadde glede av) denne bygningshistoriske detaljen.

Skjult av gammalt og nytt

Ved brannen i Molde 1916 gjekk området ved elva opp i flammer, og brannen vart stoppa først ved Helsethgården, Storgata 55 i dag. Gjenreisinga kom nokså fort i gang, og noko av det første som stod ferdig,



Molde, hausten 1919, sett frå kyrkjetårnet. Nærast frå venstre: 1. Den nye rådstua, 2. Den gamle rådstua/Solemdalhuset etter flyttinga. Det var sørenden på denne staselege bygninga som kvilte på den her omtala steinkvelvingen «på Berget». 3. Kooperativbakeriet frå 1917 som no er rive, slik at kvelvingen er synleg frå Storgata. 4. Helsethgården som overlevde brannane i både 1916 og 1940, men som seinare vart erstatta med eit moderne bygg, Storgata 55. (Foto Romsdalsmuseet)

var Kooperativbakeriet (Storgata 57), heilt på grensa mot Helsethgården. Som bildet frå 1919 viser, var dette bakeriet eit nokså spesielt hus med mansard-tak der møneretninga snudde «feil» veg. Då Molde vart bomba i 1940, stoppa brannen på nytt ved Helsethgården, men denne gongen frå vest. Dermed stod Kooperativbakeriet nærast uskadd. Klara og Erling Outzen leigde først bakeriet og forretningslokala mot Storgata. Etter krigen kjøpte dei Storgata 57 og bygde opp gården frå grunnen av. Det vart også bygd nytt i Storgata 55 (Helsethgården), og saman gjorde desse bygningane det uråd å sjå steinkvelvingen oppi Kirkekrøpet frå Storgata.

I samband med realiseringa av *Outzen strøket* er no ei stund den 150 år gamle steinkvelvingen synleg frå Storgata. Det er berre ein ørliten detalj i Moldes bygningshistorie, men saman med det andre eg her har skrive, synest eg det vart ei bra spikarsuppe med mange ingrediensar. Kanskje vi heller skal kalle det bakverk?



Molde i 1940-åra sett frå Romsdalsgata. Pila peikar på vestenden til den omtala steinkvelvingen under Solemdalhuset. Bak Romsdalsgata 3 (med tårn) ser vi det karakteristiske Kooperativbakeriet. Det gamle bakeriet var bygd i fleire etasjar, og med møneretning på tvers av huset kunne varene heisast opp i etasjane. No er dette borte for godt. (Foto Birkeland/Romsdalsmuseet)

Frå never og torv til skifer



Veblungsnes ca. 1880. Den store Lesjaverkbrygga (seinare Onsum) t.v. har «vanleg» skifertak. Naustet midt i bildet har store, sirupssnippforma heller frå Otta. Slik såg naustet ut også i 1875. Huset heilt til høgre er Telegrafstasjonen. Taket har skiferstein i to storleikar, truleg produsert i Trøndelag. Dei andre husa er tekte med never og torv. Det interessante her er at det kvite toetasjes huset litt t.v. i bildet er bygd nytt ein gong mellom 1875 og 1880. Det var tre teglverk i drift i området, likevel vart det lagt torvtak på huset. (Foto Kirkhorn)

«Å ha tak over hau'et» har vore viktig til alle tider. Ei hole, ein heller eller ein stein var godt nok til tak når ein ikkje visste om noko betre. No skiftar folk tak mot betre vitande.

Når vanlege folk bygde seg hus før i tida, tekte dei taket med never og torv. Det var knapt andre måtar. På 16- og 1700-talet stod tida nærast stille på dette feltet, og det er først utpå 1800-talet at det kom reelle alternativ. I byane, der husa stod tett i tett, var brannfaren mykje større enn på landsbygda. Der måtte huseigarane kjøpe teglstein i dyre dommar frå utlandet. Knusktørre torvtak var nemleg brannfarlege.

Skifertak

Det eldste skifertaket eg kjenner til i Romsdal, var på stabburet på Reknes

Hospital. Det var nybygd midt på 1830-talet, og i ein branntakst frå 1840-åra står det at huset hadde skifertak. Den same skifersteinen låg på taket i ca. 130 år. Steinen har form som ein sirupssnipp (rombeforma) med største lengde 1,20 m. Eg leverte inn ei steinprøve til NGU i Trondheim, og der kunne dei slå fast at steinen var frå Otta.

I 1964 vart det lagt på bølgeeter-nitt på Reknesstabburet. Brukbare skiferheller vart lagra under stabburet. Då Romsdalsmuseet gjenreiste stabburet på museet like etter tusenårs-skiftet, var det eit ønske å få vist fram originalsteinen. Ved å supplere restane frå under stabburet med tilsvarende stein frå eit uthus på Indre Årø, fekk ein nok skifer til eine taksida. På den andre taksida vart det i staden lagt mindre skiferstein.

Skifertaka vann terreng

Det seier seg sjølv at det var dyrt å legge skifertak. Steinen måtte kjørast på vinterføre frå Otta over Lesja og ned til Veblungsnes for så å bli frakta vidare med båt. Gamle bilde viser at fleire hus oppover Romsdalen har hatt slik sirupssnippforma skiferstein. Dyrt, ja, men det var ikkje så heilt lett med torvtak heller når skjella var som verst nedover dalen.

Teglstein og spontak

Sist på 1700-talet vart det bygd eit teglverk på Moldegård. Det produserte berre vel 16 000 stein, så det forslo ikkje noko. På Nes (Åndalsnes) og Høljenes kom det to teglverk i 1850-åra, og i Romdalsvika på Sekken starta det opp eitt i 1860, men det kom ikkje mange teglsteinstak på landsbygda av den grunn. Derimot var det mange gardbrukarar som



Veblungsnes ca. 1890. Fotograf Kirkhorn har stilt seg opp på same stad som ca. 10 år før. Huset t.v. har fått spontak, dei to neste har torvtak som før. Nauset og huset attmed er erstatta med eit stort, toetasjes hus som gjestgivar Onsum tenkte å bruke/delvis brukte til hotell. Telegrafstasjonen har fått ny inngang (med «skreppe») på baksida, og så er det reparert ein lekkasje(!) ved pipa. Ikkje eit einaste hus på bilda har reglstein. Skjella var nok for hard. (Foto Romsdalsmuseet)

bygde seg to-etasje hus i 1880- og 90-åra, som la spontak på husa sine. I Romsdals Budstikkens spalter er det mange annonser om ferdig takspion til sals, og mange gjorde seg bruk av denne «snarvegen» til eit rimeleg tak. Problemet var berre at spontaket som regel måtte skiftast etter 15-25 år. Det var då skifertaka kom for fullt, og når kvaliteten var god og steinen var rett lagt, heldt dei i 100 år. Kjære lesar: No er eg inne på ein av «kjepphestane» mine.



Reknesstabburet. Etter gjenreisninga på Romsdalsmuseet er vestsida tekt med store skiferhellere frå Otta. For å få nok «originalstein» til denne eine taksida vart det lagt på same sort stein frå eit uthus på Indre Årø. Dei to taka var truleg like gamle, for det var uråd å sjå forskjell på hellene. (Foto Bjørn Austigard 2013)

Saga på Hestad

For hundre år sidan fanst det mengdevis med kvernkallar og vasshjul som gjorde nytte for seg. Då eg begynte på Romsdalsmuseet i 1975, var det ikkje vanskeleg å finne kvernhus med originale kallar, men dei fleste store overvasshjula var opprotna for lenge sidan.

Etter nokre år bestemte eg meg for at her må det ei «vassjulregistrering» til før det er for seint.

Hestad ved Langfjorden

Jungeltelegrafan gjekk rundt i kommunane, og etter eit års tid hadde eg fem overvasshjula på lista mi. Eitt av dei stod nede ved sjøen på Hestad lengst vest i Nesset kommune. Disponent Kåre Malo ved Malo Sagbruk, som ivra sterkt for denne registreringa, var der i 1980 og tok nokre bilde for meg, og sjølv reiste eg dit 25. april 1982. Eg fekk med meg Hans Buvik (f. 1903) frå nabogarden, og han hadde mykje å fortelje.

Bygd 1890

I «Gards- og ættesoge for Nesset» bind 1 står følgjande: «Nede ved sjøen har garden ei sag som blir driven av eit overvasshjul. Den vart bygd i 1890, og ho var i bruk til 1970. Dette er ei av dei siste overvasshjulsagene som enno finst i distriktet.» Hestadgarden ligg om lag 200 m.o.h., og ei sag nede ved sjøen hadde både fordelar og ulemper. Gardbrukaren bygde derfor både ei og to sager nærare tunet, og då sag-huset nede ved sjøen stod tomt og ubrukt, fekk Hans Buvik setje inn ny innreiing for eiga rekning: benker, blad, drivverk. Dette vart gjort i 1937.

Vasshjul frå Nesjestranda

Etter snart 50 år hadde det gamle vasshjulet sett sine beste dagar, men i staden for å lage eit nytt hjul, kjøpte Hans Buvik eit lite brukt hjul frå Nesjestranda. Dette trilla dei ned i fjøra, heisa det opp i ein båt og frakta det



Hestadsaga med vassrenna. For å få vatnet inn på vasshjulet, måtte det til ei lang og kraftig vassrenna. Når dei skulle stoppe hjulet, løfta dei opp ei luke i renna («demnmå»). All kvisten og lauven i nedste del av renna viser at det er lenge sidan det rann vatn inn på hjulet. (Foto Romsdalsmuseet)

til Hestad. På 1960-talet (?) vart hjulet fornya, m.a. vart det sett inn ny hjul-ås (aksling).

Traktordrift

Etter at vasshjulet vart sett i stand siste gongen var det i bruk ein del år, men uvissa omkring kor mykje «sagvatn» det var i elva, gjorde at overvasshjulet vart kopla frå, og saga vart bygd om for traktordrift. Då eg

var der, hadde ikkje saga vore i bruk dei siste 5 åra, men vasshjulet var like godt. Det stod under tak og var dermed bra beskytta mot vêr og vind. Det var lett å komme til, og det var ei oppleving å sjå det fine snikkararbeidet, dimensjonane på hjulet, kraftoverføringane og ikkje minst den lange renna som leidde vatnet inn på vasshjulet. Har du eit slikt stort overvasshjul, vil eg gjerne få vite det.



Saga sett frå sjøsida i 1950-60-åra. Ved hjelp av vasshjulet kunne ein dra tømmerstokkane opp frå sjøen. Sjølve saga måler 5 x 10,2 m, og mot sjøen er ho temmeleg høg. (Foto Romsdalsmuseet)



Overvasshjulet har ein diameter på 4,2 m, og det er 1,23 m breitt. Hjulet vart tjørebredt av og til for at det skulle halde seg. Hjul-åsen kviler i eit steinlager på bae sider, og dette vart smurt med fiskelever (lyse) i gamle dagar. (Foto Romsdalsmuseet)



Hans Buvik med hesten og barnebarnet Knut Ivar først på 1950-talet. (Foto Romsdalsmuseet)



Tannhjul. For å få fart på sagbladet vart det nytta tannhjulsoverføring. Her burde kanskje Arbeidstilsynet vore på besøk? (Foto Romsdalsmuseet)

Gamle stabbur



Stabburet på Ner-Monsås i Torvika. Her er utvendig tropp opp på loftet, og andre etasje er nokså mykje større enn første. Austlendingane kallar slike stabbur for «loft», men det gjer ikkje vi romsdalingar. Eg trur dette staselege stabburet er bygd først på 1700-talet (1723?), men alderen kan berre avgjerast med årringanalyse. Eidestabburet på Romsdalsmuseet har svært mykje til felles med dette. (Foto frå 1940-45 med tyske soldatar på troppa/Romsdalsmuseet)

«Hvorfor er stabbur smalere nede?»
Dette spørsmålet har eg fått til-
sendt frå redaksjonen i Budstikka.
Det er ein ivrig lesar i Indre Roms-
dal som spør.

Eg har interessert meg for byggeskikk i 40 år, men eg levde ikkje den gongen då desse stabbura vart bygde. Etter som spørsmålet har med våre *røter* å gjere, vil eg prøve å svare.

Solid hus

Generelt kan eg seie at stabbura er mellom dei eldste bygningane rundt om på gardane. Eg veit om fleire der første høgda er 3-400 år gamle. Typiske trekk for gamle stabbur er at dei var oppsett av solid tømmer, og for å minske brannfaren var dei gjerne plasserte i utkanten av tunet. Slik har dei greidd seg i generasjonar.



Stabburet på Ora, Eidsbygda, er bygd i to omgangar. Etter laftinga å dome er første etasje bygd først på 1700 medan andre etasje er påbygd minst hundre år seinare. Loftet stikk utom første etasje på tre sider. Stabburet vart flytta til ny tomt i 1939. (Foto Romsdalsmuseet)



Stabburet på Skalle, Kleive, før det vart flytta til Romsdalsmuseet 1949. Her er tømmerdelen i første etasje frå ca. 1700, medan stabbursvala og loftet er frå 1800-talet. Stabburloftet er ca. 25 cm breiare på kvar side enn gammel-stabburet. På den måten fekk dei meir plass, og det vart tørrare kring veggene. (Foto Romsdalsmuseet)



Stabburet frå Ytter-Eide, Eidsbygda like etter at det vart flytta til Romsdalsmuseet i 1930-åra. Dette vart bygd slik for rundt 300 år sidan. (Foto Romsdalsmuseet)

Mørkt, tørt og kaldt

På stabburet oppbevarte dei først og fremst mat, men det var ikkje uvanleg å ha gang- og sengeklede lagra der også. Eit klart bevis på dette siste er

dei gamle skinnfellstengene som ofte heng oppunder taket.

For at matvarer som korn og flatbrød, saltakjøl og spekepølser m.m. skulle halde seg etande både eitt

og fleire år, var det viktig at det var *mørkt, tørt, kaldt og musafritt* inni stabburrommet. For å oppnå dette var det viktig at taket var tett, og at det var *luftig under*. I dei fleste tilfella var døra snudd mot sør eller aust, og vêrveggen var oftast bordkledd for å halde ute vatn.

Bygningshistorisk utvikling

Eg vågar den påstanden at for 250 år sidan hadde dei fleste stabbura i Romsdal berre eitt rom. Eg trur rett og slett at dei fleste gardane ikkje hadde behov for meir. I desse var det ikkje vindauge, berre ein glugg som kunne stengjast med ei fjøl. Utover på 1700-talet vart det bygd nokre to-etasjes stabbur med utvendig loftstropp. Her i Romsdal blir også desse husa kalla *stabbur*, men i andre landsdelar blir dei gjerne kalla *loft* fordi ein kunne gå opp på stabburloftet og leggje seg utan å gå gjennom stabburrommet. Du finn/fann dei i gamle Eid og Voll kommunar (no Rauma). På alle desse var grunnflata i andre etasje noko større enn i første (sjå bilde og bildetekster).

Påbygging

I andre halvdel av 1800-talet skjedde det store endringar i jordbruket. Det vart halde jordskifte på svært mange gardar, og gamle tun vart oppløyste. Etter utskiftinga fekk dei fleste samla hus og jord på ein stad, og det gav eit meir effektivt jordbruk. I samband med utflyttinga tok dei ofte med seg det gamle stabburet. Etter at jordskiftet var gjennomført, auka gjerne matproduksjonen på garden, og då var det mange som bygde på ein halv eller ein heil etasje oppå det gamle stabburet. «Alle» som bygde på, forlenga stabburet slik at dei fekk ein stabburgang framom den gamle stabburdøra, og det var ikkje uvanleg å gjere loftet breiare enn det opphavlege stabburet. På den måten fekk dei ikkje berre meir plass til mat og klede, men dei oppnådde også å få ufsedropen bort frå veggene og slik få eit endå betre stabbur. Kva som har vore viktigast, skal her vere usagt.



Gammelt stabbur som er forlenga og påbygd ein halv etasje, men det er ikkje gjort breiare. Er det nokon som veit kvar dette står/har stått? Måndalen? (Foto Inger Helene Johnson f. Solemdal/Romsdalsmuseet)



I Nordigarden på Skjørsetra, er loftet bygd fram over stabburdøra. Dette var temmeleg vanleg. (Foto Romsdalsmuseet)



I Skulhagen, Rødven, bygde dei nytt stabbur med breitt loft for 100 år sidan. (Foto Bjørn Austigard)



**KYRKJER OG
KYRKJEKUNST**

Kalla-kunst på vandring

I 2007-08 mottok Romsdalsmuseet rundt 130 000 papirbilde frå redaksjonen i Romsdals Budstikke. Det meste var ordna i konvoluttar og mapper etter eit visst system. Ein del bilde var godt teksta med namn og trykkedato, medan andre bilde hadde lite eller ingen informasjon utanom det ein såg på motivet.

Detektivarbeid

8-10 frivillige personar arbeidde 3-4 timar nesten kvar tysdag i over eit år med å tekste desse bilda. Då arbeidet vart avslutta, låg det att ein liten haug med bilde som ingen visste noko om.

Kalla Skrøvseth 1973

Eitt av bilda som låg att, viste ei dame ved eit kunstverk. Berre «1973» var lesbart på kunstverket. «Kan det vere Kalla Skrøvseth?» var det ein som sa. Ekteparet Kirsten (f. Skrøvseth) og Haldor Ulvund i Molde vart kontakta, og dei kunne stadfeste at det var Kalla.

Normalt skulle historia slutte her. Med 130 000 bilde kan ein ikkje bruke meir tid på å grave etter fleire opplysningar, men etter som eg no er pensjonist, heldt eg fram. På kyrkjekontoret i Bolsøy prestegjeld kunne Eva Wentzel fortelje at kunstverket no heng i Litl-salen i Bergmo småkirke, og at det vart flytta dit frå Norrønasalen i Molde sentrum for ein del år sidan.

Kalla Skrøvseth (1913-1997) frå Surnadal var ein framstående kunstnar som har fått ein fyldig omtale i Norsk Kunstnerleksikon. Hennar mosaikk, mosaikkrelieff og måleri er spreidde over store delar av landet. Kristne figurscener dominerer kunstverka hennar, står det i kunstnarleksikonet, og det er nettopp eit slikt arbeid vi har med å gjere her. Dei fleste kunstverka er då også å finne i kyrkjer, forsamlingshus og institusjonar av mange slag.



Kunstnaren Kalla Skrøvseth presenterer kunstverket i Norrønasalen i Molde 1973. Randi og Sverre Hatle fortel at damene ber eldslogar, og at inspirasjonen er henta frå Markus 16.15: «Gå ut i all verda og kunnngjer evangeliet for all skapningen». (Foto Romsdals Budstikke/Romsdalsmuseet)

Ny bruk

Bildet vi her presenterer, stod på trykk i Romsdals Budstikke den 10. desember 1973. Det var rett etter at avdukingsseremonien var gjort. Då Norrønasalen vart lagt ned, kom kunstverket til Bergmo småkirke. Det var godt tenkt, for slik det er montert der, kan tusenvis av menneske sjå det kvart år. Ekteparet Ulvund opplyser at ved andre liknande tilfelle er kunstverk frå t.d. nedlagde bedehus ført attende til «Kallastuå» i Surnadalen, der galleriet og måleri-samlinga hennar er bevart.

Kunstverket slik det heng i Litl-salen i Bergmo kirke etter flyttinga. (Foto Bjørn Austigard 2011)



Inngangskonene i Vistdalen

Dei fleste som har drive med slektsgranskning, brukar kyrkjebøker som kjelder. I desse bøkene finn ein først og fremst oversikt over fødde, konfirmerte, vigde og døde, men ein kan også finne opplysningar om vaksinerte, inn- og utflytta og ymse anna. Innhaldet og måten bøkene er førde på, varierer noko over tid og delvis etter kven som var prest.

Kyrkjebøkene som kjelde

I kyrkjebøker frå 1700-talet støyter ein rett som det er på uttrykket «Introduceret», gjerne forkorta berre til *Introd.*, og for nybegynnarar verkar dette både overraskande og rart. Den kyrkjelege handlinga dette ordet viser til, er den høgtidelege gjeninnføringa i kyrkja for alle kvinner som hadde fødd, ei viss tid etter fødselen. Kvinnene det galdt, vart gjerne kalla inngangskonar. Bakgrunnen finn ein i 3. Mosebok 12, 2-4 der det blir hevda at kvinner som hadde fødd barn, var ureine og kunne ikkje komme til Guds hus før 5-6 veker var gått etter fødselen. I katolsk tid vart gifte mødrer 5-6 veker etter fødselen møtt av presten anten ute eller i våpenhuset, og ført inn i kyrkja. Han bad for dei og lyste velsigninga over dei. Dette var lovpålagt heilt til 1754, meir enn 200 år etter reformasjonen. Den gode Luther likte nemleg ikkje denne skikken, men prestane som tok betaling for handlinga, heldt fram.

Endre Sande skriv i 1871

Eg har snart arbeidd med lokalhistorie – og lokal kyrkjehistorie – i 40 år, og til no har eg berre ein gong funne ei personleg skildring av denne kyrkjelege handlinga. Det er lærar Endre Sande (1849-1914) frå Sunndalen som kom til Vistdalen som nyutdanna lærar i 1871, som løftar litt på sløret for oss. Han førte nemleg dagbok, og ettersom han sakna Sunndalen og sunndalingane og vantrevst mellom framande i Vistdalen, skreiv



Vistdalskyrkja var ny i 1869. To år seinare praktiserte vistdalingane framleis den gamle skikken med kvinnefolkside (på nordsida) og mannfolkside. «Gammeldags» er Sandes karakteristikk. (Foto Steinar Meisingset/Romsdalsmuseet)

han frimodig om ting han opplevde og tankar som han tenkte, i dagboka si. «I dag var jeg i kirken og hørte for første gang hr. Steen prædike, og jeg må sige, at jeg idetheletaget syntes godt om ham. Det forundret meg at spore deres sangvinskhed («gladlyndt, optimistisk, med skiftande, lettkevikte lynde») også i kirken, idet hele almuen lo af nogle kirkegangskonar, som med deres følge forbrød seg imod ritualet. Dette røber en eiendommelighed hos dem, som er min aldeles modsat, og som neppe dermed bidrager mig til at fjerne mig fra dem.....Deres kirkeskikke afviger meget fra Sundalingernes som f.ex. deri at tilhørere af begge kjøen ikke sidder i de samme stole, hvilket forbausede mig. De er desuden meget gammeldags og således fulde af ceremonier.» (Frå Romsdal sogelags årsskrift 1998)

«Mødres kirkegang»

I Vistdalen praktiserte altså sokneprest Andreas F. B. Steen den gamle skikken med «Mødres kirkegang» så seint som i 1871, og då må vi kanskje gå ut frå at det også vart gjort i alle kyrkjene hans. Presten var jo den same. Kor lenge dette varte i Nesset, veit vi ikkje, men etter Henning



I 1892 måla Harriet Backer «Inngangskonene». Vi nærma oss då slutten på denne kyrkjelege tradisjonen. Vi gjengir her Leif Kristoffersens kopi – fritt etter Harriet Backer – frå 1927. Kopien heng i Bergmo kirke i Molde. (Repro Bjørn Austigard)

Ødegård (klokkar i Vistdalen) sine dagboksnotat frå 10 år seinare, vart 32 barn døypte og 25 «konar indledet». Kanskje var skikken på vikande front. Då M. B. Landstad, som var halvt nassetgjelding, kom med salmeboka si i 1869, var «Til dit Hus med Takkesang» sett opp som ein høveleg salme til denne handlinga. Det same var tilfelle då Landstads reviderte salmebok vart autorisert i 1924. Etter det eg har lese, heldt skikken med inngangskonar seg lengst i Tynset kirke, der det var slutt kring 1920.

(Etter at denne artikkelen stod på trykk har eg fått eit tips om at «gammel-presten» i Rindal praktiserte skikken med inngangskonar både i 1920- og 30-åra.)

Arkitekt Norum og maskene hans

Det er no (2012) gått fem år sidan vi feira 100-årsjubileet for Veøy, Holm og Rødven kyrkjer. Dei to første vart bygd etter same teikningar, og arkitekten bak desse tidstypiske drakestilskyrkjene var Karl Norum.

Arkitekt Norum var inspirert av både stavkyrkjer og jugendstil, og i kyrkjene på Holm og Søsnes greidde han å «plassere» ei mengd ornamentmasker. I dei næraste åra etter 1905 var drakestilen på moten innan dei fleste kunstartar, og Norum fekk «boltre» seg både i Neiden i Finnmark, i Buksnes i Lofoten og på Frei.

Glad i masker

Trondheim er «full» av monumentale bygningar teikna av Karl Norum. Britannia Hotell, Mathesongården, Frimurerlogen og Postkontoret er berre starten på ei lang liste. Han var ein av Trondheims store arkitektar. Vil du sjå «steinmaskene» hans, er det berre å ta ein tur innom Postkontoret i Dronningens gate 10. Vil du ikkje reise heilt til Trondheim, finn du også Norum-masker i Ålesund. Der teikna han eit ti-tals jugendhus med rik ornamentering i åra 1905-7.


For nokre år sidan oppdaga eg at det stod ei portrettbyste av Karl Norum i gravlunden sør for Nidaros domkirke. Ansiktet og eine skuldra var overgrodd med mose. «Dette gravminnet er avgløymt,» tenkte eg. «Han som er kjent for sine mange («stygge») ansiktsmasker på bygningar og i interiør, hans ansikt er snart ikkje synleg lenger.» I mai 2011 gjekk eg innom gravlunden ved Nidelva, og med berre fingrane tok eg bort det meste av mosen slik at ansiktet hans kom fram att. Eg syntest han fortente det!

På befarung med Øistein Røvik

For 15 år sidan var eg på ein rundtur til Rødven, Holm, Veøy (Søsnes) og Røvik kyrkjer saman med biletskjer-




Portrettbysta av arkitekt Karl Norum ved Nidaros domkirke fotografert 100 år etter at han døydde. Overgrodd og gløymt? Med berre fingrane fjerna eg ein god del mose frå ansiktet og skuldrane. Både nasen og barten hans har fått hard medfart i hundreåret som har gått. (Foto Bjørn Austigard 2011)



Maske og ornament i Holm kyrkje. (Foto Bjørn Austigard)

rar Øistein Røvik. Det var nemleg far hans, biletskjerar Ole Anthon Røvik (1885-1965) frå Sendingen i Røvika, som skar det meste av alle ornamenta i Holm og Veøy kyrkjer. Han var berre 22-23 år, men han stod på. I tillegg til dei to nemnde kyrkjene gjorde han også litt treskjerararbeid



Maske teikna av Karl Norum 1907. (Foto Bjørn Austigard)



i Rødvenkyrkja desse åra. Det seier seg sjølv at i periodar var det travelt. Tidvis hadde derfor Røvik sin venn Alfred Holthe frå Trondheim til å hjelpe seg, fortalde Øistein. Dei to var på same alder, og dei var kollegaer i læretida. I Røvikkyrkja gjorde han eit større arbeid kring 1950.



Biletskjerar Ole Anthon Røvik i arbeid i verkstaden sin. Han gjekk læretida si i Trondheim i åra 1903-06. Kanskje kjente han arkitekten frå læretida si? (Foto Romsdalsmuseet)



Vøy nye kyrkje på Solsnes. Drakestilen og stavkyrkjepreget er lett å sjå. (Foto Erling Neerland/Romsdalsmuseet)



Maskermonnet og silkeskål-bord. Vøy nye kyrkje. Foto: Christ Allan Sylthe

Dei doble bjelkane over sideskipa har utskorne masker i endane mot kyrkjerommet. (Foto: Christ Allan Sylthe)

Fredag 27. juli i år tok vi avskil med biletskjerar Øistein Røvik i Molde domkyrkje. Det var vemodig og høgtidsamt på ein gong. Tankane mine gjekk attende til denne «rundturen» vår i 1997 der han viste meg kva Norum hadde teikna og far hans hadde *skore*. Øistein gjekk i sin «fars fotspor», og han overtok etter kvart farens verkstad. Saman gjorde desse to treskjerararbeid i meir enn 80 norske kyrkjer over ein hundreårsperiode.

«Merkjet det stend om mannen han stupa»

Kyrkjene ved Langfjorden har no vore i bruk i 105 år. Karl Norum døydde i 1911 og Ole Anthon Røvik i 1965. Maskene som desse to skapte står der for kommande slekter. Arkitekten sitt namn vil kanskje leva lengst. Derfor er det viktig for meg å fortelje at det er ein av «våre eigne» som gjorde det synlege arbeidet. Også hans namn må leve vidare!

Korskyrkja på Grytten



Haugane med flygesand på Gytten er beint ut imponerende. Kyrkjetufta ligg t.v. i bildet. I generasjonar moka dei sand frå dører og vegger for å komme inn i kyrkja. Nokre steinar frå kyrkjegardsmuren er synlege i framgrunnen. (Foto Bjørn Austigard)

I åra 1661 til 1797 vart det bygd 16 korsforma kyrkjer i Romsdal. Ei av desse kyrkjene stod på Grytten i Rauma. I snart 200 år har kyrkjegarden og kyrkjemurane der vore dekt av sand.

Ein naturkatastrofe


Den nye korskyrkja på Grytten prestegard vart innvigd i 1732, men det gjekk ikkje mange åra før det oppstod ei langvarig *sandflukt* som varte i nesten 150 år. Sanden som kom frå elvabradden, samla seg rundt alle vegger, og dei måtte moke bort sand frå dørene for å komme inn i kyrkja. I 1820-åra var sandhaugen ved koret 5-6 m høg, og på nordsida var toppen av haugen jamhøg med tårnfoten, dvs. 8-10 m. Problemet var uholdbart både ute og inne. Ved kongeleg resolusjon den 5. november 1827 vart det bestemt at ei ny



«Skisse fra Grytens Præstegjeld i Romsdalen». Det har vore hevda at dette er korskyrkja på Grytten, teikna lenge etter at ho var riven. Eg trur helst dette er Kors kyrkje den gongen ho stod på Flatmark. (Foto Romsdalsmuseet)



Altartavla frå den gamle korskyrkja på Grytten. Ei så frodig altartavle høvde ikkje i inn den nye åttekanta kyrkja på Setnes. Sidan 1952 har ho no stått i Romsdalsmuseets kapell. (Foto Johnny Bratseth)



På denne kartskissa har Erik Jondell teikna inn kvar han lokaliserte kyrkjemuren i all sanden. A er kyrkjetufta. Den feite streken viser den delen av muren som han grov fram i 1983. B er ein del av kyrkjegardsmuren. (Kjelde Riksantikvaren)

kyrkje skulle byggjast på Setnes (ved Veblungnes).

Ny kyrkje

Det har vore sagt at dei reiv korskyrkja i 1827 og brukte tømmeret opp att i den nye åttekantkyrkja, men det tvilar eg på. Kyrkjebøkene viser at gudsteneter, dåp, giftemål m.m. gjekk som før «i Kirken». Presten har ikkje gjort nokon merknad (det eg har funne) i ministerialboka (kyrkjeboka) om når *den siste* kyrkjelege handlinga vart gjort i korskyrkja og når den første ministerielle handlinga vart gjort i nykyrkja. Dette tolkar eg slik at overgangen frå den eine til den andre gjekk nærast på dagen, slik det seinare vart gjort då det kom ny kyrkje på Hen (Isfjorden) i 1835. Eg har dessutan undersøkt tømmeret i den noverande kyrkja utan å finne eit einaste sikkert spor av gjenbruk frå korskyrkja.

Dekt av sand

Etter at korskyrkja var riven – etter mitt syn vart det gjort i 1829-30 – vart kyrkjegarden og kyrkjetomta dekt med eit stadig tjukkare sandlag. Sokneprest Hans Rasmus Astrup, som hadde sin siste innførsel i ministerialboka den 6. juli 1827, døydde

den 27. juli same året, og han vart gravlagt ved korskyrkja, men så snart kyrkjegarden var klar på Setnes, vart likkista tatt opp att og flytta dit saman med gravsteinen (minneplata). Etter det gjekk den vigsla grunnen ved Grytten prestegard nærast over i gløymsla. Sandflukta heldt fram, og i 1862 var naturgranskar/forstmann og eventyrsamlar P. Chr. Asbjørnsen på staden for å finne rådgjerder mot sandplagene. To år etterpå vart prestegarden seld til private.

Fram frå gløymsla

«Ingen ting er så gale at det ikkje er godt for noko» heiter det i eit ordtak. Flygesanden på Grytten er den finaste pussanden ein kan tenkje seg, og først på 1930-talet begynte dåverande eigar av prestegarden, Bjarne Næss, å ta ut sand for sal. Etter å ha gjort det i nesten 50 år, meldte spørsmålet seg: kva med kyrkjetufta, kyrkjegarden og dei gamle gravene? Riksantikvaren vart derfor koplå inn i 1980, og i 1983 var arkeolog Erik Jondell på staden. Etter nokre dagar med traktor, spade, murskei m.m., lokaliserte han både kyrkjegardsmuren og delar av grunnmuren under kyrkja. Sanduttaket hadde ikkje gjort kulturhistorisk skade, men grunnei-



Kartutsnitt som viser kvar Grytten kyrkje ein gong stod. Sandflukta ramma både kyrkja og prestegarden. Ny gard for presten vart kjøpt på Nes etter kongeleg resolusjon av 2. juni 1864.

garen vart beden om ikkje å ta ut sand akkurat der kyrkja ein gong stod.

Eg fekk kopi av utgravingsrapporten frå Riksantikvaren, og ut frå det Jondell fann ut, kan eg seie at korskyrkja på Grytten var ganske lita for å vere hovudkyrkja i prestegjeldet.

Eit besøk verd

Eg har ikkje tal på kor mange gonger eg har vore på kyrkjestaden på Grytten og sett «hvor fedrene ydmykt har bøyet kne», som Bjørnson skriv. Eg har vore der åleine og saman med heile busslastar med skuelystne. For dei fleste er det nærast ufatteleg at det ein gong har stått ei kyrkje under all denne sanden. Eg tillèt meg derfor å presentere ei av Jondells kartskisser frå 1983 til hjelp for dei vantrue, og så vil eg peike på at alertavla som i dag er på Romsdalsmuseet, ein gong stod i den austre korsarma på denne staden.

Kyrkjegardar og gravminne



Gamledelen av kyrkjegarden i Ugelvika, Otrøya. Her er det bevart eit stort spekter av gamle gravminne på eit lite område – eitt av dei beste i Romsdal? På sørsida av kyrkja, sjølv sagt. (Foto Bjørn Austigard)

Jeg ser at døden som hendelse er blitt fjernere for folk. Det skyldes måten samfunnet har utviklet seg på.


Dette kom fram i eit intervju Marit Heiene hadde med Kjell Erik Strømskag i RB den 28. august. Strømskag var klar til å forsvare den tredje doktoravhandlinga si, og *døden* var temaet for både prøveforelesingane og avhandlinga.

Gamle skikkar

Men det er ikkje berre når det gjeld døden som hending, at det har skjedd store endringar. Gravferdsskikkane, kyrkjegardane og gravminna har òg forandra seg mykje, frå dei første kristne gravleggingane, der ein vart lagt utstrakt på ryggen og med ansiktet vendt mot aust, til dei som får oska si strødd på havet.

På sørsida

Svartmakta kom frå nord, heitte det i gammal overtru. Derfor var dei gjævaste gravplassane på sørsida av kyrkja. Best var det om ein kom så nære kyrkjeveggen at ufsedropen fall på grava, ja, aller gjævast var det



Inste kyrkjegarden på Kleive 1923. Ei makelaus samling med trekorsa? Tusenkunstnar Andreas Rønningen (1843-1924) som budde ved kyrkja, var spesialist til å måle på namn og årstal på trekorsa. «Eg ser for meg folk frå andre sida av fjorden kjem oppover bakkane med haustavane på skuldrane for å få han Anderas til å måle og skrive på dei,» sa Peder L. Romuld ein gong til meg. Andreas levde enno då Wilse tok bildet, men no er alle trekorsa borte. (Foto Wilse/Norsk Folkemuseum)

om ufsedropen draup frå kortaket. Den tida var det svært få som fekk varige gravminne, så det tok ikkje mange åra før det var plass til nye langs veggen.

Under kyrkjegolv

I 1625 vart det opna for allmenn gravlegging under kyrkjegolv i Nidaros domkyrkje. Før var det mest berre kongelege som var «så heldige».



Gravminna på nyare kyrkjegardar har gjerne eit einsformig preg. Når mange av dei koffertforma steinane i tillegg står skeivt og skakt, kjem noko av høgtida bort. Det er tydeleg langt til næraste sørvendte kyrkjevegg. (Foto Bjørn Austigard)



Glimt av tre kister som framleis ligg under golvet i Veøykyrkja. (Foto Bjørn Austigard)

Men «gravkjellar-prisane» steig ganske fort, og berre dei færreste hadde råd. For å vise kven som låg under kyrkjegolvet, monterte etterslekta til rike folk minnetavler – såkalla epitafium – på kor- eller kyrkjeveggen over staden der kista var sett ned. Slike epitafium var det mange av rundt om i kyrkjene våre, også her lokalt. Mange gravkjellarar var fulle av kister, og i slike kyrkjer vart det gjerne ein «søt eim» i kyrkjerommet. I Molde vart dette eit problem, og amtmann Hammer var den siste som fekk plass der (i 1800). I 1805 vart denne skikken forboden.

Støypte gravminne

Når storfolk med pengar ikkje lenger fekk plassere sin kjære under

kyrkjegolvet, vart også desse tvinga ut på kyrkjegarden. For jarnverksindustrien i landet vårt var dette kjærkomme. Før støypte dei omnsplater, rekkverk og litt av kvart til industrien. No vart store gravminne, liggande gravplater og oppreiste jarnkors ein del av varespekteret. Jarnverka hadde dyktige fagfolk som gjorde at dei kunne produsere gravminne som var fulle av symbol, ornament og lange inskripsjonar. Mange av desse er eit studium verd.

Frå trekors til gravstein

For hundre år sidan var dei fleste kyrkjegardane våre fulle av kvitmåla trekors – eller «haustavar», som det heitte her omkring. Sjølv om dei fleste korsa var laga av gode materialar,



Amtmann Krohgs gravminne frå 1850-åra. Dette er eitt av dei eldste støypte gravmæla i Romsdal. Form og teknikk har mykje til felles med etasjeomnane som jarnverka produserte på den tida. (Foto Bjørn Austigard)

varde dei ikkje så mange tiåra. Når eit kors var borte, var grava «ledig» til neste. På den måten trong ikkje gravplassen ved kyrkja vere så stor, men for eit par mannsaldrar sidan forsvann trekorsa til fordel gravminne i stein. Mange av desse er nokså einsarta, og det er som ein sa meg: «Når eg går på kyrkjegarden, får eg ei kjensle av at folk har sett frå seg koffertane sine der.» Heldigvis har det vorte større mangfald dei siste 10-15 åra.

Nokre symbol frå kyrkjegarden

I «Røter» den 11. september var temaet «Kyrkjegardar og gravminne». Ved hjelp av gamle og nye bilde viste eg døme på korleis kyrkjegardane har forandra seg over tid. Som venta fekk eg mange kommentarar frå ivrige lesarar, og det takkar eg for.

Mange symbol

Eg har alltid likt å sjå meg rundt på kjente og ukjente kyrkjegardar. Gamle gravminne fascinerer. For 20-25 år sidan deltok eg på ei kyrkjegardsvandring saman med tidlegare sokneprest Helge Ingemann Haugsgjerd. Det vart ei openbering. Han opna augo mine for dei mange symbola ein finn på gamle gravminne. Sidan har eg vore på jakt etter symbol som fortel om død, oppstode og håp om evig liv. Det er på dei støypte gravminna at symbolmangfaldet er mest imponerande. Somt er mest uforståeleg for ein nybegynnar, men med litt hjelp kan ein få innblikk i både eitt- og to-tusenårig symbolbruk.

Sterke verkemiddel

Eg har møtt mange som trur at «Mannen med ljåen» betyr «stygge-



«Mannen med ljåen» står nedst på jarnkorset. I dei fleste tilfelle er dette symbolet overgrodd etter meir enn 100 år. Bildet viser klart dødsengelen med ljåen i venstre handa og timeglasaset i den høgre. Sanden har runne ut, livet er slutt. (Foto Bjørn Austigard)



Støypt gravkors i nygotisk stil frå sist på 1800-talet. Her er mange symbol, men eg nemner berre fakkelen som snur opp-ned, og «mannen med ljåen» heilt nedst. «Den sløkte fakkelen er eit eldgammalt, gresk symbol på døden,» sa Haugsgjerd. Ofte finn ein to faklar lagt i kors. (Foto Bjørn Austigard)



Apotekar Jens Aas døydde i 1851. Før det hadde han fordelt den store formuen sin til «trængende av Borgerklassen», til kommunen, til kyrkja og fleire andre, og som takk «reiste Molde kommune ham et smukt Mindesmærke» fullt av symbol og tekst. På toppen står ei oljelampe (?) som har slokna. (Foto Bjørn Austigard)

mannen»/djevelen, men det er eit symbol på *døden*. Når somme seier at «eg sprang til eg såg Mannen med ljåen», så betyr det etter gammal språkbruk at vedkommande sprang til han «heldt på å daude».

Ein brå og tidleg død er det vel få som ønskjer seg, likevel hende det i alle samfunnslag. Dei gjenlevande som hadde pengar – og sans for symbolikk – kunne markere dette med gravmonumentet «Den brotne søyla». Denne typen gravminne finst både på Nedre kirkegård i Molde og på Bolsøya, men det er helst i dei store byane at folk gjorde seg bruk av slik symbolikk.

Smakebitar

Eg presenterer i dag nokre eksempel frå den store floraen av gravsymbol som finst. Har du kommentarar eller spørsmål, så kan det kanskje bli utgangspunkt for fleire bidrag om dette emnet, for dette er også ein del av røtene våre.

Kort liv. Ein ungdom er gravlagt, her illustrert med ei knekt marmorsøyle på Bolsøy kyrkegård. (Foto Bjørn Austigard)



Evigheita. På eine sida av sokkelen på Aas-støtta ser vi ein orm som bit seg sjølv i halen, innramma av ein trekant. Trekanten symboliserer tre-eininga, ormen evigheita: Ein ring har korkje start eller slutt. (Foto Bjørn Austigard)



Sommarfuglen. Sommarfuglen som kryp ut av puppa, er eit bilde på det kristne håpet: Puppa er grava, sommarfuglen livet etter oppstoda. (Foto Bjørn Austigard)



Eldgammal teikneserie i Tresfjordkyrkja



I Tresfjord-antemensalet er jomfru Maria hovudpersonen. Ho sit på trona med Jesusbarnet på fanget. I høggotikken, dvs. første del av 1300-talet, dyrka dei Maria som den store helgenen. Det er bevart, heilt eller delvis, meir enn 30 Maria-tavler i Norge, og dette er ei av dei best bevarte. Maria byr fram ei frukt, men spesialistar på gammal kyrkjekunst meiner at barnet på fanget bøyer seg bort frå frukta og peikar med hendene på «bebudelsen» og «tilbedelsen». Over den gotiske bogen er måla to englar med kvart sitt røykjelseskar. (Foto Romsdalsmuseet)

Då eg var liten, las mor teikneserien Fantomet for meg kvar dag. Det var ikkje alt eg forstod, så mor peika og forklarte. Slik fekk eg med meg det meste. I Tresfjord kyrkje heng det ein 700 år gammal «teikneserie». No skal eg peike og forklare for deg.

Over preikestolen i Tresfjordkyrkja heng det eit fem-delt «måleri» eller tavle frå først på 1300-talet. Det er eit såkalla antemensalet, dvs. eit alterforstykke, som opphavleg var i den gamle stavkyrkja. Antemensalet vart restaurert i 1966 og er såleis i god stand. Dei fleste som er innom denne flotte kyrkja, legg merke til denne tavla og kjenner att Maria og

Jesusbarnet i midtfeltet, men kva dei andre bildefelta viser, er ikkje så opplagt lenger.

Teikneserie

Ein moderne teikneserie er oppdelt i ruter. Ved å gå frå rute til rute får ein samanhengen i forteljinga. Det same gjeld også antemensalet i Tresfjord kyrkje. Nokon vil kanskje synast at det er respektlaust å kalle denne «bil-deserien» for ein teikneserie, men eg trur det kan vere lurt å bruke dagens språk for å forklare illustrasjonane. Kvart bilde har eigentleg ei lang tekst i Bibelen, men av plassgrunnar tek eg med berre nokre få liner, og då siterer eg frå siste bibelomsetjing frå 2011. For den som ønskjer andre språkle-

ge versjonar av dei gamle forteljingane, tek eg med nøyaktig referanse til Bibelen. Den gamle inndeling av kapittel og vers er faktisk eldre enn antemensalet i Tresfjordkyrkja.

Takk for året 2013

Med dette vil eg ønskje alle lesarar av «Røter» ei god jul! Takk til dei mange som har kommentert bidraga mine i året 2013.

(I Romsdalsmuseet årbok 2014 har høgskolelektor Kristin Hatlebrekke ein artikkel med tittelen «Jomfru Maria i Tresfjorden». Ho går mykje djupare inn i emnet, og eg ber spesielt interesserte om å lese hennar artikkel.)



Maria og Elisabet. Denne ruta er todelt. T.v ser vi engelen Gabriel som kjem med bod til Maria: «Høyr! Du skal bli med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus.» (Lukas 1,26-38) Dette motivet i kyrkjekunsten vart omtala som Marias Bebudelse. I høgre del av ruta er Maria hos Elisabet. Då Maria kom dit, var Elisabet seks månader «på veg». Maria oppheldt seg der i tre månader, og rett etter at ho hadde reist, fødte Elisabet sonen Johannes – Johannes døyparen. (Lukas 1,39-56) I samsvar med dette er det seks månader mellom sankthans (jonsok) og jula. (Foto Romsdalsmuseet)



Engelen møter gjetarane. «Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Dei vart gripne av reddele. Men engelen sa til dei: Ver ikkje redde!» (Lukas 2,8-14) I kunsthistoria blir denne hendinga kalla Forkynnelsen. (Foto Romsdalsmuseet)



Vismenn frå Austerland. «Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet og mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra.» (Matteus 2,1-11) I den gamle kunsttradisjonen vart denne hendinga omtala som Tilbedelsen. (Foto Romsdalsmuseet)



Jesus i templet. «No kom han opp i templet, driven av Anden. Og då foreldra kom med Jesusbarnet for å gjera med han som skikk og bruk var etter lova, tok Simeon barnet i armane sine.» (Lukas 2,21-28) Simeon t.h., så Jesus, Maria med eit stort lys, og bak står Josef med to duer som foreldra ofra. Lyset som Maria held, finn vi att i kyndelmess (2. februar), ei messe til minne om Marias reinsing og kyrkjegangsdag. Frembærelsen kalla gamle kunsthistorikarar dette motivet. (Foto Romsdalsmuseet)

Påska og altertavlene våre

«Påskemorgen» er vel det mest kjente altertavlebildet vi har i Romsdal.


Bildet prega alteret i gamlekyrkja i Molde frå 1887, og Axel Enders kunstverk vart nokså fort ein turistattraksjon. Den dramatiske redninga i 1940 og den nye plasseringa i sideskipet i nykyrkja, har gjort sitt til at interessa og beundringa framleis er stor.

Litt historie

I katolsk tid hadde kyrkjene våre gjerne fleire alter, og desse var vigde til spesielle helgenar. Med reformasjonen i 1536 vart helgendyrkinga avskaffa i landet vårt, og etter det fekk vi berre eitt alter. Frå dette eine alteret vart så nattverden administrert både praktisk og teologisk, og slik har det vore sidan, men den kunstnariske utsmykkinga med altertavler har variert sterkt gjennom hundreåra. Det skulle berre mangle. Det er nesten 400 år frå det tidspunktet sein-renessansen kom inn i middelalderkyrkja på Veøya, til vegen bak alteret i Bergmo-kyrkja fekk si utsmykking i vår tids formspråk. Berre budskapet om død og oppstode er den same.

Påskemotiva dominerer

Mange altertavler er store kunstverk, skapte i si tid. Fleire av dei vart kopierte og brukte i mange kyrkjer. Dei aller fleste har motiv knytt til påske, anten nattverdsmåltidet på skjærtorsdag, korsfestinga på langfredag eller «oppstandelsen» påskedagsmorgonen. Ramma rundt desse sentrale motiva har derimot endra seg radikalt gjennom hundreåra, og det er det eg vil gje nokre døme på med bilde og bildetekster denne gongen. Det handlar i høgste grad om røtene våre.



«Påskemorgen» slik Axel Enders alterbilde står i sideskipet i Domkyrkja i dag. Den ny-gotiske ramma frå 1887 manglar. Det same alterbildet finst elles i mange andre kyrkjer. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Altartavla i Veøykyrkja er datert 1625. Tavla er bygd som eit katolsk alterskap, men her er ingen helgenar eller andre figurar som kan minne om katolsk lære. I staden er tavla fylt opp med bibelsitat henta frå den ny-omsette danske Bibelen. På venstre veng står m.a. «Jeg er Opstandelsen og Livet...» frå Johannes-evangeliet 11.25, men eg er ikkje sikker på at «almuen» fekk det med seg. (Foto Romsdalsmuseet)



Med barokken fekk figurane plass på altartavlene. Dei var fulle av personar frå det gamle og nye testamentet, og populære som desse var mellom vanleg folk, vart slike tavler laga i meir enn 150 år, og svært mange er framleis i bruk. Eg tek her med tre av dei, og startar med tavla frå Eid, datert 1660. Nedst er nattverden, så kjem korsfestinga flankert av Moses og Aron frå den gamle pakt. Over ser vi oppstoda, med dei fire evangelistane plasserte på sidene. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Jakop Klukstad skar denne altartavla til Kors kyrkje i 1769. I hovudfeltet finn vi nattverds-måltidet med Moses og Aron i sidefelt. Over der står Kristus med «rikseplet» (jordkula) – eit eldgammalt maktsymbol. Klukstads barokke akantusrankar gjer denne tavla spesiell. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Altartavla i Sandøy kyrkje er laga av Jakob Sørensen Giskegård (Tavle-Jakob) så seint som i 1817. Barokken var eigentleg slutt fleire tiår før, men folk lika den gamle stilen. Her er korsfestinga og oppstoda flankerte av Moses og St. Peter med himmelnøklane. Over der er Kristi himmelfart med to evangelistar på kvar side. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Hen kirke fekk preikestolalter i 1835. I den perioden, som vi kallar opplysningstida, vart Ordet (forkynninga) sett på som viktigare enn sakramenta (t.d. nattverden). Dette er klart demonstrert her. Preikestolen er plassert over bildet av nattverden. Korsfestinga over preikestolen er måla Halvard Hatlen i 1931. Preikestolaltera var ikkje så heldige som tenkt. Det vart for lang avstand ned til kyrkjelyden. Dette er det nest siste som vart bygd i Norge, berre Tolga kirke kom seinare. (Foto Romsdalsmuseet og CD-en Kyrkjene i Møre)



«Opstandelsen» av Conrad Valeur i Røbekk kirke. Alterbildet har ei nygotisk omramming som står i stil med kyrkjebygget frå 1898. «Jeg er Opstandelsen og Livet» står det under. Dette er den same teksta som står på altertavla i den gamle Veøykyrkja. Skilnaden er berre den at her har vi eit bilde å sjå på. (Foto Romsdalsmuseet og CD-en Kyrkjene i Møre)



Sira kyrkje fekk ny altertavle i 1937. «Jesus går på vatnet» av N. Abel, er eit heller uvanleg motiv på ei altertavle. (Foto CD-en kyrkjene i Møre)



Den gamle altartavla frå stavkyrkja på Rød. Tavla som er laga av Jørgen Schnedicker ca. 1650, vart sett inn i Nesset kirke 1930-31. Gjenbruk av altartavler har vore populært. (Foto CD-en kyrkjene i Møre)



Alteret i Bergmo kirke var utan utsmykking i over 20 år, men like etter år 2000 laga Trond Fiske dette kunstverket. Det skil seg på fleire måtar ut frå tradisjonelle altartavler. (Foto Romsdalsmuseet og CD-en Kyrkjene i Møre)



Otrøy kyrkje frå 1878 fekk ny altartavle i 1911. Det er ein kopi av Thorvaldsens Kristus i eit rundbogeforma bildefelt med to slanke søyler. Dette er ei nesten identisk altartavle med Daniel Hagerups tavle i Veøy kyrkje (Sølsnes) frå 1907. Innskrifta «Kommer til mig» er henta frå den gamle bibelomsetjinga frå før 1904 med imperativ fleirtal. Etter 1904 heiter det «Kom til meg». (Foto CD-en kyrkjene i Møre)



Den gamle altartavla i Voll kyrkje, Måndalen, er i dag i Bergen Museum. Her er påskemotiva sentrale med nattverdsmåltidet heilt nedst og korsfestinga over. Moses og Aron står nærast vakt på sidene, og over desse står evangelistane. (Kopi: Voll kyrkje 1896-1996)

Kyrkjer i lesekreten (Driva)

I kommunane Halså, Nesset, Rindal, Sunndal og Surnadal (alfabetisk) er det til saman 19 kyrkjer. Sjølv om dei fleste er langskipskyrkjer bygde etter kyrkjelova av 1851, representerer kyrkjene i lesekreten eit mangfald innafor arkitektur, interiør og eldre kyrkjekunst. I jule- og nyårshelga er alle saman i bruk.

Fem store grupper

Norske kyrkjer kan grovt delast i fem bygningskategoriar: Dei to eldste typane er stavkyrkjene og steinkyrkjene frå mellomalderen, men det er ingen slike bevart i lesekreten. Tredje kategori er dei gamle kors-forma og y-forma kyrkjene frå andre halvdel av 1600-talet og først på 1700-talet. Av desse er det to, nemleg Halså og Mo i Surnadalen. Så kjem dei åttekanta kyrkjene som også går attende til 1700-talet, men dei kom ikkje på moten hos oss før på 1800-talet. Det er tre slike: Rømfø, Ålvundeid og Sira (Eresfjorden).

Femte gruppe er langskipskyrkjene, og av desse er det mange. Frå 1860-åra kom desse som erstatning for små, værslitne korskyrkjer, eller i område/bygdela der det vart oppretta nye kyrkjesokn/kapellsokn med eigne kyrkjer. Dette siste var tilfelle for Todalen (1861), Otnes (1863/64), Eikesdalen (1866), Ås-skard (1876), Rindalsskogen (1911) og Gjøra (1935). Etter 1935 er det ikkje bygd nye kyrkjer i lesekreten.

Frå stavkyrkje til korskyrkje

Kor mange stavkyrkjer som har stått i dei fem nemnde kommunane, kan ikkje seiast eksakt, men vi veit heilt sikkert av 13. På grunn av manglande vedlikehald eller naturkatastrofe/brann, vart mange av stavkyrkjene er-

Halså kyrkje er den einaste korskyrkja som står att lesekreten. Kyrkja var innvigd 1724, og her er altertavle, preikestol, «kordør» og korskilje intakt slik freningen Peder Knutsen Kjørsvik laga det for 290 år sidan.
(Foto Bjørn Austigard)



Stavkyrkja på Rød. Det finst berre ei rekonstruert teikning av den siste stavkyrkja i lesekreten. Rivingsåret var 1885. Altertavla, preikestolen og litt anna inventar er bevart i nykyrkja. (Foto Romsdalsmuseet)





Altertavla i Ålvundeid kyrkje er typisk for si tid: Nattverden i hovudfeltet og oppstoda i feltet over. Det er bevart fleire altertavler etter Peder Knutsen Kjørsvik, m.a. i Halså kyrkje og i Røvik kyrkje i Bolsøy. (Foto Bjørn Austigard)

statta av nybygde korskyrkjer på 16- og 1700-talet. Den omfattande trelasthandelen på 1600-talet førde til romslegare økonomi, og korskyrkjene var gjerne rikt utstyrte med flotte altertavler, prangande korparti og kunstferdige preikestolar. Det kjem vi attende til i nokre bildetekster.

Åttekantkyrkjene

Hospitalskirken i Trondheim er den første åttekanta kyrkja som vart bygd i Norge. Innviingsåret er så tidleg som 1705, men «stilen» slo ikkje gjennom før Røros-kyrkja med all si prakt stod ferdig i 1784. Vi er då inne i den perioden som vi kallar opplysningstida eller rasjonalismen. I teologien arta dette seg – litt enkelt sagt – ved at Ordet (forkynninga) vart sett på som viktigare enn sakramenta (t.d. nattverden). Interiørmessig kom dette til uttrykk ved at mange at åttekantkyrkjene fekk preikestolalter, dvs. at preikestolen stod over alteret. Dette er tilfelle i Rom-

Romfo kyrkje er ei typisk åttekanta kyrkje, bygd 1821 (1824?) av sunndalingen Ole Pedersen Tøfte. Han bygde også Ålvundeid kyrkje vel 20 år seinare. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Mo kyrkje er einaste Y-kyrkja i fylket, innvigd 1728. Opphavleg var det 11 slike kyrkjer i landet vårt, no er det att berre fem, og dette er den nest yngste. Både korskyrkjene og y-kyrkjene hadde store vindaug som gav mykje lys inne. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)





Ranekyrkja er ei typisk langskipskyrkje, innvigd 1868. Sirkelsaga var no tatt i bruk, og ved hjelp av såkalla «strekkfiskar» oppover tømmerveggene ved alle vindauger, kunne ein bygge så store og lange kyrkjer som ein berre ville. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)

fokyrkja, men ikkje i den 20 år yngre kyrkja på Ålvundeidet, sjølv om desse to kyrkjene er bygd av same mann og på mange måtar er nokså like. Då hadde ein funne ut at avstanden ned til kyrkjelyden vart for lang.

Langskipskyrkjene

Frå 1720-åra og langt framover på 1800-talet var det mange private som åtte kyrkjene. Dei hadde inntekter av eigarskapet, men lysta til å vedlikehalde eller byggje ny kyrkje var nokså begrensa. Etter mange års debatt mellom departement, kommunar og eigarar kom det eit lovforslag i 1851 som slo fast at eksisterande kyrkjer måtte ominnreist, påbyggjast eller erstattast med ei ny slik at kyrkja kunne romme 1/3 av kyrkjelyden på ein gong. Det vart også stilt krav til koret. Her skulle det vere plass til altertavle, døypefont og knefall. Lova vart vedteken same året, og



Preikestolalteret i Romfo kyrkja er samansett av ei altertavle frå 1707 og ein preikestol frå 1713(?). Med preikestolen over alterbordet oppnådde ein idealet i opplysningstida: Ordet var viktigare enn sakramenta. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Hov kyrkje i Sunndalen, innvigd 1887. Dette er den 6. kjente kyrkja på denne staden. På grunn av den frykta Nebbeviden er både skipet og tårnet litt lågare enn det som er vanleg på langskipskyrkjer. Her er strekkfiskane måla i kontrastfargar. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)

dette førte til storstilt kyrkjebygging over heile landet. I åra 1869 til 1896 vart korskyrkjene i Eresfjorden, Vistdalen, Øksendalen, Stangvika, Øye, Ranese og Rindalen rivne og erstatta av nye. Same lagnaden fekk stavkyrkja på Rød etter at Nesset kyrkje stod ferdig i 1878. I lesekreten var det berre Hals- og Mo-kyrkja som «berga». Åttekantkyrkjene på Romfo og Ålvundeidet var så store og velhaldne at det var uaktuelt å bygge nytt.

Arkitektane og folket

Det var først etter 1860 at kyrkjararkitektane kom på banen. Enkelte arkitektar teikna fleire titals kyrkjer framover til 1900. Nygotikken var den dominerande stilretninga, og somme arkitektar laga nærast typeteikningar som dei brukte. Jacob Wilhelm Nordan t.d. stod for heile 74 kyrkjer, og seks av desse er i lesekreten. Du finn dei i Todalen,



I Øksendal kyrkje frå 1894 er det montert mykje gammalt kyrkjeinventar frå tidlegare kyrkjer i bygda. Kyrkja har dermed fått eit sæpreg. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)



Altartavla i Stangvik kyrkje er frå 1780-åra. Det var naturleg at gamletavla fekk plass i nykyrkja då ho stod ferdig i 1896. (Foto CD-en Kyrkjene i Møre)

Åsskard, Sunndalen (Hov), Eidsvågen, Vistdalen og Eikesdalen.

Somme arkitektar ville ikkje ha andre ting i kyrkjerommet enn det dei teikna sjølve. Det skulle vere stilreint. For å spare pengar vart kyrkje-

inventaret derfor nokså spartansk, men etter kvart som åra gjekk, «lurte» folket inn kjære ting frå tidlegare kyrkjer, sjølv om desse braut med den opphavlege stilen. Det er det mange eksemplar på i lesekreten, og

gjenbruk av gamle altartavler, prekestolar, døypefontar, måleri m.m gjer folk stolte, og mange ser på kyrkja si som eit viktig kulturminne i bygda.



FOTO OG FOTOGRAFAR

5 fotomodeller
og m...
ava
men
ve...

En blid
oljesjåfør
millioner
andre
er

BETEL
ELSMØTE
R. SKAUG tab
ELKOMMEN!

Coca-Cola

Gamle heliogravyrar (solkopiar) frå Eikesdalen og Sunndalen



Finnset i Eikesdalen kring 1912. Dette er einaste garden i bygda som har husa på austsida av elva. Brua på bildet er frå 1888. Oppi lia til høgre ligg Finnsetgjerdet. Her vart det opna hotell i 1901 under namnet Elverhøy. Finnset brann 15. februar 1928, men garden vart straks gjenreist med nye hus på båe bruka. Dalføret held fram nokre kilometer forbi gardane, men her blir dalen trongare, og ved Aurstaupet er det tvert slutt på Eikesdalen. (Foto Sigvard Heber/Romsdalsmuseet)

Der fekk du kanskje servert eit nytt ord? *Heliogravyr* er samansett av *helios* = sola og *gravyr* = det ein får når ein graverer. Først på 1900-talet vart det eksperimentert mykje med å forbetre reproduksjonsteknikken for bilde.

Ein av dei nye teknikkane var då *heliografi* som i praksis var fotomekanisk etsing. På norsk var det gjerne sagt *solkopiar*, og i ettertid har dei vist seg å vere svært lysbestandige.

Vasskraftutbygging

Det er ikkje så ofte ein ser Finnset i Eikesdalen og Svisdalen og Jenstad i Sunndalen presentert samstundes. For å forstå kvifor, skal vi ha i minnet stykket eg skreiv om då «Nauste fekk



Finnsetgardane sett frå Finnsetgjerdet (Elverhøy). Heber har fått med Aura og fossen i Breimegå. Vasskraftutbygging var svært aktuelt på denne tida.



Frå Utigard med Austigards- og Utigardsbakkan og Sandgrovs karet i bakgrunnen.



Svøufossen og Svisdalgardane sett frå Jenstad. Til høgre for fossen, øvst oppe, ligg Nestu og Borstu (mest som eitt gardstun på bildet). Lengst til høgre ligg husa i Lykkjan. Dei vart bygde i 1910. Mot himmelen ser vi utover Grødalen. Det er nok landskapet og fossane som lokka Heber til Jenstad og Åmotan. (Foto Sigvard Heber/Romsdalsmuseet)



Brua over Reppa i Reppdalen opp for Åmotan.

bygrenser». Dette stod i Driva den 18. februar 2011, sjå side 252. Bakgrunnen for desse storstilte planane om by på Nauste, var påtenkte vasskraftutbyggingar og store industrianlegg. For å få realisert desse planane, måtte det ingeniørar til. Ein av dei som reiste i fylket vårt på denne tida, var ingeniør Sigvard Heber i Norges Statsbanar. Nøyaktig kva oppdrag han hadde og kva år han reiste, veit eg ikkje, men kanskje var han ein av dei som skulle planlegge jarnbane gjennom Eresfjordsbygda, jarnbaneferje etter Eikesdalsvatnet og kanskje trikken til Finnset i samband med industriutbygginga. Planar om jarnbane frå Oppdal til Sunndalsøra og vidare til Molde var oppe i Stortinget i 1901, men vart utsett.

Sigvard Heber og 1914

I 1910 var Sigvard Heber ungar på 38 år, «Ingeniør i Statsbanerne» og budde i Bygdøy Allé i Oslo. På turane sine fotograferte han mykje, og til Jubileumsutstillinga i 1914 laga Kirste og Sieberth ei mappe med tittelen «Norsk natur. Otte heliogravurer efter fotografier av Sigvard Heber». Tre motiv var frå Eikesdalen, tre frå Sunndalen og to frå litt lenger sør i landet. Ved dette høvet viser vi fem av motiva. Dei andre kan du sjå på www.digitaltmuseum.no. Mappa er elles til sals antikvarisk - for den som nyleg har fått lønning.(?)

Sigvard Heber hadde svært mykje med utbygginga av Bergensbanen å gjere, og han har skrive ein god del frå dette arbeidet. Han døydde 1929.

Neset-glimt frå fotoarkivet i Molde



Frå dåpsdagen til Borghild Utigard den 29. oktober 1911. Frå venstre: Olav, Kari, Edvarda (bak) og Asbjørn. Torvald A. Utigard, f. 1904, har gøymt seg bak stolen mellom Olav og Edvarda. (Foto Knut Finnset/Romsdalsmuseet)

Gamle fotografi er ei fantastisk kjelde for den som vil vite noko frå gamle dagar. Filmen i apparatet fanga nemleg opp mykje meir informasjon enn det fotografen tenkte på då han tok bildet.

Eit gammalt gruppebilde t.d. viser ikkje berre folk, men kva klede alle hadde på seg. Eit landskapsbilde har ofte med hus og vegar, og vi ser om husa t.d. hadde torvtak, skifer- eller bølgeblikkttak.

Innsamling av foto

Då eg vart tilsett på Romsdalsmuseet i 1975, hadde Romsdalsarkivet vore

i drift i seks år, men det fanst ikkje noko eige arkiv for foto. I ei kasse var det samla nokre hundre verdfulle bilde frå «det gamle Molde», og det var denne samlinga som gjorde at museumsstyrar Sverre Berg starta opp arbeidet med Romsdalsmuseets fotoarkiv. Nokre år seinare starta det opp eit landsomfattande innsamlingsarbeid for foto, og i Neset t.d. gjorde Steinar Meisingset eit grundig arbeid. Etter at digitaliseringsteknikken kom, har jakta på originale glasplater og filmar vorte prioritert, for desse gjev nesten alltid det beste resultatet.

Amatørfotografane

Det har vore profesjonelle fotografar i fylket vårt frå 1860-åra. Utstyret var i førstninga stort og tungt, og teknikken var innvikla, og det er først kring 1900 at det kom utstyr for amatørar. Fleire som hadde vore i Amerika, hadde med seg slikt utstyr heim att, og nokre av desse var aktive i lokalmiljøet i fleire ti-år. Lærar Fredrik Misfjord på Nesjestranda kjøpte seg apparat kring 1905, og glasplatesamlinga etter han var den første eg sikra for Romsdalsmuseets fotoarkiv. Det var i 1984, og sidan har mang ei amatorsamling vorte



Frå Der-ut i Meringdalen kring 1916. Bak frå venstre: Ukjent, Johannes Meringdal, Peder Meringdal (Brandstad), ukjent og Paul Meringdal. Framme: Gunhild Meringdal, g. Krokå, ukjent og Marit Meringdal, g. Frisvoll. Stripene over ansikta til dei to siste viser at platene har vore «leika med». (Foto Otto Jæger/Romsdalsmuseet)




Prinsesse Märtha Louise på Nesset prestegard under Bjørnsonfestivalen 1996. Frå venstre: Fylkesmann Alv Jakob Fostervoll (bak), Bjørg Stormark, prinsesse Märtha Louise, ordførar Ola Tjelle, forfattar Knut Ødegård og sokneprest Atle Stormark. (Foto Fylket/Romsdalsmuseet)

digitalisert og materialet sikra for ettertida. Av dei største er Peder Stokke frå Kleive og Thomas T. Ulleland sine samlingar. Eg hadde ansvaret for dette fotoarkivet i nærare 30 år, og sjølv om arkiva etter profesjonelle fotografar er større og av betre kvalitet, vurderte eg det slik at amatørfotoграфия ofte hadde meir av bygda og kvardagen i seg.

Knut Finnset og Otto Jæger

Eikesdalingen Knut Finnset (1874-1957) var skogsarbeidar i Amerika i to periodar. Han kom heim for godt i 1915 for å bli gardbrukar i Utigard. Dei første 15-20 åra tok han mange verdfulle bilde, og det som er bevart av glasplater og papirkopiar, er i dag sikra i Romsdalsmuseet.

I 1914 kom Otto Jæger til Er-esfjorden. Han var oppvaksen på Ona, men på grunn av astmapla-



Ola A. Meland var smeden som åtte Vistdalssmia før ho kom på Romsdalsmuseet. 1920-åra. (Foto Romsdalsmuseet)



Slåttonna på Nygård i Ranvika. Frå venstre: Hans Ranvik, Lars Ranvik, Ida Ranvik, Marit Ranvik. Og ein ukjent. (Foto Romsdalsmuseet)



Frå bygginga av Nilsens Pensjonat på Eidsøra ca. 1934. Karane er frå venstre Kristian Lyster, Oluf Rød, Johan Hanseth, Kristian Åfløydal, Ole Mittet, Simon Lange. Alt tømmeret vart høvla med okshøvel, og det næraste rommet er fullt av høvelfløy (-spon). (Foto Romsdalsmuseet)

ger flytta han til Lillehammer der han arbeidde som fin-snekkar. To eresfjordingar som gjekk i lære på Lillehammer, inviterte han med til Eresfjorden. Der var han i 2-3 år. Kva han snekkerte, er stort sett gløymt, men bilda han tok av familiar, hus og folk lever att etter han. 90 år etterpå vart det bevarte materialet skanna og er tilgjengeleg på www.digitaltmuseum.no.


Avisarkiv

Då Romsdal Folkeblad gjekk inn sist på 1980-talet, overtok Romsdalsmuseet det som var bevart av bilde og filmar. Her er ein god del materiale frå fagforeningar og partipolitikk (Ap), men sjølvst sagt også frå ulike reportasjar. Om lag 15 år seinare kom siste nummer av avisa Fylket. Kort tid etterpå fekk Romsdalsmuseet tilbodet om å overta bildearki-

vet. Vi takka sjølvst sagt ja, for her var det mykje stoff frå alle kommunane i heile fylket. Etter dette overlét Romsdals Budstikke fotoarkivet sitt til Romsdalsmuseet, og dermed er fleire hundre tusen avisbilde sikra for ettertida.

I dette opplegget viser eg nokre fotoglimt frå Nesset.

Fotoglimt frå Surnadal



NBU-stemnet i Surnadal 1981. Stemnehallen på Røssmoen målte heile 1,6 da. Bildet er datert 09.07.1981. (Alle foto Fylket/Romsdalsmuseet)



Hovudkomiteen for NBU-stemnet i Surnadal fotografert 23.04.1981. Vi startar nedanfrå oppover troppa til venstre først: Lars Polden (leiar), Anne Marie Moen, Ann Ildrid Nes, Tor Mogstad, Ola Sølberg (Meldal), Øyvind Holte, Ola Roaldset, Sigbjørn Arnestad, Jon Arne Buvarp og Stig Sæther (nestleiar). Høgresida: Arnstein Heimen (Fræna), Leif Mauset (sekr.) Oddbjørn Vassli, Styrkår Brørs, Ole Johan Svorkdal (Orkdal), Kjell Olav Berg (Meldal), Torleif Dahl (Orkdal), Holger Skei, Ole Magne Holje (Skaun), Erik Ranes og Magnar Almberg (Rindal). Alle er frå Surnadal kommune når ikkje anna er nemnt. Harald Kalland var også med i hovudkomiteen, men er ikkje med på bildet. Dette er det største arrangementet hittil i Surnadal kommune. Nær 2000 deltakarar var her i 4-5 dagar. Storliv!

Avisbilde er alltid spennande å bli i. Der kan ein finne alt mogleg. I mange tilfelle finn ein ikkje det ein håpar på, men mykje anna kan komme for ein dag.

Journalistar blir ofte tilkalla for å skrive om ei sak. Så tek dei eit bilde eller to for å få til eit blikkfang, og så er det over. «Saka» kjem på trykk, og alle er fornøgde. I ein travel dag blir ofte det kvardagslege gløymt. Gamleredaktøren i Driva, han Einar Sæter, hadde sterk sans for nettopp det kvardagslege. Av den grunn tek eg med eit slikt kvardagsbilde frå avisa Fylket. (Sjå neste side)

Arkivet etter Fylket

Eg har fortalt før (28.09.2012) at då avisa Fylket gjekk inn i 2000, hamna fotoarkivet på Romsdalsmuseet. Styreprotokollane derimot vart selde på auksjon, men kjøparen gav dei til Romsdalsarkivet året etter. Kvar resten er, veit eg ikkje. Fotoarkivet, som stort sett dekkjer åra 1970-2000, var hovudsakleg ordna tematisk, men det var også ein sam-

lekonvolutt for kvar kommune. Etersom det var 38 kommunar i Møre og Romsdal, er det like mange slike «samlekonvoluttar» i arkivet. I desse konvoluttane er det helst bilde som journalisten/redaktøren/kontordama ikkje har visst å plassere tematisk. Frå min synsstad er det derfor mykje både interessant og overraskande å finne nettopp her. Berre eit fåtal bilde er skanna til no, men kort tid etter at bilda kom inn til Romsdalsmuseet, vart det laga eit register med meir enn 6000 nummer. Slik sett går det an å finne fram.

Surnadalsglimt

Eg har tenkt – dersom redaksjonen vil – å presentere glimt frå desse kommunekonvoluttane i månadene framover, og eg har valt å starte med Surnadal kommune. Frå Norges Bondeungdomslags landsstemne i 1981 har eg plukka ut to bilde. NBU har stått sterkt, og står framleis sterkt i denne kommunen, og ettersom det no er 31 år sidan landsstemnet vart halde, gjer det godt med ein repetisjon.

Avisa Fylket, som var eit senterpartiorgan, hadde m.a. «Kamp for bygdenes interesse» som eitt av slagorda sine. I «Surnadalskonvolutten» låg det eit bilde av senterpartikandidatane ved kommunevalet i 1971. Eg skulle gjerne ha visst namna på dei. Den gongen kjende alle saman alle, men det gjer dei kanskje ikkje no lenger. Er det hjelp å få? Elles fann også eg eit bilde av leikande barn frå 1974. Då dette bildet er heilt i Einar Sæters reportasje-ånd, tek eg det med her. Kanskje er det desse som sit i kommunestyret i dag?



Senterpartikandidatane ved kommunevalet i Surnadal 1971. Fem kvinner og 23 menn. Det er vel nokon som veit kva alle heiter, var spørsmålet mitt. Astrid Skrøvset Henden svara: Første rad f.v.: Guttorm Moen, Olav Mogstad Røv, Bjarte Aasgård, Olav Roaldset, Knut Redalen, Ola O. Fiske, Lars L. Bæverfjord og Nils Magnar Torvik. Andre rad: Johan Norvik, Olaug Snekvik, Ingeborg Moen, Signe Holten, Berit Halle(?), Kari Marie Sæter, Tor Mogstad, Bjarne Østbø og John Røsand. Tredje rad: Bjarne Skeid Venås, Olav Melkild, Eivind Grønmyr, Johan Ørsal, Arne Skrøvset, Lars Torslett, Paul Bøe, Lars T. Hamnes, Olav Jostein Holten, Erik Ranæs og Ola A. Heggset.



Ein april dag 1974 fann journalisten i Fylket desse blide gutane utfor veggjen ved Felleskjøpet på Husalåven på Sæther-garden ved vegen ned til Surndalsøra. Felleskjøpet leigde butikklokale av P. Sæthers Ass. Handelsforretning i mange år. To av ungane er no identifiserte: ved sykkeljen står Birger Johnsen og Hans Olav Kvande sit på sykkeljen. Dei to andre ukjent.

Fotografi frå gamle atelier

I 1867 slo hordalendingen Erik Birkeland seg ned som første fotograf i Molde. To år etterpå gjorde Jacob Andreas Kirkhorn det same.

Fotografering var då ei nokså ny oppfinning i 1860-åra, og samanliknar ein teknikken, utstyret og arbeidet den gongen med dagens mobiltelefon-knipsing, har det vore ei ufatteleg utvikling.

Dagslyset

Utover på 1800-talet og eit stykke inn på 1900-talet var all fotografering avhengig av dagslys, men ikkje alt slags lys var godt lys for fotografen. Eksponeringstida var lang, og direkte sollys var svært uheldig. Det var med andre ord heilt ubrukeleg. Fotografane bygde seg derfor atelier med glasvegger mot nord og aust, og for å få inn overlys var det somme som hadde delvis glastak der bilda vart tatt. Vi kan i dag knapt forestille oss problema dei hadde å stri med: Tak-lekkasjar, kalde gråversdagar utan varme i atelieret, store rekvisittar og tungt fotoutstyr m.m.


Visittkort

Bilde på ca. 6 x 9 cm vart kalla visittkort. Sjølve fotografiet vart lima opp på ei lita papp-plate, og alt frå 1860-åra vart dette populære gåver (for den som hadde råd til det).

Framover mot 1920 var det vanleg å bytte visittkort, og dette er grunnen til at det rundt om i heimane fanst hundrevis med slike bilde av folk som ein no stort sett ikkje veit kven er. Frå 1880-åra vart det laga eigne visittkortalbum som høvde til bildeformatet. Svært mange av desse albuma er no i oppløysing, men bilda er like gode om dei er 100 eller 125 år gamle.

Rekvisita

Å ta eit bilde («aftage et photographi») tok lang tid. I eit atelier var det snakk om både eitt og fleire sekund



Erik Birkelands atelier på nedsida av Parkvegen, like aust for Hotell Bjerteli («Løding»). For å få inn dagslys, hadde atelieret store vindusflater mot aust og nord. (Foto Romsdalsmuseet)

alt etter kor gode lysforholda var. Det var derfor svært viktig at den som vart fotografert, sat eller stod heilt roleg. For å hjelpe på dette hadde dei ulike rekvisittar til hjelp: nakkestøtter, stolar, bord, pidestallar, gjerdesgardar og liknande. Somme hadde med seg eigne ting som dei gjerne ville bli fotograferte saman med, t.d. den nye sykkel. I bakgrunnen var det som regel ein tapetsert vegg, eit forheng eller ei anna kulisser som forholdsvis lett kunne skiftast frå opptak til opptak, og her er eg ved formålet med bidraget:

Identifisering og datering

Kvar fotograf hadde sitt atelier med sine særprega kulisser og utstyr. Han

måtte på ein enkel måte ta omsyn til om det var ein eller fleire, barn eller vaksne som skulle fotograferast. Det gjekk gjerne mange år mellom kvar gong det vart gjort endringar i atelieret, og slik kan interiør og utstyr på eit bilde «avsløre» kven som er fotografen. Ja, i somme tilfelle kan også eit bilde til ein viss grad daterast ut frå det ein ser på bildet, men då må ein ha noko kjent å samanlikne med. Gjennom åra har eg hjulpet mange med å identifisere gamle bilde som er avfotografert på ein slik måte at namnet på fotografen ikkje er med. I det følgjande vil eg presentere nokre gamle atelierbilde og så kommentere desse.



Legedøtrene Magna og Kamilla Sand frå Molde, fotografert i E. J. Birkelands atelier i 1870-åra. Vi ser at dei står seg på ein høg pidestall. (Foto Romsdalsmuseet)



Konfirmant: Eliseus (Elis) Birkeland f. 1876 fotografert som konfirmant(?) 1891 i farens atelier. Ved hjelp av stav og eit rekkverk greidde han å stå heilt roleg. (Foto Romsdalsmuseet)



Theodor Mittet f. 1878 står seg på (den nye) sykkelen sin framfor den same bjørka som Eliseus Birkeland i 1891. Bildet er truleg tatt kring 1900. E. Birkeland hadde då skifta logo på visittkortet. (Foto Romsdalsmuseet)



Barnefotograf: Eilert Dahl etablerte seg som fotograf i Molde 2. august 1889. Han heldt først til innved elva, men i 1894 bygde han eige hus med atelier i Storgata, nr. 24 i dag. I tillegg til foto og fotorekvisita, selde han barnevogner og «turistvarer» om sommaren. Han tok mange barnebile - med og utan barnevogn. Desse to bilde er tatt i same atelier. Han slutta som fotograf i 1916. (Foto Romsdalsmuseet)



John Gyldenaas etablerte seg som fotograf på heimgarden i Torvika i 1897. Han reiste mykje rundt, men atelieret sitt hadde han på Gyldenåsen. Ved denne gjerdesgarden av knortekjeppar var det mang ein kunde som var «roleg». (Foto Romsdalsmuseet)



Soldatfotografen: Tusenvis av soldatar vart fotograferte i L. Sødahls atelier på Veblungnes. Knut Teistklub (t.h.) og to medsoldatar er urøleg plasserte framfor eit typisk interiør med tre og gjerdesgard. (Foto Romsdalsmuseet)



Gode hjelpemiddel: Eitt av mange Kirkhorn-interiør. Skule Tofte (f. 1883) sit roleg, medan Mathias Melsæter (t.v.) og Jon Elvsaas står seg på Skule pluss ein paraply og stav. «Kirkhorn Molde» er prega inn i bildet. (Foto Romsdalsmuseet)

Gamle amatørportrett

Sist i 1860-åra kom fotografane Erik Birkeland og Jacob Kirkhorn og slo seg ned i Molde. Det skulle gå 30 år og meir enn det før amatørane kom på banen, men då kom dei for fullt.

Dei første amatørfotografane som gjesta Molde, var truleg utanlandske turistar, men ein mann som Einar Bjørnson tok også nokre blinkskot der av foreldra sine i 1896. Mellom dei første moldensarane som hadde eige fotoapparat, vil eg nemne Anders O. Tollaas og Bernhard Schistad. På landsbygda var lærar og kyrkjesongar Fredrik Misfjord på Nesjestranda mellom dei første som hadde fotoutstyr. Det kan vere så tidleg som i 1905-06, og i åra etter unionsoppløysinga var det fleire som kom heim frå Amerika med fotoapparat. Øverdalingen Edvard Sæterbø var nærast profesjonell, medan eikesdalingane Knut Finnset og Edvard Utigard stilte opp når høvet baud seg.

Store samlingar

Fleire store amatør-samlingar frå distriktet er gjennom åra innlemma i Romsdalsmuseets fotoarkiv. Her kan nemnast negativsamlingar etter ivrige fotografar som Halvor Gjenstad, Otto Jæger, Thomas T. Ulleland, Johan Lillebostad, Sæbjørn Sæbjørnsen, Anders O. Holm, Peder Sæbø, Asbjørn Sæbø, Peder Stokke, Jon Lothe, Ivar Hallsteinsen, Andreas Hollingsholm m.fl. Ikkje alt er digitalisert enno, men arbeidet pågår. Samlinga etter Erling Havnes på Bjørset er no under arbeid.

Portrett- og passbilde

Dette er eit fagområde som dei profesjonelle fotografane tok seg av, men også amatørane vart utfordra, og dei fann sine løysningar. Utan atelier og kunstig lys måtte dei finne ein høveleg stad utadørs der var det godt lys. Problemet var å finne



Beate Misfjord (1896-1980) fotografert av far sin kring 1915. I mangel av atelier har Fredrik Misfjord hengt opp eit laken på bislagveggen på baksida av huset i Bergsvika. For å etterlikne eit profesjonelt atelier, har han ramma inn lakenet med einer og askegreiner og sett fram ein av sine mange knortestolar. (Foto Romsdalsmuseet)

ein nøytral bakgrunn. Somme valde derfor å henge opp eit laken medan andre satsa på ein vegg eller ein klår himmel.

I 1941 kom det eit krav om at alle over 14 år skulle ha pass, og då var det fleire amatørar som vart spurt om å levere bilde. Asbjørn Sæbø t.d. tok på seg å fotografere alle mândalingar for kr 1,25 pr. person, og i dette tilbodet skulle han levere to kopiar av bildet. «Det er ikkje nødvendig å ha

seg fin-kledå,» skal han ha sagt. «I tek berre bilete tå haua.» Resultatet viser at dei aller fleste likevel bytte om før fotograferinga. Asbjørn med familie måtte evakuere frå Molde til Måndalen i 1940. Ved å ta på seg dette fotooppdraget spara han bygdefolket for store reiseutgifter.

Blits

Erling Havnes (f. 1919) tok på seg å skaffe passfoto av både pensjonæ-



Himmelsk bakgrunn: Løve Stokke (1908-1984) fotografert av broren Peder i 1930-åra. Med ein klar himmel som bakgrunn var det ikkje vanskeleg å ta ut eit portrett frå denne glasplata. Andre gonger bruka Peder ein mørk skog eller vegg som bakgrunn. (Foto Romsdalsmuseet)



Passfoto av Eirik Moen 1941. Asbjørn Sæbø gjekk nær innpå motivet. Då slapp han å skjere bort uvesentlege detaljar ved kopieringa. (Foto Romsdalsmuseet)

rar og tilsette på Bolsøy aldersheim på Røbekk. Erling var ein moderne mann som fotograferte inne med blits. Det var det ikkje mange amatørar som såg seg råd til for over 70 år sidan.

No er både krigspassa, magnesi-umblitsen og filmen historie, men mange av bilda eksisterer enno. Dei som er registrerte og digitaliserte, er tilgjengelege for alle.



Erling Havnes fotograferte både pensjonærar og tilsette på Bolsøy aldersheim i 1941. Han tok passbilde av to og to, og så «maska han av» kvar enkelt etterpå. På dette bildet sit Severine Pedersdr. Kringstad – kvinna bak namnet til Severines veg i Djupdalen – og Solveig Gammelseter. Den firkanta ramma rundt Severine viser kor enkelt dette kunne gjerast. (Foto Romsdalsmuseet)



Legitimasjonskortet til Erling Havnes frå 31. mars 1941 ber preg av bruk. (Foto Romsdalsmuseet)

Første fotograf i Molde?

«175 år siden fotoet så dagens lys» stod det Budstikka den 4. januar i år. Spørsmålet blir automatisk: Kor gamle bilde finst det bevart frå Molde?

Det var fotoarkivar Ragnar Albertsen ved Fylkesfotoarkivet som vart intervjuet av Vera Henriksen om fotohistoria. Han fortalde kort om franskmannen Daguerres oppfinning i 1839, og om korleis denne fotokunsten utvikla seg frå daguerrotypi til dagens mange mobiltelefonbilde. Eit par dagar før intervjuet stod på trykk, ringte Albertsen til meg og spurde om det finst bevarte daguerrotypi i Molde. Svaret mitt var nei, men eg visste at eg hadde notat heime som dokumenterte at det var omreisande fotografar i Molde i 1850-åra.



Familiebilde 1859. Alexander og Maren Johanne Brinchmann med døtrene Louise f. 1855, Ragnhild f. 1853 og Hanna f. 8.1.1858. Bildet må vere tatt 1859, for nestemann, Christopher, vart fødd 2.5.1860. (Foto Romsdalsmuseet)

Annonsen i Romsdals Budstikke 1853

I RB nr. 63/1853 stod følgjande annonse:

Daguerreotyp-Portraiter.

Undertegnede anbefaler sig herved til Aftagning af Daguerreotyp-Portraiter, saavel af enkelte Personer som Grupper. Det bemærkes at Aftagningen finder sted, saavel i klart som i skyet Veir, samt at mit Ophold herstedes kun bliver til 9de d. M. til hvilken Tid jeg er at træffe hos Madame Hansen. Molde den 6te August 1853. Ærbødigst Solem.

Madam Emerentze Hansen dreiv hotell/herberge ved Hestetorget på denne tida. Arne M. Monge overtok hotellet, og i 1865 budde «madammen» hos han som rentenist, 69 år. Kven daguerreotypist Solem var, er det truleg ingen som veit. Han hadde også ei liknande annonse i Adresseavisen i 1853, der det stod at han tok portrett «naar Luften er nogenlunde klar». Det er ikkje bevart portrett etter Molde-besøket i 1853 etter det vi veit.



Eldste bevarte portrett? Bastian Dahl, 5 år 1856. Er dette det eldste kjente bilde av ein moldensar? (Foto Romsdalsmuseet)

Portrett frå 1856

Midt på 1850-talet hadde teknikken komme så langt at fotografane tok til å bruke «film» på glasplater, og desse kunne så kopierast til så mange bilde som ein berre ville. Det eldste portrettet eg kjenner i Romsdalsmuseets fotoarkiv, er av Bastian Dahl (f. 30.6.1851) som 5-åring, altså frå 1856. Fotografen er ukjent, men det kan vere Nils Solberg som fotograferte i Trondheim før 1856.



Apotekergården 1864. Hagen i apoteker Pettersens bakgård fotografert av Jacob Andreas Kirkhorn i 1864. Det var hit fotograf Jensen flytta atelieret sitt i 1860. Kirkhorn gjesta Molde fleire gonger før han slo seg ned her i 1869. (Foto Romsdalsmuseet)

John H. Jensen 1860

Fotograf Jensen annonserte i RB den 8. juli 1860 at han flytta «Det Fotografiske Atelier» frå Owrens enke (i Krogsvingen) til «Hr. Apotheker Pettersens Hauge» innafor elva. «Hauge» er dansk for *have* eller *hage*, og det viser at fotograferinga gjekk føre seg ute. Truleg var det fleire fotografar som heldt til hos apoteker Pettersen. Jacob A. Kirkhorn var der i 1864 og tok eit bilde av sjølve hagen på den tida. Dette er eitt av dei eldste bevarte utandørsbilda frå Molde.



YMSE

Då Nauste fekk «bygrensar»

I grunnen tok det heile til i 1906. Då starta direktør Ragnvald Blakstad oppkjøpet sitt av fallrettane til dei fleste elvene i Eikesdalen. Det heldt han på med heilt til 1912, og han hadde då handla for kr 70.950,-. Parallelt med dette selde han rettane vidare til A/S Aura.


Dette var eit aksjeselskap som vart etablert i 1910. Salssum var kr 1.344.820,-, altså 20 gonger kjøpesummen. Det er ikkje rart at Blakstad vart karakterisert som spekulant. Nok om det. Planane var klare: Straumen frå alle desse elvene skulle brukast i ein karbidfabrikk på Nauste. For å få gjennomført utbyggingssplanane måtte infrastrukturen vere på plass. Det skulle gå jarnbane frå Nauste til Osen, (jarnbane-)ferje etter Eikesdalsvatnet og trikk oppover Eikesdalen! Slik skulle dei få utstyr og arbeidskraft på plass. På Siragarden finst eit kart frå 1908 som viser delar av dei storstilte planane.

Oppstart 1913

A/S Aura starta utbygginga i 1913. Då vart det hektisk på Nauste, og rykta var mange. Romsdalske Vexel- og Landmandsbank i Molde oppretta filialen Aura Landmandsbank på det planlagde industriområdet, og Bergen Privatbank etablerte også ein filial der. På eit møte den 4. oktober 1913 drøfta Nettet Sparebank om dei skulle gjere det same, men valde heller å leggje direksjonsmøta sine til Nauste. Det må ha vore ei slags Klondyke-stemming i området, og vanleg folk var engstelege for at bygda skulle miste styringa på utviklinga.

Soknekommunen grip inn


I kommunar med fleire kyrkjesokn vart det etter kommunelova oppretta soknekommunar i denne tida. Desse skulle først og fremst ta seg av kyrkjelege spørsmål i soknet, men det var ikkje uvanleg at desse styra også tok seg av elektrisitets- og vassforsyning,



Bygrensene for «strandstedet Nauste» er her lagt inn på eit kart frå 2007. (Repro Romsdalsmuseet)




Nauste sett frå 17-maihammaren kring 1914. Aura Landmandsbank opna kontor i Hotel Eikisdal (t.h.) (Foto utlånt frå NE/Romsdalsmuseet)



På brevpapiret til Romsdalske Vexel- og Landmandsbank er avdelingane på både Åndalsnes og Nauste medtekte. (Kjelde Romsdalsarkivet, Romsdalsmuseet)



Romsdalske Vexel- og Landmandsbank hadde hovudkontor i Macégården, Molde. (Foto Romsdalsmuseet)



Det var naustrekka på Nauste som var det mest urbane ved den planlagte industribyen. (Foto Romsdalsmuseet)

kommunikasjon og helse m.v. På eit soknemøte i Eresfjorden (for Sira sokn) i 1913 heiter det: «Flere af sognets indvånere har gjentagende henstillet til sognestyret at sikre sognet en del jord med sjøgrund på Nauste i anledning den ventende by.» Ord vart til handling, og den 3. april 1914 vart det ved kongeleg resolusjon bestemt at paragraf 88 i lov om bygningsvesenet av 27. juli 1896, skulle gjelde for «strandstedet Nauste». Eresfjord og Vistdal herredsstyre hadde møte den 18. desember 1913 og bestemte grensene slik: *Mot nord til sjøen, mot øst av Eira elv og Husbybækken (Grytosbækken), mot sydøst og syd av forannævnte bæk og granselinjen mellem Nauste og Husby og mot vest til gjærdesgården mellem ind- og utmark.*

Første verdskrigen med påfølgjande jobbetid sette ein stoppar for byutviklinga på Nauste. Eg har plukka fram eit kart over området og lagt inn dei bygrensene som vart bestemt i 1914. Det er interessant å sjå korleis dei tenkte her den gongen for 100 år sidan.

Songarfesten på Vestnes – eit 150-årsminne



Helland prestegard i framgrunnen med Vestneskyrkja (den nye) og Vestnesbukta bak. Andre pinsedag 1862 kom det eit tog med to kor og fleire hundre deltakarar marsjerande over Gamlebrua og opp mot prestegarden på Hellandhaugen. Den første songarfesten i fylket vårt var eit faktum. (Foto Widerøe/Romsdalsmuseet)

«For første gang, for første gang, den giver mangel småting rang», skreiv Wergeland. Songarfesten på Vestnes 2. og 3. pinsedag i 1862 var ei slik førstegongshending.

Songen har for lengst tona ut, men takka vere sokneprest O. T. Krohgs omtale av arrangementet, lever tradisjonane vidare sjølv om det no har gått 150 år.

Det nasjonale

Midt på 1800-talet var det sterke nasjonale straumdrag i landet vårt. Somme samla inn eventyr og segner, andre konsentrerte seg om folkeviser og folketonar. Ivar Aasen studerte talemålet, medan andre arbeidde for å redde

særeigen byggeskikk og kulturminne. Kyrkjesongar Jørgen Olafsen i Veøy var gripen av desse straumdraga og danna eit eige kor i soknet sitt. Han samla 25 gutar og 25 jenter, og dei song songar og viser med nasjonalt og kristeleg innhald. Olafsen var «en Ynder af den Grundtvigianske Retning», men han var ingen grundtvigianar i «Tykt og Tyndt», skriv Krohg.

Vestnes i 1860-åra

Sokneprest Otto Theodor Krohg var høgkyrkjeleg på den eine sida og utradisjonell og nokså radikal på den andre. Han likte å provosere (og kanskje til og med *forarge*) motstandarar, og han hadde liten sans for lekmannsrørsla. Krohg inviterte der-


for Olafsen og koret hans til Vestnes fordi dette – etter Krohgs utsegn – var den einaste bygda der folk kom for å delta på eit slikt arrangement. Krohg på si side gjorde alt for å få det til. Han hadde passert 50 år, men var full av verketrong. Andre pinsedag 1862 hadde han høgmesse i Sylte kyrkje (Tresfjord) med både barne-dåp og jordpåkasting, men han kom seg heim att snarast råd, og mellom «Kl. 2 og 3 saaes Veøsangerne paa fem Baade at stævne fra Gjermundnæs over til Vestnæs». Jentene hadde grønne forkle og tørkle på hovudet, og gutane hadde ei sløyfe med nasjonal-fargane i knappholet på jakka. Etter å ha ordna seg etter ro- og segleturen var dei klare for avmarsj.




Sokneprest Otto Theodor Krohg var arrangør. (Foto Romsdalsmuseet)



Amtmann Nils Weyer Arveschoug kasta glans over festen – og takka. (Foto Romsdalsmuseet)



Ordførar Ivar Brovold takka til slutt. (Foto Romsdalsmuseet)



Kyrkjesongar Jørgen Olafsen dirigerte. (Foto Romsdalsmuseet)



Molde middel- og realskole. Det var her Molde Middelskoles Sangforening heldt til. (Foto Romsdalsmuseet)

To kor

Krohg hadde nemleg invitert fleire enn Olafsen og hans kor. I ei seglskute kom 50-60 elevar og lærarar frå Molde, og etter avtale steig desse i land i Vestnesbukta. Dei utgjorde Molde Middelskoles Sangforening. Med rektor i spissen gjekk dei koret frå Veøy i møte, og alle var vel budd på det som skulle komme – trudde dei. Kora hadde ikkje før møttest og helsa på kvarandre med song, så såg dei dampskipet «Romsdal» ute på fjorden. Om bord var 190 personar frå Molde med sjølvaste amtmann Arveschoug i spissen. Dei kom for å oppleve songarfesten. Folk frå bygda slutta seg til dei tilreisande, og då toget gjekk forbi Vestnesgarden og kyrkja, var det fleire hundre deltakarar på vandring. På prestegarden på Hellingland stod Krohg og tok imot toget, som song «Deilig er Jorden» oppover bakkane til tunet.

Første songarstemnet mellom Stad og Agdenes

Det vart ein uforgløyemeleg songarfest, den første mellom Stad og Agdenes, skriv Krohg. Det var song, talar og opplesing. Amtmannen takka for opplevinga og reiste heim att kl.

6 om ettermiddagen. Dei andre heldt det gåande til kl. 10 om kvelden. Då var det ordførar Ivar Brovold sin tur til å takke.

Tredje pinsedag kl. 10 reiste Olafsen heim med ungdomskoret sitt. Han hadde då vore med på å skrive lokal kulturhistorie.

Noko av repertoaret frå Molde:

Skolemarsh
Lärkan slår i skyn
Høiest løfter jeg da Guldpokalen
Deilig er Jorden

Veøy-koret song m.a.:

Imellem høie Fjelde og rundt den dybe Fjord (J. Olafsen)
Stå stærk du Ljusets Riddarvakt
Deilig er Jorden
Gud, Jehova, vi prise dig
Ave Maria
Svensk Fanmarsch
Sole går bak Aasen ned

Elveforbygging i Øksendalen og Eikesdalen

Store skadeflaumar dei siste åra har sett storsamfunnet på prøve fleire gonger. TV-reportasjar og digitale media gjer at vi kan følgje med når dramatikken skjer. Dei var ikkje skadefri før heller.

Øksendalen 1883

I A. Hellands «Norges land og folk. Romsdals Amt, bind 2 (1911) kan vi lese følgjande: «Efter en usedvanlig stor skadeflom i Øksendalselven i 1883, ble der i årene 1884-95 i Øksendalen utført betydelige regulerings- og elveforbyggingsarbeider, i alt til et beløp av ca. 40.000 kr.» Det var gardane Brandstad, Engan, Skrondal, Furset, Hjellen, Øyen, Sjølset og Erstad som vart mest skadde, men sideelva Gaudøla var endå meir uregjerleg.

Sperredammen i Gaudalen

«For at stagge den rasende elv foreslo daværende arbeidsbestyrer ved kanalvæsenet, senere statsråd Nysom, i 1887, at der skulle opføres en fangdam eller sperredam i Gaudøla i 169 m.s høide over havet.» Dammen vart ferdig vinteren 1892, men alt i mai same året kom det ein flaum mesta så stor som 1883-flaumen. Elva tok med seg store skredmassar, og bassenget «blev på det nærmeste fylt», men dammen heldt. Det vart derfor bygd ein dam til i Gaudalen, og denne stod ferdig i 1895.

Ny kompetanse

Dette elveforbyggingsarbeidet gjorde at Øksendalen fekk mange flinke steinhoggarar og murarar. Det var Kanalvæsenet (forløparen for NVE) som leidde prosjektet og lærte opp folk, og det var slik den unge smeden Edvard Gustavsen Engelstad, f. i Lardal i Hurum 1871, kom til Øksendalen. Sjølv om han i folketeljinga for 1910 er kalla «gårdbruger» på Smedstad, var det



Reparasjon av flaumskade 1932. Frå reparasjonen av den nedre sperredammen i Gaudalen 1933 etter storflaumen i 1932. Denne gongen vart det forskala og støypt, ikkje mura med naturstein slik som første gongen. (Foto utlånt O. Husby/Sunndal kommune, FylkesFOTO-arkivet 2013)



Nedre sperredam 2013. Det er ikkje vanskeleg å sjå skilnad på det som vart mura opp i 1890-åra, og reparasjonen frå 1933. Dammen er full med skredmasse så vatnet renn over dammen i dag. (Foto Knut Sæther)

anleggssmed han var. Han levde til 1966, og namnet «Gammel-smeden» blir brukt om han den dag i dag.

Øksendalingar i Eikesdalen

På Seter-gardane i Eikesdalen plagast

dei òg med store flaumskadar, og i 1890 fekk kanaldirektøren brev frå dei fire aktuelle bøndene med ønske om elveforbygging. Assistent Helge Steen hos kanaldirektøren laga ein plan, og alt i september 1892 gav re-



Øvre sperredam 2013. Også denne dammen er reparert etter flaumskade. Bak t.v. går anleggsvegen opp til kraftverksinntaket som vart nybygd for nokre år sidan. (Foto Knut Sæther)



Kartutsnitt som viser kvar sperredammene i Gaudalen i Øksendalen vart mura opp (to prikkar) og elveforbygginga på Setra i Eikesdalen.



EG 1894. I ein stein på Setra i Eikesdalen har smeden Edvard Gustavsen hogd inn EG 1894. Kristoffer Austigard fekk vere med då Liv Hege Sæter og Marianne Lillebostad (t.h.) viste fram inskripsjonen. Smeden var berre 23 år den gongen. (Foto Bjørn Austigard)



Muren. Store delar av den 120 år gamle elveforbygginga på Setra er intakt. Som ungar leika vi oss her, seier Liv Hege Sæter og Marianne Lillebostad. Kristoffer er der for første gong. (Foto Bjørn Austigard)

gjeringa klarsignal til oppstart. Ole I. Smedstad, som då hadde fleire års erfaring frå elveforbygging i Øksendalen, vart oppsynsmann for anlegget, som var kostnadsrekna til 7500 kr.

Smedstad var flink til å skrive rapportar, og i ein av dei første står det: «Mure- og sprengningsakkorden er som Dem ser overtaget af 4 mand, som formand er John Sjøseth. Dem er at kalde fra Øksendalen, jeg har bare villet havet 3 stk. af dem, og faaet andre fra Eikesdalen, men da vilde ingen af dem være med paa akkorden.» Dei som var med forutan John Sjøseth, var Martinus Sjøseth, Anders Hjelden og Edvard Gustavsen.

I ein seinare rapport skriv oppsynsmannen: «Det var sandelig nødvendig med vante folk i Eikesdalen, for det findes vist ikke en mand som kan tage – eller forstaar sig paa en saadan murakord.... Som Dem ser, er smeden som var ved 'Gaudølas sperredam' med i murekontrakten. Han kom tilbake i høst, og blev gift med en av mine søstre.»

Kulturminne

Elveforbyggingane frå 1880- og -90-åra i Øksendalen og Eikesdalen har fått prøve seg mange gonger. Skadar har oppstått, og reparasjonar er gjort. Langs Øksendalselva er det meste fornya, medan murane på Setra er stort sett intakte ettersom store kraftverksutbyggingar har ført vatnet bort frå dalen. Dei gamle murane er i dag som kulturminne å rekne.

Isen på Eikesdalsvatnet



Krigsåra 1940-45 var «nåå låke is-år» sa dei som minst krigen. Her er ei gruppe eresfjordingar på tur til Eikesdalen 1942 (-43?). Frå venstre: Ole J. Nerås, ukjent, Johannes O. Øverås, Magnar Meringdal, Jon Meringdal, Betsy Morstøl, Asbjørg H. Helde, Bård H. Helde, Kristen Vike og Beret Øverås.

Er det is på Eikesdalsvatnet i år, då? Nei, det er det ikkje, og det er heller ikkje årets is dette innlegget handlar om. Det er nemleg sjeldan farbar is på heile Eikesdalsvatnet, derfor er alle is-vintrane spesielle. Dei er minnerike på godt og vondt.

Sjeldan is

Andre halvdel av 1700-talet var ein kald vêrperiode. Til og med den gongen var folk overraska over at Eikesdalsvatnet truleg ikkje fraus til kvart år. Hans Peter Schnitler skriv i 1768 at «Ved dette Vand er egentlig ellers dette mærkværdigt: At det aldrig fryser saa haardt til endog i den stærkeste Frost og Kulde om Vinteren, førend ved Hellig Tre Kongerstid, eller først i Januario at omkringboende tør før den tid driste sig til at gaa det, langt mindre kjøre derpaa.» Så kom mildare tider, og i min oppvekst var det sagt at det var farbar is på heile vatnet berre kvart tjuande år.

Is og båt

Is og trebåt hører ikkje saman. Sjølv den tynnaste is skjer opp båtborða og



Frå Vike 1934 (-35?). Ein båt («ferje») er plassert på ein slede i fall isen skulle svikte. Frå venstre står Kristoffer Vike, Aneus Vike, Kristen Vike, Håkon Vike, Magnus Vike (bak), Torvald T. Utigard, Frantz Karijord (bak), Magnus Meringdal, Peder Vike, Tobias Finnset, Bård Oppigard og Peder Ø. Hoem. Tobias og Bård var mannskap på D/S Eikesdal, og dei måtte frakte posten sjølv om båten ikkje gjekk i rute. (Foto Torbjørn Frisvoll)

øydelegg ein båt på kort tid. Så lenge Eikesdalsvatnet var einaste ferdssels-åra for eikesdalingane, var perioden frå isen tok til å leggje seg til han var farbar, kanskje verste tida. Problema var om lag dei same når isen gjekk


opp att. I april 1858 var det ei stor skredulykke på Setra i Eikesdalen, og fire menneske omkom. Enno var det korkje kyrkje eller kyrkjegard i bygda, så dei fire likkistene måtte stå i fem veker i solvarmen nedmed nausta ved



Folk, hestar og store mengder potet er klar for avgang frå Sandgrovosen i Eikesdalen vinteren 1942. (Foto Jon Lothe)



Post- og personbefordring ein av krigsvintrane. Torbjørn Frisvoll dreg heile «lasset» med ein motorsykkel.



Isbryting våren 1957. Dette var første og einaste gongen eg var med på dette «eventyret». D/S Eikesdal hadde då gått i rute på vatnet i 60 år, og skroget bar preg av det. Den vedfyra dampmaskina vart skifta ut med ein to-sylindra Finnoymotor i 1954. Vi braut på ny råk til Ogotammaren denne første dagen, og Jon Lothe gjekk ut på isen og tok nokre bilde før vi snudde.

Eikesdalsvatnet, til isen gjekk opp og vatnet vart farbart slik at dei døde kunne setjast ned i jorda i Eresfjorden.

Isbrytaren D/S Eikesdal

Sommaren 1885 kom D/S Mignon i rute på Eikesdalsvatnet. Dette var ein gammal trebåt som måtte setjast på land så snart isen tok til å leggje seg atti Osen og på Øverås. Dette var lite tilfredsstillande, og etter få år kom planane om ein jarnbåt med isbrytarskrog. Aksjekapitalen vart utvida, ny båt vart bestilt frå Trondhjems Mekaniske Værksted, og den 5. oktober 1896 vart D/S Eikesdal levert. Dampskipsselskapet og bygdefolket kunne endeleg få heilårsrute.

Råk og motorkraft

Den spesialbygde isbrytaren greidde seg godt i isen. Det var berre om å gjere å passe på å gå ein gong for dagen slik at råka ikkje fraus til. Ved maskinhavari var «hundre og eitt ute», og båten måtte berre gje tapt. Dette hendte siste gong i 1957, og eg var så heldig å få vere med første dagen då båten skulle bryte ny råk i den skjøre vårisen. Det vart eit minne for livet.

I 1960 kom BF Eikesdal og overtok etter «Gamle Eikesdal», og i 1974 kom B/F Mardøla. Det hendte det var is på heile vatnet også når desse gjekk i rute, men med større motorkraft, og propell og ror plasserte djupt nede i vatnet, var faren for makinhavari nokså liten.

Den 16. november 1990 gjekk B/F Mardøla si siste offisielle rute, og etter det har isen på Eikesdalsvatnet fått gjere som han vil.



Frå Hoem 1934 (-35?). Ei høymeis ligg på stålisen ved råka, klar til å bli kasta om bord av Peder Vike og Joakim Meringdal. I båten står frå venstre Aneus Vike (?), Tobias Finnset, Bård Oppigard og Ingvald Kvisvik. (Foto Torbjørn Frisvoll)

Husdyr, martna og messe



Vestlandshestar 1931. Utstillingsplassen på Reknes vart bygd av Byselskapet i 1890-åra for å stille ut hestar og andre husdyr. I 1931 var til og med Kongen på hesteutstillinga for å sjå. (Foto Schrøder)

Dyregod-dagane har vorte eit begrep! Kanskje er husdyra lokkematen som får folk til å komme, men når dei først er der, får dei med mykje meir – Aasmund Nordstoga, potetløpet, maten, Eventyrskogen og over 100 utstillingar av alle slag.

Gammalt opplegg

Formålet med «dagane» er å fremme bygdenæringar og landbruk anno 2014, og «konseptet» er ikkje nytt. Både Romsdalsmartnan, Syltemartnan og Bollimartnan starta slik. På same måten var det også med Landbrukselskapet si jubileumsutstilling i 1931, Romsdalsutstillinga i 1953 og elles andre mindre utstillingar, messer og dagar. Skal ein få vist fram varene sine, må ein ha ein møtestad, og så gjeld det å få folk til å komme.

Hest

Både på Romsdalsmartnan og Syltemartnan (Tresfjorden) var hestehandelen svært viktig. Andre levande dyr fanst knappast der, men både gamle og unge visste korleis ei ku, ei geit, ein grisunge og ei høne såg ut. Derimot måtte mat og underhaldning til skulle folk trivast, då slik som no. På Romsdalsmartnan i 1791 var det ikkje mindre enn 49 ølstuer på martnasplassen, og då måtte det bli leven. Gutungen Jacob Ræder fortel (1804)



På utstilling to gonger. Mjølkeku på veg heim frå landbruksutstillinga i Molde i 1931. (Foto Haug)

at han aldri har følt seg så glad og lykkeleg som når han fekk kjøpe seg «en honningkake eller en annen bagatell» på Romsdalsmartnan.

Underhaldning

Frå gammalt var musikken og dansen viktige innslag i martnaslivet. Gode spelemenn heldt det gjerne gåande heile natta, og ungdommen kom og gjekk. Storlygarane laug så dei trudde det sjølv, og storslåstarane slost der det var nokon å slåst med. Presten gjorde seg gjerne ein runde

utpå kvelden for å sjå om det fanst ukonfirmerte ungar som sat og spela kort. Slike slapp ikkje fram til konfirmasjon.

Resultat

Det er ikkje så godt å måle resultatet av ein martna, ei messe eller ei utstilling. Alt kan sjølvsagt målast i kroner, men kva med kunnskap, trivsel, opplevingar, og gode minne? Eg har vore på mange martnaer, messer og utstillingar, men det er Romsdalsutstillinga i Molde 1953 som sit ster-



Veteranbilar på Syltemartnan 1992. «Brød og sirkus» er det noko som heiter. Veteranbilane sorterte sikkert under sirkus-delen dette året. (Foto Olav Skjeggstad)

kast i minnet. Der var kyr og mjølke-maskiner, ost og kålrabi, is og kjeks, berg-og-dal-bane og karusell. Eg var 8 år og kunne bruke pengar på det eg hadde lyst til. Sterkaste minnet er då Eddy Polo stupte frå ein 15 m høg stige og ned i eit lite vasskar. Eit minne for livet.

Mange dyr

Levande dyr dreg barnefamiliar til dagar og messer. Det skulle berre mangle etter år med animasjonsfilmar på TV der dyr, traktorar og tog talar. På oppfordring frå redaksjonen har eg laga ein bildemontasje frå gamle messer/utstillingar/dagar, og så kan vi samanlikne kva måndags-avisa presenterer frå Dyregod-dagane med fotominna frå ein mannsalder eller tre sidan. Eitt er eg heilt sikker på: «Konseptet» er i endring!



Ung-gris 1981. Gutane på Syltemartnan synest uinteressert i levande gris. (Foto RB)



Trekkspel og traktor. På Bollimartnan midt på 1980-talet var det ungjentene som spela. F.v. framme Monica Bolli, Randi Bolli, Tone Eide (oppå hjulet) og Tove Bolli. På panseret f.v. Elin Bolli og Marit Eidsæter. Felespelarane og hestekarane hadde fått fri. (Foto RB)



Matvarer og diplom. Ei messe utan smaksprøver er utenkjeleg i dag. På landsbruksutstillinga i 1931 var det 100 utstillarar som presenterte smør, ost, mjølk og mjølkemat. Mange fekk diplom. (Foto Haug)



Høner. Det er helst ungar og vaksne kvinner som synest at det er greitt med høner. Det var kjerringane som rådde over eggpengane. Høner var (derfor) sjeldan på utstilling. Bildet er frå Hestens dag på Romsdalsmuseet 1999. (Foto Romsdalsmuseet)



Nærkontakt med geiter. «Ikke gi dyra mat» står det ofte der geiter er «utstilte». Kjell og Åsmund Bjordal møtte desse på biltur til Åndalsnes. Det var kontakt med ein gong. (Foto Jon Bjordal/Romsdalsmuseet)

Gotisk skrift med lang-s

Slektsgransking har no vore på «moten» i minst to mannsaldrar. Det var mange som granska slekta si før også, men det var helst dei «fine». Betra økonomi og sosial utjamning i samfunnet har gjort at folk ikkje skammar seg lenger over å ætte frå husmenn, småkårsfolk eller forfedre som var fødde utanfor ekteskap.

Eg har halde kurs i slektsgransking i snart 40 år, og største bøygen for nybegynnarar er nok den gotiske handskrifta. Prestar, sorenskrivarar, futar og lærarar brukte den gamle skriftforma framover mot 1870-80-åra, og denne blir berre verre og verre å forstå etter kvart som nye generasjonar kjem til. I tillegg til uvante bokstavar kjem individuelle variantar inn –akkurat som i dag.

Fraktur

Gotisk skrift slik ein finn det i gamle bøker, blir gjerne kalla fraktur. Slike bokstavar ser vi kvar dag i avisnamn som Romsdals Budstikke, Adresseavisen, Aftenposten o.fl. Alle som har vakse opp med Budstikka og Adressa har lagt merke til at det er to slags s-ar i avistitlane, og utruleg mange har fortalt meg at som unge trudde dei at trondheimsavisa heitte *Udresfeabifen* og ikkje Adresseavisen. Først er det den store A-en som blir tolka som U, og så er det desse to lang-s'ane som kjem inn og forstyrar.

Konsonantar og vokalar blir stavingar

Før i tida når folk skulle lære å lese, stava dei. Først ramsa dei opp bokstavane, og så la dei desse saman til stavingar. Når ei staving starta med s, er det ikkje vanleg s som skal brukast, men lang-s. Truleg vart dette gjort slik for å lette lesinga. Den tida dei lærte å lese på denne måten var det «klokkardansk» som galdt, så mellom kvar staving sa dei «siger» (bokstavane «seier» eller «blir til»)



Vi stavar: R-o-m-s siger *Roms*, d-a-l-s siger *dals*, siger *Romsdals*. B-u-d siger *Bud*, s-t-i-k siger *stik*, k-e siger *ke*, siger *Budstikke*.



Budstikke med og utan lang-s: Ser du at det siste ikkje er rett?



Full konsentrasjon: To lang-s'ar må til i Adresseavisen.



Rart. «Adressa» utan lange-s'ar.



Siger *Aftenposten*: A-f siger *Af*, t-e-n siger *ten*, p-o siger *po*, s-t-e-n siger *sten*, siger *Aftenposten*. Her er det stor forskjell på f og lang-s.



Nye typar: Sunnmørsposten skifta ut lang-s'en ein gong etter 1980. Samstundes valde redaksjonen «mjukare» fraktur-typar.



Hvedemeel, sigtet og samf. Rugmeel, sigtet og samf. Bygmeel, Gryn, Erter, af fortrinlig Godhed, sælges meget billig. Gottf. Hoffmann.

Meelvarer.

Florsigtet Rugmeel, samt samfængt Rug- og Bygmeel anbefales mine Kunder.

O. Ohlsen.

Gammal og ny tid: To konkurrentar annonserer i Budstikka i 1862 med ulike skrifttypar. Gottfred Hoffmann anbefaler «Hvedemeel, sigtet og samf(ængt), Rugmeel, sigtet og samf(ængt) Bygmeel, Gryn, Erter, af fortrinlig Godhed, sælges meget billig.» Det er ikkje så lett å skilje mellom lang-s og f.



Etter bybrannen i 1916 etablerte Romsdals Budstikke seg i Gamle Kirkebakken. På reklameskiltet er det ingen lang-s å finne i namnet.

den etterfølgjande stavinga. Eksempel: *h-e-s-t* siger *hest*.


Romsdals Budstikke

Slik stava dei Romsdals Budstikke. R-o-m-s siger *Roms*, d-a-l-s siger *dals*, siger *Romsdals*. B-u-d siger *Bud*, s-t-i-k siger *stik*, k-e siger *ke*, siger *Budstikke*. Her merkar vi oss at andre stavinga i Budstikke startar med s, altså lang-s i avistittelen. Saman med Johnny Bratseth har eg sett opp titte-len med og utan lang-s. Alle som vil, ser då kvifor der er slik.


Tilsvarande har eg gjort med Adresseavisen. Der er det av same grunn to lang-s'ar, medan Aftenposten og Sunnmørsposten har berre ein lang-s kvar, dvs. Sunnmørsposten skifta ut lang-s'en sin for ein del år sidan (truleg for å gjere det enklare der sørpå).

Avisartiklar og annonser

Alt i 1860-åra begynte Romsdals Budstikke å trykke annonser med latinske bokstavar (antikva), medan artikkelstoff og meldingar var i gotisk (fraktur), men somme heldt på gotisk også i annonsene. Som illustrasjon har eg tatt med to annonser frå RB før jul 1862, og des-



Signatur: kaptein C. L. Lossius på Sekken stava Lossius slik: L-o-s siger Los, s-i-u-s siger sius, siger Lossius.



Den siste?: Overrettssakfører Odd Lassen (1894-1973) brukte lang-s i signaturen sin, ja, han brukte lang-s i Lassen så seint som i 1956 då han skreiv brev til søster si, Valborg Lassen. Var han den siste aktive lang-s-brukaren?

se viser korleis det blir reklamert for det same mjølet ved hjelp av to ulike skrifttypar. Når ein stavar seg gjennom den gotiske annonseteksta, ser ein korleis lang-s'ane er plasserte der nye stavingar tek til. Merk også lang-s'en i samband med forkortingane.

Fleire døme

I kyrkjebøker, skifteprotokollar, underskrifter m.m. finn ein dei same skrivereglane, og dette er her forklart i to bildetekster over.

Bumerke

Eg starta serien «Røter» i Romsdals Budstikke med ein kort presentasjon av nokre gamle bumerke. Tanken var at «Røter» skulle vere bumerket mitt, og slik vart det også i Budstikka. I Driva derimot var «Gammalt og nytt» merket mitt, men innlegga mine i dei to avisene har så mykje til felles at knapt nokon vil sjå forskjell.

Dersom dette hadde vore skrivne for t.d. 300 år sidan, og eg ikkje kunne skrive namnet mitt, ja, så hadde eg sett bumerket mitt under, i staden for namnet. Dette er nemleg min eigedom, mitt årsverk om du vil. Saumerke er som eit slags bumerke. Siste artikkelen i denne boka fortel litt om den tradisjonen.

Eigarmerke

Bumerka er frå gammalt *eigarmerke* som folk sette på hus, bruksting og reiskapar. Bruken er eldgammal, og bumerka vart skorne inn med kniv eller eit anna kvast jarn. Dei fleste bumerka var samansette av enkle geometriske figurar slik at dei var lette å forme. Du kan finne bumerke på ølbollar, kister, skrin, reiskap og liknande.

Det heiter i tradisjonen at eit bumerke følgde garden. Det kan det ha gjort i mellomalderen og kanskje inn på 1600-talet, men eg har enno til gode å sjå same bumerket brukt to gonger på same garden, eller at far og son har brukt identiske bumerke. Når eg skriv dette så «bastant», så er det for å provosere fram det motsette. Eg ønskjer sjølv sagt at eg tek feil.

Lakksegl på eit skjøte frå Øver-Frisvoll, Eidsbygda 1702, tinglese 24. januar 1703.

Overdraginga er «u-igienkaldelig, saaledis for Retten at vere passeret, som foresskrevet staar det(te) til Bekreftelse, under Haand oc hosströchte Zignetter. Actum ut Supra.

Friderich Olsson
Messel



Stjerne på ei mjølkeringe frå 1824. (Foto Romsdalsmuseet)



Ølbolle fire bumerke under botnen. I teksta rundet kanten står «Anno 1694». (Foto Romsdalsmuseet)



Ølbolle med tre bumerke under botnen. (Foto Romsdalsmuseet)



Sorenskrivar Fredrik Olsen Messel (FOSM) signetet har eit våpenskjold i staden for bumerke.



Bumerke til forfedrane

Alle som driv med slektsgransking, ønsker å finne bumerke til forfedrane sine. Gjennom åra har eg derfor vist mange granskarar til Romsdalsmuseets årbøker 1938 og 1938-1941 og avisa Fylket sin lange serie i 1961, i håp om at dei skal finne eit aktuelt bumerke der. Det vi skal merke oss, er at desse merka ikkje er samla inn frå gamle gjenstandar rundt om på gardane, men frå matrikkelprotokollar og tinglyste dokument som i dag stort sett berre finst i arkiva våre. Bumerka er ikkje skrivne med hand, men dei står i eit lakksegl. Merka er som regel graverte inn i seglet saman med tre initialar. Døme: KKS = K(nud) K(nud) S(øn) (Knut Knutsen Hunnes). H-en i Hunnes er ikkje med på seglet fordi gardsnamnet på 1700-talet (og inn på 1800-talet) var meir som ei adresse og dermed ikkje ein del av namnet. Slik er det framleis på Island.

Lakksegla til lagrettesmennene

For å vise korleis dette tek seg ut i praksis, presenterer eg for første gong eit dokument frå Øver-Frisvoll i Eidsbygda frå 1702. Her er ni lakksegl. Det som står oppe t.h, er sorenskrivar Fredrik Messels segl, og dei åtte andre tilhørte lagrettesmennene på den tida, dvs. bønder frå Eidsbygda og til Vistdalen. Slike segl var i bruk til 1750-åra, men det merkelege er at eg til dags dato berre har sett eitt einaste originalt segl frå denne perioden. Dersom du har eit gammalt segl med bumerke, så må du ta kontakt.



PIS = Peder Iverssøn
Løbergsvig



KKS = Knud Knudsøn
Hundnæs



OKS = Ole Knudsøn
Hundnæs



AKS= Anders Knudsøn
Vistdalsøren



BIS = Biørn Joensøn
Ottestad



PBS = Peder Biørnsøn
Hundnæs



KOS = Cort Olsson Langelj



LES = Lasse Endresøn Lange



KHS = Knud Hansen Hatle



ASS = Anders Sørens:
Houcheberg (1719)



EKS = Erich Knudsøn
Frisvoll (1719), lensmann



BAS ? - Tron Olssen Ore
(1717), uvanleg at namn og
initialar ikkje samsvarar.



OA = Olle Askautsen
Norvigen (1719), berre to
initialar.

(Alle segl er fotografert av Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet. Den trykte versjonen er ein god del større enn originalen.)

Hammervolløa – frå driftsbygning til kulisse og klasserom

Oppi bakkane, vest for Eidsvåg sentrum, låg det gamle tunet på Hammervoll. Hovudbruket var presteenkesete for Nesset-presten, og det betydde at dersom presten døydde, kunne enka gjere krav på garden og leve der resten av livet.

No kom det aldri nokor presteenke til Hammervoll, men presten og prosten kontrollerte år om anna at husa var i stand, og at jorda vart halde i hevd.

Gammaldagse hus

Familien som budde på Hammervoll dreiv garden som om det var deira eigen, men gardbrukaren kunne ikkje gjere kva han ville med husa så lenge soknepresten hadde eit ord med i laget. Røykstua på garden var bygd i 1822. Løbygninga stod truleg ferdig nokre år før dette, så for knapt 200 år sidan var dette eit topp moderne anlegg. I 1920 var situasjonen ein annan. Etter 100 år utan større ombyggingar verka heile tunet gammaldags. Museumsmannen P. Solemdal bad derfor riksantikvar Harry Fett om å sjå på anlegget, og han vart ikkje skuffa: «Den gård som De anbefalte meg å se på, var i høieste grad interessant. Etter min mening burde man nesten erverve hele gården.»

Alfred Barstein gifta seg med gardjenta Mathea Hammervoll i 1916, og dei ville innreie nytt kjøkken i det gamle huset. Det var slik riksantikvaren vart kopla inn, og for å gjere ei lang historie kort: Hammervollstua vart seld til Romsdalsmuseet i 1927 og flytta kort tid etterpå.

Kommunal bruk

Det var gardsdrift på Hammervoll til om lag 1960. Då tok Nesset kommune over anlegget, og løa vart brukt til lager, garasjar m.m., og stabburet, frå 1700-talet, brukte museumsnemnda



Hammervolløa før og etter flyttinga. Når ein ser bort frå at løa no har torvtak og at dasset ved stallnova manglar, er likskapen før og etter flyttinga svært god.



Fjøsмурane med dei gamle steinbåsane er mura oppatt som dei var. Her var god plass for «dei blåkledd» i mørkret.



Kristian Knivskenes (t.v.), Arthur O. Svensli og Arnold Svensli mura oppatt murane i 1984. (Alle foto Romsdalsmuseet)



Det er alltid mykje styr når ein skal stelle i stand til jul. Her ser vi Aase Tøndel og underskrivne i ferd med å få badestampen (ein såkalla så) på plass inne på låven i 2005. (Foto Einar Halle/Romsdals Budstikke)



Hammervolløa oslok 1996. Rolf Lange frå Vistdalen sit i døropninga og lagar soplimar av bjørkaris. (Foto Romsdalsmuseet)



Aase Tøndel ber varmvatn på børtre frå eldhuset like ved. Ola Hola skildrar julebadet på julekvelden på 1800-talet slik: «Når dei so vann seg til, vart det allmindeleg lauing. Alle skull dei oppi såen. Husbonden først, og sia etter stand og stilling som rett og regel tilsa. Sist var hoo'n og katten laua». Ola Hola fortel vidare at når karane hadde vølt om seg, prøvde dei på seg nybrøkene som dei hadde fått til jul. (Foto Einar Halle/Romsdals Budstikke)

til magasin for sine ting. Men tidene forandra seg, og eit nytt veganlegg oppover mot ungdomshuset Bergtun kunne ikkje gjennomførast utan at løa vart fjerna. På nytt kom vernemyndighetene på banen, og ved hjelp av sponsorinntekter og velvilje frå mange kantar vart både tømmer og gråsteinsmurar rivne og flytta til Romsdalsmuseet i åra 1983-84.

Eit «allhus» på Romsdalsmuseet

Dei første åra Hammervollstua stod

på museet, vart ho storstua som vart bruka til alle mulege arrangement. Slik vart det også med løa då ho stod ferdig to mannsaldrar seinare. Med nye totoms golv i eit par av romma kunne den nye tilveksten brukast til leikarringsframsyningar og konserter, årsmålsdagar og kafé, utstillingar og «butikk», handverk – og ikkje minst som klasserom. Ein rundtur i fjøsen mellom dei gamle steinbolkanane gjer eit uverkeleg inntrykk på elevar frå både by og land, og sær-

leg når eg fortalde at for 150 til 200 år sidan var det somme som hadde senga si i fjøsen – berre ikkje på julekvelden, for då var det haugbokk og hulder («dei blåkledde») som brukte soveplassen deira.

Dei rustikke tømmerveggene frå først på 1800-talet har eit preg som «gjer seg» når ein skal skape julestemning slik folkeminnesamlaren Ola Hola skildrar det frå 1800-talet. Med badestampen i eine hjørnet, langbordet dekt med julemat i det andre, og med berre eit enkelt talglys som lyser opp rommet, er det ikkje så rart at enkelte kunne frykte at noko ukjent skulle komme inn frå mørkret.

Eit museumshus blir sjeldan heilt ekte. For å vere autentisk manglar Hammervolløa husdyr i stall og fjøs og høyr, korn og halm på låven, ja, også fjøslukta. Men som *ei kulisse* der elevar og vaksne kan få ei kjensle av gamle dagar – ei *oppleving* om du vil – til *det* verkar Hammervolløa framifrå. I meir enn 20 år brukte eg dette huset bevisst for skoleklassar som var på leiting etter jul i gamle dagar. Dei fraus ofte fordi det var kaldt, men dei fekk også *frysningar* på ryggen av det dei såg og høyrde, og dei ønskte seg nok attende til notida.

Romsdalsmuseet greidde etter kvart å «erhverve hele gården», men det tok 70 år før staburet også var på plass.

Sildspord eller svølustuv

Det er lammingsstid, og rundt om på mange gardar kan ein no høyre den umiskjennelege breke-lyden frå små lam som er på leiting etter mor si. Våren med små lam som hoppar og dansar, har alltid stått for meg som noko fint og naturleg, og eg synest det er imponerande at mora kan kjenne att lamma sine berre ved å snuse att bakenden på dei.

Det er meir enn saueeigaren greier. I uminnelege tider har folk merkt lamma sine i øyro eller med ein klave rundt halsen for å skilje mellom sitt og naboens.

Innsamling

I 1996/97 samla eg opplysningar om saumerke. Det var mange av dei. I Møre og Romsdal fylke registrerte eg 14 ulike merke, og når så desse vart kombinerte, kunne både 20, 50 og 100 saueigarar sleppe sauene på beite utan fare for at dei vart samanblanda/forveksla ved sauesankinga om hausten. I Eikesdalen var dei mest vanlege merka desse: tåkløft, skjerdinghakk, hjul (utuhjula), nerikløft, innikløft, sildspord og stempillhøl. Heime hos oss i Austigard (bnr. 8) var det tåkløft på høgre, medan bruk nr 6 hadde tuhjula (eller berre hjul) framme på venstre. Enkelte bygdalag hadde så mange saueigarar at dei ordna seg med merkebøker. Som eksempel på dette kan eg nemne merkeboka frå Rød og Ranvika som eg har hatt tilgang til. (Sjå illustrasjon). Ein spøkefugl har skrivne i permen: «Denne Bog indeholder alle Faaremærke der findes udi den vide kreds af Barsten udi Wæsten til Rødsand udi Østen!! NB: Ettertrykk uten kildeangivelse er forbudt!» Denne (gammaldagse) kommentaren peikar på noko viktig: Sauer på beite kan vandre så langt på ein sommar at artsfrendar frå Rød og Raudsand kan blande seg med kvarandre.

Språkgrensar


Etter å ha samla desse opplysningane, skreiv eg ein artikkel med tittelen «Sauemerking i Møre og Romsdal» i Romsdal sogelags årsskrift 1997. Eg prøvde å få med meg grensene for dei ulike nemningane, utan at dette var så heilt lett. Som eksempel kan eg nemne at det merket som dei fleste i Driva sin lesekrete kallar *skjerdinghakk* (eller berre *hakk*), heiter i midtre delar av Romsdal for skjerdinglag, medan saueigarar i ytre Romsdal og på nordre Sunnmøre seier *fjordingsmerke*.

Frå Øksendalen


fekk eg ikkje svar, men året etter at artikkelen var trykt, spurde eg søskenbarnet mitt, sauebonden Nils H. Sæther, kva saumerke dei hadde. «I Oppituo på Setrå har vi svølustuv i vingstre øro» kom det kontant. «Vi bretta øret dobbelt og kløpte på skrå med sausaksen». Eg forstod straks at dette hadde han sett og gjort mange gonger. Ur-befolkninga i Øksendalen både visste og kunne. For uinnvigde må det då leggjast til at *svølustuv* er det same som *svalestjert* i vanleg bokspråk. Etter litt prat vart det klart at dette merket blir kalla *svølumerke* i andre delar av Nordmøre, og i romsdalskommunane heiter det noko så enkelt som *sildspord*. (Ja, for det er no sporden på ei sild dette merket liknar!)

Dei siste månadene har eg teke nokre stikkprøver på utbreiinga av svølustuv. Etter som Øksendalen og Ålvundeidet har hatt eit langt hopehav, spurde eg Asbjørn Bakken på Ålvundeidet kva han sa, og det var *svølustuv* som i nabobygda. På Tiltereidet derimot var det nemninga *sildspord* som rådde grunnen. Det bekrefta Arthur Wahlstrøm på Sjukeheimen i Eidsvågen ein gong eg var innom der. Han hadde bretta mangt eit lammeøyre og klipt på sildspord.

Har du andre namn eller synspunkt elles på dette, er det berre å ta kontakt.




Nokre eksempel frå merkeboka frå Rød til Ranvika. Sildspord-merket er ikkje med akkurat i denne serien.



Sau merkt med «sildspord i høgre og hjul attai på venstre». Dersom eit lam var tydeleg merkt, kunne ein ofte sjå kven som var eigar berre ved å kikke på lammet/sauen.

KRONOLOGISK BIBLIOGRAFI

for Bjørn Austigard
1972-2014



Forkortingar:

JiR - Jul i Romsdal
RSÅ - Romsdal sogelag, årsskrift
RMÅ - Romsdalsmuseets årbok
RB - Romsdals Budstikke
RF - Romsdal Folkeblad
ÅA - Åndalsnes Avis
Smp - Sunnmørsposten
Når ikkje anna er opplyst, er Molde trykkestad

Generelt:

Frå og med 1974 har eg drive med redigeringsarbeid både i fritid og arbeidstid. Bøker og hefte der eg *både* er forfattar og redaktør, står boka/heftet berre i den kronologiske bibliografien.

I åra 1976-1982 var eg sekretær for årsskriftsredaksjonen i Romsdal sogelag. Mitt ansvar var korrespondanse med forfattarane og kontakt med trykkeriet. Frå 1983 vart arbeidsforma endra. I staden for ein redaksjon på *fem medlemmer* vart det på årsmøtet valt *to redaktørar*. Eg har vore den eine redaktøren frå og med 1983. Kontakten med forfattarane og trykkeriet har heile tida vore mi oppgåve. Frå 2001 har det vore *tre redaktørar*. I åra 1984 til 2014 har eg skrivt så godt som alle forfatterbiografiane i årsskrifta, og det dreier seg om fleire hundre. Rundt eitt hundre større og mindre bokomtalar er også utelatne her, men dei finst i mine utklippbøker.

Frå og med årsmøtet i 1985 har det vore produsert eigne årsmeldingshefte med arbeidsprogram og budsjett. Innhaldet i desse er berre med få unntak med i bibliografien. Dei er arkiverte i Romsdal sogelags korrespondansearkiv, og dei finst samla i Romsdalsarkivet O 5650.

For Romsdalsmuseets årbok har eg vore medlem av redaksjonen i åra 1985-2010.

Som styreleiar i Romsdal avdeling av Fortidsminneforeninga stifta eg meldingsbladet *Mottmjøl-Nytt* i 1982. Fram til 1985 kom det ut med til saman fem nummer.

Nokre praktiske opplysningar:

I 2005 gav Romsdal sogelag ut *Bjørn Austigard: Artiklar og bøker 1972-2005*. Seinare vart heile CD-en lagt ut på nettet under www.romsdal-sogelag.no. Bøker/artiklar/kåseri som er å finne der, er merkt med *CD* bak innførselen.

I 1970-åra hadde eg mange små innlegg i avisene *Driva* og *Adresseavisen*, men også nokre i Romsdals Budstikke. Berre ein del av desse småartiklane er her tekne med her.

I 2007 overtok Romsdalsmuseet eit omfattande fotoarkiv frå Romsdals Budstikke. Det galdt papirkopiar fram

til 1993. I samband med ordning og teksting av dette materialet, hadde eg serien *Leserstikka* gåande i Romsdals Budstikke i åra 2009-2010. Her er det både spørsmål og svar omkring gamle bilde, og dei fleste av desse (små) innlegga er tekne med. Derfor er det både to og tre publiseringsdatoar for fleire artiklar/innlegg.

Hausten 2011 starta eg spaltene *Gammalt og nytt* i *Driva* og *Røter* i Romsdals Budstikke. Desse gjekk fram til og 2013-2014. I denne boka er alle desse avisartiklane trykt. Nokre få andre avisartiklar er, av redaksjonelle grunnar, også tekne med her. I bibliografien er alle desse merkt med *.

1972

Litt om samkvemmet mellom Eikesdalen og Lesja, Lesjaskogen og Øverdalen. RSÅ 1972, s. 3-14. *CD*
Om og omkring borkebrødet frå Eikesdalen. Ei orientering. RB 11.11.1972 (Også i Smp 27.01.1973)

1973

Valders-Erik og den første vassleidningen i Eikesdal. RB 13.01.1973

Eikesdalen – ei framtidig «potetbygd». Intervju med Torstein Austigard. Smp 01.06.1973. *CD* (Også i Adresseavisen 6.07.1973)

Borkebrødtradisjonar i Eikesdalen. Om almebork som føde for folk og fe. RMÅ 1973, s. 17-25. *CD*
Eikesdalen anno 1773. Gerhard Schønings skildring av Eikesdalen for 200 år sidan med bilde frå i dag. RB 08.09.1973

Mardalsfossen, ein gamal turistattraksjon. 80 år gamal steinvor i Mardalen. RB 20.07.1973.

Det var ein gong – Kongensvold pr. Imsterfjorden. Sør-Trøndelag 20.07.1973 (Også i Årbok for Fosen 1974, s. 112-113)

1974

Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789 af Hans Peter Schnitler. Romsdal sogelag, Orkanger 1974, 128 sider. *CD*

Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789 af Hans Peter Schnitler. (Presentasjon av boka). RSÅ 1974, s. 103-105

Merkværdighede i Grytten Præstegield. 200 år gamle oppteikningar av sokneprest Jonas Jacob Schanke. RSÅ 1974, s. 68-75. *CD*

Nemningsbruk og arbeidspraksis på bekkelvernene i Eikesdalen. Første artikkel. RMÅ 1974, s. 42-51. *CD*

Fugleliv i gamle almar. RMÅ 1974, s. 25-26. *CD*

Ein 250 år gammal ver-rapport. Årbok for Trøndelag 1974. Orkanger 1974, s. 29-32. *CD*

«**En merkelig Fugl**». *Motacilla scolopacina* observert av presten Hans Strøm i 1770. Adresseavisen 29.06.1974. *CD*
Moskus funnen død. Adresseavisen 12.09.2015. *CD*
Godt nøtteår. (I Eikesdalen) Adresseavisen 29.10.1974. *CD*
I Eikesdalen: 90 års gamle planer for vatningsanlegg. RB 02.11.1974. *CD*
Litt om granskogen på Hestad. Driva 07.11.1974
Då D/S «Mignon» var til sals. Driva 17.12.1974
Glimt frå korndyrkinga på 1700-talet. Kraftfôr-Nytt, Oslo 1974, nr 4. *CD*

1975

Da hasselnøtter var kraftfôr for Romsdals-grisane. Kraftfôr-Nytt 1/1975. *CD*
Nokre spørsmål: Om feller og fangst. Driva 11.02.1975, svar 27.02.1975
Da korn og mjøl vart kalla «Gudslån». Om vanskane med å dyrke korn på 1700-talet. RF 24.02.1975. *CD*
«Gran Hoved Kirker Anno 1772». Hadeland 01.03.1975. *CD*
Kva kyrkjebøkene fortel om: Skredet på Vike for 140 år sidan. RB12.03.1975. *CD*
Segna om jutulpilene i Eikesdalen. Driva 17.04.1975. *CD*
Det var den tida: Med reglar for årelating. Driva 17.04.1975
Det var den tida: Da folk dyrka lin og hamp. Driva 14.06.1975
Skurdonnprat – på oldefars tid. Lindahl-bilde. Driva 26.06.1975. *CD*
Konfirmant i Veøy for 90 år sidan. RB 26.06.1975. *CD*
Med flyttelass over Tiltereidet i 1805. RB 23.07.1975. *CD*
Militærstellet i Eresfjorden for 200 år sidan – og J. C. Richelieu. Driva 16.08.1975. *CD*
Gamle kart over Eikesdalsvatnet. RF 13.09.1975
Brynjulsteinen i Eikesdalen. Driva 04.12.1975
Skredulykkene 12. og 13.4.1858 i Møre og Romsdal. Kva aviser, kyrkjebøker og tradisjon fortel. RSÅ 1975, s. 12-29. *CD*
Kverner og kverndrift i Eikesdalen. Andre artikkel. RMÅ 1975, s. 20-33. *CD*
Gammalt frå Skaun. Årbok for Trøndelag 1975, Orkanger 1975, s. 102-104. *CD*

1976

Frå «lakselordane» si tid i Eresfjorden. Fylket 15.06.1976. *CD*
Det var den tida: Med ekserserplass i Eresfjorden og Vistdalen. Driva 03.08.1976. *CD*
Frå turistmens barndom. Foreningsnytt 1/1976. *CD*

Mardalsfossen på 1800-talet. Foreningsnytt 3/1976. *CD*
Då almebork var god mat. Kraftfôr-Nytt 2/1976
Almen – ein gammal nyttevekst. Kraftfôr-Nytt 4/1976
Litt om M. B. Landstad og hans tilknytning til Romsdal. JiR 1976, s. 5-6 og 24. *CD*
Barndomsminne frå Romsdalen kring 1800. Jacob Thode Ræder fortel om gutedagane sine på Nes. Særtrykk frå Fylket 07.02.-13.04.1976, 34 sider. (Utdrag frå J. T. Ræder: Barndoms- og Ungdoms Erindringer. København 1912) *CD*
Nytt om Tjellefonna. RMÅ 1976, s. 45-52. *CD*
Henning Østigårds notater om: Den kristelige virksomhed i Eiridsfjord og Eikisdal. RSÅ 1976, s. 85-91. *CD* (Trykt i utdrag i Sjustjerna 2/3 1977)
J. C. Richelieu og Nordmørskarta hans. Nordmøre Historielag, Kristiansund 1976, s. 21-28. *CD*

1977

Feller og fangst. RMÅ 1977, s. 15-29. *CD*
Litt om militærstellet i Eresfjord kompanidistrikt 1628-1818. RSÅ 1977, s. 5-19. *CD*
Skoletenesta ved Romsdalsmuseet. Skole og museum (rapport), Norsk museums pedagogisk forening, Oslo 1977, s. 98-102. *CD*
Brynjulsteinen i Eikesdalen. Ei gløymd segn. JiR 1977 s. 5-6. *CD*

1978

Litt om Sigrid Svendsen - forfattar av «Kristenliv i Romsdalen». ÅA 24.02.1978. *CD*
Om utvandringa frå Lesja. Eit nytt spørsmål til Arne Amundgård. Driva 04.02.1978. (Svar 11.02.1978). *CD*
Meir om samtalelag på 1800-talet. Driva 01.04.1978. *CD*
Gamalt måleri frå Eidsvåg: Kvar er det ifrå? Driva 10.08.1978. (Svar 19.08.1978). *CD*
Vadmålsstamper i Romsdal. Ei registrering. RSÅ 1978, s. 143-168. Også som særtrykk. (Tillegg i RSÅ 1979, s. 168-169 og RSÅ 1980, s. 178, sjå egne innførsalar). *CD*
Bandsmiing i Romsdal. RMÅ 1978, s. 38-52. *CD*
Stavkyrkja på Rød. Nesset kyrkje 100 år. Tingvoll 1978, s. 10-27. *CD*
Strid om plassering av ny kyrkjegard og kyrkje. Nesset kyrkje 100 år. Tingvoll 1978, s. 35-41. *CD*
Gamle dialektord: «Å spøtte kule» og å lage «buvatn». Driva 28.11.1978. (Svar: 21.11. og 07.12.1978)
Meir om skoplugg-fabrikken i Dokkelva i Eresfjord. Driva 28.11.1978. *CD*

Slik lagar du netarokk. JiR 1978, s. 22. *CD* (Også trykt i Unge Romsdal 5/1979, Vår verden 4/1980 og 4H-klubben 1/2 1991)
Nokre ord om ender i Eikesdalen. Rallus 1/1978, s. 25. *CD*

1979

Mitt spørsmål: Kva øks er dette? Driva 30.01.1979, svar 01.02.; 03.02.; 17.03. og 17.03.1979
Eikesdalingar i Canada. Mest om Tore og Baard Baardsen frå Oppigard. Driva 15.02.1979. *CD*
Litt om årelating av folk og dyr. Fylket 13.02.1979. *CD* (Også trykt i Hippi Tiend nr. 1/1979. Veterinærstudentenes Forening, Oslo.)
Røykstue frå Tjelle – no på Sunnmøre museum. Driva 19.04.1979. *CD*
Om veg og vasskraft i Eikesdalen. Driva 08.09.1979
Jernverket i Osen. Moldensere før oss. Lokalhistorie for Molde og omegn/Næringsliv utg. av Molde pedagogiske senter 1979, s. 31-51. *CD*
Teglverket på Sekken. Moldensere før oss. Lokalhistorie for Molde og omegn/Næringsliv utg. av Molde pedagogiske senter 1979, s. 52-58. *CD*
Frå Gjelsvik til Brekkom og Gausdal. Barbro og Erik Gjelsvik, deira slekt og etterslekt. Eige forlag, Molde 1979, 88 sider. *CD*
Bøkkerarbeid i Romsdal. RMÅ 1979, s. 31-49. *CD* (Også som særtrykk.)
Vadmålsstampa i Meringdalen. RSÅ 1979, s. 168-169. *CD*
Nils J. Næss og «Hotel Eikisdal» på Nauste. Molde og Romsdals Turistforenings årbok 1979, s. 157-165. *CD* (Også som særtrykk.)
Jaktstaven hans bestefar. JiR 1979, s. 8-9. *CD*
Samtalelag i 1895. Unge Romsdal 5/1979. *CD*
Omkring jul og mørketid. Fylket 23.12.1979. *CD*

1980

Historia om barken «Marie». Sør-Trøndelag 26.02.1980. *CD*
Ore som nyttevekst. RMÅ 1980, s. 29-40. *CD* (Også som særtrykk.)
Minne frå 1905. Innleiing ved Bjørn Austigard. RSÅ 1980, s. 179-185. *CD*
Ola Hola: **Gammalt frå Nesset. Del 1.** Redigert av Bjørn Austigard. *Forord. CD.* Utg. av RS 1980, 144 s. To opplag.
Vadmålsstampa i Rødven. RSÅ 1980, s. 178. *CD*
Litt om og frå eit lagsblad (Eikjesdølen). JiR 1980, s. 32. *CD*
Steinraset som vart turistattraksjon. Eit hundreårsminne. Foreningsnytt 1/1980, s. 3-4. *CD*

1981

Bjørnejaget på Sekken 1917. RB 07.02.1981
Omkring Knut Foss' forfattarskap. ÅA 19.02.1981
Sypikens tredje arm. Driva 04.06.1981. *CD*
Utløer og høystakkar i Romsdal. RMÅ 1981, s. 22-47. *CD* (Også som særtrykk.)
Valders-Erik og den første vassleidningen i Eikesdalen. RSÅ 1981, s. 69-78. *CD* (Også som særtrykk.)
Torstein Finnset - ein rosemålar i Eikesdalen. JiR 1981, s. 20-21. *CD*

1982

To eresfjordingar anno 1902. (På Syltebøen) Driva 06.03.1982. *CD*
Manøver 1906 (skal vere 1907). RB 12.03.1982
Sølvsmedarbeid i Eresfjord. Driva 27.03.1982. *CD*
Tre soldatbrev frå 1808-09. Tølløv Didriksen Nauste skriv heim. Hedersskrift til Nils Parelius på 70-årsdagen den 24.05.1982. s. 147-158. *CD* (Også som særtrykk.)
Kviltorp 100 år. Frå feriestad til bydel. RSÅ 1982, s. 54-78. *CD* (Delvis trykt i RB 07.12.1982)
Sommarfjøs på Hjelset. Mottmjøl-nytt, Molde 1/1982. *CD*
Botnasetra i Eikesdalen. Mottmjøl-nytt, Molde 2/1982. *CD*
Originalt hus på Skorgen i Tresfjorden. «Missing Link» i romsdalsk byggeskikk. Mottmjøl-nytt, Molde 2/1982. *CD*
Om ku, mjølk og mjølkeprodukt i eldre tid. Fylket 23.12.1982
Mitt museum. Tankar om formidlinga. Pedimus 2/1982
Nilsmoen og han Nils Moa. Litt idretts- og innvandringshistorie frå Eikesdal. JiR 1982, s. 32-33. *CD*
Anders Gjendem – mottakar av kulturprisen 1981. Romsdals Fellesbanks årsberetning 1981, Molde 1982, s. 29. *CD*

1983

Skjorte frå Fagerslett i Eresfjorden. Driva 24.02.1983. *CD*
Dørinskripsjon frå 1685 frå Røv i Surnadal. Driva 01.03.1983. *CD*
Mauskebet. Driva 26.03.1983. *CD*
Då eikesdalingane hadde vegplikt på Tiltareidet. Driva 16.07.1983. *CD*
Saga og overvasshjulet. (Solemdalssaga) Mottmjøl-nytt, Molde 1/1983. *CD*
Hjelsetkverna. Mottmjøl-nytt, Molde 1/1983. *CD*
Albumblad frå Eikesdalen. Slektsbok. Eige forlag, Molde 1983, 36 sider. *CD*
Bilder fra Moldegård. Av Betty Møller Isaksen og Bjørn Austigard. RSÅ 1983, s. 7-24. *CD*

Innskifter i stein i Eikesdalen. RSÅ 1983, s. 73-84. *CD*
Dei gamle nausta i Eikesdalen. Molde og Romsdals Turistforenings årbok 1983, s. 71-77. *CD*
Bjørnsonsalmen. JiR 1983, s. 22-23. *CD*
Mi meining: Om melfæringar. Driva 22.12.1983. *CD*

1984

Bersvein Leirvoll til minne. RB 03.01.1984. *CD*
Eirik Moen. Mottakar av kulturprisen 1983. Romsdals Fellesbanks årsberetning 1983, Molde 1984, s. 26. *CD*
Om pengar, sparing og rente. Sparebanken Romsdal, årsberetning 1983, Molde 1984, s. 24-27. *CD*
Amatørfotografen Fredrik Misfjord på Nesjestranda. RSÅ 1984, 29-40. *CD*
Skjerping og mineralfunn i Eikesdalen. RSÅ 1984, s. 167-180. *CD*
Nissen som ikkje var nokon nisse. «Selbukallen» av Ole J. Laulo. JiR 1984, s. 16-17. *CD*
Nokre tankar ved 200-årsjubileet for offentleg helse-teneste. RB 29.12.1984
Frå gjenreisninga i Molde. Mottmjøl-nytt, Molde 1/1984. *CD*
Åttekant-huset på Årønes. Mottmjøl-nytt, Molde 1/1984

1985

Frå skisseboka til ein «lakselord». RB 06.07.1985. *CD*
Rutebåtar på Eikesdalsvatnet. Ved 100-årsjubileet for dampskipstrafikken. RSÅ 1985, s. 7-36. *CD* (Også som særtrykk.)
Rokkar i Romsdal. Av Bjørn Austigard og Sverre Steinnes. RMÅ 1985, 75-118. *CD* (Også som særtrykk.)
Litt husmannssoge frå Rødven. JiR 1985, s. 12-13. *CD*
Om sølv og sølvpenngar. Sparebanken Romsdal, årsberetning 1984, s. 25-27. *CD*
Lesja-måling i Romsdal. Nytt frå Maihaugen, Lillehammer 2/1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Statsråd Qvam. RB Spesial. Mars.1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Amtmann Leth. RB Spesial. April 1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Olav Oksvik. RB Spesial. Mai 1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Hans Thiis Møller. RB Spesial. September 1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Siri Anna Mohn. RB Spesial. Oktober 1985. *CD*
Gateskiltet minner oss om Bastian Dahl. RB Spesial. November 1985. *CD*
Byggeskikk og gamle fotografi. Mottmjøl-nytt, Molde 1/1985. *CD*

1986

Kavli - eit slektsnamn og eit fabrikkmerke. RSÅ 1986, s. 167-178. *CD*. Også i RF 13.12.1986
Hammervolløa på Romsdalsmuseet. RMÅ 1986, s. 63-78. *CD*
Hårsolar og silhår. Kurumpehår i kulturhistorisk lys. RMÅ 1986, s. 79-86. *CD*
Rokkar i Romsdal. Tillegg og rettingar. RMÅ 1986, s. 62. *CD*
Anders Gjendem til minne. RSÅ 1986, s. 200-201. *CD* Også i RB 25.02.1986
Eikesdalsvatnet - slik gamle kart framstiller det. JiR 1986, s. 32-33. *CD*
Gateskiltet minner oss om Anders Sandvig. RB Spesial. Januar 1986. *CD*
Gateskiltet minner oss om Amtmann Krohg. RB Spesial. Februar 1986. *CD*
Gateskiltet minner oss om Statsråd Astrup. RB Spesial. Mars 1986. *CD*
Gateskiltet minner oss om Nini Roll Anker. RB Spesial. April 1986. *CD*
Gateskiltet minner oss om Sofus Jørgensen. RB Spesial. Mai 1986. *CD*
Gateskiltet minner oss om Lars Nøsen. RB Spesial. Juni 1986. *CD*

1987

Våre daglige omgivelser: Årønes. RB 28.03.1987. *CD*
Våre daglige omgivelser: Enen. RB 06.06.1987. *CD*
Detektivarbeid på Romsdalsmuseet. JiR 1987, s. 38-39. *CD*
Gossen i Goksøyra. Driva 22.12.1987. *CD*

1988

Kvinne frå Eikesdalen. (Lindahl-bilde) JiR 1988, s. 30. *CD*
Kva er dette? (Oppheng for «hørsold»). Driva 09.01. og 13.02.1988. *CD*
Andro og su – to gode dialektord. Driva 18.02.1988. *CD*
Ole I. Solholm til minne. RSÅ 1988, s. 198-199. *CD*. Også i RB 21.01.1988, Smp 27.01.1988 og Øyavis 18.02.1988.
Martin Kjøpstad til minne. RSÅ 1988, s. 200-201. *CD*
Tilbakeblikk: Seterjenter på veg ut... (Strandadalen). Fylket 09.10.1988. *CD*
Tilbakeblikk: Tingvoll kring 1900. Fylket 15.10.1988. *CD*
Tilbakeblikk: Eldste foto av Stranda kyrkje? Fylket 20.10.1988. *CD*
Tilbakeblikk: men Molde er det ikkje. Fylket 12.11.1988. *CD*

Tilbakeblikk: Stein i Isfjorden. Fylket 09.10.1988. *CD*
Kvar døydde Skreddar-Anders? Driva 29.10. og 19.11.1988. *CD*
Futul-låset endå ein gong. Driva 28.12.1988. *CD*

1989

Netaknekkemaskine ved Eresfjord Handelslag. Driva 02.01.1989
Tilbakeblikk: «Hotel Eikisdal» på Nauste. Fylket 21.01.1989. *CD*
Det gamle kolvelåset. Driva 01.03.1989. *CD*
Lærarinneskolen i Romsdal. Eit gløymt kapittel av skolehistoria vår. RSÅ 1989, s. 81-98. *CD.* (Også som særtrykk)
Gjermundnes 1500-1900. Gjermundnesboka. Ålesund 1989, 41-96. *CD*
Brannforsikring i gammel tid. Romsdal Gjensidige Brannkasse 1966-1984. Molde 1989, s. 7-14. *CD*
Bjønnaskinnet på Hoem. Driva 02.10.1989. *CD*
Ingeborg Dahl Bækkelund til minne. RB 01.11.1989. *CD*
Kattimann/sorphøne – barneleika som deler Romsdal i to. JiR 1989 s. 42. Nyopptrykk i JiR 1999, s. 17. *CD*
Notat om M. B. Landstad og «arven» gjennom mora Margrete Elisabeth f. Schnitler. Notat nr. 11 i Hans Th. Landstad: M. B. Landstad på nært hold. Bø i Telemark (1989), s. 233. *CD*

1990

Kyllingstua frå Øverdalen i Rauma. RMÅ 1990, s. 117-144. *CD*
Sund på landjorda i Romsdalen. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1990, s. 72-78. *CD*
Oppgjelt. Lokal bruk og tyding. RSÅ 1990, s. 147-150. *CD*
Bjarne Rekdal til minne. RSÅ 1990, s. 187. *CD*
Kristian Opstad til minne. RSÅ 1990, s. 199. *CD*
Anna S. Julnes til minne. Av Bjørn Austigard og Nils Parelius. RSÅ 1990, s. 197. *CD.* Også i Smp 26.04.1990
Koppestell i forsamlingshus. JiR 1990 s. 32-33. *CD*

1991

Prestegardshusa på Veøya. RMÅ 1991, s. 95-117. *CD.* Også trykt Brit Solli mfl. «Veøyboka», Molde 1999, 126-145
Saltbrenning i Romsdalen. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1991, s. 7-14. *CD*
Fleire sund på landjorda. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1991, s. 181-182. *CD*

Andreas Normann til minne. RSÅ 1991, s. 198. *CD.* Også i RB 30.10.1990 og ÅA 01.11.1990
Romsdal sogelag 70 år. RSÅ 1991, s. 201-202. *CD.* Forkorta versjon i Lokalhistorisk Magasin 2/1991
Til Eikesdalen. Informasjonshfte for tilreisande. Molde 1991. 48 sider. *CD.* (3. opplag kom i 1998, til saman 5000 eksemplar)
Eikesdal kapell 125 år. 1866-1991. Frå lokale planar til kongeleg godkjenning. S. 9-16. *CD.* Av Bjørn Austigard og Einar Helde. Molde 1991. 48 sider. *CD*
Juletreet året etter. JiR 1991, s. 25. *CD*
Slik lagar du ein 'Neta-rokk'. 4H-Klubben, 1/2 1991
Olsok med tradisjon på Romsdalsmuseet. RB 27.06.1991
Årsmøteseminar 1992 i Molde. Pedimus 3/1991

1992

Arkitekt Trygve Solemdal og Molde. RMÅ 1992, s. 51-70. *CD*
Meir om saltbrenning og salt-namn i Romsdalen. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1992, s. 196-198. *CD*
Trygve Holen til minne. RSÅ 1992, s. 199. *CD*
Stabburmannen på Holm. JiR 1992, s.13. *CD*

1993

Glimt frå eit veteranstemne for fiskarar. RMÅ 1993, s. 87-94. *CD*

1994

Sjølaup og løyper i Romsdalen. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1994, s. 41-55. *CD*
Tida før 1869. Sira kyrkje 125 år. Molde 1994, s. 11-22. *CD*
Gamlekyrkjene i Vistdalen. Vistdal kyrkje 125 år. Molde 1994, s. 11-26. *CD*

1995

Nils Parelius til minne. RSÅ 1995, s. 7-12. *CD.* Kortversjon i RB 06.04.1995
Teglverka på Nes og Høljenes. 160 år med industrihistorie ved Rauma. RMÅ 1995, s. 35-74. *CD*

1996

Innloger og innlegg i Romsdalen. Presentasjon av ei namninnsamling. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1996, s. 41-54. *CD*
Snø, brear og årstidsmerke og ymse andre merke. Av Bjørn Austigard og Kåre Magne Holsbøvåg. RSÅ 1996, s. 145-154. *CD*

Teglverk i Veøy kommune. Romdalsvik Teglverk på Sekken og Stensaa Teglverk på Nesjestranda. RMÅ 1996, s. 139-162. *CD*

Johan A. Friisvold til minne. RSÅ 1996, s. 285-286
Korte forfatterbiografier for Romsdal sogelags årsskrift 1921-1995. Rolf Strand: Register til Årsskrift for Romsdal sogelag 1921-1995. RS 1995, (s. 79-)

1997

Gamle bilde frå Surnadalen. Driva 26.03.1997

Arnulf Øverland og fødestaden. Årbok for Nordmøre 1997, Kristiansund 1997, s. 110-117. *CD*

Damaskveving i Romsdal. Ei registrering. RMÅ 1997, s. 26-46. *CD*

Nøisomhed gjennom 200 år. Av Bjørn Austigard og Signy Jakobsen. 1997, 40 sider. *CD*

Sauemerke i Møre og Romsdal. Nemningsbruk, merkingsutstyr og tradisjonar. RSÅ 1997, s. 225-240. *CD*

Omkring jul og mørketid. Fylket 23.12.1997

Torbjørn Thingvold til minne. RSÅ 1997, s. 297-298. *CD*

1998.

Sauemerke i Møre og Romsdal. Nemningsbruk, merkingsutstyr og tradisjonar. Med tillegg av alle registrerte sauemerke i Eresfjorden og Eikesdalen. RS, 1997, 32 sider. Utvida særtrykk frå RSÅ 1997. *CD*

Breivikfonna i Nesset 1848. Ei gammal vise ved 150-årsminnet. RSÅ 1998, s. 205-210. *CD*

Arnulf Øverland og hans romsdalske opphav. RSÅ 1998, s. 242-252. *CD*

Østers ved Moldeholmane. RMÅ 1998, s. 158-167. *CD*

Kåre Lybergsvik til minne. RMÅ 1998, s. 213-214. *CD*

EKH trykk og Molde gjennom 100 år. 1898-1998. Molde 1998, 120 sider. *CD*

Marsjrute anno 1791. JiR 1998, s. 12-13. *CD*

1999

Stoffprøver frå Halvor Ophus' veveri og fargerier 1809. RSÅ 1999, 197-199. *CD*

Lars Andersen Solhjell – ein rosemålar i Eresfjorden. RSÅ 1999, 205-208. *CD*

Skorsteinen i romsdalsk byggeskikk. Med bileggjar, kokomn, bakaromn og komfyr som tillegg. RMÅ 1999, s. 100-135. *CD*

Arbeid som sette merke i tømmerveggen. RMÅ 1999, s. 200-207. *CD*

Den raude topphua. JiR 1999, s. 12-13. *CD*

Romsdalsmuseets kapell. Molde menighetsblad 6/1999, s. 4. *CD*

Kommentar til to gamle bilde. (Frå Eikesdalen og Øverås.) Aura Avis 24.11.1999. *CD*

2000

Korn, brød og bakaromnar i Romsdal. RMÅ 2000, s. 130-150. *CD*

Gullsmedstempel i Molde på 1800-talet. - Litt om kvalen og andre stempel. RMÅ 2000, s. 108-113. *CD*

Olav Dahle til minne. RSÅ 2000, s. 336-337. *CD*

Laberget, voren og bordknakken. JiR 2000, s. 8-10

Da hasselnøtter var kraftfôr for grisane. Driva 22.12.2000. *CD*. Opptrykk frå Kraftfôr-Nytt 1975

2001

Kulturvernaren Per Jølting. «Per Jølting - En institusjon på sykkel». Minneutstilling 9. juni-1. juli 2001. Molde 2001, s. 14-16

Bygningane på Nesset prestegard - ein dokumentasjon. RMÅ 2001, s. 8-41. *CD*

Båtar og farty i Nesset 1805-1806 – og litt om bruken. RMÅ 2001, s. 90-101. *CD*

Med kamera frå Molde til Eresfjorden i 1902. W.H. Lambton. RMÅ 2001, s. 124-134. *CD*

Otto R. Grüner til minne. RSÅ 2001, s. 305-306. *CD*

Isen på Eikesdalsvatnet. JiR 2001, s. 24-25. *CD*

2002

Hus og tun på Moldegård gjennom 300 år. RMÅ 2002, s. 64-91. *CD*

P. A. Gjelsvik og lokalsamfunnet på Røros. Fjell-Folk. Årbok for Rørosmuseet 2002, Røros 2002, s. 46-51. *CD*

Løftingssteinar - løftarsteinar. Ei registrering. RSÅ 2002, s. 183-188. *CD*

Eirik Moen til minne. Eirik Moens forfatterskap. RSÅ 2002, s. 309-314. *CD*. Også trykt i RB 20.04.2002 og i ÅA 20.04.2002

Paul Bergsvik til minne. RSÅ 2002, s. 315-316. *CD*

Olav Jensen til minne. RSÅ 2002, s. 317-318. *CD*

Peder L. Romuld til minne. RSÅ 2002, s. 319-320. *CD*

2003

Reknesstabburet. RMÅ 2003, s. 34-53. *CD*

Desse, huste, reggarskjør m.m.. Eit leikeapparat med mange namn. RSÅ 2003, s. 125-131. *CD*

Endre Stranden og dagboka hans frå 1897. RSÅ 2003, s. 132-142. *CD*

Hestesveitte som avføringsmiddel. RSÅ 2003, s. 238-242. *CD*

Anders Gjendem 1916-1986. Romsdalsmuseets Leikarring 75 år, Molde 2003, s. 40-42. *CD*

Byggjeskikken i Aukra kommune. Aukra gjennom tidene 2003. Molde/Otta 2003, s. 65-72. *CD*
Minne frå Molde. Ei ferdaskildring frå 1890-åra av Johannes Arneson. JiR 2003, s. 24-27. *CD*

2004

Brødgraut i romsdalsk tradisjon. RMÅ 2004, s. 102-109. *CD*

Forstkandidat Rando Wolff som illustratør og teiknar. RMÅ 2004, s. 152-165. *CD*

Heile – ei nemning frå det gamle åkerbruket. RSÅ 2004, s. 240-242. *CD*

Omkring mat og klede på reinsjakt i gamle dagar. Jakt og fangst i Nesset. Utg. av Nesset fjellstyre, Tingvoll 2004, s. 90-102. *CD*

Lensmann L. Opdal og Opdalgården. Del 1:

Lensmannen og samfunnsmennesket. Årbok for Røros-museet - «Fjell-Folk» nr. 29, Røros 2004, 48-57. *CD*

Romsdal sogelag – ein sprekk 83-åring. Lokalhistorisk magasin nr 2. Oslo 2004, s. 5-8 og 28. *CD*

Alt er stort i Amerika. Frå bandstake i Eikesdalen til Douglas-gran i Oregon. JiR 2004, s. 19-21. *CD*

Vangsgutane og lys-muren. Driva 23.01.2004. *CD**

Minneord. Karl Aasgård. RB 11.11.2004. *CD*

Godt vårsemester for VT Stella Veritatis. Tempel Ridderen 3/2004, s. 56. *CD*

Bror Alf Skarstein 100 år. Tempel Ridderen 5/2004, s. 119. *CD*

2005

Osp i romsdalsk tradisjon. RSÅ 2005, s. 308-316

Sverre Bergs forfatterskap. RMÅ 2005, s. 283-286

Lensmann L. Opdal og Opdalgården. Del 2. Gardsdrift og bygningshistorie. Årbok for Røros-museet - «Fjell-Folk» nr. 30, Røros 2005, 35-41

Setnesmoen juni 1905. RB 11.06.2005

Brokskit, tvi-nitle, portar-net og filipine. Driva 30.12.2005

2006

Kyrkjene på Hen. Hen kirke 1831-2006, 175 år. Åndalsnes 2006, s. 6-18

Lerkehaugen på Fannestranda: Av Sigrun Mjelva Talsethagen og Bjørn Austigard. RSÅ 2005, s. 101-111

Buvollen ved Aursjøen. Eit apropos til minna frå Alfsetra. RSÅ 2006, s. 81-85

Om «å pesse i kors». Opplysningar frå ei innsamling. RSÅ 2006, s. 160-162

Nistemat for jeger og gjetar. RMÅ 2006, s. 152-161

Frå stabbur til frysar. Omkring konservering og lagring av mat i Romsdal. RMÅ 2006, s. 182-199

Alfsetra ved Aursjøen. Vigga, Dovre 10.12.2006

2007

Biletskjerar Anthon Røvik. Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer. 1907-2007, s. 159-164

Amatørfotograf Otto Jæger. Ein av fleire viktige bidragsytarar til Romsdalsmuseets fotoarkiv. RMÅ 2007, s. 70-83

Breidablik på Fuglset. RMÅ 2007, s. 130-145

Harøysamfunnet kring 1900. RMÅ 2007, s. 162-179

Tverrberghytta ved Aursjøen. RMÅ 2007, s. 180-187

På utmarsj Isfjorden-Eresfjorden 1907. Eit hundreårsminne. RSÅ 2007, s. 67-74

Filipine og spelegalskap. JiR 2007, s. 40-41

Molde domkirke – frå grunnstein til vigsling.

Menighetsbladet, Molde menighet, 5/2007, s. 10-11

2008

Kyrkjestad, kyrkjer og arkitektur. Kleive kyrkje 150 år. 1858-2008. Molde 2008, s. 32-38.

Skikk og bruk ved begravelse. Kleive kyrkje 150 år. 1858-2008. Molde 2008, s. 63-73

Vedlikehald og ombyggingar på Veøykyrkja

1646-1722. Omkring materialar og handverkarar. RMÅ 2008, s. 218-237

Inventaret i Veøy kyrkje i perioden 1646-1722. RMÅ 2008, s. 238-247

Bokbindarar og bokbind på Røros. Årbok for Røros-museet - Fjell-Folk 2008, Røros 2008, s. 54-62

I dag fyller Molde prestegjeld 150 år. RB 12.01.2008

Jarle Haukås til minne. RSÅ 2008, s. 366-367.

Også i RB 19.04.2008 og Gammalt frå Fræna 2008, Elnesvågen 2008

Andreas Rønningen – eit originalt sjølvportrett.

JiR 2008, s. 12

Teikning av Søsterkyrkjene i Det kgl. Bibliotek i

København. Årbok for Hadeland 2008, Brandbu 2008, s. 35-36

Uttrykket «å gå i tytfarå». Driva 14.11.2008

Kvennadur i Eikesdal. Oppigardskvenna er restaurert. Driva 29.12.2008

2009

Ingeniør Sæbjørn Sæbjørnsen. Presentasjon av hans fotomateriale. RMÅ 2009, s. 124-139

To tapre orkdalskvinner med ublid lagnad. Årbok for Orkdal 2009, Orkanger 2009, s. 9-15

Han Eddy Polo. Mannen som kom, stupte og forsvann. JiR 2009, s. 27-28

Rekvisittar for eit liv. (Ivar Aasen). Nettutstilling, Nynorsk kultursenter, Hovdebygda 2009. 23 normalsider

Om bustein og busteinvatn. RB 21.02. og 07.03.2009

Klatring i Gullringhola. RB 28.02. og 14.03.2009

Stemnet ved Hamnevikløa. RB 28.03.2009

Silfjølene frå Straumsnes. Driva 06.04. og 20.04.2009

Slektsbilde frå Ora. ÅA 28.03. og 04.04.2009

Tilbakeblikk. Mjølvahjellen eller Mjølvaøen. ÅA 14.04.2009.

«**Bur-tur**» til **Harøyburet 1980.** RB 7.02. og 18.4.2009

Bildet var frå Aureosen. Hestad. RB 18.04. og 25.04.2009

Sauebilde frå Fræna. Luten. RB 28.03. og 04.04.2009

Brannen på Husby i Eresfjorden 1974. RB 02.05. og 09.05.2009

Ryddegjengen frå september 1942. Molde. RB 24.04. og 02.05.2009

Springflo på Vevang. RB 16.05. og 23.05.2009

K. Gauprør Eftf./Jentene på Boggestranda. RB 16.05. og 23.05.2009

Røvik skule 1894-1992. RB 23.05. og 30.05.2009

Romsdalsgata for en stund siden. RB 06.06.2009

Kulturmonstring i Midsund. RB 06.06. og 13.06.2009

Damene på Gotfred Lies plass. RB 13.06. og 20.06.2009

Fiske i Moaelva. Fræna. RB 26.06. og 27.06.2009

Kjente igjen gard og folk. Bakke i Øre. RB 27.06. og 18.07.2009

Eidejenter med trekkspell. RB 18.07. og 25.07.2009

Søndagsidyll i Eikesdalen. Heimigarden på Setra. RB 25.07. og 01.08.2009

Notfiske på Tresfjorden. RB 01.08.2009

Hestekaren Fredrik Kylling. RB 08.08.2009

Hustad skule 1950/1951. RB 08.08. og 15.08.2009

Hollingsholmen før Ormen Lange. RB 18.08.2009, kommentar 22.08.

På sykkelstur. Mellom Øre og Torvikbukta. RB 22.08.; 29.08. og 05.09.2009

På biltur. Buick 1927. RB 22.08. og 29.08.2009

Vindkraft i 1939. Harøysundet. RB 5.09.2009

Rydjord for 100 år sidan. RB 19.09. og 26.09.2009

Volleyballag frå Gossen. RB 26.09. og 3.10.2009

Aukrasanden i 1930-åra. RB 03.10. og 10.10.2009

Minnesteinen ved Sandøy kyrkje. RB 20.10. og 17.10.2009

Romsdalsgata 1988. RB 17.10.2009

Månen og veret. Værspåmannen John Stadheim. RB 24.10.2009

Eit apropos til Ringbussen og Speidarmessa. RB 24.10.2009

Bakkestua. Lyster i Nesset. RB 31.10.2009

Budstikka i Myrabakken. Typograf Erling Sæter. RB 31.10.2009

«**Hvidklædte, blomsterstrøende Smaapiger og unge Damer**» ved kongeferda 1906. RB 14.11. og 21.11.2009

Grunn til å klage. Vegstandard i Rødven. RB 21.11. og 28.11.2009

Knut Drønnesund var læremeister. Garnbinding. RB 28.11. og 05.12.2009

Reveutstilling i 1930-åra. Utstillingshallen. RB 05.12. og 19.12.2009

Olabilar. Kvam. RB 12.12. og 19.12.2009

Julespel i Øre kyrkje 1987. RB 19.12.2009

2010

Fotograf John H. Gyldenaas. RMÅ 2010, s. 158-173

Sykkelen fram gjennom tida. Av Kåre Magne Holsbøvåg og Bjørn Austigard. RSÅ 2010, s. 267-285

Jakob og Jacob – og ringastaven eller randastaven. JiR 2010, s. 24-25

Solhaug pr. Molde. RB 02.01. og 09.01.2010

På sykkelstur. 1. mai i Tomrefjorden. RB 02.01. og 09.01.2010

Reveutstilling på Sunndalsøra. Driva 04.01.2010

Snø, fortau og brøyting. Molde i 1930-åra. RB 09.01.2010

Magerøy-vegen i 1974. RB 16.01.2010

Veteranbilar på Syltemartnan. RB 16.01.2010

To observerte, historiske ras: 1757 og 1902. Romsdalen. ÅA 16.01.2010

Isfiske på Fannefjorden 1976. RB 23.01.2010

Kva bru er dette? Remmingsbrua i Vestnes. RB 23.01. og 30.01.2010

Utflukt til Malmesetra. RB 30.01.2010

På arbeidsleir. Nysetra på Ørskogsfjellet. RB 06.02. og 13.02.2010

Kven er gjengen i potetåkeren? Martnadsgarden, Devoll. RB 06.02. og 13.02.2010

Er dette bildet fra Rauma? Oragarden før flyttinga. ÅA 06.02. og 11.02.2010

Frå kroningsferda i 1906. Åndalsnes. ÅA 06.02.2010

BF Mardøla på hjul. RB 13.02.2010*

Eikremsholmen som forsvann. RB 20.02.2010

Tussentunnelen og Dagfinn Kleppe. RB 20.02.2010

Når brann Eksportbrygga? 11. sept. 1931. RB 27.02. og 06.03.2010

Langt kunstverk. Riksfjord skule. RB 27.02. og 06.03.2010

Kva ras er dette? Innfjorden. RB 27.02. og 06.03.2010

Kva turmål er dette? Røst. RB 06.03. og 13.03.2010

Kven er konstruktøren? Egil Warvik. RB 06.03. og 13.03.2010

Kven er vasslaus? Julie og Andreas Nerbøstrand. RB 06.03. og 13.03.2010

Damene på messa. NLM Håpet, Norrønasalen. RB 13.03. og 20.03.2010

Kven er bileigaren? Peder Voldset. RB 13.03. og 20.03.2010

På båtmesse. RB 13.03. og 20.03.2010

Gammal snømann. Skaret. 20.03.2010

Påske på fjellet. Ørskogsfjellet. RB 27.03.; 10.03. og 17.04.2010

Elvebakken skole brann 1977. Skuelystne lektorar. RB 20.03. og 27.03.2010

Skjermen i Eresfjorden. RB 27.03.2010

Kor langt er gulltransporten komme? Hjelvika. RB 10.04. og 17.04.2010
Trappekiosken. RB 08.05.2010
Tysk fly på veg til Værnes. RB 08.05.2010
Hamna på Bjørnsund. RB 08.05.2010
Frå Krubba i det gamle Molde? Møllevegen. RB 15.05. og 29.05.2010
Snikkargutane. På Mork. RB 15.05. og 22.05.2010
Tid for tur. Storlihytta. RB 29.05.2010
Songarstemne i gamle dagar. Misjonsstemne, Eide. RB 05.06.; 12.06. og 19. 06.2010
Farleg å vere laks. Grøttørbrua. RB 05.06.2010
Sommaren 1989. Røssøyvågen. RB 05.06.2010
Nerlandhusa i Mexico. RB 12.06.2010
Vevkurs på Hjelset. RB 12.06.2010
Ukjende hus i Molde. Strandgata 24 og Moldelivegen 45. RB 19.06. og 26.06.2010
Gjemnessundbrua. RB 19.06.2010
Mannskap på Iskongen. RB 19.06.2010
Solemdal i Austigard. RB 26.06.2010
Gammelt bilde. Gørvellplassen. RB 18.08.2010
IOGT-arkiva i Romsdal. Syskenbandet 4/2010
Ny konservator på Romsdalsmuseet – Mads Langnes. Informasjon for Romsdalsmuseets venner 2/2010

2011

Litvatnet i Eikesdalen. Presentert i tekst og bilde. RMÅ 2011, s. 104-125
Då Brastad Sag og Mek. Verkstad bygde B/F Eikesdal. Vestnes sogelag. Årsskrift 2011. Vestnes 2011, s. 18-28
Omkring korndyrking og matmjøl i Stangvik prestegjeld. Todalen Historielag. Årsskrift nr. 10, Todalen 2011, s. 32-38
Ho Rosa og Villa Breidablik på Fuglset. JiR 2011, s. 36-37
Seterliv. Rødfjellet. Driva 30.09.2011
Gunnvor Austigard til minne. Driva 05.10.2011
Kva er dette? Kabbe for renning. Driva 09.11.2011
Lensmannsfamilien Nyhuus i Grong. Etterord til artikkel i Årbok 2009. Årbok for Orkdal 2011. Orkanger 2011, s. 22-24.
Amateater på Røros kring 1900. Jul i Fjellheimen 2011. Nr. 39. Røros 2011, s. 7-10.

«Røter» i Romsdals Budstikke

Bumerke, 02.12.2011*
Husflid og seksualmoral, 24.12.2011*
Vise menn og kongar, 31.12.2011*

«Gammelt og nytt» i avisa Driva

Kjære Driva-lesar!, 07.01.2011*
Su og elvasu i Norsk Ordbok, 14.01.2011*
Kalla-kunst på vandring, 21.01.2011*
Å binde okse, 28.01.2011*

Minne frå sløyden, 04.02.2011*
Ålvundeid-boka og lœa på Flå, 11.02.2011*
Då Nauste fekk «byggenre», 18.02.2011*
Ho Anna på Hoemseter'n, 25.02.2011*
100-årgamle heliogravyrar frå Finnset og Svisdalen, 04.03.2011*
Då eg kjøpte stabbur på Tjelle, 11.03.2011*
Damask frå Tingvoll til Eidsbygda 18.03.2011*
... fullt opp tå kjøt, mest gammalt, 25.03.2011*
Fleire gamle stabbur, 30.03.2011*
25 år sidan arbeidet med Eikesdalsvegen starta opp, 01.04.2011*
Inngangskonene i Vistdalen, 08.04.2011*
Om insekt og biller, 15.04.2011*
Om raset ved Eresfjorden, 20.04.2011*
Ho Deri Dammå og han Gammel-Torbør i Åsa, 29.04.2011*
Gris-ski eller pork-ski, 06.05.2011*
Sild-spord eller svølustuv, 13.05.2011*
Fuglevåg-rokken, 20.05.2011*
Pork-ski, Fuglevåg-rokk og ei tønne med oske, 27.05.2011*
Eidsvågen – Sunndalsøra før og no, 03.06.2011*
Omkring osketønna frå Bjørnson-auksjonen 1853, 10.06.2011*
Om å «sjå sola i trøy-ermen» og ymse anna fortredelig, 17.06.2011*
Med teikneblokk gjennom Sunndalen, 24.06.2011*
Frå Øra ca. 1904, 29.06.2011*
Stabburet og julmaten, 23.12.2011*

2012

Smør som pryd. Ein presentasjon av Anders Eriksen Solliens nummererte smørformer. RMÅ 2012, s. 98-111
Ingrid Ødegaard frå Slettferding (1848-1936). Omkring eit intervju på 75-årsdagen. RSÅ 2012, s. 21-33.
Tjørebrenning i Romsdal 1770. Hans Peter Schnitlers svar på tre spørsmål om emnet. RSÅ 2012, s. 335-338.
Haugianarfamilien i Sotnakken. Omkring eit 200-årsminne. RSÅ 2012, s. 344-358.
Skimakar Trygve Holen. Intervjua av Bjørn Austigard 1985, ved Magnhild Aasen. RSÅ 2012, s. 269-282
Rokkemakarar i Vestnes. Vestnes sogelag, årsskrift 2012. Vestnes 2012, s. 79-97
Då Mardalsfossen vart «oppdaga». JiR 2012, s. 34-35
Tømmerkjøring i 1950-åra. Hans Aaram. Driva 08.02.2012
Før i ti'n. Setra i Merrabotnen. Vigga 31.05.2012
Haugianerfamilien på Sotnakken. På kirkbakken 5/2012
Kva er dette? Skarvøks. Driva 30.11.2012
Nils Parelius 100 år. Årsmeldingsheftet 2011-2012 for Romsdal sogelag, Molde 2012, s. 15

«Røter» i Romsdals Budstikke

Han onkel Edvard og nokre til, 12.01.2012*
Kortreist energi, 07.02.2012*
Ein «Norsk attraksjon», 16.02.2012*
Matvatn og brynnstenger, 24.02.2012*
Smørformene frå Sollia, 07.03.2012*
Fleire smørformer – framhald, 17.03.2012*
Bokbindarsignaturar i Molde, 23.03.2012*
Rokke-Knut, 04.04.2012*
Brynnstenger og rokkesneller, 18.04.2012*
Laksefiske med sløe, 05.05.2012*
Gravhaugan' hans Parelus, 11.05.2012*
Songarfesten på Vestnes – eit 150-årsminne, 25.05.2012*
Tyvehånd og Ildebrand, 26.05.2012*
Grind og léd, 30.06.2012*
Storfolk i fjell, 06.07.2012*
Bjønnaskinn, 12.07.2012*
Øyrstolar og andre stolar, 11.08.2012*
Børtre og bringetre, 29.08.2012*
Bringetre og kas-kjepp, 12.09.2012*
Arkitekten og maskene, 22.09.2012*
Humble – til pryd og nytte, 28.09.2012*
Kurumpehår – ein gammal ressurs, 15.10.2012*
Rosemåling frå Lesja, 26.10.2012*
Folkeminne i ei førjulstid, 30.11.2012*
Karbidlykta, 20.12.2012*

«Gammalt og nytt» i avisa Driva

Gamle stykkestolpar og «ho Dagmar», 29.01.2012*
